



Statsforvalteren i Vestland



Foto: Bjarte Brask Eriksen /
Vestland fylkeskommune

Årsrapport 2024

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	9
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	9
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	9
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	9
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	10
3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	11
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	11
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene	18
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	20
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	22
3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	23
3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	25
3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	27
3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	27
3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene	30
3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	31
3.1.1.11 Bærekraftig landbruk	33
3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	35
3.1.1.13 Andre oppdrag	38
3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	38
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	38
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	40
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	41
3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon	42
3.1.2.5 Andre oppdrag	43
3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	43
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	44
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	46
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	48
3.1.3.4 Andre oppdrag	52
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	52
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	53
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	54
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	64
3.1.4 Gjennomførte evalueringer	65

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	65
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	65
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	65
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	65
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	65
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	65
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	66
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	66
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	66
3.2.9 Landbruksdepartementet	66
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	66
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	103
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	104
3.6 Andre forhold	104
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	108
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	108
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	108
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	108
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	108
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	108
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	108
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	109
4.3 Fellesføringer 2024	109
5 Vurdering av framtidsutsikter	111
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	111
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	112
6 Årsregnskap	113
7 Vedlegg	114

1 Statsforvalterens beretning

For Statsforvaltaren i Vestland var 2024 eit år som var prega av dårlegare økonomi, både i kommunane og i embetet. Prisvekst og høgare renter har gjort at kommunar med gode disposisjonsfond har tæra på kapitalen og fått lågare driftsresultat enn åra før. Stadig fleire kommunar melder om at dei må kutte i nivået på velferdstenester. Vi fekk ingen kommunar i fylket inn i Robek i 2024, men vi ventar at fleire vil kome dit i 2025.

I embetet måtte vi våren 2024 innføre stillingsstopp resten av året for å halde kostnadene nede. Hovudgrunnane var realnedgang i tildelinga og ekstra utgifter i samband med flytting til nye lokale i Bergen i desember 2023.

I desember fekk vi ei tildeling på fem mill. kroner frå BFD og HOD fordi vi brukte tilsvarande ressursar på ei tilsynssak for Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus, den såkalla Spydeberg-saka. Med denne tildelinga enda vi til slutt opp med 3 655 988 kr i overskot, mot 117 000 kr i underskot i 2023.

På nokre saksområde har vi hatt jamt aukande saksmengd over fleire år. Saksmengda på helse- og barnevernsområda er om lag dobla siste ti åra, medan den økonomiske tildelinga til statsforvaltarane har gått ned. Saksmengda aukar på grunn av sterkare rettar til privatpersonar, auka medvit om rettane og press på tenestene på grunn av innsparingskrav i kommunane og i helseføretaka. Vi har kompensert for dette ved å omfordele ressursar til dei mest pressa områda frå andre fagområde. Men vi har fått tydelege tilbakemeldingar siste åra om at vi ikkje kan gjere dette over tid.

Dette har ført til at vi har måtta prioritere hardt og er i mindre stand til å utføre oppdraga våre enn før. Særleg på helse-, barneverns- og verjemålsområda er det sprik mellom oppgåvene våre og evna vår til å utføre dei.

Vi har innretta oss etter tilliten frå oppdragsgivarane våre til sjølve å prioritere mellom oppdraga ut frå ressursane. I juli sende vi derfor eit brev til HOD, BFD og AID der vi gjorde greie for prioriteringane. Vi er takksame for at vi fekk aksept for prioriteringane, men meiner at oppdragsgivarane i større grad må gi oppdrag som det er realistisk å gjennomføre.

I tråd med dette har vi særleg på helse, barnevern og verjemål nådd måla i lågare grad enn vi ønskte. Dette kan få store følgjer for utsette grupper. På andre fagområde har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat.

Vi var i ferd med å oppnå gode resultat på dei bustadsosiale oppgåvene som i 2021 vart lagde til tre statsforvaltarembete frå Husbanken som eit treårig forsøk. Det tok tid å kome i gang, men særleg i 2024 losna det. Vi var godt i gang med å integrere fagfeltet tett med andre oppgåver vi har ansvar for, som helse, folkehelse, psykiatri, sosial, barnevern og plan. Gjennomslagskrafta blir mykje større når vi har ei så brei tilnærming til komplekse problemstillingar. Derfor vart vi særskuffa då forsøket vart avslutta og saksfeltet ført tilbake til Husbanken. Det er vel kjent frå statsvitenskapen at ei samordna tilnærming er avgjerande for å løyse komplekse problemstillingar. Vi tar til vitende at det var lita interesse i Husbanken for å byggje vidare på erfaringane vi gjorde oss. Vårt syn er at då forsøket vart avslutta, vart det ein forspelt sjanse til å få til betre og meir samordna løysingar for vanskelegstilte.

Viktigaste prioriteringar for året

Justering av stillingsplanen

Vi har tatt inn over oss dei stadig tydelegare signala om å bruke tildelinga mest mogleg i tråd med kva ulike departement legg inn i budsjettet vårt. Samstundes har ei kartlegging vist at vårt embete ligg i nedre sjikt på lønsnivå mellom statsforvaltarembeta, og også når vi samanliknar med andre offentlege etatar på våre kontorstadar. Dette fører til at lønsnivået blir nemnt som ein grunn når erfarne tilsette går til andre arbeidsgivarar. Hausten 2023 vart vi samde med organisasjonane om å redusere talet på tilsette med 20 (av rundt 260 årsverk) over to år, for å skaffe oss rom til å auke lønsnivået og ta høgde for framtidige kutt i budsjetta. Størstedelen av reduksjonen vil skje på fagområda der tala viser at vi brukar mest midlar som går ut over tildelinga frå fagdepartementet, altså oppdrag frå HOD og BFD (tilsyns- og klagesaker på helse-, omsorgs- og barnevernsområdet), KDD (medverking i plansaker og klagesaker på plan og bygg), KLD (enkelt saker og verneprosessar på naturmangfald og forureining) og JD (alle sakstypar på verjemål). Vi har kome eit godt stykke på veg i denne prosessen, og ser at det svekkjer evna til å utføre oppdraga våre på desse områda. På grunn av den krevjande økonomiske situasjonen i embetet elles, har vi enno ikkje klart å styrkje dei områda der vi har brukt mindre enn tildelinga frå fagdepartementet seier.

Beredskapsarbeid

Som vi har vore inne på har både koronapandemien og følgjene av Russlands krig mot Ukraina sett samfunnet på prøve. Vi opplever at kommunane er godt trena i å ta tak i store krisehandteringsoppgåver og utfører dei med godt resultat.

Ein viktig føresetnad er at det finst eit regionalt bindeledd mellom den sentrale staten og kommunane, som både kan informere, rettleie og avklare problemstillingar for kommunane, og også kome med innspel frå kommunane til sentralstaten. Under pandemihandteringa innførte vi digitale møte mellom kommunane og oss kvar eller annakvar veke, der vi kunne informere, rettleie og svare ut spørsmål. I tillegg fekk KS, fylkeskommunen, helseføretaka og andre regionale statsetatar ein arena der dei kunne informere og få innspel frå kommunane. Vi har halde fram desse møta kvar månad etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, med flyktninghandteringa som hovudtema. I den tryggleikspolitiske situasjonen i verda no, blir det førebyggjande arbeidet endå viktigare framover. Vi er klare til å ta vår del av oppgåvene i det vidare arbeidet med totalberedskap og totalforsvar, og set pris på styrkinga av ressursane som er sett av til dette i 2025.

Barn og unge

Vi har stor merksemd på dei delane av embetsoppdraga som gjeld barn og unge. På områda helse, sosial, barnevern, barnehage og skule arbeider vi for at samarbeidet med barna blir godt, at dei blir høyrde i si eiga sak og at dei får oppfylt rettane sine. Ein viktig føresetnad er at tenestene for barn er

samordna og av god kvalitet. For å samordne arbeidet med barn og unge internt i embetet har vi ei eiga arbeidsgruppe for barn og unge som arbeider på tvers av avdelingane. Vi har lagt vekt på å innarbeide barnekonvensjonen i alt vi gjer, og prøver å vere talsperson for at alle tenestene for barn gjer det same. Likevel har alle nivå i samfunnet noko å gå på.

På barnevernsområdet er det dei siste åra avdekt for mange alvorlege saker om barn som lir, og som ikkje blir fanga opp tidleg nok. Vi ser for mange tilfelle der institusjonar ikkje klarar å ta seg av barn som anten rusar seg, skadar seg eller i verste fall tar livet sitt, eller går inn og ut av politiets varetekt. Dessutan ser vi at mange kommunale barnevernstenester ikkje klarar å undersøkje og følgje opp meldingar om mogleg omsorgssvikt etter lovkrava, mellom anna på grunn av vanskar med rekruttering. Vi strekar under at dei tilsette i barnevernet som regel gjer ein god jobb, men det er eit stort press som følgjer med stillingane. Kommuneleingane har stundom lite innsikt i korleis det står til i tenestene.

Vi arbeider målretta for at barnevernstenestene skal lytte og forstå barna betre. Vi trur det er mykje å vinne for barn og for barnevernstenestene ved å forstå barna betre og innrette hjelpa annleis.

Vi har dei siste åra hatt nokre sær sars omfattande tilsyn med helse-, sosial- og barnevernstenestene i etterkant av saker med alvorlege eller tragiske følgjer, anten fordi sakene har oppstått i vårt fylke eller fordi vi har vore setjstatsforvaltar for saker i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus. Vi har prioritert desse sakene høgt fordi dei har nasjonal merksemd, og vi meiner vi har vore med på å setje nasjonale standardar for tenester. Men tilsyna har gått ut over kapasiteten til å handtere andre saker. Med den store saksauken vi har hatt på området siste ti åra, strekkjer ikkje ressursane til. Vi får bekymringsmeldingar som vi ikkje er i stand til å følgje opp, og vi klarar ikkje gjennomføre så mange tilsyn på institusjonar som vi skal. Av erfaring veit vi at vi då går glipp av informasjon som vi skulle ha følggt opp. Det er fortvilande for dei tilsette at vi ikkje har ressursar til å følgje opp sårbare personar. For samfunnet fører dette til stor risiko for varige skader eller at barna fell utanfor skule og utdanning og ikkje kjem seg inn i arbeidslivet.

På skulemiljøfeltet har vi dei siste åra opplevd ein kraftig auke i talet på klager frå barn, men med ein nedgang i 2024. Vi har auka kapasiteten for å kunne vurdere sakene utan at det går for lang tid, og for å kunne drive meir rettleiing om regelverket.

Samla vurdert ser det ut som at nedstenginga under pandemien, kanskje kombinert med den overveldande bruken av sosiale medium, gjer at fleire barn og unge fell utanfor, og at dette seglar opp som eit av dei største samfunnsproblema framover. Vi er glade for at regjeringa har tatt tak i bruken av sosiale medium mellom barn og unge.

Klima, naturavtalen og berekraftsmåla

Gjennom fleire år har klimaomstilling vore ei særskild satsing i embetet. Særleg når vi uttalar oss til kommunale planar er dette eit viktig tema.

Vi har også dei siste åra arbeidd for å fremje berekraftsmåla, både internt i embetet og overfor kommunane. Mange av oppdraga våre fremjar berekraftsmåla. Men vi må vedgå at vi saknar at staten sentralt gir oss draghjelp, både ved å setje berekraftsmåla på dagsordenen, ved økonomiske verkemiddel og ved å lage enkle og treffsikre indikatorar for å kunne måle berekraft i kommunane.

Arealplanar, motsegner og dispensasjonssaker er eit tema mange ordførarar tar opp med oss, eller som lokalpolitikarar kritiserer oss for i media. Diskusjonen gjeld i kor stor grad nasjonale mål som går fram av statlege planretningslinjer, skal ligge til grunn for motsegner i konkrete plansaker. Like eins er det diskusjon om korleis pliktene i Naturavtalen og tradisjonelle naturvernverdiar skal vegast opp mot arealbruk som legg til rette for det grøne skiftet eller ønske om ny næringsverksemd. Vidare blir det reagert når vi klagar over dispensasjonar fordi vi meiner at dei to strenge lovilkåra ikkje er oppfylte. Av dispensasjonane vi klaga på i 2024, gjeld dei fleste strandsoneverdiar eller jordvern.

Vi prøver alltid å finne løysingar som balanserer omsyna, anten gjennom innspel til planar, i dialogmøte eller i meklingar. Vi vil også nemne at vi i 2024, inspirert av tillitsreforma til regjeringa, lanserte ei prøveordning der vi ikkje lenger bad kommunane om å få inn dispensasjonssøknader til høyring. Tanken var å bruke mindre krefter på å uttale oss i konkrete saker, der fråsegnene vår ofte ikkje blir lytta til. I staden ville vi bruke meir krefter på å lære opp folkevalde og administrasjon i dei to strenge vilkåra for å gi dispensasjon og til rettleiing i arbeidet med plansaker. Vi måtte avslutte forsøket etter at Sivilombodet la til grunn at regelen i plan- og bygningslova paragraf 19-1 om at statlege styresmakter «skal få mulighet til å uttale seg», medførte ei plikt for Statsforvaltaren til å få inn alle einskilde saker på høyring. Ettersom vi årleg har om lag 2000 dispensasjonssaker i Vestland og vanlegvis klagar på fire til seks prosent av desse, bind arbeidet med høyringane opp mykje ressursar som kunne vore brukt på ein betre måte.

Meir målretta kommunedialog

I kommunedialogen har vi også i 2024 brukt den digitale løysinga Kommunebilde. Sidan dette arbeidet er tverrfagleg og omfattar alle fagavdelingane våre, får vi ein systematisk og faktabasert dialog med administrativ og politisk leiing i kommunane. På grunn av ressursituasjonen hadde ikkje helse og barnevern kapasitetet til å arbeide med Kommunebilde siste halvdel av året.

Som regel deltar formannskapa, kommunedirektør og kommunalsjefar i møta, i tillegg til fagpersonar innanfor aktuelle tema. Frå Statsforvaltaren deltar embetsleiinga, avdelingsdirektørar og fagpersonar. Kommunane gir gode tilbakemeldingar på denne dialogforma og meiner kommunebilde gir dei eit godt grunnlag for vidare arbeid. Dei er som regel også samde i våre vurderingar av dei ulike fagområda. I 2024 gjennomførte vi dialogmøte med kommunebilde for sju av kommunane våre; Høyanger, Sogndal, Øygarden, Osterøy, Stryn, Sunnfjord og Stord.

I 2024 har vi samarbeidd med KS om to samlingar for alle kommunedirektørar og ordførarar i fylket. Vi fekk gode tilbakemeldingar på samlingane. Vi sette særleg pris på at barne- og familieminister Kjersti Toppe og statssekretær Ole Gustav Narud heldt innlegg på samlingane.

Leikanger, 28.02.2025

Liv Signe Navarsete

2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa blir følgde opp.

I tillegg er Statsforvalteren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Statsforvalteren er underlagt Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Statsforvalteren er

- å vere sektorstyresmakt på ei rekkje område, med oppdrag frå 13 departement og ti direktorat og tilsyn
- å vere regional samordningsstyresmakt for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
- å vere rettstryggleikshandhevar som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
- å verke til gagn og beste for fylket og å ta dei initiativa som er påkravd
- å orientere sentrale styresmakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.


Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekkje område, både for å få likare praksis og å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan.

Med andre statsforvaltarar har vi mellom anna hatt desse samarbeida:

- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, med Rogaland, Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernsnettverk, med Rogaland
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland
- Verjemål, med Rogaland og Agder
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland
- Tilsyn med spesialisthelsetenesta i helseregionen, med Rogaland
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Regionale planar for fjellområda, inkludert villreinplan, med Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus og Vestfold og Telemark
- Kystsonenettverk innan plan og bygg i regi av Miljødirektoratet, med Rogaland
- Fagleg samarbeid om skogbruk med dei andre kystfylka frå Agder og nordover
- Samarbeid med Viken om midlar til CWD-tiltak på Hardangervidda og Nordfjella
- Nasjonal prosjektleiing av uttak av framande treslag i verneområde, saman med alle embeta
- Handtering av fjellskred, med Troms og Finnmark og Møre og Romsdal
- Koordinering av arbeidet med avfallsplanar i hamner på Vestlandet, saman med Rogaland og Møre og Romsdal
- Klima i plan, med alle embeta
- Nettverk for assisterande statsforvaltarar, med alle embeta

I tillegg har vi ei rekkje uformelle eller formelle nettverk mellom fagfolk eller leiarar på same nivå, på ei rekkje område.

2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvalteren i Vestland har hovedsete på Leikanger, men vi har òg kontorstader i Bergen og Førde. I tillegg har vi åtte verneforvaltarar med kontor i Gaupne, Aurland, Sandane og Rosendal.

Liv Signe Navarsete er statsforvaltar og Gunnar O. Hæreid er assisterande statsforvaltar. Vi har 273 tilsette, og dette utgjør 248 årsverk.

Vi har seks avdelingar:

- Helse, sosial og barnevern (B)
- Utdanning og verjemål (B)
- Miljø (B)
- Kommunal (L)
- Landbruk (F)
- Organisasjon og strategi (L)

Avdelingane merkte (B) er leia frå Bergen, medan dei andre avdelingane er leia frå Leikanger (L) eller Førde (F). Alle avdelingar og nesten alle seksjonar har tilsette på minst to kontorstader. Dei fire største avdelingane er inndelte i to til tre seksjonar, der halvparten av seksjonane er leidde frå Bergen og halvparten frå Leikanger.

Vi har lagt vekt på å samle arbeidsoppgåver på ein kontorstad der lokalkunnskap eller reiseavstand til kommunane er mindre viktig. For hovuddelen av oppdraga våre er likevel lokalkunnskap og reiseavstand til kommunane så viktig at vi må ha tilsette på fagområda på fleire kontorstader. Reiseavstandane i det nye fylket er så store at det ville medføre relativt store kostnader eller tap av arbeidstid dersom vi samla alt på ein kontorstad. Frå kontorstadane Bergen, Leikanger og Førde er det gjerne fem-seks timars reisetid med bil til kommunane som ligg lengst unna. Fly er enklaste alternativ mellom Bergen og Leikanger, men alle avgangstidene er ikkje like godt tilpassa kontordagen.

Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er "Statsforvalteren gjer staten tilgjengeleg og nær", og verdiane våre er

- rettferdig
- open
- påliteleg
- effektiv
- respektfull.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Tabellen under viser til nøkkeltal valde av DFD og er tatt ut i samsvar med brukarrettleiinga for årsrapporteringa. For meir informasjon om nøkkeltala på personalområdet, viser vi til kap. 4.2. For økonomiområdet, viser vi til kap. 3.4 og leiingskommentaren i årsrekneskapen.

Nøkkeltall

Nøkkeltall	2024	2023
Antall ansatte	273.0	296.0
Utførte årsverk	248.0	262.0
Turnover (%)	4.9	5.4
Sykefravær (%)	7.0	7.1
Samlet tildeling alle poster	801 990.0	758 308.1
Driftsutgifter	243 208.0	231 597.0
Budsjettavvik driftsutgifter (%)	3.5	-0.1
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	80.9	75.2
Lønnsutgifter per årsverk	965.1	922.1
Husleie	36 295.0	37 040.0
Journalposter (totalt)	170 089.0	169 188.0

Vi viser til kommentarer under den enkelte tabellen.

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

Vi bruker dei tradisjonelle verktøya tilsyn, klagehandsaming, rettleiing og opplæring for å gjere kjent, setje i verk og følgje opp nasjonal politikk i fylket. Verktøya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gir oss kunnskap om kva rettleiing og opplæring vi skal prioritere.

Der vi før heldt ei eller to-tre regionvise samlingar for kommunane i fylket, kombinert med strøyming av dei viktigaste konferansane, har vi under og etter pandemien i hovudsak brukt digitale møte til å formidle nasjonal politikk.

Dei siste åra har det vore stor etterspurnad etter fysiske fagsamlingar og møteplassar, for å fremje nettverksbygging og erfaringsutveksling mellom kommunane. Digitale møte gjer det lettare å nå raskt ut til mange med same budskap, men gir dårlegare rammer for kreativitet og dialog. Framover kjem vi til å variere mellom fysiske samlingar og kortare digitale møte. Samla gir dette ein effektiv formidling av statleg politikk og regelforståing. Vårt inntrykk er at nasjonale satsingar og reformer er godt kjende, og at kommunane har planar for korleis dei skal arbeide med å gjennomføre dei.

Digitale informasjonsmøte for alle kommunane i fylket har vore den viktigaste arenaen for å formidle nasjonal politikk under krisene som koronapandemien og Russlands krig mot Ukraina har framkalla. Vi har halde fram med møta, men etter kvart noko sjeldnare, for å informere og utveksle erfaringar om følgjene av krigen i Ukraina. Andre relevante statlege eller regionale aktørar tek del i møta ut frå tema. Tilbakemeldingane frå kommunane på formidling av nasjonal politikk gjennom denne møteforma, har heile vegen vore gode.

Vi har også brukt fylkesberedskapsrådet for å formidle og drøfte følgjene av Russlands krig mot Ukraina med andre viktige regionale samfunnsaktørar. Særleg har det vore nyttig å utveksle perspektiv med politiet, Forsvaret og Sivilforsvaret.

I 2024 har vi halde fram den meir systematiske dialogen med einskilde kommunar med utgangspunkt i eit godt gjennomarbeidd faktagrunnlag i Kommunebilde. Dette kjem i tillegg til møte med einskilde kommunar etter behov. Særleg i haust har det vorte fleire møte med kommunar som ønskjer å drøfte ein vanskeleg økonomisk situasjon og følgjer for tenester.

Også tilsyna våre og klagesakshandsaminga er ein viktig del av arbeidet for å setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vi har sett på dagsordenen i eigen organisasjon at eit godt tilsyn er eit tilsyn som har verka, i den forstand at det har ført til varig forbetring dersom det er naudsynt. For å sikre at tilsyn verkar, må vi arbeide med korleis tilsynsobjektet følgjer opp tilsynet. God formidling og klart språk i tilsynsrapportar og klagesaker er viktig for private partar, men også for at kommunane og andre tilsynsobjekt skal bli kjende med den nasjonale politikken som er nedfelt i lovverket.

På grunn av ressursituasjonen i embetet og den jamne og etter kvart store auken i saker på nokre fagområde, har vi i mindre grad kapasitet til å rettleie kommunane enn det vi ønskjer.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

God samordning og samhandling i statleg verksemd på regionalt nivå er ein viktig faktor for å få til gode resultat på levekårsindikatorane i eit fylke. Særleg på større samansette område og såkalla uløselege problem (wicked problems) som klima, barnefattigdom, integrering eller mobbing er det avgjerande med god samordning mellom ulike organ som har ein aksje i problemet.

Statsforvaltaren er, med eit breitt arbeidsfelt i embetet og med det særskilte samordningsansvaret for den regionale staten elles, i førarsetet for å samordne statleg regional verksemd overfor kommunane. Dette ansvaret blir endå viktigare når stadig fleire statlege etatar avviklar regionnivået, slik Skatteetaten, Vegvesenet, NVE og IMDi har gjort. Derfor legg vi stor vekt på samordningsrolla vår, både internt og overfor andre statsetatar. Eksternt er det i tillegg til statlege etatar viktig å samordne oss med fylkeskommunen, KS og andre overordna aktørar, avhengig av livsområde.

Under kriser som koronapandemien og følgjene av Russlands krig mot Ukraina, er samordningsrolla til statsforvaltarane avgjerande for handteringa i kommunane. Vi viser til hovudmål 1 for ei orientering om kva vi gjer overfor kommunane.

Frå 2021 var vi vertskap for forsøket med å leggje bustadsosiale oppgåver frå Husbanken over til Statsforvaltaren, som eit treårig prøveprosjekt. Kommunal- og distriktsdepartementet valde å avvikle forsøket i 2024. Vår erfaring er at etter ein trå start, var vi i siste året i forsøket godt i gang med å sjå gevinstane av å arbeide med det bustadsosiale feltet tett integrert med andre fagfelt i embetet, altså saman med plan, helse, psykiatri, rus, "Bu trygt heime", sosiale tenester og kommuneøkonomi. Vi var i ferd med å få ei høgare måloppnåing, og vi ser det som eit stort tap at forsøket vart avslutta utan vilje til å ta vare på gevinstane.

Internt i embetet har vi grupper på tvers av avdelingar på ei rekkje område, for å sikre betre samordning av oppdraga. Døme er:

- Barn og unge-gruppa
- Klimagruppa
- Leve heile livet / Bu trygt heime
- Inn på tunet

Vi bruker FN's berekraftsmål som grunnlag for embetsoppdraga, men saknar at det sentralt blir laga verktøy med gode og lite ressurskrevjande indikatorar for korleis både embetet og kommunane i fylket oppfyller berekraftsmåla.

Det interne arbeidet med innspel til kommune- og reguleringsplanar inneber ei omfattande samordning av interesser og innspel frå fagområda:

- naturmangfald
- jordvern
- klimautslepp
- klimatilpassing
- samfunnstryggleik
- folkehelse
- barn og unge
- bustadsosialt arbeid
- Leve heile livet / Bu trygt heime

Overfor eksterne aktørar driv vi med samordnande arbeid på mange måtar. Døme er:

- På planområdet har vi eit godt og nært samarbeid med andre statlege styresmakter og med fylkeskommunen. Vi samordnar motsegner frå statsetatar til kommunale planar, der vi legg stor vekt på å kome til løysingar som både statsetaten og kommunen kan leve med utan at vi tar i bruk retten til å avskjere motsegnene. Vi opplever at ordninga med utvida dialog i høyringsfasen, med tilbod om dialogmøte før vi tek endeleg stilling til om vi skal fremje motsegn, svært ofte blir nytta av kommunane. Måla med ordninga, som raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner, blir i stor grad nådd. Fylkeskommunen har høve til å stille i dialogmøta dersom dei ønskjer det.
- Vi samordnar regionale tilsynsaktørar i den forstand at vi informerer og oppmodar om å ta i bruk den nasjonale tilsynskalenderen og vi drøftar tilsynmetodar to gongar i året. Tilsynskalenderen gir både oss og kommunane god oversikt over når ulike tilsyn skal haldast og det er høve til å endre tidspunkt dersom vi ser at ein kommune får mange tilsyn i same tidsrom. Etter at vi tok i bruk den nasjonale tilsynskalenderen i planlegginga av tilsyn har ingen kommunar meldt om for sterkt trykk med tilsyn i same tidsrom. Også sekretariata for kontrollutvala til kommunane er med i møta med dei andre statlege tilsynsetatane. Dette gir oss nyttig informasjon om og meir merksemd på korleis dei statlege tilsynsetatane kan ta omsyn til planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane. Vi har utsett eller avlyst tilsyn etter at vi fikk vite om at kontrollutvala planla forvaltningsrevisjon om eit liknande tema.
- Vi samordnar arbeid med utsette barn og unge mellom utdanning og helse-, sosial- og barnevernsområda hos Statsforvaltaren og Bufetat, Nav, spesialisthelsetenesta, KS, Husbanken og fylkeskommunen. Vi gjennomfører denne utvekslinga når vi får det førebelse tildelingsbrevet slik at det får konkrete følgjer for verksemdsplanlegging hos oss og andre. I møtepunkta legg aktørane fram sine planlagde aktivitetar for å få ei så samla oversikt som råd er.
- I mange år har vi leia den felles satsinga Bustad for velferd, med Husbanken som sekretariat og dei viktigaste regionale velferdsetatane som deltakarar. Denne satsinga har vi ført vidare til eit forum med ein breiare inngang, som saman, på leiamivået, kan definere og ta tak i ulike problem på velferdsområda. På møtet i 2024 var erfaringar med Samhandlingsreforma eit hovudtema.
- På samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet samordnar vi offentlege og private beredskapsaktørar, først og fremst gjennom fylkesberedskapsrådet, der samansetninga kan variere ut frå kva krise som skal handterast. Både rett i forkant og etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, har vi hatt hyppige møte i fylkesberedskapsrådet. Dette gjer at medlemmene er i betre stand til å tenkje totalberedskap ut frå situasjonen i verda.
- På miljø- og landbruksområda har vi, avhengig av fagfelt, jamleg kontakt med Mattilsynet, fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Statens naturoppsyn, Arbeidstilsynet, Innovasjon Noreg og Statens vegvesen, for å samordne oss. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvar for å forvalte midlane for tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket, som vi har hatt før. Vårt etablerte samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg gav ein god overgang.
- Vi har tilsynsansvaret for tre helseføretak og fleire private aktørar. Dei er ein viktig del av tenestene til innbyggjarane, og god samordning av tenestene mellom aktørane er ofte avgjerande. Siste ti åra har vi nesten dubla talet på hendingsbaserte tilsynssaker.
- På landbruks- og miljøområdet samarbeider vi godt med Mattilsynet om dyrevelferd og smittsame sjukdomar. Vi har også godt samarbeid med NVE om forvaltninga av vassdrag etter vassrammedirektivet, mellom anna om å unngå forureining frå landbruk. På landbruksområdet samarbeider vi med Mattilsynet, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen om næringsutvikling i landbruket.

Hovedmål 3 - Rettsikkerhet er ivarettatt på en enhetlig måte

Vi har gjennomarbeidd rutinar for saks- og klagehandsaming som skal sikre einskapleg og rett sakshandsaming. Å vareta rettstryggleik inneber òg at vi gjer risikovurderingar som grunnlag for tilsyns- og informasjonsarbeidet vårt. Dette har vi arbeidd mykje med. Vi meiner vi treffer med risikovurderingane, ettersom tilsyna i stor grad avdekkjer regelbrot, og det er stor oppslutnad om kurstilboda våre om regelverk.

For dei ti statsforvaltarembeta er det problematisk at vi stundom praktiserer dei same reglane ulikt. Derfor er felles faglege arenaer mellom embeta særskilt viktige. Vi vil særleg framheve det arbeidet Helsetilsynet gjer for å samordne praksisen mellom embeta i tilsyn og saker om rettar for sårbar og utsette grupper. Tradisjonelle tiltak for å sikre felles lovtolkning på tvers av embeta har vore

- fagsamlingar for sakshandsamarane, med fagdirektoratet eller -departementet som skipar
- fagsamlingar eller nettverk for sakshandsamarane mellom nokre få embete, skipa av embeta sjølve. På utdannings- og verjemålsområda har vi til dømes etablert samarbeidsstrukturar med sørvest-fylka for å kvalitetssikre og kalibrere rettsforståinga, både på leiamivå og for sakshandsamarar.
- utarbeiding av rundskriv og rettleiarar frå fagdirektoratet
- utsending av prinsippavgjerder eller tolkingsfråsegner frå fagdirektoratet.

Slike tiltak må halde fram. No er det lett å halde korte videomøte som når mange på ein gong. Til dømes på barnevern og helse, har fagdirektorata tatt initiativ til å halde jamlege informasjonsmøte om status og varetaking av behov hos brukarane, og som del av dette avklaringar og informasjon om tolking av regelverk. Men slike tiltak er neppe nok. Vi saknar felles fagsystem der vi også kan få oversyn over praksisen mellom embeta i

konkrete saker. Her har Helsetilsynet konkrete planar om eit fagsystem, men det trengst midlar frå fleire hald enn Helsetilsynet for å finansiere utviklinga. Når eit fagsystem er utvikla på eitt område, bør det kunne tilpassast og takast i bruk også på andre område under statsforvaltane.

Elles tar vi opp att oppmodinga frå tidlegare år, at når eit fagdirektorat skipar fysiske fagsamlingar, ønskjer vi at samlinga også blir strøymt slik at fleire kan følgje samlingane frå kontoret. Vi må alltid sjå nøye på kor mange vi sender til fagsamlingane, men det kostar oss langt mindre å følgje strøymingar. Nokre fagdirektorat er flinke til dette.

Internt har vi sett i verk slike tiltak for å sikre einskapleg lovtolkning:

- Tilsynsgruppe med representantar frå alle avdelingar.
- Forvaltningsrettsgruppe med representantar frå alle avdelingar.
- Interne presedensarkiv på ulike fagområde.
- Faggrupper innanfor avdelingane som går gjennom praksisen i embetet og kjelder som kjem utanfrå, til dømes tolkingsfråsegner, rundskriv og fråsegner frå Sivilombodet.
- Sidemannskontroll.
- Låg terskel for å kontakte fagdirektorat eller andre embete.
- Opplæring i statsforvaltarrolla for nyttilsette.

For kommunane held vi som nemnt jamleg samlingar eller videomøte der vi tar opp allmenne problemstillingar på område der vi gjennom klagesaker eller tilsyn avdekkjer mangelfull eller ulik lovtolkning. Dei siste åra har vi halde "naturmangfaldveka" for kommunane og andre interesserte, med digitale føredrag om regelverket rundt naturmangfald over fire føremiddagar.

Innføringskurset i forvaltningsrett for kommunale sakshandsamarar som Universitetet i Bergen har utvikla i samarbeid med oss, hevar rettsryggleiken rundt om i kommunane.

I arbeidet vårt ser vi mellom anna at mange aktørar har ei manglande forståing av barnekonvensjonen. Ei av utfordringane er at barn framleis ikkje får oppfylt retten til å bli høyrde, og ein direkte konsekvens er at rettstryggleiken til borna blir svekt. At born blir høyrde på rett måte, er i mange saker ein føresetnad for at forvaltninga skal klare å hjelpe dei. På utdanningsområdet ser vi at barnets beste for sjeldan er ei eiga vurdering i kommunale vedtak. Det er ei tillitsutfordring dersom forvaltninga ikkje er i stand til å forstå og innarbeide internasjonal rett, og praktisere i samsvar med denne.

Sjølv om vi framleis arbeider for å oppretthalde rettstryggleiken på ulike måtar, gjer ressursituasjonen vår og stadig aukande saksmengder, at vi i større grad må prioritere lovpålagde oppgåver som klagesaker og hendingsbaserte tilsynssaker, enn formidling og opplæring i regelverk. Sakshandsamingstidene våre er av same grunn for lang på nokre område, og dette er uheldig for dei private partane. Samstundes set ressursituasjonen i kommunane nivået på tenestene under sterkt press, og det merkar vi på fleire klagesaker.

I sum gjer dette at vi i mindre grad klarar å ta vare på rettstryggleiken til private partar enn vi har gjort før.

3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Dei fleste av dei 43 kommunane i Vestland har hatt høg planaktivitet også i 2024. Det er vanskeleg å svare nøyaktig på om planlegginga samla sett førte til meir bærekraftig, trygg og framtidretta samfunnsutvikling og arealbruk. Sett over tid opplever vi at plankvaliteten i mange kommunar har vorte betre, og forståinga og aksepten i samfunnet for plansystemet er vesentleg betre enn tidlegare. Vårt klare hovudintrykk er at mange viktige samfunnsoppgåver blir samordna godt og løyste i den kommunale planlegginga, men dersom målet er ei fullt ut miljømessig, sosial og økonomisk bærekraftig samfunnsutvikling, styrt gjennom gode kommunale og regionale planar, har vi framleis vesentlege utfordringar.

Mange kommunar har hatt mindre framdrift enn ønskt i rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Hovudintrykket er likevel at det skjer mykje godt arbeid med overordna planlegging og at berekraftsmåla generelt, og kanskje særleg dei nasjonale føringane for samfunnstryggleik, sosial berekraft og klima, blir trekte fram som føringar ein ønskjer å leggje vekt på i planprosessane. Slik sett vurderer vi at vi ser ei forbetring opp mot dei nasjonale måla.

Vi la også i 2024 stor vekt på å formidle at ein i nye kommuneplanar og reguleringsplanar må vurdere arealbruken på nye måtar, i lys av viktige statlege forventningar på områda arealbruk og mobilitet, klima, jordvern og strandsone. Samfunnstryggleik er eit anna tema vi har lagt vekt på i planmedverknaden.

Elles la vi mykje ressursar i planprosessar for sjøareal. Vi ser framleis at nasjonale miljømål og rammer er overskridne med tanke på tilstanden i sjøområda i fylket, og at dette igjen gir vesentlege berekraftsutfordringar som må løftast fram og handterast i kommunale og interkommunale planar.

Talet på dispensasjonar frå vedtatte planar har gått ned, men er framleis svært høgt. Det er sannsynleg at tala for 2024 er påverka av forsøksordninga embetet hadde første halvår. Forsøket gjekk ut på at kommunane ikkje som rutine trong sende dispensasjonssaker på høyring til oss, men dei kunne heller be om råd dersom dei ønskte det. Forsøket vart avslutta fordi Sivilombodet la til grunn at regelen i plan- og bygningslova paragraf 19-1 om at statlege styresmakter «skal få mulighet til å uttale seg», medførte ei plikt for Statsforvaltaren til å få inn alle einskilde saker på høyring.

Vi vurderer framleis at det høge talet på fråvik frå gjeldande planar og lovføresegner utfordrar måla om bærekraftig arealbruk og undergrev overordna, juridisk bindande planar som styringsreiskap.

Talet på påklaga dispensasjonsvedtak har over tid halde seg på eit lågt nivå (om lag 4 til 6 prosent), med ein liten auke frå 2023. Der vi nyttar klageretten, er det fordi vi har vurdert at konkrete omsyn som ligg til vårt fagoppdrag er råka. Vi har i mindre grad enn tidlegare klaga på vedtak som først og fremst har

juridiske manglar (fråvik frå plankrav, ikkje oppfylte vilkår etter paragraf 19-2, manglande oppdatering av eldre planar m.v.).

Vi meiner at innsatsen vår er viktig for å rettleie om og samordne kommunale, regionale og statlege mål for samfunnsutviklinga. Sjølv om det til tider er mykje merksemd om einskildplanar og -saker, opplever vi at kommunane etterspør og set stor pris på medverknad og hjelp frå oss.

Nedanfor viser vi, til orientering, hovudtala frå planmedverknaden vår i 2024. For samanlikninga si skuld er tala frå 2023 viste i parentes.

Tal saker på høyring

3400 (4343)

Tal kommune(del)planar – oppstart

14 (10)

Tal kommune(del)planar – off. høyring

14 (24)

Tal reguleringsplanar – oppstart

154 (148)

Tal reguleringsplanar – off. høyring

159 (156)

Tal planar med motsegnspunkt frå statlege etatar inklusiv Statsforvaltaren (SF)

66 (78) – Av desse 9 (9) kommune(del)planar

Tal planar med motsegnspunkt frå SF (andre kan også ha motsegn)

52 (60) – Av desse 9 (9) kommune(del)planar

Tal planar der berre SF har hatt motsegnspunkt, utan at andre har hatt motsegn

34 (32) – Av desse 3 (0) kommune(del)planar

Tal planar med motsegnspunkt frå berre andre utanom Statsforvaltaren

14 (18) – Av desse 0 (1) kommune(del)planar

Tal planar med motsegn etter dialogmøte med Statsforvaltaren

32 (24)

Vi hadde 272 aktuelle motsegnspunkt til drøfting. Vi enda, etter ein utvida dialog i høyringsfasen, opp med 104 statlege motsegnspunkt. Det vil seie ein stor reduksjon i talet på aktuelle motsegnspunkt, men framleis motsegn i 32 av 52 planar (mot 24 av 60 i 2023). Vi hadde 62 prosent reduksjon i motsegnspunkt i 2024 (mot 64 prosent reduksjon året før). I dei aller fleste sakene fører dialogmøta fram, slik at kommunane jobbar vidare og forbetrar planen før vi får han til nytt gjennomsyn.

Tal motsegn saker til mekling

Vi gjennomførte 16 meklingar, på 18 planar (12). Av dei 16 meklingane førte 8 (8) fram, 1 (2) delvis fram og 7 (2) førte ikkje fram.

Tal motsegn saker til departement

1 (0)

Tal dispensasjonssaker til uttale

1155* (1917)

* Den store nedgangen kjem av prøveordninga første halvåret der hovudregelen var å ikkje sende dispensasjonssaker på høyring til oss.

Dispensasjonsvedtak til klagevurdering

1739 (1905)

Tal påklaga dispensasjonssaker

112 (77) – 6,4 prosent, mot 4 prosent i 2023, 6,6 prosent i 2022 og 5,6 prosent i 2021

Grunngiving for klager

67 strandsone

4 jordvern, 9 anna landbruk, (6/8)

6 ROS (4)

5 vassdrag (1)

19 natur (3)

6 friluftsliv (2)

2 brot på plankrav (2)

2 brot på sakshandsamingsreglar (1)

Merk at fleire tema kan gå att i same sak.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023 og statlige planretningslinjer for samordnet bolig, areal- og transportplanlegging.

Vi har i stor grad vist til dei nasjonale forventningane i all dialog med kommunane og fylkeskommunen, både når det gjeld fråsegner til oppstart, i konkrete saker og i anna rettleiing vi har gjennomført (plankonferanse, nettseminar m.v.).

Vi har vidareført relevante tema i kommunedialogen. Grunna utfordringsbiletet i fylket har vi lagt vekt på føringane om berekraftig arealbruk opp mot ny næringsutvikling på land og i sjø, massehandtering og bustadsosiale tilhøve i samfunnsplanlegginga.

Vi har ikkje inntrykk av at kommunane manglar kunnskap om innhaldet i forventningane og dei blir ofte viste til som ramme for planarbeid, særleg i overordna planar. Vi ser likevel stor variasjon i korleis dei ulike punkta i forventningane blir tolka og kva punkt som er vektlagde i utarbeidinga av planforslag. Kommunane brukar dei formuleringane som passar best for å støtte opp under det dei planlegg for. Slik sett trur vi at forventningane kunne vore tydelegare på ein del punkt og at det kunne medverka til betre og mindre konfliktfulle planar.

Statsforvalteren skal bidra til gode og effektive planprosesser (fra kapittel 3.1.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene utnytter ressurser i planlegging på en effektiv måte.

I 2024 gjennomførte vi mellom anna Planveka, ein webinarserie som hadde svært god påmelding. Saman med Vestland fylkeskommune vidareførte vi det gode samarbeidet om årleg plankonferanse (med svært høg deltaking) og plannettverk for kommunane.

Leiargruppa har gjennomført kommunebesøk der planlegging har vore tema, og vi har gjennomført møte om einskildplanar (dialogmøte) om ei rekke felt innanfor embetsopdraget.

Vi har òg vore tilgjengelege for møte i tidleg planfase, t.d. om KPA, men her er vi avhengige av at kommunane inviterer til dette. Vidare deltek vi fast i planforum.

Ivaretagelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Her viser vi til kap. 3.1.1.1 og til andre punkt i rapporten der dette er omtalt.

I sum kan vi ikkje seie at statlege og viktige regionale interesser blir meir enn middels godt ivareteke i kommunale og regionale planar, særleg i lys av behovet for å følgje opp klima- og naturavtalane.

Avvika ville vore fleire og større utan den innsatsen vi legg ned i samordning, rettleiing og dialog om planar og dispensasjonssaker, og ev. med ein meir avgrensa bruk av av motsegn og klager.

Elles er vi også opptekne av at det lokale sjølvstyret skal ha stor vekt og av å løyse konfliktar også etter at motsegn er fremja. Planar blir i dei aller fleste høve vedtatt lokalt, ev. etter mekling, og relativt sjeldan sende vidare til KDD for endeleg planvedtak.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet.

Vi følger framleis det tilrådde opplegget til KDD for samordninga av statlege motesegner. Vi legg stor vekt på å invitere kommunen til dialogmøte for planar vi eller andre statsetatar vurderer at kan vere i strid med statlege omsyn. I desse møta legg vi òg stor vekt på å lytte til kommunane sitt syn, slik at det ikkje blir fremja fleire motsegner enn det som i ettertid blir vurdert som naudsynt.

Ingen motsegner frå andre statlege styresmakter vart avskorne av statsforvaltaren i 2024. Men svært mange motsegnspunkt vart som før løyste i den utvida dialogen i høyringsfasen.

Vi meiner at vi framleis når måla med samordninga – raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner – gjennom den utvida dialogen i høyringsfasen. Vi inviterer fylkeskommunen med på dialogmøte i saker der også dei har vesentlege interesser. Vi opplever elles at dialogen med dei andre statsetatane er svært god i plansakene og at kommunane i all hovudsak ser den statlege samordninga som nyttig.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Kommunane har stor forståing for behovet for ROS-analysar i arealplansamheng, særleg når det gjeld førebygging av naturhendingar. Det er tidvis meir utfordrande når det gjeld handsaming av verksemdsbasert risiko/sårbarheit og viljestyrte hendingar, men stort sett møter vi stor forståing hos kommunane når vi gjer merksam på slike problemstillingar.

Det er òg ei utfordring at dei fleste arealplanane (områderegulering og detaljregulering) blir utarbeidde av private aktørar, som nok kan vere meir opptekne av andre ting enn samfunnstryggleik. Likevel blir det laga ROS-analysar i alle arealplansaker etter plan- og bygningslova, og der heilskapleg ROS-analyse inngår som del av kunnskapsgrunnlaget. Tilsvarande blir det etter kvart i større grad òg gjort ROS-vurderingar i dispensasjonssaker.

Statsforvaltaren har framleis stor merksemd på rettleiing og oppfølging av kommunane sine overordna planar, dvs. kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunns- og arealdel. Dette er for å sjå til at kommunane har oversyn over utviklingstrekk og sentrale utfordringar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Vidare skal dette oversynet nyttast som grunnlag for å lage mål og strategiar, og såleis leggst til grunn for prioriteringar og gjennomføring av tiltak.

Dette blir m.a. følgt opp i fråsegner, i planforum og i direkte dialog med kommunane.

Statsforvaltaren har i oppfølgings- og rettleiingsarbeidet lagt vekt på at kommunane må kunne vise til heilskapleg og systematisk tenking rundt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, frå visjonsnivå, via mål og delmål, til konkrete handlingsplanar med tilhøyrande løyvingar (budsjett), og avslutningsvis tilbakemelding på måloppnåing (t.d. gjennom årsrapporten). I samband med dette har vi m.a. lagt forventningane i KMD-rundskrivet H-5/18 (Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesak) til grunn for vår dialog med kommunane. I arealplansamheng har vi i tillegg tatt utgangspunkt i DSB-rettleiaren Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging. Vi viser òg til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027.

Vår erfaring er at dei fleste kommunane tek rettleiingane og tilbakemeldingane på alvor og forsøker å integrere dei i planarbeidet.

Vi registrerer elles at ulike måtar å definere akseptkriteria på gir utfordringar for mange kommunar/planleggarar. Til dømes nyttar NVE tryggleiksklassar (og dessutan ulik inndeling for flaum og skred basert på konsekvenskategori) medan DSB viser til éi inndeling for plan-ROS og ei anna inndeling når det gjeld storulykkeverksemd (risikokonturar). I andre samanhengar kan det kanskje vere meir relevant å nytte verddivurdering som metode. Vi meiner at det hadde vore føremålstenleg med ei felles metodisk tilnærming der det er mogleg.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer ved etablering av nye virksomheter og når planer revideres/rulleres.

Vi følger opp storulukkerisiko i alle planar der vi ser at problemstillinga er relevant, og registrerer at kommunane ofte treng ekstra rettleiing på dette området.

Vi har elles stor merksemd på denne problemstillinga i det generelle rettleiingsarbeidet og planfråsegnene våre. Alle storulykkesverksemder blir no vurderte med omsyn til behov for omsynssoner i plankart med tilhøyrande føringar i planføresegnene. Vår aktivitet og oppfølging har ført til at kommunane no har vesentleg meir merksemd på denne typen problemstillingar enn for berre få år sidan. Andre aktørar, som t.d. Statens vegvesen og Forsvaret, har også bidratt godt til denne utviklinga.

Vi forsøker òg å fange opp storulykkeproblematikk i dispensasjonssaker. Såleis er det ofte vi som gjer kommunane merksame på problemstillinga når ho

er aktuell.

Generelt skulle vi ønske at samfunnstryggleiksomsyn fekk meir merksemd i handsaminga av dispensasjonssaker, og det gjeld ikkje berre oppfølging av storulykkerisiko. Ein del kommunar er ikkje klar over at ein dispensasjon frå arealplanen ikkje gir høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar som til dømes krav til ROS-analysar.

Sist, men ikkje minst, er vurdering av risiko og sårbarheit knytt til farleg stoff (som ikkje er underlagt storulykkesforskrifta) eit område der det framleis er stort rom for forbedring. Dette blir i for liten grad følgt opp av kommunane, og Statsforvaltaren har ofte ikkje god nok lokalkunnskap til å fange opp eventuelle relevante utfordringar knytt til denne typen problemstillingar i innkommande saker.

Det grøne skiftet har elles den siste tida medført ein vesentleg auke i talet på saker med storulykkeproblematikk. Tidspress har vore ei stor utfordring i fleire av desse sakene, ikkje minst at plansakshandsaminga har gått parallelt med handsaminga av samtykkesøknaden hos DSB. I praksis har det i nokre høve ført til at QRA-en som følgjer samtykkesøknaden ikkje har vore ferdig ved plansakshandsaminga. Dermed er ikkje kunnskapsgrunnlaget godt nok til å kunne ta stilling til ROS-analysen i plansaka.

Vi ser òg utfordringar ved innteikning av risikokonturar i plankart. Vi meiner primært at alle risikokonturane (indre – midtre – ytre omsynssone) bør markerast i kartet, men av ulike årsaker blir det ikkje alltid gjort. Det vil såleis vere av interesse å få ei overordna vurdering av om ein av t.d. tryggleiksmessige omsyn tidvis bør la vere å teikne inn risikokonturar i plankarta, eventuelt om det finst andre måtar å skjermje slik informasjon på.

Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser formidlet i tråd med T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med revidert T-2/16 er ivaretatt

I dialogen vi har hatt med kommunane om aktuelle motsegnspunkt, og i vår vurdering av grunnlag for konkrete motsegner, handlar det ofte om omsyna som skal vere varetekte etter rundskriv T-2/16.

Vi ser at retningslinjene i middels grad er kjende og aktivt tekne i bruk som rammer og føringar for planarbeidet i fylket. Vi legg derfor stor vekt på å rettleie om retningslinjene og minne om at dei bør leggest til grunn allereie frå oppstartsmøta i kommunane. Vi nyttar dei aktivt som forankringsgrunnlag der det er aktuelt med motsegn på miljøområdet. Innhaldet i rundskrivet ligg òg til grunn for den generelle rettleiinga vår til kommunane, og blir nytta som grunnlag for medverknaden vår i regionalt planforum.

Vidare har vi gjennom webinar som Naturmangfaldveka og Planveka gjort ein ekstra innsats for å formidle innhaldet i rundskrivet og å få fram kva kunnskapsgrunnlag som bør ligge til grunn for planarbeidet. Vi meiner såleis at vi er så tidlege og tydelege inne i planprosessane som systemet gir rom for. Tydeleg rettleiing om forventningar og metode til kommunane er til god hjelp. Mellom anna vil vi trekke fram handbok M-1941, som vi ser som ein viktig reiskap for å få fram eit godt faktagrunnlag.

Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Etter at bustadsosiallova vart sett i verk har vi lagt stor vekt på temaet i rettleiingsarbeidet vårt. Vi har jobba utoverretta mot kommunane for å auke merksemda og plankvaliteten på det bustadsosiale området.

Då forsøket med å leggje ansvaret for bustadsosialt arbeid til tre statsforvaltarembete vart avslutta 1. september, gjekk dei seks tilsette som jobba særskilt med bustadsosialt arbeid hos oss attende til Husbanken. I siste kvartal har vi derfor i større grad lagt vekt på å gi generelle innspel, særleg til samfunnsdelen til kommuneplanane. Vi trur dette har medverka til auka forståing i kommunane og hos utbyggjarar.

Rekruttering og kompetanseplanlegging innen helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Kommunane er godt kjende med eigne utfordringar innan demografi, ressursmangel og rekruttering av helse- og omsorgspersonell. Dei fleste kommunane har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel sett søkelys på utfordringar med rekruttering og kompetanse i helse- og omsorgstenestene.

Vi merkar oss at kommunane har større merksemd på utfordringane no enn tidlegare. Fleire opplever også demografiutfordringane ulikt; nokre kommunar har allereie store utfordringar, medan andre har ei yngre befolkning.

Slik vi vurderer det har det ikkje skjedd store endringar i måten kommunane systematisk arbeider med å løfte rekruttering og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgssektoren inn i samfunnsplanarbeidet.

I 2024 har vi gitt fråsegner til

- oppstartsvarsel til planstrategiar
- nokre planprogram til samfunnsdelen til kommuneplanen
- eit fåtal samfunnsplanar.

Desse viser at dei fleste kommunane har merksemd på utfordringar med demografi, auka tenestebehov og behov for rekruttering. Vi ser at dei kommunane som ikkje omtalar tematikken i planstrategiane, gjerne er dei same som ikkje har oppdatert eller utarbeidd folkehelseoversikt som grunnlag for arbeidet. Vi kommenterer i fråsegnene våre kor viktig dette. I 2024 søkte 42 av dei 43 kommunane i Vestland om midlar gjennom kompetanse- og tenesteutviklingsstilskotet. Av desse hadde 30 kommunar utarbeidd ein kompetanseplan. I alt var 18 av kompetanseplanane politisk vedtatte.

Vi har tatt opp temaet på møteplassar med kommunane, mellom anna i Kommunebilde og dei kommunemøta leiargruppa gjennomførte i løpet av første halvdel av 2024. Det siste halvåret har vi ikkje helseområdet hatt kapasitet til å prioritere Kommunebilde.

Kommunane har i liten grad etterspurt hjelp til arbeidet med eigne planprosessar og strategisk kompetanseplanlegging. Det er vanskeleg å vurdere kva effekt arbeidet vårt har hatt for utviklinga og planarbeidet i kommunane, men vi er usikre på om dei har tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å ta fatt på strategisk rekrutterings- og kompetanseplanlegging i samfunnsplanarbeidet. Slik vi vurderer det, treng kommunane rettleiing og støtte til slikt arbeid.

Vi meiner det er nødvendig å løfte temaet og ta opp problemstillingar innan rekruttering og kompetanse i helse- og omsorgstenestene på ulike møteplassar med kommunane, KS, utdanningsinstitusjonane og andre relevante aktørar, for å få ei felles forståing for situasjonen og kommunale behov. Godt samarbeid mellom partane er nødvendig for å kome fram til gode løysingar som er tilpassa kommunane sine behov. Vi opplever framleis utfordringar i dette arbeidet, men held fram med å legge til rette for godt samarbeid.

Vi meiner også at å ta opp temaet i arbeidet vårt med Kompetanseløft og Bu trygt heime-reforma kan bidra til å rette merksemd mot dei utfordringane kommunane opplever. Dette gjeld også strategisk kompetanseplanlegging. På grunn av ressursituasjonen i helse- sosial og barnevern- og utdanning har vi ikkje i 2024 fått utført og følgd opp aktivitetar, tiltak, råd og rettleiing i på dette området slik vi hadde planlagt.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer geografisk differensiert og i tråd med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

Mange kommunar, særleg fleire av omlandskommunane til Bergen, har utfordringar med å få til høgare arealutnytting gjennom fortetting og transformasjon. Vi ser at fleire av desse kommunane legg opp til stor vekst, også utanfor definerte senterområde og i område som, når dei blir bygde ut, vil måtte generere vesentleg auka i privatbil- og energibruken. I desse kommunane meiner vi at dei nasjonale føringane og måla i liten til middels grad er følgde opp til no. Samstundes er biletet heller ikkje her ein-sidig negativt og vi opplever forståing for at arealbruken må bli meir berekraftig i nokre kommunar.

Vi har òg i 2024 lagt vekt på å formidle dei nasjonale forventningane på dette området. Dette skjer både gjennom konkret planmedverknad og i arbeidet med oppfølging av dei kommunane som inngår i byveksttalen. Fleire av dei aktuelle kommunane er no i gang med revisjon av kommuneplanane. Statsforvaltaren, saman med fylkeskommunen og transportetatane, må gi tydelege tilbakemeldingar for å få til betre måloppnåing. Vi vonar at dei nye planretningslinjene for areal og mobilitet vil vere med å lette kommunane sitt arbeid på dette feltet.

Vi deltek i arbeidet med komande regional plan for arealbruk og mobilitet, og har forventningar om at denne på sikt kan bli til hjelp for kommunane.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)

Rapportere på

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer.

Også i 2024 la vi mykje innsats i å rettleie kommunar til å stille krav om forsvarleg massehåndtering og å følgje opp at gjenvinning av reine stein- og jordmassar er vurdert i planprosessar. Arbeidet involverer fleire avdelingar og regelverk, og vi har utarbeidd ein strategi for dette arbeidet, der handtering i tråd med massepyramiden står sentralt. Vi har òg deltatt med innlegg på seminar for kommunane og nasjonalt om temaet, i tillegg til det arbeidet vi elles legg ned i forvaltninga etter forureiningslova.

Vestland har svært store masseoverskot frå samferdsleprosjekt (E39, E16, Stad skipstunnel m.m.) som må handterast i statleg og kommunal planlegging. Vi medverkar tett i dei aktuelle planprosessane med sikte på å formidle statleg politikk om ei forsvarleg og samfunnsgagnleg massehåndtering. Vi opplever at konfliktane, særleg mellom natur- og landskapverknadene av utfylling i sjø og kommunale ønske om å få areal til ny utbygging, er krevjande å handtere.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med plan- og bygningsloven § 1-8, statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringer.

Som skildra i kap. 3.1.1.1., handlar klager på dispensasjonsvedtak og motsegner framleis ofte om at statlege føringar for strandsona, særleg langs sjø, blir sette til side. Sjølv om det er ulikskapar mellom kommunane, meiner vi at statlege omsyn berre i middels grad kan seiast å vere varetekte i den kommunale arealforvaltninga. Vi ser til dømes framleis mange eldre planar (kommune- og reguleringsplanar) som ikkje er oppdaterte på nye føringar. Talet på dispensasjonssaker i fylket, særleg i bergensområdet og i Sunnhordland er også framleis svært høgt.

Vi samarbeider godt med andre statlege styresmakter om planprosessar i sjø, men vi meiner det er viktig at den økologiske tilstanden til sjø- og fjordområda i fylket også blir løfta nasjonalt.

Våre tiltak på dette feltet var i 2024 primært å gi generell rettleiing, skriftlege innspel til planar og dispensasjonssaker og å gjennomføre dialogmøte med kommunane i planar der sjø og strandsone var tema. Vi meiner at nedbygginga av verdifull strandsone ville gått endå raskare utan denne medverknaden, og at den juridiske og faglege kompetansen i kommunane om planlegging i sjø ville vore svakare.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023, og regionale planer. Det vises her til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader.

Vi registrerer stor nasjonal merksemd om arealbruken i fjell- og utmarksareala. Dette meiner vi er bra og naudsynt, ut frå eigne røynsler frå tidlegare planprosessar. Som andre fylke, har vi til dels store område liggande inne i eldre planar. Mange av desse bør no reviderast, i lys av nye statlege føringar og berekraftsutfordringane med fjellområda. Vi ser at planane kan vere konfliktfulle med tanke på fleire viktige omsyn, som villrein, myr, våtmark, klima, landskapsøkologiske funksjonar, viktige friluftsområde og arealeffektivitet/energibruk. Vi har elles eit godt regionalt og kommunalt plangrunnlag for villrein.

Vi har ikkje arbeidd særskilt med nye, større planar for fjellområde i 2024, men har formidla statlege mål og føringar i samband med oppstart av revisjon av kommuneplanar og elles gitt fråsegner til reguleringsplanar som har utfordra nye snaufjellsområde og villreininteresser.

I sum meiner vi at vi gjer vårt for å sikre ei bærekraftig forvaltning av fjell- og utmarksareala. Samstundes er vi avhengige av det blir gitt gode statlege føringar for balansen mellom bruk og vern og at regionale føringar, som t.d. planane for villreinområda, blir etterlevde. At det kom tydelege føringar i SPR for areal og mobilitet, trur vi kan lette arbeidet både for oss og kommunane.

Ivaretagelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)**Rapportere på**

God ivaretagelse av jordbrukets arealressurser og styrke jordvernet i tråd med nasjonalt jordvernmål, og øvrig nasjonal politikk for forvaltning av jordbrukets arealressurser.

Det vart omdisponert 370 dekar jordbruksareal i 2023, som er siste året vi har Kostra-statistikk for. Som ei konkretisering av det nasjonale jordvernmålet på maksimalt 2000 dekar innan 2030, har vi sett på vår del av folketal og jordbruksareal. Då finn vi eit jordvernmål for Vestland på 182 dekar etter jordbruksareal og 234 etter folketal. Tala viser tydelegare kor ambisiøst dette målet er; maksimalt omdisponering av 182 dekar jordbruksareal i heile Vestland. Vi fordeler dette måltalet også på kommunenivå for å illustrere og motivere, men må etter vår vurdering arbeide endå meir med tiltak som informasjon og diskusjon med både administrativt og politisk nivå. Vi når ikkje det nasjonale målet berre med såkalla "strengare praksis" frå vår side. Skal vi i tillegg legge mest vekt på den beste jorda, må vi også differensiere meir og tilpasse innsatsen deretter.

Arealrekneskap har vorte ein svært viktig reiskap i planarbeidet.

Fylkeskommunen har utvikla dette som ei digital løysing med statistikk per kommune. Her finn vi m.a. arealreserve delt på ulike arealformål. I dialogen med kommunane er det svært nyttig å kunne vise deira eigen arealreserve og kor mykje av dette som er på dyrka mark. Dette gir ekstra trykk på forventningane om planvask, arealrekneskap og prioritering av nye område som skal inn i kommuneplanen.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
588	499	351	459	376	516	311	348	423	370

Tilbakeføring av areal (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)

Rapportere på

Areal tilbakeføres i større grad fra utbyggingsformål til LNF-R (Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift)

Kommunane i Vestland har, vurdert ut frå dei kommuneplanane vi har sett i 2024, i noko større grad enn tidlegare ført attende byggeareal til LNF. Samstundes blir det ofte tatt inn nytt areal til utbygging. Vi må argumentere og insistere på ein meir realistisk arealreserve i arealplanane i framtida. Vi brukar fylkeskommunen sin nyutvikla arealrekneskap til å utfordre kommunane på differansen mellom høg arealreserve og realistisk behov i planperioden. Vestland har ein samla planlagt arealreserve på 252 000 dekar, langt over det forventa behovet. Av dette er 22 000 dekar jordbruksareal, av dette igjen 12 000 dekar dyrka mark og 10 000 dekar innmarksbeite. For å oppnå høgare arealutnytting og betre jordvern, må vi arbeide med både planvask og foretting og transformasjon i by- og bygdesentra.

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål enn tidligere i sin overordnede planlegging (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål enn tidligere i sin overordnede planlegging

Vi viser til det vi har skrive tidlegare i rapporten, t.d. om BATP/areal og mobilitet, strandsone, landbruk, fjell og utmark. Gjennom heile 2024 har dette vore ein raud tråd og ein prioritert del av vår medverknad i kommunalt og regionalt planarbeid. Dette gjeld særleg kommuneplanarbeidet, men òg nokre reguleringsplanar der vi har sett at arealutnyttinga (t.d. på fulldyrka areal i sentrumsområde) er låg. Vi er framleis inne i ein fase med ny, samla planlegging for samanslåtte kommunar. I desse ser vi utfordringar med å få arealforbruket i samsvar med forventa vekst. I by- og bynære kommunar, der marknadstilhøva ligg meir til rette for ny utbygging, er det gjerne økonomiske og politiske årsaker til at det er vanskeleg å følgje opp dei nasjonale måla fullt ut. Vi har uansett lagt vekt på å formidle nasjonale føringar til kommunane. Vi har forventningar om at revisjonen av SPR vil ha effekt og lette både vårt og kommunane sitt arbeid.

Av andre tiltak har vi hatt særleg merksemd på er å rettleie om revisjon av eldre planar (planvask), og vi har halde fleire innlegg om dette på webinar, plankonferansar m.m. Vidare spelar vi temaet inn i arbeidet med oppfølging av byvekstavtalen for bergensområdet.

3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene

Vi har over fleire år sett ei positiv utvikling i samarbeid og samvirke mellom beredskapsaktørar på regionalt og lokalt nivå i fylket. Hovudintrykket vårt etter handteringa av fleire uønskte hendingar i løpet av året, er at aktørane finn kvarandre, og at hendingane derfor blir handterte på ein god måte.

Vi har låg terskel for å invitere kommunane, naudetatane, infrastruktureigarar og andre beredskapsaktørar til samordningsmøte ved uønskte hendingar. Vi har i samarbeid laga eit tiltakskort for oppfølging av varsel om uvær og naturfare, der vi har ein fast rutine for å invitere til møte når det går ut varsel på oransje nivå eller høgare. Møta skaper felles forståing av situasjonen og meir effektiv handteringa, og bidrar dessutan til eit godt felles beredskapsmiljø i fylket.

Hausten 2024 starta vi eit arbeid om matvareberedskap, først i form av ein statusoversikt og deretter ulike scenario som kan truge tilgangen på matvarer til innbygarane i Vestland.

Virkemiddelbruk (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Orienterer kommunene om deres samlede ansvar og rolle innen sivil beredskap.

Vi har nytta fleire arenaer til å rettleie kommunane om oppfølging av kommunal beredskapsplikt:

- Månadlege digitale møte, der mellom anna den tryggleikspolitiske situasjonen og relevante krav har vore tema. I løpet av 2024 var det åtte ordinære møte, i tillegg til eit ekstraordinært møte i samband med at PST om hausten heva trusselnivået.
- Totalforsvaret og oppfølging av arbeidet med gap-analyse for primærhelsetenesta var hovudtema på fagsamlinga i november. Samlinga hadde kommunedirektørar, beredskapskoordinatorar og kommuneoverlegar som primær målgruppe, og hadde veldig god deltaking.
- Vi gjennomførte ei øving for kriseleiinga i ti kommunar, der scenarioet var utfordringar som følgje av ein tilspissa tryggleikspolitisk situasjon. Vi samarbeidde med politiet, Heimevernet og Siviltforsvaret.
- I tilsynsmøta og i dialogen i etterkant av tilsyn, legg vi stor vekt på å rettleie om korleis kommunen kan utvikle og forbetre samfunnstryggleiksarbeidet. I 2024 gjennomførte vi seks tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap. Fire av desse omfatta òg tilsyn med beredskapsplikta etter helseberedskapslova. Eitt planlagt tilsyn måtte utsetjast til januar 2025 på grunn av sjukdom.
- I januar arrangerte vi eit mediehanderingskurs for ordførarar, varaordførarar og kommunaldirektørar. Føremålet var å auke krisekommunikasjonskompetansen og synleggjere kvifor kommunane bør prioritere informasjonsarbeidet som ein del av krisehandteringa.
- Vi samarbeidde med KS om eit nettseminar om samfunnstryggleik og beredskap for leiinga i kommunane.
- Vi har hatt rettleiingsmøte med enkeltkommunar, t.d. når dei har starta opp arbeidet med å revidere beredskapsplanverket.

Den samla innsatsen ut mot kommunane har bidratt til å auke forståinga for, og evna til, å ivareta beredskapsansvaret i heile krisespekteret.

Forebyggende perspektiv i klimatilpasningsarbeidet (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Være en pådriver og veilede for samfunnsikkerhet og tilfredsstillende beredskap i klimatilpasningsarbeidet.

Klimatilpassing er fast tema ved tilsyn og rettleiing om samfunnstryggleik og beredskap med kommunane. Vi ser m.a. på korleis konsekvensane av klimaendringane er vurderte og omtalte i kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse, og i anna analysearbeid i kommunane.

Vestland merkar klimaendringane mest gjennom mykje nedbør, og lange samanhengande periodar med nedbør. For landbruket gir det utfordringar med skade på avling og kortare og meir intensive periodar for innhausting. Ironisk nok får vi også lengre tørkeperiodar.

Vi opplever at kommune er meir opptatt av klimatilpassing i planarbeidet. Vi legg til grunn SPR i planmedverknaden og ser at satsinga på klimatilpassing i plan er ført vidare i ny planretningslinje. Vi samarbeider svært godt med NVE på dette området og meiner at samarbeidet hjelper kommunane med å sikre gode risikovurderingar og betre planar, i tråd med statlege føringar.

Øvelser for kommuners kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2024 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

I mars hadde vi ei øving for kriseleiinga i ti kommunar. Vi vidareutvikla eit scenario som vi hadde brukt i tilsvarande øving året før. Det tar utgangspunkt i alvorleg tryggleikspolitisk krise og krig. Vi samarbeidde med politiet, Heimevernet og Sivilforsvaret i både utviklinga av scenarioet og i gjennomføringa av øvinga. Dei tre etatane sat saman med oss i øvingsstaben, men i tillegg var lokale representantar saman med kommunane som øvde. Øvinga bidrog til å løfte viktige problemstillingar og rette merksemda mot behovet for samvirke innanfor ramma av totalforsvaret. Kommunane gav ei svært god tilbakemelding på at politiet, Heimevernet og Sivilforsvaret øvde saman med dei.

I mars arrangerte vi ei øving for Eidfjord kommune, politiet og andre relevante aktørar, der temaet var fjellskred. Øvinga var ein del av prosessen med å etablere eit beredskapssystem for det ustabile fjellområdet Tussafoten, som NVE har sett under kontinuerleg overvaking. Øvinga bidrog til å teste beredskapsplanverket og førebu aktørane på ei eventuell hending.

Bergen kommune deltok i atomberedskapsøvinga vi gjennomførte i samarbeid med Direktorat for strålevern og atomberedskap, i september.

Vi har i løpet av året hatt fleire mindre sambandsøvingar med kommunane (Nødnett) og øvingar/treningar på krisestøtteverktøyet Rayvn.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

År	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	43	28	Atomberedskap og ekstremvær
2020	43	7	TISK-øving
2021	43	0	
2022	43	0	
2023	34	17	Totalforsvar
2024	43	12	Totalforsvar, fjellskred og atomberedskap

Oppfølging av skogskadeberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Følge opp kommunenes oppgaver i beredskapsarbeid hjemlet i §§ 9 og 10 i skogbrukslova og § 16 i brann- og redningsvesenforordningen

Biller

Vi følgjer instruksane frå NIBIO for barkebilleovervaking. Det er for første gong gjort "til dels betydelige funn", som NIBIO kallar det, langs Sognefjorden. Dette må vi følgje meir med på.

Klimaskade på skog

Vi har rapportert eitt tilfelle med frost-tørke i Bjørnafjorden i februar 2024. Her følgjer kommunen med vidare. Vi har ikkje fått gjort noko på stormberedskap i 2024, og har heldigvis ikkje hatt store stormskader siste åra. Men med vårt klima vil det kome, så vi må tenkje betre gjennom beredskapen og følgje opp i 2025.

Skogbrannberedskap

På dette området går det også litt seint, særleg i nordre del av fylket. I sør har Vest brann- og redningsregion invitert til samling i 2025 om dette temaet, saman med skogeigarlaget.

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Det varierer korleis kommunane i Vestland følgjer opp prosessar og sakshandsaming på planområdet, men det overordna biletet er at fleire kommunar etter kvart har merkeemd på overordna planlegging og mykje god planfagleg kompetanse. Det er som regel mindre kommunar som har utfordringar og størst vanskar med å halde planane oppdaterte. Vi har vore spesielt på tilbodssida til slike kommunar.

Vi ser at kommunane ofte brukar lang tid på planprosessane og at det ofte skuldast at planane er noko uferdige når dei blir lagde ut til ettersyn. Manglar ved KU/ROS og at kommunane utfordrar statlege rammer for jordvern, strandsone og anna forseinkar gjerne prosessane mykje. Dette gjeld særleg i mindre kommunar med færre ressursar til rådvelde. I større kommunar er det i tillegg gjerne kompleksiteten som gjer at ting tek lang tid. Som vi har gjort greie for ovanfor, er vi på tilbodssida når det gjeld å få løyst fastlåste problemstillingar og opplever at dette i stor grad blir sett pris på.

Når det gjeld sakshandsamingsmåte elles, ser vi dessverre for mange døme på at dispensasjonssakene ikkje er handsama i samsvar med krava til grunngiving, vurdering av vilkår, med vidare.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer.

Vi lagar løpande oversyn over status for overordna planar i kommunane og presenterer desse i kart. Som tidlegare er desse karta nytta i dialogen embetsleiinga har hatt med kommunane. Statusen i den einskilde kommune blir lagt inn i Kommunebilde, som også ligg til grunn for kommunedialogen som embetsleiinga og leiargruppa arrangerer.

Ut frå vår kjennskap til den samla situasjonen, vurderer vi at tilstanden på dette området er middels god.

Eventuelle manglar i oppdatering av planverket i kommunane blir vidare tatt opp på mange ulike måtar gjennom planmedverknaden vår. Dette skjer mellom anna i arbeidet med reguleringsplanar og dispensasjonssaker som oppstår som følgje av lite oppdaterte planar, i planforum og plannettverk og i rådgivinga vi elles gir. Vi ser det som viktig at vi "held trykket oppe" på dette temaet. Vi ser òg at kommunane i stor grad etterspør støtte og rådgiving frå oss når dei kjem i gang med rulleringane.

Eitt av dei største problema vi møter på, er kombinasjonen av eldre planar og store satsingar innanfor "sekkepostane" omstilling i marin sektor og nye grønne næringar og industri. Dei fleste kommunane har naturleg nok store ambisjonar på desse felt, men vi saknar ofte ei forankring i overordna planar med gode konsekvensutgreiingar og tilstrekkeleg alternativvurderingar etter KU-forskrifta.

Vi meiner, og har også spelt inn til fylkeskommunen, at det med fordel kunne vorte lagt betre føringar for desse temaa i regionale planar. Vi har elles hatt nokre saker til avgjerd i departementet, der mellom anna manglande alternativvurderingar på overordna plannivå har vore tema, utan at våre motsegner er tekne til følgje. Vi er derfor glade for at viktige plantema som arealnøytralitet, ombruk av areal, reduksjon i tapet av landbruksareal, mindre nedbygging av natur, sikring av karbonrike areal og betre varetaking av naturmangfald no ser ut til å bli tydelegare kommunisert i statleg politikk og nasjonale forventningar. Vi meiner det er naudsynt med gode føringar og oppfølging i heile plansystemet, dersom den omstillinga som skjer i samfunnet i sum skal bli berekraftig.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling.

Vi har handsama 63 klager på reguleringsplanar i 2024, om lag det same som året før, der vi handsama 61 saker. 38 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 60 prosent. Talet er noko betre enn for 2023, der vi handsama 56 prosent innan 12 veker.

Vi har hatt ein del sjukefråvær i 2024, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. I første halvår var to sakshandsamarar i stor grad (om lag 50 prosent) lånt ut til prosjektet med reinteljingssaka i Troms og Finnmark.

Vi har, som departementet kjenner godt til, hatt fleire krevjande saker om strandsoneprosjektet i Bergen kommune. I 2024 har vi hatt ei rettssak for Hordaland tingrett, og ei sak for Gulatings lagmannsrett. Den eine ankesaka vart handsama i høgsterett i november. Dette har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker, og bandlagt store ressursar. I skrivande stund er det to strandsonesaker som skal opp for Gulatings lagmannsrett hausten 2025.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunale planer har juridisk holdbare bestemmelser og plankart.

Vi har også i 2024 lagt vekt på å betre den juridiske kvaliteten på planføresegner og kart, særleg i overordna planar. I desse prosessane er det ofte behov for eigne arbeidsmøte, noko vi tilbyr. På lågare plannivå har vi, på grunn av manglande ressursar, hatt mindre detaljert oppfølging, så samla sett vil vi karakterisere måloppnåinga her som middels til god.

Vi ser likevel at kvaliteten på planføresegner ofte er eit tema i dialogmøte, òg om reguleringsplanar, og at råd og krav frå både Statsforvaltaren og andre statlege etatar blir forståtte og følgde opp av kommunane når dei blir orienterte om manglane.

Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp.

Vår vurdering er at utgreiingskrava i KU-forskrifta framleis ikkje blir godt nok følgde opp. Vi ser likevel døme på gode utgreiingar. I sum karakteriserer vi derfor måloppnåinga som middels.

Saman med fylkeskommunen har vi ved fleire høve lagt vekt på dette i rådgivinga mot kommunane.

Vi ser framleis manglar i reguleringsplanar med krav til KU. Dei aktuelle utgreiingstemaer er ofte med, jf. paragraf 10 i plan- eller utgreiingsprogram, men kvaliteten på dei endelege utgreiingane og vurderingane av verknader er ofte mangelfulle. Vi har derfor fleire gonger invitert til dialogmøte når vi ser formelle manglar ved utgreiingane. Vi er svært nøgde med at Handbok-1941 frå Miljødirektoratet har kome og vi nyttar denne aktivt i vår rettleiing og medverknad i planarbeidet.

Helst skulle vi ønskt oss at kommunane kunne kvalitetssikre konsekvensutgreiingar gjennom eit statleg utvikla kunstig intelligens-verktøy i forkant av at reguleringsframlegg vert sende på høyring. Når vi ser gjennom konsekvensutgreiingane i samband med høyringa, er det gjort så mykje arbeid at det er tungt å reparere manglar.

Vi ser elles framleis at kommunane i tvilstilfelle som regel konkluderer med at det ikkje er KU-krav til planar der vi kan ha eit avvikande syn. I slike saker prøver vi gjennom dialogmøte og skriftlege innspel å medverke til at planskildringane skal bli gode nok til at verknadene av planane likevel let seg vurdere og blir synlege. Vi ser ofte at ei reell vurdering av alternativa ikkje blir gjort.

Ein del kommunar er ikkje klar over at ein dispensasjon frå arealplanen ikkje gir høve til å dispensere frå sakshandsamingsreglar, til dømes krav til KU. Vi meiner at innsatsen vår bidrar til å bevisstgjere kommunane.

Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert.

Kommunane i Vestland fører digitalt planregister i middels grad. Alle kommunane har no tatt i bruk digitalt planregister og geosynkroniserer delvis arealplanar. Innføringa av planregisteret har ført til at mange kommunar har rydda og jobba med planregistra, så kvaliteten på data er betre. Fleire kommunar har starta arbeidet med å legge inn dispensasjonar, men klager og motsegner manglar det framleis mykje av. Derfor kan vi framleis ikkje sjå den til ei kvar tid gjeldande arealbruken i planregistra i dag.

Planinformasjon er ikkje godt nok forankra på leiarnivå i kommunane, med nokre unntak. Dette ser vi når Statsforvaltaren og Kartverket er på kommunebesøk.

Gjennom 2024 heldt vi fram med planpratar i regionane med skriftlege rutinar som tema, og med gode resultat. Vi får tilbakemelding frå kommunane om at dette er viktig å ha på plass for å sikre oppdateringa av planregisteret. Rutinane må tilpassast kvar kommune. Vi vil halde fram med dette arbeidet i 2025. Oppslag i media og fylkeskommunen sitt arbeid med arealrekneskap gjer kommunane merksame på kor viktig det er med orden i planregisteret. Nettstadane til kommunane lenker ulikt til planregistra, og gjer det krevjande for det regionale nivået å finne fram.

Kartverket er framleis ein særskild viktig samarbeidspart for å få til den gode dialogen med kommunen om planregister. Vi hadde eit felles innlegg på Digi Vestland sin fagdag i vår. Kommunane stilte spørsmål om kva som skulle skje med den nasjonale arealplanbasen som dei geosynkroniserer sine planar til. Spørsmål som heng i lufta er:

- Når kjem plan 5.0?
- Når Kartverket no legg meir vekt på temadata, kven skal då kontrollere og følge opp plandata?

Denne uvissa er neppe positiv for arbeidet med føring av planregister i kommunane.

Konsekvensutredninger av klima- og miljøtema har god kvalitet og er i tråd med håndbok M-1941 (fra kapittel 3.1.1.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Konsekvensutredninger av klima- og miljøtema er i tråd med håndbok M-1941

Vi har jobba mykje med å gjere handboka kjent for kommunar og plankonsulentar, både gjennom orienteringar på konferansar og webinar og gjennom å vise til og sjølv nytte M-1941 i planmedverknaden (brev, dialogmøte med vidare). Vi opplever at handboka i større grad er kjent og blir brukt, som det gode verktøyet ho er, men at det vi må halde fram med å jobbe for at handboka blir brukt og at ho blir brukt på rett måte.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har hatt god måloppnåing for kompetansehevande tiltak i 2024. Vi har tett samarbeid med Nav Vestland, med felles kompetanseplan og strategi for kompetansearbeidet. Saman har vi spesielt hatt merksemd på kvalifiseringsprogrammet, barneperspektivet i Nav, økonomisk rådgiving, heilskaplege tenester og tverrfagleg samarbeid.

Vi har også deltatt i kompetansesatsinga på dei sosiale tenestene i Nav i 2024. I februar leverte vi skisse til eit høyrspel om ein barnefamilie. Saman med Statsforvaltaren i Innlandet reiste vi også til Rogaland og testa høyrspelets første episode på to Nav-kontor.

Vi gjennomførte ei digital samling for dei embeta som ikkje er med i satsinga. Her fekk dei informasjon om kva kompetansmaterieill som er tilgjengeleg og tips til korleis det kan brukast. Vi opplever elles ikkje at dei tar mykje kontakt.

Vi er kontaktfylke for Rogaland, og vurderer at dei brukar det publiserte kompetansmateriellet, mellom anna på ny i Nav. Fleire embete har spurt om det kjem meir materieill, og mange etterlyser kompetansmaterieill om ein barnefamilie.

Vår oppfatning er at filmen om føremålsparagrafen og historia om Lars blir brukt til opplæring, men at mange ventar på meir materieill. Vi har brukt filmen om føremålsparagrafen på nettverkssamling om kvalifiseringsprogrammet, tverrfagleg digital samling og på fagdagar om dei sosiale tenestene i Nav. Her viste vi også filmen om Lars. Fleire fortel at materiellet er relevant og nyttig for kompetanseutvikling i Nav-kontora.

Vi trur det er viktig å jobbe med implementering og forankring i 2025, for å halde materiellet levande og for å sikre at det nye materiellet blir brukt i eige og andre fylke.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven med tilhørende forskrifter.

Vi har invitert alle Nav-kontora i fylket til følgjande opplæringstilbod i 2024:

- Digital opplæring i Ny i Nav, i samarbeid med Nav Vestland. Her hadde vi merksemd på føremålsparagrafen, dei fem individuelle tenestene, barneperspektivet og forvaltningsrett.
- To digitale samlingar for dei som møter barn og unge i sin jobb med merksemd på tverrfagleg arbeid og barns rettar.
- Informasjonsmøte med alle kommunane 5. desember der vi orienterte om endringane i i rundskriv 35, som gjeld krav om bustad for EØS-borgarar, og kva konsekvensar det har for sakshandsaminga i kommunane.
- Webinar om rapporten «En barndom for livet».
- Webinar om rapporten «Utredning av kunnskapsgrunnlaget for sosialhjelpssatser».
- Fagdagar for dei som jobbar med dei sosiale tenestene i Nav. Samlinga gjekk over to dagar og tema var forvaltningsrett og gode vedtak, erfaringar frå det landsdekkande tilsynet i 2024 og 2025, barnets beste-vurderingar og heilskapleg kartlegging og oppfølging av utsette unge.
- Nettverkssamlingar, grunnkurs og digital opplæring innan økonomisk rådgiving og kvalifiseringsprogrammet. Samlingar for prosjekta som utviklar dei sosiale tenestene i Nav. Sjå meir informasjon under særskilte rapporteringskrav.
- Mellomleiarssamling i samarbeid med Nav Vestland, der tema mellom anna var utfordringar og forventningar til leiarrolla. Vi snakka også om sikkerheitsleiing, kompetanseleiing, og om kunstig intelligens.
- Nav-leiarssamling i samarbeid med Nav Vestland der tema var ungdom, barnets beste og digitalisering. Nav Lister presenterte sitt arbeid med å implementere "Hybridmodellen" (inkluderingskompetanse som samskaping). Vi hadde innlegg om kvardagen til ein ungdomsretteleiar, som munna ut i paneldiskusjon om ungdomsarbeidet i Nav. To kommunar delte erfaringar om korleis dei vurderer barnets beste. Vi hadde også eit innlegg om barnets beste i møte med flyktningfamiliar.
- Nettsaker om dei sosiale tenestene på nettstaden vår.

Innhald på samlingane har vore tema i møta med Nav Vestland. Vi har månadlege møte på rådgivarivå for å drøfte utviklingstrekk og kompetansebehov i fylket. Vi reviderer og korrigerer kompetansestrategien og kompetanseplanen ved behov gjennom året.

Vi vel tema for samlingar og nettsaker ut frå erfaringar frå tilsyn, handsaming av klager, evalueringar av tidlegare samlingar og elles i kontakt med Nav-tilsette og Nav fylke.

Det er mange som deltar på samlingane vi arrangerer, og vi må ofte opprette venteliste. På dei tverrfaglege digitale samlingane er Nav alltid representert med mange deltakarar. Vi er opptatt av at Nav-tilsette skal oppleve opplæringa som relevant og at dei kan bruke det dei lærer i kvardagen. Vi har fått gode

tilbakemeldingar gjennom evalueringar av samlingane, og trur vi har lukkast med dette i 2024. Vi har fått særleg positiv tilbakemelding på temaa forvaltningsrett og vurdering av barnets beste.

Nokre seier at rettleiarene om vurderingar av barnets beste og rettskjeldene ikkje er nok for å vareta eit barneperspektiv. Dei fortel at dei treng meir kunnskap, verktøy og læring for å ta det i bruk i kvardagen. På fagdagane samla vi innsikt om kva Nav treng for å kunne vurdere barnets beste og vareta barna i familiene dei møter. Her er nokre av svara vi fekk:

- *Korleis sikre barns rettar i statleg del av Nav? Tenker på vedtak og andre avgjerder som blir gjort utan at det blir nemnt korleis det påverkar barn.*
- *Korleis skal vi heilt konkret vurdere kva barna treng, utan at brukaren blir uroa for at Nav skal melde bekymring til bamevemet?*
- *Skal Nav snakke med barna, eller ikkje? Er det til barnets beste, eller blir det overskridande?*
- *Kunne tenkt meg meir tid til diskusjon og deling av erfaring i gruppene, då det er mange gode tips å hente frå andre kontor som får det betre til enn andre.*

Vi hører framleis at det kan vere vanskeleg å sikre barns rettar når foreldre har statlege tenester. Dette tar vi opp i dialogen med Nav fylke. Vi vurderer at det framleis er behov for kontinuerleg merksemd på dette temaet, og det skal vi følge opp i 2025.

Vi opplever at Nav-kontora i fylket er opptatt av å skrive gode og forståelege vedtak. I klagesaker kan vi sjå at Nav-kontora blir betre på å vurdere barnas beste. Når mottakaren forstår vedtaket, kjenner att historia og ser at behova til barna er vurderte og vekta, bidreg det til å styrke rettstryggleiken.

Vi har ein lågare stadfestingsprosent på klagesaker i 2024 (78 prosent) enn vi hadde i 2023 (83 prosent). Vi hadde ein auke i talet på klagesaker og handsama 124 fleire saker i 2024, som betyr at ganske mange saker vart oppheva eller omgjorde. Dette kan tyde på at vi treng merksemd på sakshandsaming og forvaltningsrett også i 2025.

Vi opplever nokre utfordringar og risikoområde i fylket vårt. Det gjeld mellom anna tilgjenge til og kvalitet på mellombels bustad, tverrfagleg samarbeid og koordinering av tenester.

Vi er bekymra for om familiar som lever i vedvarande låginntekt får hjelpa dei har rett på og i tide. Gjennom oppfølginga av prosjekta i fylket får vi mykje innsikt i dette. Prosjekttilsette fortel mellom anna om mange familiar med store hjelpebehov og rett på tenester dei ikkje har fått. Nav har ei sentral og viktig rolle i å førebygge og løyse sosiale problem. Nav er ofte den tenesta familien har kontakt med og er på den måten ein nøkkelfaktor i å hjelpe familien. Desse familiene treng ofte meir enn økonomisk hjelp. Det krev at Nav har rammer og kompetanse til å hjelpe familiene.

Vi har inntrykk av at det er mykje merksemd på unge som allereie er i kontakt med Nav eller sjølv tar kontakt. Ungdomsgarantien er styrande for kva Nav prioriterer. Risikoen er at nokon kan bli gløymde eller må prioriterast bort. Fleire av dei unge som kjem i kontakt med Nav, har ofte hatt foreldre som har hatt oppfølging av Nav. I tillegg er det viktig at Nav prioriterer barnefamiliar og får rammer til dette.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	39	39

3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Tal frå SSB tyder på at det er mest stagnasjon i utbygginga av institusjonsplassar og omsorgsbustader. Kommunane satsar på heimetenester og at dei eldre skal bu heime lengst mogleg. Tal frå SSB tyder også på at det har vore ein nedgang i delen eldre over 80 år med institusjonsopphald i kommunane i Vestland dei siste åra. Delen eldre som brukar heimetenester har også gått ned i same periode. Derimot ser vi at delen brukarar av heimetenester i gruppa 0–66 år aukar. Årsverk per brukar av heimetenester aukar også.

Vi vurderer mellom anna ut frå det vi ser i sakshandsaminga vår at det er fleire kommunar som har utfordringar med tilgjenge og kapasitet i tenestetilbodet. Talet på klagesaker aukar.

I mange kommunar er det høg terskel for å få sjukeheimplass eller heildøgns omsorgsplass. Mange av sakene vi handsamar handlar om pasientar og brukarar med fysisk og kognitiv svikt og omfattande hjelpebehov som ikkje får tilbud om institusjonsopphald eller bemanna omsorgsbustad, slik dei ønskjer og kan ha behov for, etter våre vurderingar. Kommunane klarar ikkje å tilby nok heimesjukepleie og heimetenester til å dekke hjelpebehovet. Det er også vanskeleg for pårørande å få avlastning. Rehabiliteringstilbodet og tilbodet om korttidsopphald er framleis mangelfullt i mange av kommunane. Vi er uroa over utviklinga, og vurderer at utviklinga ikkje går i rett retning med tanke på dei demografiske utfordringane framover. Tenestene til personar med nedsett funksjonsevne har også etter våre vurderingar framleis eit forbettringspotensiale.

Vi er også uroa for heimetenesta som skal gi hjelp heile døgnet. Lite ressursar, låg bemanning, lite stabilitet i personalgruppa og fleire tilsette utan helsefagleg kompetanse gjer det utfordrande å gi kvalifisert hjelp. Vi ser også døme på manglande kontinuitet i organiseringa av helsehjelpa og manglar i tiltak, vurderingar, evalueringar og oppfølging av pasienten. I heimetenestene jobbar personalet ofte åleine, og det inneber høg grad av sjølvstende. Det er derfor behov for helsefagleg kompetanse, samarbeid, rutinar og informasjonsutveksling for å sikre forsvarlege vurderingar og praksis.

Tal frå SSB tyder på at det har vore ein nedgang i delen brukarretta årsverk med helseutdanning i omsorgstenesta. Både små og store kommunar rapporterer om store utfordringar med å rekruttere og behalde fagkompetanse i helse- og omsorgstenestene. Ut frå kommunane sine tilbakemeldingar, gjeld det ikkje berre fagutdanna personale, men også personale generelt.

I tillegg skal kommunane spare pengar som følgje av svak kommuneøkonomi. Dette gjeld også for helse- og omsorgstenestene. For å løyse

utfordringane satsar mange av kommunane på omorganisering, endra oppgåvedeling og meir teambasert tenesteyting. I Vestland deltar 15 kommunar i Tørn-prosjektet, ifølgje oversikta til KS. Vi vurderer at endra organisering og oppgåvedeling, samstundes som det er mangel på helsefagleg kompetanse i personalgruppa som er nærast pasienten, kan redusere kvaliteten på tenestene og føre til auka risiko for pasienttryggleiken. Vi har alt sett døme på slike konsekvensar i tilsyns- og rettighetssakene våre.

Kapasitet og kvalitet i helse- og omsorgstenestene i kommunen er trekt fram i arbeidet med Kommunebylde og i dialogmøta vi hadde i 2024. Kvalitet og pasienttryggleik blir tatt opp i sakshandsaminga og tilsynsarbeidet vårt.

Vi vurderer at det framleis er stor variasjon mellom kommunane i kunnskap og kompetanse om regelverk, kvalitetsarbeid og pasienttryggleik i helse- og omsorgssektoren. Det er stort behov for opplæring. Vi er særleg merksame på kommunar vi sjeldan høyrer frå og vurderer at dette kan vere ein risiko i seg sjølv.

Vi har ikkje fått gjennomført planlagde opplæringstiltak eller rettleiing som til dømes sakshandsamingskurs eller kurs om pasient- og brukarrettslova kapittel 4A, på grunn av mangel på ressursar og prioriteringar frå leiinga. Vi har heller ikkje arrangert vår årlege konferanse for tilsette i helse- og omsorgssektoren. Utviklinga i kommunane kan likevel i liten grad skuldast vår innsats, slik vi vurderer det.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med helsefelleskapenes arbeid med bedre felles planlegging og utvikling av tjenesteutvikling for de prioriterte pasientgruppene.

Behov for personell med ulike språk- og kulturkompetanse (samisk, minoritetsspråklig mv) skal søkes ivare tatt i planleggingen.

Vi vurderer at kommunane i ulike grad planlegg tenestene for å møte framtidige utfordringar. Kommunane i Vestland er godt kjende med eigen demografi og utfordringar med kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene. Kommunane utarbeider planar, men evna til å gjennomføre er ikkje alltid til stades og endrar seg fortløpande. Ifølgje kommunane er det ofte den økonomiske stoda som er grunnen til at planane ikkje blir gjennomførte.

Vi vurderer også at kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad planlegg for berekraftige tenester ut frå den demografiske utviklinga og eigne utfordringsbilete. Med det meiner vi mellom anna nok kapasitet og nødvendig kompetanse til å kunne vareta brukargrupper med omfattande hjelpebehov. Kommunane treng å byggje ut fleire rehabiliteringstilbod og satse meir på førebyggjande helsearbeid og helsefremjande tiltak. Vi meiner også at tenestetilbodet til personar med nedsett funksjonsevne kan bli betre.

Tenesteområdet psykisk helse og rus er under press i mange kommunar. Av IS-24/8 kan det sjå ut til at tal stillingar retta mot vaksne har hatt ein nedgang frå 2023 til 2024. Vi har ikkje grunnlag for å seie om nedgangen er reell eller om han kjem av rekrutteringsvanskar ved rapporteringstidspunktet.

Tenestene er under press og vi ser at dei gir mindre oppfølging i eigen heim, noko mange pasientar ønskjer. Heimebesøk er ressurskrevjande, både i store og små kommunar. Alternativet er å ha digitale støttesamtalar for dei som kan nytte eit slikt tilbod. Vi ser også at talet på lågterskeltilbod aukar, sjølv om det per no berre er 23 av 43 kommunar som rapporterer at dei har dette. Lågterskeltilbod kan nyttast av fleire som ikkje nødvendigvis treng individuell oppfølging. Transport til og frå kan løysast på ulike måtar i kommunar med spreidd busetnad. Vi rettleiar kommunane både i telefonsamtalar og gjennom klage- og tilsynssaker, om korleis dei kan innrette tenestene.

I fylket rapporterer 30 av kommunane at dei har utarbeidd kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene, der 18 av planane er politisk vedtatte. Mangel på oppdaterte og politisk vedtatte kompetanseplanar kan føre til manglande måloppnåing i arbeidet med å sikre nødvendig kompetanse og nok ressursar. Det kan føre til at planlagde kompetansehevande tiltak ikkje blir tatt med i budsjett/økonomiplan, og dermed ikkje blir sett i verk.

Vi vurderer at kommunane har stort behov for råd og rettleiing i arbeidet med å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene, men erfarer at dei etterspør slik hjelp i liten grad. Vi samarbeider med andre aktuelle aktørar, som KS, utdanningsinstitusjonane og Vestland fylkeskommune. Vi ønskjer å kome med felles tiltak for å støtte kommunane i det vidare arbeidet. Vi arbeider med å få i gang eit nettverk for leiingar på områda helse, omsorg og velferd, for å løfte felles utfordringar, og finne gode og berekraftige løysingar gjennom samarbeid. Ein vesentleg nytteverdi vil vere erfaringsdeling, informasjon og dialog, og ei felles forståing av oppgåveløysinga. Vi har ikkje oppretta ei regional koordinatorstilling. Det hadde vore naturleg å ha ein slik funksjon til å koordinere dette viktige arbeidet hos oss, men det har vi ikkje økonomiske ressursar til.

Helsefelleskapa har starta planlegginga for dei prioriterte gruppene, men det er for tidleg å seie noko om effekten i kommunane. Den vil vi venteleg sjå om nokre år. For meir informasjon, sjå punkt 3.1.3.1.2.1.

Helsefelleskapene bidrar til likeverdig partnerskap og til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjeneste (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Helsefelleskapene bidrar til likeverdig partnerskap og til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjenester

Vi har tre helsefelleskap i fylket vårt:

- Sogn og Fjordane helsefelleskap
- Helsefelleskapet i bergensområdet
- Helsefelleskapet i Fonna

I løpet av 2024 har vi fått observatørstatus med tale- og forslagsrett i sentralt samarbeidsutval. Dette gjeld alle tre helsefelleskapa. Det er avtala at fylkeslegen eller assisterende fylkeslege stiller på møta. Vi deler oppfølginga av Fonna med fylkeslegen i Rogaland.

Vi vurderer at Helsefelleskapet i bergensområdet og Helsefelleskapet i Fonna har kome i gang med felles sekretariatsfunksjonar, overordna strategi og avtalar, arbeidsgrupper og utval. Helsefelleskapet i Sogn og Fjordane var tidleg ute med dette samarbeidet, men framdrifta ser ut til å ha stagnert noko.

Vi ser at i alle tre helsefelleskapa er dei opptatte av framtidige demografiutfordringar og å behalde og rekruttere helsepersonell og rett kompetanse i tenestene.

Langsiktig arbeid med kvalitet i helse- og omsorgstjenestene (fra kapittel 3.1.3.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene gjennomfører et langsiktig arbeid med å sikre kvalitet i tjenestene. Dette må ses i sammenheng med implementering av forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene.

Vi meiner at dei fleste kommunane arbeider jamleg med å sikre kvalitet i tenestene. Mange kommunar deltar i læringsnettverk og samlingar i regi av Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT-ane) i fylket, der dei arbeider med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Arbeidet til USHT-ane er av stor nytte for dei kommunane som prioriterer og har nok ressursar til å delta i nettverka.

Samstundes erfarer vi gjennom tilsynsarbeidet og sakshandsaminga vår at det framleis er manglar ved styring og internkontroll i helse- og omsorgstjenestene i fleire kommunar. Vi vurderer at forskrifta om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstjenestene ikkje blir brukt som forventa. Det er også vårt inntrykk at det systematiske kvalitetsarbeidet blir nedprioritert i tider med dårleg kommuneøkonomi, nedskjeringar i helse- og omsorgssektoren og vanskar med å rekruttere kvalifisert personell.

3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Mange viktige økosystem er i negativ utvikling. Likevel har vi gode døme på at tilstanden har vorten betre der vi har hatt høve til å gå inn med målretta tiltak.

I årets siste statsråd vart Stad marine verneområde vedtatt oppretta. Meldinga vart mottatt med stor glede, særleg i Stad kommune. Med dette har vi to marine verneområde i fylket. Vi ser at vern fungerer etter intensjonen, men vi treng fleire marine verneområde dersom det skal ha effekt på økosystema. Vi har arbeidd mykje med utgreiing av Sognefjorden som eit framtidig marint verneområde.

Situasjonen for hekkebestandane av sjøfugl i Vestland er framleis negativ. Tellinga i 2024 viste at utviklinga for toppskarv og teist er særleg ille, og toppskarven er i ferd med å forsvinne frå nær halvparten av hekkeområda som var i bruk for fem til ti år sidan.

For å betre tilstanden for villreinen i naudsynt grad, treng vi omfattande og effektive tiltak, og det hastar. Dette går tydeleg fram av tiltaksplanane som vart utarbeidd for Hardangervidda villreinområde og Nordfjella villreinområde i 2023.

Med utgangspunkt i tildelte midlar har vi gjennomført ein effektiv innsats mot framande artar. Den indirekte og historiske påverknaden frå kulturskogen (12 prosent) kan likevel bli sterk, ved at areal tilplanta med gran av kommersielle årsaker ikkje blir hogd. Det fører til tap av viktig areal og har svært sterk fragmenteringseffekt. Fragmenteringa av landskapet på denne måten får lite merksemd, sjølv om det skaper store problem for arealkrevjande artar i naturen. Tilstanden er tilsynelatande grei i skogøkosystema, men mange av artane som lever her ser ut til å vere i sterk tilbakegang utan at årsakene til dette er klarlagde.

Vi har mykje merksemd på restaureringstiltak i skog, som regel ved fjerning av regionalt framande treslag. Verneområda har vore hovudprioritet for slike tiltak, som har hatt god effekt. Vi kunne ha utvida engasjementet og tilhøyrande positive effektar på økosystema dersom budsjetta både for tiltak og organisering av tiltaka hadde vore større.

Generelt sett har vi gode erfaringar med regionalt miljøprogram, utvalde kulturlandskap og verdsarvområda. Kommunane forvaltar midlane dei har til spesielle kulturlandskapstiltak på ein god måte.

Vi arrangerte fleire fag-webinar i 2024. Med webinarserien Naturmangfaldveka, som gjekk over fire dagar, inviterte vi både administrasjon og politikarar i kommunane til påfyll av kunnskap og drøfting av fagtema. Totalt var det 989 unike påmeldingar, fordelt på 330 personar. I den eksterne evalueringa av arrangementet svarte 90 prosent at webinarserien gav dei betre grunnlag til å løyse arbeidsoppgåvene. Kommunane fortel oss også at nyhendevarsel frå oss og god info på nettstaden vår er ein viktig

informasjonskanal i deira arbeid.

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak

Status og effekt i arbeidet med nytt vern og forvaltning av eksisterande verneområde

I arbeidet med nye verneområde prioriterer vi å legge til rette for opne og involverande prosessar. Vi ønskjer å ha god dialog om vernearbeidet med kommunar, grunneigarar og lag og organisasjonar. Gjennom dialogen får vi formidla oppdraga våre og kunnskap om viktig natur, samtidig som vi blir informerte om lokale interesser og spørsmål. Denne arbeidsmåten gir etter vår erfaring god effekt.

Innanfor "Oppdrag bevaring av verdifull natur" har vi i 2024 meldt oppstart av fire nye område. Etter god dialog over tid fekk vi lokal aksept for å starte utviding av Jotunheimen i Årdal kommune og for å starte verneprosess for Hornelen nasjonalpark i Bremanger kommune. I tillegg fekk vi lokal aksept frå kommunane Bremanger og Gloppen for å starte arbeid med å endre verneform for Ålfotbreen landskapsvernområde. Vi har hatt dialog med mange av grunneigarane i Masfjordfjella og Hornelen med tanke på å inkludere skog i eventuelle nasjonalparker. Dette er tidkrevande arbeid, mellom anna fordi det krev aksept frå kvar enkelt grunneigar for å involvere skogen deira i den vidare prosessen. Den same tematikken finn vi i fleirtalet av supplerande vern-områda vi ikkje har meldt oppstart for. Vi har god dialog med skogeigarorganisasjonane AT Skog og Norskog om skogtematikken.

Innan frivillig skogvern har vi i 2024 jobba med område med store samanhengande areal. Vi har fått verna seks nye område, som til saman utgjer om lag 34 500 dekar. I tillegg har vi levert tilråding for eitt område til. Dette gjer at det no er verna om lag 3,4 prosent skog i fylket. Vi ser stor effekt av opne kveldsmøte om frivillig skogvern. I etterkant av slike møte får vi ofte inn fleire tilbod om skogvern.

Innan marint vern har vi i 2024 fått overlevert kartleggingsrapporten for Sognefjorden. Vi ventar på konsekvensutgreiinga som vi tinga i 2023, der ny leveringsdato er 15. mars 2025. Vi har starta opp éi av tre lokale referansegrupper. I tillegg har vi vore i dialog med kommunane om den marine verneprosessen, både med digitale møte og fysiske orienteringar i kommunestyra. Vi har god og oppdatert informasjon om marint vern på nettstaden vår. Dette aukar kunnskapen og medvitet om prosessen for dei som er interesserte. I tillegg har vi opplevd stort lokalt engasjement i Stad rundt opprettinga av Stad marine verneområde.

Vi har ikkje stor aktivitet innan myrrestaurering, men har høg aktivitet på skogrestaurering (fjerning av plantefelt med gran og sitkagran i verneområde). I 2024 har vi gjennomført eitt stort tiltak i Stordalen naturreservat i Stryn, som er eitt av dei største naturrestaureringsprosjektet i noregshistoria etter skytefeltet på Hjerkin og Svea-gruvene på Svalbard. Per januar 2025 er prosjektet i ferd med å bli avslutta, med særskilt godt resultat, men prosjektet har vore krevande både teknisk og økonomisk. I dette tilfellet åleine er 18 000 kubikkmeter planteskog fjerna for å frigjere areal til framtidig naturskog.

Vi har mange slike utfordringar i fylket vårt, både i og utanfor verneområde, som aldri ville vorte handterte utan vesentlege tilskot frå det offentlege.

Vi har også tatt del i arbeidet med å revidere rammeavtalen for slike tiltak, administrert av STAF. Vi har opplevd den prosessen som særskilt krevande, utan at vi så langt har kome til eit resultat. På eit tidspunkt vil vi vel få ei ny rammeavtale, men vi fryktar at oppfølging av avtalen vil bli vanskeleg og vil forutsette interne ressursar og kompetanse som vi ikkje har i dag.

Status og effekt i arbeidet med trua arter og naturtypar

Vi held fram arbeidet med å få utarbeidd nye skjøtelsplanar for skjøtelskrevande naturtypar, kvalitetssikre nye område, arrangere fagdagar, rettleie brukarar m.m.

Dette er med på å spreie kunnskap som er viktig for å ta vare på og betre tilstanden til desse naturtypane. I fleire nye område har brukarane fått oppdatert informasjon om kva verdiar dei forvaltar, og korleis dei varetar dei på best mogleg måte. Dette gjer at sjansen aukar for at områda blir haldne i hevd, og for at dei får rett skjøtsel.

Vi er og snart ferdige med å få utarbeidd ein ny overvaksingsmodell for dvergålegras som gir oss oppdatert kunnskap om tilstanden i lokalitetar av dvergålegras. Med ein ny overvaksingsmodell vil overvakinga vere meir fleksibel og mindre knytt til enkeltpersonar, noko som vil vere betre for arbeidet i eit langsiktig perspektiv.

Vipa har status i raudlista som «kritisk trua», så vi held fram arbeidet for å auke hekkesuksessen for vipa, med særskilt merksemd på Herdla naturreservat. Effekten av gjennomførte restaureringstiltak og årlege tiltak under slåtten gjer at talet på vipereir her har auka frå 0 i 2007 til rundt 40 i 2024. Herdla naturreservat er dermed eit viktig rekrutteringsområde for ein art som elles er i sterk negativ utvikling, også i regionen. Vi finn no oppunder to prosent av den norske hekkebestanden på Herdla.

Det blir gjennomført intensiv overvaking av hubro i Hordaland og omfattande overvaking i Sogn og Fjordane. Etter gode sesongar med ungeproduksjon både i 2020, 2021 og 2022, var det ingen registrert produksjon i 2023 og truleg heller ikkje i 2024.

Status og effekt i vassforvaltingsarbeidet

Vi arbeider jamt med tiltaksretta overvaking gjennom større overvåkingsprogram både på kysten og i ferskvatn. Effekten av overvåkingsprogramma er mellom anna at eigarskapet og ansvarskjensla blir heva gjennom spleiselag og kunnskap om tiltak som verkar, og at det blir tydelegare om vassforekomsten har nådd miljømålet og ligg stabilt der, eller om det er behov for fleire tiltak. Kunnskapsgrunnlaget i vann-nett blir mykje betre, og påverknad og grad av påverknad blir justert der det er naudsynt. Forvaltinga kan stole meir på den aktuelle resipientens tilstand, som styrkar arbeidet som blir gjort i alle ledd.

Overvaking av kalking av vassdrag viser at det gir den ønskete vasskvaliteten i fem anadrome vassdrag. Effekten på det biologiske livet er meir varierende. Årsaka til det er at andre påverknader enn forsurening har negativ innverknad på dei anadrome bestandane.

Nedgangen i laksebestandane held fram i fylket, og vi ser ingen særskilt endring i utviklinga av vassdraga som følgje av vårt arbeid. Vi har sett ein stor auke i tal søknader om å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag. Vi opplever at vi, gjennom diverse informasjonsarbeid, har bidratt til at det har vorte meir kunnskap om kor viktig kantvegetasjonen er og at ein må søke til Statsforvaltaren når han skal fjernast. Det same gjeld søknader etter forskrifta om fysiske inngrep i vassdrag, men her er ikkje auken i tal søknader like stor.

Status og effekt i arbeidet med å bekjempe framande organismar

Vi ser redusert negativ effekt av framande skadelege organismar på naturmangfaldet.

Kartlegging/overvaking av dei marine artane havnespy og stillehavsøsters har halde fram i 2024, så vi har ei viss oversikt over situasjonen. Kartlegginga blir utført av Havforskningsinstituttet.

Tiltak mot framande, landlevande plantar, inkludert utanlandske treslag, har gitt god effekt ved at frøplantar er fjerna lokalt. På desse lokalitetane er også oppslag av ungplanter under ein viss kontroll. Dette er langsiktige tiltak, og i kor stor grad vi klarar å halde innsatsen oppe, er avhengig av økonomi.

God kontakt og samarbeid med kommunar, frivillige organisasjonar, grunneigarar og lokale eldsjeler har fungert godt. Vi har òg kontakt med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune om framande artar, og samarbeider om tiltak der det er naturleg.

3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Av skjøtselskrevjande, truga naturtypar trur vi at kystlynghei har ei positiv utvikling i areal og økologisk funksjon, og at stimulansen frå gunstige RMP-ordningar er ein viktig grunn til det. Vårt arbeid med skjøtselsplanar og tilskot bidrar positivt både til kystlynghei og andre truga naturtypar. For naturbeitemark og slåttemark er utviklinga sannsynlegvis negativ totalt sett, sidan det er svært usikkert om oppattaking av rett skjøtsel på nokre lokalitetar veg opp for dei mange lokalitetane som truleg går tapt som følgje av oppgjødsling, attgroing eller ulike utbyggingsfremål.

I skogøkosystema er utviklinga truleg gjennomgåande negativ, som følgje av at det blir gradvis mindre areal att av gammalskog med høg alder, grove tre, eller som ikkje har vore flatehogd. Pågåande naturleg frøspreiing frå innplanta gran og utanlandske barte bidrar sameleis til å fragmentere det som er att av større, samanhengande naturskogområde. Dette er eit stor utfordring i Vestland. Ein unaturleg høg hjortestamme (som følgje av fråvær av store rovdyr) bidrar, saman med framvokster av gran i furuskog og boreal lauvskog, til å svekke livsgrunnlaget for artar knytte til grove ospetre og meir generelt til osp, rogn, selje m.m. Skogvernarbeidet vårt bidrar til å bremse noko av den negative utviklinga, men ei verneforskrift kan i liten grad stoppe hjortebeiting eller vindspredde framande frø. Noverande skogvern, med relativt små, spreidde og ofte suboptimalt arronderede område som ikkje alltid fangar opp dei viktigaste kjerneområda for naturmangfaldet, gjer det også vanskeleg å forvalte større, samanhengande landskap på ein måte som stettar krava til heilskapleg økosystemforvaltning. For dei mest spesialiserte artane må vi derfor rekne med at utviklinga er negativ, trass i vernetiltaka.

Vi ser god effekt av gjennomførte tiltak for vipe på Herdla, men det er så langt ingen teikn til betring for sjøfuglane i Vestland fylke. Situasjonen må reknast som kritisk, og nokre artar har forsvunne, eller er i ferd med å forsvinne. Dette gjeld mellom anna hekkfuglar som havhest, tjuvjo, teist (og truleg også toppskarv i løpet av nokre år dersom utviklinga held fram).

Forvaltning av villrein (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

De nasjonale villreinområdene er på vei til å nå minimum middels kvalitet så snart som mulig

For Nordfjella nasjonale villreinområde er status at tiltaksplanarbeidet er avslutta frå vår side, og vi ventar på vidare handsaming i KLD. Vi ventar også på ei avklaring om korleis reetablering av bestanden i sone 1 i Nordfjella skal føregå. I sum vil desse to punkta kunne føre til at vi hevar kvaliteten frå dårleg kvalitet i dag til middels kvalitet i løpet av 2025/2026. Vi registrerer elles at det er lite aktivitet i dei tre kommunane med areal i Nordfjella som kjem direkte i konflikt med leveområdet til villreinen. Det er derimot planlagt større revisjonar av vilkåra for vassdragsreguleringane i Aurland og Lærdal. Det er her viktig å peike på at revisjonane har som delmål å betre tilhøva for villreinen. I tillegg er det annan aktivitet, t.d. damrehabiliteringar. Deler av dette arbeidet kan verke negativt inn på kvaliteten til villreinområdet før arbeidet er sluttført.

3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

Tilsyn

I år har vi i større grad gjennomført uvarsla tilsyn i tråd med Miljødirektoratets instruks. Overordna har det ført til mindre ressursbruk i planleggingsfasen hos oss og eit meir reelt bilete av den daglege drifta ute hos verksemdene på tilsynsdagen.

I samband med den nasjonale tilsynsaksjonen på anlegg for mottak, mellomlagring og vidarelevering av farleg avfall ser vi, ved dei fleste anlegga, ei generell forbetring i Vestland. Avvika vi fann ved anlegga i fylket er mindre omfattande enn det som er avdekt under tidlegare aksjonar i same bransje.

Vi set spørsmålsteikn ved effekten av den gjennomførte tilsynsaksjonen av kommunen som forvaltar av forsøplingsregelverket. I aksjonsmøte med Miljødirektoratet vart det bestemt at vi ikkje skulle gi pålegg om retting, men avslutte tilsynet i inspeksjonsrapporten uavhengig av brot på regelverket. Vi opplever derfor at det var ei kartlegging av status i kommunane, meir enn eit verkemiddel for å oppnå forbetring. Dette meiner vi er lite effektiv bruk av våre allereie knappe tilsynsressursar.

Avløp

Sjå tekst under "forurensningskilder fra overgjødning".

Reinare Hamn Bergen

Bergen havn er blant Noregs 17 prioriterte område i regjeringa sin handlingsplan for opprydding i forureinsa sjøbotn, jf. St. meld. nr. 14 (2006–2007) Sammen for et giftfritt miljø. Bergen havn består av Puddefjorden, Store Lungegårdsvann og Vågen. Tiltak i Puddefjorden vart slutførte i 2018, der 500 dekar ny rein sjøbotn vart etablert med eit tildekkingslag over forureinsa sjøbotn.

Tiltaka i Store Lungegårdsvann vart slutførte i 2024, der ca. 345 dekar forureinsa sjøbotn vart etablert med eit tildekkingslag over forureinsa sjøbotn. Prosjektet vart vellukka, og fullført utan kostnadsoverskridingar.

Målingar av miljøgiftkonsentrasjonar i dei øvste 10 cm av tildekkingslaget viser låge nivå, som svarar til tilstandsklasse 1 (bakgrunn) eller nedre del av tilstandsklasse 2 (god miljøtilstand). Tildekkinga har isolert miljøgiftene og tatt store mengder miljøgifter ut av sirkulasjon, om lag 5 400 kilo bly, 4,2 kilo PCB7 og 56 kilo kvikksølv.

Avfall

Sigevatn frå deponia kan innehalde dei fleste tungmetall og miljøgifter, og er vurdert som anlegg med høg risiko i vår 6-årsplan. Tilsyn med dei fleste deponia i perioden 2021–2023 avdekte omfattande avvik inkludert manglande reinsing og dårleg drift. I tilbakemeldinga er det opplyst om arbeid med betre mottakskontroll, avskjering av vatn, optimalisering av reinsing, og planar for avslutning. Anlegga er ikkje i mål, men vi ventar at tiltaka har ført til betre drift og redusert forureining frå deponia. Det er behov for nye tilsyn, og betre regulering inkludert fastsetting av grenseverdier for utslepp.

Massedisponering

Vi har mistanke om at mange massetippar i Vestland tar imot overskotsmassar som er forureina, og at dette fører til forureining til vatn og vassdrag. Det er behov for betre regulering og oppfølging av slike anlegg og nasjonale føringar for å hindre spreiring av forureining til sårbare område.

Eit eksempel er ein massetipp der kommunen har pålagt undersøking og påvist spreiring av tungmetall og fleire miljøgifter i fleire retningar. Vi har ført tilsyn og avdekt at eit område som kommunen hadde godkjent som vesentleg terrengingrep og landbrukstiltak var drifta som eit deponi over 20 år.

Det er i 2024 gitt løyve til to jordvaskeanlegg. Dette vil vere eit viktig bidrag til at forureina massar blir rett handterte, at miljøgifter blir tatt ut av kretsløpet og ikkje blir deponerte på ulovlege deponi. Det vil også bidra til meir gjenvinning.

Kartlegging av viktig marint naturmangfald

I Vestland har nokre av kunnskapshola om marint naturmangfald vorte forsøkt tetta gjennom at vi i mange år har kravd kartleggingar i samband med akvakultursøknader. Dei seinare åra har det også vorte meir merksemd på naturmangfaldet i sjø i kommunearbeidet. Styrkt kunnskapsgrunnlag gir støtte til avgjerder i forureiningssaker, og meir treffsikre vilkår i utsleppsløyva våre.

Forureina grunn

Det er gitt løyve til opprydding i forureina grunn på lokalitet i ein kommune i Vestland. Opprydding er gjennomført og forureininga fjerna.

Det er gitt pålegg om tiltaksplan for eitt ulovleg deponi. Frist for levering av tiltaksplan er i 2025.

Det er gitt pålegg om tiltaksplan for forureina grunn på ei branntomt med m.a. PFOS-forureining. Vi har mottatt tiltaksplan og sendt varsel med pålegg om tiltak.

Det er gitt pålegg om granskingar ved eit deponi som vart nedlagt for over 30 år sidan. Bakgrunnen var å få oversikt over kva miljøpåverknad det nedlagde deponiet har i dag. Undersøkinga vil bli brukt som grunnlag for å vurdere om det er nødvendig med vidare oppfølging av deponiet eller ikkje. Rapporten er mottatt, men ikkje handsama.

Forurensningskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Forurensningskilder som skaper eutrofiering er godt regulert.

Akvakultur

Forskriftsreguleringa av sjøbaserte akvakulturanlegg har så langt hatt liten effekt på sakshandsamingstider og miljøkrav i Vestland. Vi har nytta vilkåra i forslag til forskrift som utgangspunkt for våre vilkår i utsløppsløyva dei siste åra, slik at mange av krava allereie er velkjende for mange av verksemdene i vårt fylke.

Mangel på ressursar har auka etteslepet i sakshandsaminga vår på akvakultur i 2024, og hatt som effekt at fleire har venta lenger på svar på sine søknader. Det gjer også at vi ikkje har kapasitet til å gå inn i saker på eige initiativ eller følgje opp miljøgranskningar med dårlege resultat, men må i hovudsak prioritere søknadar. Vi har likevel prioritert å oppretthalde ein god dialog med oppdrettarane om søknadsprosessar og gi tidleg tilbakemelding på etablerings- og endringsplanar for å få eit betre resultat for miljøet og spare tid seinare i prosessen.

Tilsynsaksjonen på landbaserte akvakulturanlegg har gitt oss eit betre datagrunnlag for utsløppsmengde til sjø, og gjort bransjen meir merksam på eigne utsløpp. Oppfølging av tilsyn gjer at vi får betre oversikt over påverknaden desse anlegga har på fjordane, mellom anna belastninga av tilført næringsstoff. Fleire verksemdar må forbetre reinseløysingane sine eller søke om å få lovleggjort utsløppet sitt. Det er mange anlegg med gamle løyve som har behov for oppdaterte løyve.

Avløp*Effektiv samordna innsats*

Det er i løpet av året oppretta ei eiga samarbeidsgruppe på seksjonen, for alle som jobbar med oppfølging av IED og landbasert industri. Dette inkluderer mellom anna fagområda avløp, næringsmiddel og avfall. Dette gir rom for erfaringsutveksling og likare handsaming av konsesjonar for desse fagfelta.

Kunnskap om tilstand i vassførekomstlar

Kunnskapen om vassførekomstane blir stadig betre gjennom felles overvåkingsprogram, og krav om overvaking i alle utsløppsløyve for avløpsanlegg.

Tilstrekkelig regulert og status for oppdatering av tillatelser og hvordan kommunane ligg an

Vi er i mål med å oppdatere alle eldre avløpsløyve for kommunane. Enkelte private anlegg har framleis gamle løyve, men avløpsvatnet frå desse anlegga skal koplast til kommunalt anlegg og oppdatering av løyva er derfor ikkje prioritert. Dei oppdaterte løyva inneber ikkje endra reinsekraft, men vi ventar at revisjonane kan resultere i reduserte utsløpp av ureinsa avløpsvatn frå leidningsnett på grunn av meir detaljerte krav her. Effekten vil først bli synleg gjennom resipientovervaking og årsrapportering framover i tid. Krav til leidningsnett vil vere tema på tilsyn i 2025.

Vi har framleis fleire kommunar som ikkje held dagens reinsekraft eller som ikkje vil nå fristane for bygging av nye reinseanlegg i utsløppsløyva (Kinn, Stord, Askøy, Stryn, Bergen, Eidfjord). Desse følgjer vi tett opp for å sikre at framdrifta er i samsvar med dei oppdaterte framdriftsplanane til kommunane. Fristane i framdriftsplanane varierer frå slutten av 2025 (Eidfjord, Kinn) til 2031 (Bergen vest). Når dei nye anlegga er i drift, vil dei bidra til reduserte utsløpp og dermed gi god miljøeffekt.

Oppfølging av kommunane som forureiningsstyresmakt

Vårt inntrykk er at mange kommunar framleis nedprioriterer og har lite oversikt over tilstanden i mindre vassdrag og kvaliteten på spreidde avløpsanlegg. Vi har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp dette i særleg grad. Vi ser ei positiv utvikling i at fleire kommunar i 2024 har vedtatt gebyrforskrifter for tilsynsarbeid.

Overvaking

Vi gjennomfører overvåkingsprogram på kysten i Vestland for å følgje med eutrofieringssituasjonen. Dette er treårige program som rullerer.

Organisk avfall

Mange biogassetableringar (IED-anlegg) gjer at ei svært stor mengde nitrogen og fosfor oppstår i vårt område, der landbruksområda allereie har mykje fosfor og vassdrag og sjø er overgjødsla. Det er risiko for store eutrofiutfordringar dersom vi ikkje regulerer tilstrekkeleg. Det er behov for vidareforedling av bioresten i gjødselabrikkar, slik at bioresten blir eit produkt som kan brukast der det er reelle behov (i hovudsak utanfor Vestland). Eit viktig tiltak som vi ventar vil få effekt, er tre løyve vi har gitt til biogassanlegg i 2024, der vi har sett vilkår for å sikre at bioresten får god kvalitet og blir gjenvunnen. Det er behov for meir arbeid nasjonalt gjennom støtteordningar og reguleringar, for å bidra til at den aukande mengda organisk avfall blir handtert slik at næringsstoffa blir resirkulerte.

Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	1 750	0	0	0

Her har vi tatt naturlege VF som ikkje har nådd miljømålet + SMVF som ikkje har nådd miljømålet. Alle med sektoransvar skal nå miljømålet innan gitte fristar, men om dei gjer det er ei anna sak. Vi har derfor sett 0 i andre kolonne. Per no veit vi ikkje kor mange som vil nå miljømålet. Vi håpar det vil vere en enkel måte å få ut den statistikken på i 2028.

Økt forberedelse til ombruk og materialgjenvinning av avfall i kommunene (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Økt forberedelse til ombruk og materialgjenvinning av avfall i kommunene

Vi har ikkje bedt om rapportering frå kommunane om dette, og har ikkje oversikt over status. Det er uklart kva for grep som er forventa av oss på dette området. Vi informerte på nettsida om krava og rettleiarane då dei kom, og har i 2024 hatt dette som tema på eit seminar for kommunane, der ein representant frå Miljødirektoratet informerte.

3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene

For å bidra til god økonomiforvaltning i kommunane, har vi gått gjennom budsjetta for alle dei 43 kommunane i Vestland for 2024, og økonomiplanane for perioden 2024 til 2027. I tillegg til å kontrollere balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter kommunelova med forskrifter.

Alle kommunane fekk brev med våre kommentarar til budsjett og økonomiplan. Gjennomgangen viste at mange av kommunane i Vestland planla perioden 2024–2027 med svake netto driftsresultat og auka lånegjeld. I økonomiplanane er det pårekna noko betre resultat utover i planperioden. Dette har samanheng med at fleire kommunar set i gang effektiviserings- og innsparingsiltak frå 2025 og at innsparingsiltaka får større effekt over tid.

Vi har i budsjettbrev formidla våre økonomiske vurderingar ut frå status no, og slik økonomien er planlagt for dei næraste åra. Tilbakemeldingane frå kommunane er at budsjettbrev er til hjelp i planlegginga og styringa av kommuneøkonomien. I tillegg gir breva god samla informasjon, som vi nyttar i dialogen med kommunane vidare.

Gjennom året har vi hatt møte med enkeltkommunar i samband med økonomistyring og -planlegging, etter ønske frå kommunane eller oss sjølve. Generelt får vi positive tilbakemeldingar frå kommunane på samhandling og aktivitetar.

Etter gjennomgang av budsjett og økonomiplanar lagar vi kommunebilde for kommunal økonomi, i verktøyet Kommunebilde, for alle kommunane i Vestland. Dette gir oss god og oppdatert informasjon om økonomien til kommunane. Informasjonen kan nyttast tverrfagleg av heile embetet.

Vi får positive tilbakemeldingar om at vi opprettheld nettverket for økonomisjefane i kommunane i Vestland.

I tillegg har vi gjennomført to samlingar for alle kommunedirektørar og ordførarar i fylket, saman med KS Vest. Vi vel tema som vi meiner er nyttige for arbeidet i kommunane framover. Vi set pris på at Kommunal- og distriktsdepartementet innleier til tema og prioriterer å møte kommunane våre på desse samlingane.

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK. (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)

Rapportere på

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK.

Økonominettverket for 2024 hadde to hovudtema: "Langsiktige analysar mot 2040: Kor langt er vi komne"? og "Kommuneøkonomien og nytt inntekssystem". Til førstnemnde tema var det innlegg frå to samanslåingskommunar om korleis dei arbeider for å møte dei framtidige utfordringane med den demografiske utviklinga. Til det sistnemnde temaet var det innlegg frå tre kommunar om fordelingsverknader av nytt inntekssystem, og elles diskusjon rundt korleis endringane slår ulikt ut for dei forskjellige kommunane. Vi har eit arbeidsutval til nettverket, der kommunane deltek, og vi legg opp til å drøfte aktuelle utfordringar og tema som er relevante for eit langsiktig perspektiv.

Vi har ingen kommunar i Robek ved utgangen av 2024. Det er likevel fleire kommunar som har vesentleg risiko for å kome i Robek innan kort tid. Stad kommune har betydeleg ubalanse utover i økonomiplanperioden, og vil truleg bli registrert inn på det grunnlaget i 2025. Bømlo kommune hadde meirforbruk i 2023 som må bli dekt inn i 2025, for å unngå å kome i Robek. Det er også nokre kommunar som reelt driv i ubalanse. Ubalansen blir dekt med bruk av disposisjonsfond. Over noko tid blir disposisjonsfonda brukte opp. Om ikkje drifta kjem i balanse er det fare for at fleire av kommunane kan bli innmelde i Robek utover i perioden.

I løpet av året har vi brukt ressursar på å jobbe saman med KS Vest for å planlegge eit nytt pilot-nettverk om berekraftig (økonomisk) omstilling. Femten av kommunane i Vestland søkte om å få delta, og vi har fått plass til ni av desse. Nettverket startar opp i Bergen i januar 2025. Alle deltakarkommunane står føre betydelege strukturendringar, demografiendringar, økonomiske utfordringar, og behov for arbeidskraft. Vi håpar at nettverket kan gi kommunane (politikarar og administrative ressursar) hjelp og rettleiing, slik at dei kan gjennomføre gode prosessar, og gjere tiltak og

vedtak som står seg over tid. Deltakarkommunane er Stad, Stord, Stryn, Sunnfjord, Osterøy, Bømlo, Fjaler, Kinn og Austevoll. Prosjektperioden varer fram til sommaren 2026.

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk. (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk.

Vestland har i dei seinare åra ikkje hatt kommunar med stort merforbruk. Bømlo kommune hadde merforbruk i 2023. Dette er planlagt dekt inn i 2025. Dei kommunane som har netto driftsunderskot, har førebels hatt tilstrekkeleg store disposisjonsfond til å dekke netto driftsunderskot. Det er ein risiko for at kommunane brukar opp sine disposisjonsfond, og at det derfor kan oppstå merforbruk utover i planperioden.

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Vi meiner at Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa har vorte betre dei siste åra. Vi held fram vår oppfølging ved at vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering på vår nettstad, med lenker til aktuelle sider. Vi informerer kommunane om feil i Kostra-rapporteringa undervegs i rapporteringsperioden. Kostra er òg eit tilbakevendande tema på samlingane våre for alle økonomisjefar i kommunane i Vestland.

Vi legg vekt på å bruke dei nasjonale måltala i dialogen med kommunane, og samanliknar kommunane med fylkes- og landssnittet. Vi gir tilbakemeldingar i møte med kommunane, på nettstaden vår, og elles i brev og annan kommunikasjon. Vi ser særleg på netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond i prosent av bruttoinntekter.

I våre tilbakemeldingar til kommunane for budsjett 2024 og økonomiplan 2024–2027 gjekk vi igjennom dokumenta til alle dei 43 kommunane i Vestland. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter kommunelova. Kvar kommune har fått tilbakemelding basert på vår vurdering og bruken av nøkkeltal. Kommunane er ulike, og det er også ulik grad av realisme og styring ved hjelp av dei vedtatte måtala. Økonomiske handlingsreglar og bruken av finansielle måltal som styringsverktøy er tema i møte med kommunane.

Alle budsjettbrev og ei oppsummering for fylket ligg på nettstaden vår. Vi ser at jo meir konkrete vi greier å vere i tilbakemeldingane, dess betre blir det oppfatta og tatt omsyn til. Ny kommunelov med lovfesta bruk av finansielle måltal i styringa av kommunane, har gjort sitt til at dei folkevalde og administrasjonane får eit meir aktivt forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

Dei fleste kommunane har tatt i bruk Framsikt som verktøy for budsjett- og økonomiplanarbeidet. Dei mest brukte måltala (Kostra-tala) er innarbeidde der, og kommunane gjer vedtak på budsjett- og økonomiplanar ut frå dette.

3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Fylkeskommunen har ansvar for regional næringsutvikling i landbruket, og dei har også økonomiske midlar til generelle utviklingstiltak. Innovasjon Noreg har ansvar for dei bedriftsretta midlane, til dømes investering til driftsbygningar, hagebruket og andre bedriftsutviklingstiltak. Vår rolle er å bidra med kunnskap og kjennskap til landbruket, i samarbeid med desse to aktørane og næringa sine organisasjonar.

Vi har deltatt i nokre utviklingsprosjekt innan mjølkeproduksjon og frukt og bær, og har eit direkte oppdrag på temaa Inn på tunet, urbant landbruk og økologisk landbruk. Vi har også eit tydeleg oppdrag og engasjement på skogbruk. Med den bakgrunnen gir vi følgjande vurdering av utviklinga i landbruksnæringa.

Mjølkeproduksjon

Produksjonen er stabil i volum, faktisk auka det i 2024 med om lag 5 prosent etter frislepp av kvotene på grunn av mjølkemangel. Omlegginga frå bås fjøs til lausdrift held fram. No kjem kring 70 prosent av mjølka frå lausdrift. Talet på bruk med bås fjøs er likevel på over 50 prosent. Desse bruka har ofte mindre driftsgrunnlag for ei tung investering i lausdrift.

Frukt og bær

Vestland står for ein vesentleg del av den nasjonale produksjonen av frukt og bær, særleg eple og bringebær. Næringa har vore innovativ i mange år, både med dyrkingsmetodar, teknologi, sortsval, foredling og lagring. For eple er det aukande volum, både til konsum og pressing til eplemost og sider. Bringebærproduksjonen har av ulike årsaker gått litt ned siste åra, grunna mangel på arbeidskraft, plantesjukdomar som er vanskelege å handtere, og delvis også marknadsprisane. Avlingane varierer frå år til år og det betyr at handtering av overskotsvolum til alternativ bruk og marknader er viktig. Samarbeidet mellom produsentane og mellom fruktmottaka er veldig viktig både for fagleg kunnskap, for å utvikle næringa og i kampen om marknaden. Dette organiserte samarbeidet er derfor viktig å ta vare på og utvikle vidare.

Inn på tunet

I Vestland er det kring 35 tilbydarar av slike velferdstenester. Dette talet har gått litt ned siste åra. Vi samarbeider internt i embetet om informasjon til kommunane og andre, om IPT og kva tilbod som finst.

Urbant landbruk, økologisk landbruk og marknadshage

For desse temaa handlar det ofte om småskala matproduksjon med vekt på spesielle kvalitetar, eller også aktivitetar. Innanfor økologisk jordbruk har vi nokre få større produsentar. Nokre marknadshagar driv godt også økonomisk. Dette viser ikkje att i form av volum, men det representerer ein viktig del av kunnskapen om og evna til lokal matproduksjon, som blir stadig viktigare med tanke på matvareberedskap.

Skogbruk

Hogsten i Vestland i 2024 var rekordhøg med 560 000 kubikkmeter. 95 prosent av dette var gran. Det er høg kvalitet på tømmeret, 80 prosent går til sagtømmer. Dessverre blir under 100 000 kubikkmeter foredla lokalt i Vestland. Resten blir eksportert til utlandet.

Mange store skogsvegprosjekt vart ferdigstilte i 2024, og det er stort behov og interesse for vegbygging.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

God ivaretagelse av nasjonale mål og regionale strategiske føringer

Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, Statsforvaltaren og organisasjonane i landbruksnæringa utgjør den såkalla "regionale partnerskapen for landbruk". Fylkeskommunen har vedtatt ein temaplan for landbruk som eit felles grunnlag for arbeidet. Samarbeidet skjer på forskjellige nivå og måtar:

- eit koordineringsmøte mellom leiarar frå dei tre offentlege aktørane
- eit forum for alle medlemmane i samarbeidet
- møte mellom sakshandsamarar etter behov

Landbruksdirektøren er også medlem av Næringsforum i Vestland, ein møteplass for aktørar i heile næringslivet.

Samarbeidstilhøva er generelt gode, men kan utviklast vidare med til dømes betre forventningsavklaringar og meir arbeidsdeling mellom aktørane. I landbruket er det ikkje alltid slik at eksterne aktørar kan ta på seg konkrete utviklingsprosjekt, så vi kan kanskje bli flinkare til å utfordre dei rette fagmiljøa. Ein slik arbeidsmåte er delvis i strid med den vande forvaltningsrolla i tiltaksapparatet.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp

I Vestland har forynging etter hogst vore for dårleg i perioden frå 2012 til 2023. Om lag 35 prosent av hogstarealet har vorte tilfredsstillande forynga, knapt 30 prosent har vorte forynga utan godt nok resultat, og siste delen har anten vorte omdisponert til andre føremål eller ikkje forynga i det heile. Vi har arbeidd med dette problemet i fleire år. Statistikken på plantetal og planteareal viser at det dei siste tre åra har vorte planta om lag 1,4 millionar plantar fordelt på kring 6000 dekar. Samanlikna med åra før er det ei dobling. Stellet av ungsbogen syner dessverre ikkje like klar betring. Det ligg på kring 1000 dekar per år, som er for lågt.

Her er også fleire andre aktuelle problemstillingar:

- Informasjon til kommunane og skogeigarane om både regelverket, kvifor vi skal forynge, og råd om korleis. Her har vi eit godt samarbeid med skogselskapa i fylket og med kommunane.
- Analysar av hogst og plantedata som viser omfanget og er til hjelp for kommunane i oppfølginga. I nokre kommunar blir ein større del av hogsarealet brukt til andre føremål, noko som gjer statistikken meir usikker.
- Forvaltningskontroll av arbeidet i kommunane innan skogbruk, kombinert med rådgiving og fagleg støtte til kommunane.
- Vi har for stor avgang etter planting. Årsakene er fleire, men både ei for stor hjortestamme og for små/veike plantar er nokre av dei vi vil trekke fram. Det første kan løysast gjennom betre vilforvaltning hos grunneigarane og kommunane. Til det andre er vi saman med andre i ferd med å prøve ut vesentleg større plantar som både toler betre snutebiller og konkurransen frå andre vekster.

Vi viser elles til tabellane med kommentarar.

Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekk antall felt/kontrollfelt	Antall slutført pr. 30.6	Antall slutført pr. 30.11	Antall ikke gjennomførte 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	75	28	71	4	21
Foryngelseskontroll	167	36	63	104	0

Kommentar om resultatkartlegging: To kontrollar vart ikkje gjennomførte grunna snø og feil utfylling. Ytterlegare to kontrollar vart trekte ut på feil grunnlag, dvs. at volum var lagt inn på feil skogfondskonto. Alle desse fire kontrollane er kvitterte ut som «utgått» med forklaringar. Kommentar om foryngelseskontroll: Opprinneleg uttrekk 162 felt ved starten av året, kontrollar frå resultatkartlegginga vart overførte i løpet av året, dermed vart det 167. «Antall slutført per 30.11» er basert på status «OK» i ØKS. Foryngelseskontrollen er meir ein kvantitativ enn kvalitativ kontroll, så "Antall med tilfredsstillende foryngelse per 30.11" er for usikkert til å ta med i denne rapporten.

Foryngelse etter hogst (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2024	Eitt felles to-dagers møte for kommunane.	Vi besøkte fire kommunar som reine opplæringsstiltak, sju kommunar som del av opplæring i resultatkontroll, saman med næringa har vi arrangert 27 fysiske skogdagar, og fleire digitale møte.
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Høg effekt av fellesmøtet, med erfaringsutveksling og synfaring i skogsterreng.	Det er etter vår vurdering høg effekt av møte og synfaringar med enkeltkommunar. Mange med ansvar for skogforvaltninga manglar i utgangspunktet utdanning og erfaring innan skogbruk, så vi må ofte tilby grunnleggjande informasjon.
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2025	Det blir neppe ein stor felleskonferanse for berre skogbruk, men det blir skogbrukstema på den årlege landbrukskonferansen.	Vi har tenkt å halde same aktivitetsnivå, men har ikkje konkrete mål for tal møte. Dette blir som tidlegare behovsvurdert etter kvart.

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt

Det er ei generell utfordring at den skogfaglege kompetansen og kapasiteten i kommunane er for låg. Vi bruker derfor mykje tid på å rettleie kommunane. Forvaltningskontrollane viser også at dei skriftlege systema og rutinane er mindre utvikla i skogforvaltninga enn for ordningane i jordbruket. Det er for så vidt også forståeleg all den tid tilskota i jordbruket er langt høgare. Vi har likevel ikkje oppdaga store feilutbetalingar i skogbruket.

I fordeling og forvaltning av midlane følgjer vi eit årshjul tilpassa tildeling, føringar og rapporteringskrav frå Landbruksdirektoratet. Vi følgjer med på bruken av dei tildelte midlane per kommune og det skjer omdisponeringar gjennom året tilpassa aktiviteten i kommunane. Vi prøver også å harmonisere tilskotsbruken mellom kommunane gjennom fagleg rådgiving og tildeling av NMSK-midlar per kommune.

Vi har eit godt samarbeid med kommunane, så totalt sett fungerer dette ganske bra.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning, resultatoppnåelse)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	43	20	12
Skogkultur	43	20	12
Miljøtiltak	43	20	12

Desse tala er svært usikre, vi har ikkje ei oppdatert karakterbok for den kommunale forvaltninga på så detaljert nivå. Vi vil heller formulert det slik: Vi har 43 kommunar, med høg skogbruksaktivitet i 20 av desse, mindre aktivitet i 12 og nesten ikkje aktivitet i dei siste 11. Vi finn nesten ikkje feil ved utbetaling av tilskot, alle kan bli betre både i forvaltarrolla og i utviklingsrolla. Det siste er mest avhengig av tilgjengeleg kapasitet.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Vi følger med undervegs og fangar opp kva som kan gjerast betre når skogkultur skal ajourførast. Planen er å ha eit webinar i forkant av skogkultursesongen 2025, der vi går gjennom vanlege feil og forbetringar i sakshandsaminga av skogkultur, med utgangspunkt i sakene frå 2024.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Vi gir løpende svar på spørsmål på telefon og e-post gjennom dagleg kontakt med tilsette i kommunane, digitale opplæringsmøte for nye tilsette, informasjonssider på nett, artiklar i fagblad, forvaltningskontroll av NMSK-ordninga, og regionale og sentrale samlingar for tilsette i kommunane for å auke det faglege nivået. I tillegg gjennomfører vi kvar haust ei omattande budsjetteringsrutine for neste års skogtilskotsmidlar. Vi ser god effekt av tiltaka.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Miljøtiltaksordninga er særst lite brukt trass i at det mange stader kunne vere aktuelt. Det er lite kunnskap om ordninga både i kommunane og hos næringa. Vi informerer om ordninga til både kommunane og næringa.

3.1.1.11 Bærekraftig landbruk

Vi har jobba opp mot kommunane for at ein større del av SMIL-midlane skal gå til tiltak som reduserer utslepp til vatn og luft. Så langt ser vi liten effekt av dette. Med ny gjødselbruksforskrift ventar vi ein nedgang i spreiring av husdyrgjødsel om hausten. Saman med gjødseltiltaka i RMP vil det medverke til at vi går i rett retning.

Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Virkemidler på miljøområdet bidrar til å opprettholde kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra jordbruksdriften

Regionalt miljøprogram (RMP)

Nytt program frå 2023 har gitt stor og aukande oppslutnad om RMP. I 2024 søkte 52 prosent av PT-søkarane tilskot gjennom RMP. Det er godt samarbeid med fagлага om fordeling av midlane. Kulturlandskap er framleis hovudsatsinga i programmet, men i tråd med nasjonale føringar er det auka satsar og utbetaling m.a. på tiltaka stølsdrift, avrenning til vatn og utslepp til luft.

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Kommunane gjer gode vurderingar, og midlane har god effekt. Vi følgjer opp dei kommunane som manglar eller treng å rullere overordna retningslinjer for ordninga. Det er framleis størst vekt på kulturlandskapstiltak i dei søknadene som kjem inn til kommunane. Det er mål om å bruke meir av midlane på forureiningstiltak. Vi tildeler derfor ekstra midlar til kommunar som prioriterer dette.

Tiltak i beiteområde

Det er mange søknader om tilskot til elektronisk sporsutstyr og no-fence, og kommunane prioriterer dette. I store fjellområde utan mobildekning blir det etablert basestasjonar i regi av Vestland radiobjøllelag. Vi ser dette som avgjerande for å oppretthalde beitebruken i utmark. Vi oppmodar kommunane om utarbeiding av beitebruksplanar.

Klima- og miljøprogrammet

Vi prioriterer tiltak som medverkar til å styrke kunnskapsgrunnlaget om klimautfordringar og oppfølging av vassforskrifta, inkludert kunnskap om tiltak for redusert avrenning og reduserte klimagassutslepp. I 2024 gav vi m.a. støtte til utgreiing og kunnskapsformidling om drenering og hydroteknikk, rett gjødsling med ny gjødselbruksforskrift, fosfor i jord og innsamling av landbruksplast.

Drenering

Vestland fekk ein svært avgrensa pott til drenering i 2024. Kommunane har derfor berre handsama dei søknadene dei hadde pengar til. Resten ligg over til 2025. Klimaendringane gjer at det er stor trong for drenering, og med auka satsar frå juli 2023 har søknadsmengda gått opp.

LUF

For meir utfyllande informasjon viser vi til rapporten vår til Landbruksdirektoratet om forbruk for 2024 og trong for midlar i 2025 på Landbrukets utviklingsfond (LUF).

Virkemidler på miljøområdet (andel)

Miljøtema	Andel av de regionale miljøtilskuddene
Friluftsliv	0 %
Kulturlandskap	61 %
Biologisk mangfold	6 %
Kulturminner og kulturmiljøer	10 %
Avrenning til vann	2 %
Utslipp til luft	20 %
Jord og jordhelse	0 %
Plantevern	0 %
Miljøavtale og klimarådgiving	1 %
Sum	100 %

Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Vestland har ei eiga side om Regionalt miljøprogram (RMP) på nettstaden vår, der all informasjon om RMP til søkarar og kommunar ligg samla. Alle søkarar på produksjonstilskot får direkte informasjon frå oss på SMS, med lenke til RMP-sida tre gonger i løpet av søknadsåret (sein vinter/tidleg vår, når søknadsomgangen opnar og like før søknadsomgangen stenger).

Vi held jamleg og tett kontakt med kommunane gjennom e-postar og webinar. Vi har god og tett dialog med fagлага i jordbruket om utarbeiding av tiltak og fastsetting av satsar. Vi skriv nettartiklar om nye og endra tiltak for å få tak i nye søkarar, og stoff frå desse nettartiklane blir etter avtale med fagлага publiserte i deira kanalar. Vi har oppmoda kommunane om å be med nye søkarar, særskilt innan drift av bratt areal og gjødselstiltak.

Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	45,9	43,9	41,3	43,2	44,4	52,2	52

Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom RMP har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Det har vore jamn auke i perioden, og vi har god tilslutad også til dei nye ordningane på kantsone, tidlegspreiing av husdyrgjødsel, ugrasharving og dekkvekst.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom SML har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Dette har vore stabilt. I 2023 brukte Vestland 14 prosent av SML-ramma på miljøtiltak, og 86 prosent på kulturlandskap og kulturminne.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Ein jamt høg andel av midlane er brukt på miljørette tiltak.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom øvrige miljøvirkemidler har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Dette er stabilt for Vestland.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	Statsforvalteren nyttar primært omtale og utlysing på eigen nettsid. For RMP har vi nytta SMS direkte til dei som søker PT. Vi formidlar forventningar til SML, NMSK og beitebruk i vårt årlege tildelingsbrev.

3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov**Status i Vestland**

Barnehage- og skuleeigarane i Vestland har i gjennomsnitt fleire tilsette som oppfyller kompetansekrava enn i landet elles.

Likevel har vi sett ei negativ utvikling på skuleområdet frå 2021 til 2023. Då auka delen lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. I 2024 snudde denne utviklinga. Vestland ligg per i dag likevel nærare det nasjonale snittet enn vi gjorde for tre år sidan. Det er stor variasjon mellom kommunane i fylket, frå 61,2 til 100 prosent (fire kommunar). Lærarmangelen er størst på 5.–7. trinn

På barnehageområdet er tilsette med barnehagelærarutdanning eller tilsvarande godt over landsgjennomsnittet, men også her har det vore ein nedgåande trend i fylket dei siste tre åra. Vi ser ein betydeleg auke i dispensasjonar frå utdanningskravet i 2023 samanlikna med 2021 og 2022. Tilbakemeldingar frå sektoren gir oss grunn til å tru at denne utviklinga har halde fram også i 2024.

I kommunedialogen blir det meldt om utfordringar med å rekruttere personale med rett formalkompetanse. Dette gjeld både leiarstillingar og lærarstillingar i barnehage og skule. Det blir også meldt om problem med å få tak i vikarar. Dette gjeld særleg for barnehage og SFO. I praksis betyr dette at ein ofte må hente inn vikarar som verken har barnefagleg kompetanse eller erfaring, og som dermed ikkje har føresetnad for å arbeide målretta for utvikling, trivsel og læring. I denne situasjonen er det krevjande for barnehage- og skuleeigarar å sikre at barna fullt ut møter eit kompetent personale. Vi har og grunn til å tru at problemet med å få tak i vikarar påverkar hovet dei faste medarbeidarane har til å ta del i etter- og vidareutdanningar. Vi har fått tilbakemelding om at det høge sjukefråværet og den vanskelege vikarsituasjonen hindrar ein del barnehagar i å søkje om å delta i regional kompetanseordning. Mykje av det økonomiske tilskotet dei får frå ordninga er tiltenkt frikjøp av tid, og for fleire barnehagar blir det vanskeleg å gjere seg nytte av desse midlane når vikarar ikkje er å oppdrive.

Det er framleis nedgang i søkjartala både på barnehagelærarutdanninga og lærarutdanninga ved UH-institusjonane i fylket. Ved Høgskulen på Vestlandet, studiestad Sogndal, var det for eksempel ingen søkjarar til barnehagelærarutdanninga i 2024.

Kompetanseordningane

Sjølv om trenden er at færre lærarar oppfyller kompetansekravet for tilsetjing, kan vi ikkje sjå nokon auke i bruken av Kompetanse for kvalitet-ordninga. I 2022 tok 7,9 prosent av lærarane i Vestland vidareutdanning, medan delane i 2023 og 2024 var 8,8 og 8,4 prosent. Vestland ligg med dette marginalt under det nasjonale snittet.

Dersom vi ser på kva fag lærarane vidareutdannar seg i er det i 2024, som i 2023, spesialpedagogikk og kjernefaga som skil seg særleg ut. Om lag ein fjerdedel av lærarane vidareutdannar seg innan spesialpedagogikk, medan ein fjerdedel utdannar seg innan norsk, engelsk og matematikk.

Tiltaka som fekk innvilga midlar gjennom tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i 2024, svara i stor grad til nasjonale målsetjingar og kjende kompetansebehov. I Kompetanseløftet er dei fleste tiltaka retta mot inkluderande praksis, tverrfagleg samarbeid eller kompetanseheving innan høgfrekvente vanskar på det spesialpedagogiske området. I den desentraliserte ordninga er overordna og sentrale tema i LK20 mest representert, som til dømes djupnelæring, elevaktive læringsformer og grunnleggjande dugleikar.

I den regionale ordninga er inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning, og barnehagen som pedagogisk verksemd, mest prioritert.

Kompetansetiltak i partnerskap med UH (fra kapittel 3.1.7.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Kommuner og fylkeskommuner utvikler og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH.

Tiltak

På dette området medverkar vi og Samarbeidsforum i hovudsak gjennom å

- utforme føringar og rutinar
- skape felles forståing for partnerskapsomgrepet
- rette merksemd mot intensjonane og kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for partnerskapsmodellen

Føringar og rutinar

Saman med aktørane i Samarbeidsforum har vi utarbeidd eit grunnlagsdokument som skildrar korleis tilskotsordninga skal forvaltast i fylket. Dokumentet seier noko om korleis prosessen fram mot tildeling av midlar skal gå føre seg i Vestland, og har eit eige avsnitt med føringar for partnerskap.

Sidan partnerskap er ein føresetnad for å få innvilga midlar, er det fastsett at kompetanseregionane berre kan prioritere tiltak der det føreligg formelle partnerskapsavtalar. Kompetanseregionane synleggjer partnerskapa sine planar for kompetanseutvikling i innstillingane sine, som til dømes korleis dei har, eller planlegg å kartlegge lokale behov, og korleis dei planlegg kompetanseheving gjennom kollektive prosessar i praksisfellesskapet. Statsforvaltaren har i denne samanhengen i 2024 vidareutvikla malverk med hjelpetekst som støtte til arbeidet.

Arbeidsutvalet, Samarbeidsforum og Statsforvaltaren vurderer om tiltaka som har fått prioritet blir planlagt og gjennomført i partnerskap.

Felles forståing og intensjonane med partnerskap

Vi har brukt mykje ressursar saman med aktørane i Vestland på arbeidet med å operasjonalisere partnerskapsomgrepet. Vi har også lagt vekt på å synleggjere kva som ligg til grunn for partnerskapsmodellen i ordninga. Partnerskap har vore eit gjennomgåande tema på samlingar, i grunnlagsdokument og i Samarbeidsforum i perioden ordninga har fungert.

Vurdering av måloppnåing

Med utgangspunkt i dialogen og tilbakemeldingane frå dei ulike sektorrepresentantane er det vår vurdering at tiltaka i Vestland blir gjennomført i reelle partnerskap mellom UH og eigarnivået. Vi vil framheve kor viktig innføringa av kravet om treårige partnerskap har vore. Dette har gitt UH føresetnader til å bygge kapasitet og kompetanse, og bidrege til at partnerskapa i større grad har utforma langsiktige planar for å vurdere behov og gjennomføre kompetanseutviklingstiltak i dei ulike kompetanseregionane. Vi ser at det framleis er rom for at UH i større grad kan ta del i arbeidet med å vurdere lokale behov, og vil vekke dette opp mot andre fokusområde i tilskotsordninga i 2025.

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.1.7.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten og andre relevante støttetjenester er inkludert

Rapportering frå partnerskapa

PP-tenesta er med i alle tiltaka som har fått tilskot i kompetanseløftet i 2023 og 2024. Frå 2023 til 2024 ser vi ein auke i deltakinga frå relevante støttetjenester som til dømes SFO, barnevern, helsestasjonar og skulehelsetenestene. Vi ser særleg at tenester frå helsesektoren blir sett på som viktige samarbeidspartnarar i ulike tiltak, der skulehelsetenestene er støttetjenesta som er mest representert. Dei er deltakande i om lag 70 prosent av tiltaka. Når vi ser på kva partnerskapa sine tiltak tematisk er retta mot, er både systemretta samarbeid med PP-tenestene og tverrfagleg og/eller tverrsektorielt samarbeid i laget rundt barna og elevane godt representerte, med svarprosentar på om lag 70 og 60.

Vårt bidrag

Hovudbidraget vårt er å gjere føremålet og retningslinjene for kompetanseløftet kjent og forstått. I 2023 gjennomførte vi fleire konkrete tiltak gjennom sekretariatsrolla vår, med dette som målsetnad. Desse tiltaka gjorde vi greie for i årsrapporten for 2023. Basert på rapportane frå partnerskapa, kan vi seie at tiltaka i Vestland i stor grad er tverrsektorielle, og at våre bidrag truleg har vore positive i denne samanhengen. Vi har derfor ikkje hatt særleg merksemd på denne målsetnaden i forvaltninga av tilskotsordninga i 2024.

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har bedret sine systemer og økt sin kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Hovudtiltak

Hovudtiltaket har vore løpande dialog med partane i dei ulike møtepunktene gjennom året.

Vurdering av måloppnåing og resultat

I forfasen presenterte rettleiarane metodar og prosessar som vart nytta til å danne eit utfordringsbilete og kome fram til relevante tiltak for gjennomføringsfasen. I dei fleste samarbeida har det også vorte sett av ressursar til å auke kompetansen til einingsleiarar og skuleeigarnivået innan leining

av utviklingsprosessar.

I møta med kommunane, både i 2023 og i 2024, har vi bedt kommunane gjere greie for korleis dei skal nytte erfaringane frå forfasen til å byggje system og rutinar for gode kvalitetsutviklingsprosessar i einingane og kommunen generelt. Sjølv om kommunane i denne fasen av oppfølgingsordninga legg mest vekt på tiltaka som skal svare på utfordringsbiletet frå forfasen, uttrykkjer kommunane at dei har hatt stor nytte av samarbeidet med rettleiarane. Dei seier at dei ønskjer å byggje system for å analysere og vurdere kompetansebehov i verksemdene sine, basert på metodane og prosessane dei har vorte kjende med gjennom forfasen.

Vi vurderer derfor at kommunane som kom med i 2022-uttrekket, i stor grad har betra sine system og auka kartleggings- og analysekompetansen. Dei er no betre rusta til å gjennomføre gode kvalitetsutviklingsprosessar. Vi vil også framheve at nokre av kommunane allereie har implementert rutinar og styringsdokument som fastset korleis dei skal arbeide kontinuerleg med å utvikle tenestene. I desse rutinane og dokumenta står det korleis dei gjennom året skal gjennomføre ulike prosessar, mellom anna i samband med kvalitetsvurderingssystemet (til dømes nasjonale prøver og elevundersøkinga).

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge.

Hovudtiltak

Hovudtiltaket har vore dialog med kommunane i og mellom møtepunkta gjennom året. Vidare har det vorte stilt krav om grunngitte behovsmeldingar for å kunne få økonomisk støtte.

Vurdering av måloppnåing og resultat

I malverket for behovsmelding legg vi innleingsvis opp til at kommunane skal skildre situasjonen i kommunen. Utfordringsbiletet blir danna gjennom å samanfatte det samla datagrunnlaget kommunane har skaffa gjennom samarbeid med rettleiarane i forfasen. Statistikk, analyser og vurderingar blir utgangspunkt for tiltak, som blir sett inn i ein utviklingsplan. Denne planen er styrande for gjennomføringsfasen.

Ut frå behovsmeldingane og utviklingsplanane til kommunane er det vår oppfatning at det er god samanheng mellom utfordringsbiletet som har vorte utforma etter forfasen, og tiltaka kommunane har sett inn for å utvikle ulike område.

Områda kommunane har valt å prioritere i sine utviklingsplanar, varierer. Likevel er det nokre område som går att og er godt representerte i utviklingsplanane til kommunane. Døme på dette er skulemiljø, praktiske og varierte læringsformer, inkluderande praksis, elevsyn, klasseleiing og organisering. Slik vi ser det vil utvikling på desse områda kunne påverke læringsmiljøet og læringsutbyttet til elevane.

På dette stadiet av oppfølgingsordninga er progresjon opp mot eige planverk hovudtemaet i møtepunkta med kommunane. Med utgangspunkt i desse samtalanane vurderer vi at kommunane i all hovudsak arbeider i tråd med eigne utviklingsplanar. Sjølv om kommunane gir tilbakemelding om at utvikling tar tid, og at det er vanskeleg å finne klare indikatorar på at tiltaka har effekt, svarar dei aller fleste at dei opplever progresjon på dei ulike utviklingsområda. Kommunane viser i denne samanhengen til tilbakemeldingar frå lærarane og elevane som grunnlag for denne konklusjonen.

Ut frå dette er det vår vurdering at kommunane i Vestland jobbar målretta med tiltak basert på analysearbeidet i forfasen, og at desse tiltaka har effekt på læringsmiljøet og læringsutbyttet til elevane.

Prioritering av skole- og barnehagemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.1.7.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skulemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for statsforvalters arbeid innanfor kompetanseutvikling. Statsforvalterne skal gjere risikovurderingar av barnehage- og skuleeiers forutsetningar for å løse sine oppgaver og arbeide målretta for å styrke barnehage- og skuleeiers kompetanse ved behov.

I 2024 har vi i stor grad prioritert rettleiing om ny opplæringslov. Dette er med utgangspunkt i ei risikovurdering, som tilseier at nytt regelverk vil kunne føre til mindre kunnskap og forståing i sektoren, og såleis manglande etterleving av lova.

Skule- og barnehagemiljø

Gjennom handhevsordninga og kontakt med kommunane hadde vi grunn til å tru at det var behov for rettleiing om heile skulemiljø-regelverket, og ikkje berre om det som var nytt. Vi nytta derfor høvet til å rettleie om alle skulens pliktar på dette området, men med særleg vekt på endringar i den nye opplæringslova. På mange av desse samlingane var både skule- og barnehagesektoren til stades. Vi har erfart at det er svært nyttig å snakke om skule- og barnehagemiljø samla, først og fremst fordi regelverket er likt på mange område og dermed har mange like problemstillingar, men også fordi det er nyttig at dei som arbeider med skulebarn og barnehagebarn er kjende med kvarandre sitt regelverk. Vi meiner det er avgjerande for samarbeid og samanheng i arbeidet med psykososialt miljø.

Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp

Vi opplever stor pågang frå både føresette og sektoren om rettar til spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Vi får mange spørsmål om ny opplæringslov, og vi har registrert at nye omgrep og reglar er krevjande for mange skular og skuleeigarar. Meldingar frå føresette har gjort oss usikre på kor godt regelverket er forstått ute i skulane. Vi har derfor sett behov for mykje rettleiing på dette området. Vi har arrangert fleire fysiske møte i regionane, invitert til webinar om individuell tilrettelegging, og hatt møte med kommunar og skular om informasjon som kjem fram i enkeltsaker.

Klagehandsaming har vist oss at vedtakskompetansen kan vere mangelfull i ein del kommunar og skular. Vi har derfor rettleia spesielt om ansvaret som ligg til kommunen for forsvarleg delegering. Vi har og understreka det ansvaret vedtaksmyndigheita har for å opplyse saka, mellom anna ved å hente inn ny sakkunnig vurdering når den dei har er mangelfull.

Sjølv om vi har prioritert rettleiing på området gjennom fleire år, erfarer vi at barnehagesektoren framleis ønskjer og treng rettleiing om skiljet mellom individuell tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp. Vi får framleis klagesaker der det kjem fram at vedtaksmyndigheita har handsama meldingar frå føresette etter feil lovføresegn. Vi har derfor rettleia sektoren om dette i fleire samanhengar i 2024.

3.1.1.13 Andre oppdrag

3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

Vi er bekymra for at barn og familiar i sårbare livssituasjonar ikkje får nødvendig hjelp og oppfølging til rett tid. Gjennom arbeidet vårt i 2024 ser vi ein auke i saker som ikkje er følgt opp forsvarleg, og der konsekvensane av svikt er store for barna og familiare det gjeld. Det er store utfordringar i det statlege og kommunale barnevernet i fylket, og ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å vareta oppgåvene. Vi ser også at barn ikkje alltid får nødvendige helsetenester og/eller eit opplæringstilbod som stettar behov og rettar. I mange saker er det utfordrande å få til godt samordna tenestetilbod til barn med komplekse og samansette behov.

Kommunedialog

I kommunedialogen legg vi stor vekt på kommunen som tenesteytar på velferdsområda (skule, barnehage, helse, sosial og barnevern). Vi legg fram bekymringane vi har for sårbare grupper blant barn og unge, og ber kommunane om å presentere korleis dei vurderer sin konkrete situasjon, kva grunnlag dei har for vurderingane og korleis desse analysane påverkar korleis dei samordnar tenestene. Dette gir eit godt grunnlag for å konkretisere og skape dialog om område der kommunen har utfordringar.

Barnekoordinator

Dei fleste kommunane har eit tilbod om barnekoordinator, men det er stor variasjon i korleis ordninga fungerer. Nesten alle kommunane svara i ei kartlegging at koordinatorane treng meir kompetanse om regelverk, stønadsordningar, konflikthandtering, samhandling og leiing av tverrfaglege møte. I fleire kommunar er det dårleg kapasitet i ordninga, og lang ventetid for å få koordinator. Vi er uroa for at det vil ta tid før ordninga blir godt nok etablert i kommunane, og at det for mange familiar kan ta lang tid før dei får hjelp og oppfølging i tråd med intensjonane med ordninga.

Barnevernsinstitusjonane

Våren og hausten 2024 har vi gjort løpande vurderingar om risikoen for svikt på barnevernsinstitusjonane i fylket. Situasjonen på institusjonane har vore krevjande, og det har vore ein auke i tvang mot barn og uønskte alvorlege hendingar, som til dømes situasjonar der barn set seg sjølve og/eller andre i alvorleg fare. Barna på institusjonane er yngre enn tidlegare år og fleire har behov for oppfølging frå fleire tenesteområde. Samstundes erfarer vi at det på fleire barnevernsinstitusjonar er høgt sjukefråvær og høg gjennomtrekk. Det er derfor risiko for at barn ikkje får forsvarleg omsorg og behandling.

I vårt brev til sentral statleg myndigheit 5. juli 2024 viste vi til våre kapasitetsutfordringar, og at vi ikkje ville klare å gjennomføre lovpålagde tilsyn med barnevernsinstitusjonar i 2024. Vi har likevel gjennomført fleire tilsyn enn estimert. Årsaka til dette er at vi har fått informasjon om mange alvorlege hendingar, og vore bekymra for at barn ikkje får forsvarleg oppfølging. Vi har derfor justert risikovurderingane våre, og likevel gjennomført tilsyn som i utgangspunktet var prioritert bort. Omprioriteringa har diverre påverka arbeidet med tilsyn og klagesaker, mellom anna ved at tilsynssaker med kommunale barnevernstenester er prioritert ned, og at sakshandsamingstida i tilsyns- og klagesaker har gått opp, og tidvis gått over fristen. Lang sakshandsamingstid og nedprioritering av alvorlege barnevernssaker kan påverke rettstryggleiken til barn og familiar. Saker på barnevernsområdet er ferskvare, og lang sakshandsamingstid gjer oss mindre relevante og kan over tid påverke tilliten i befolkninga.

Barn som bur på barnevernsinstitusjonar lever i ein sårbar livssituasjon, og kvaliteten på omsorga og tilbodet dei får, er avgjerande for deira helse og utvikling. Det er likevel ei stor utfordring for oss at vi nyttar meir enn 50 prosent av kapasiteten vår til å gjennomføre tilsyn med barnevernsinstitusjonar, når det er i kommunane storparten av barn og familiar får hjelp og oppfølging. Det er den kommunale barnevernstenesta som har ansvaret for å undersøke bekymringar om barn, og å setje inn og følgje opp tiltak når barn har behov for oppfølging av barnevernet.

Bistandsplikta til Bufetat

I tråd med Helsetilsynet sine føringar, har vi gjennomført tilsyn med brot på Bufetats bistandsplikt. Vi har i 2024 avgjort 16 saker med til saman 25 lovbrøt på Bufetats bistandsplikt. Dette gjeld tre søknader om plass i fosterheim, ei sak om plass i omsorgsinstitusjon, ni saker om behov for plass i akutthinstitusjon, og tre saker om plass i behandlingssinstitusjon. Også i 2023 gjennomførte vi mange tilsyn og slo fast lovbrøt på Bufetats bistandsplikt i 18 saker. Til tross for at det nasjonalt har vore stor merksemd på at Bufetat har eit tilstrekkeleg dimensjonert og variert tiltaksapparat, er det framleis mange saker der barn som ikkje kan bu heime, ikkje får nødvendige og tilpassa tiltak til rett tid.

Kommunalt barnevern

Gjennom tilsyna våre med kommunale barnevernstenester har vi avdekt svikt som har fått store konsekvensar for barn og familiar. Dette er både svikt som ikkje har vorte fanga opp gjennom internkontrollen til kommunen, og svikt som har vore kjent for tenestene, men som likevel ikkje er retta opp.

Lovbrotta handlar i stor grad om korleis barnevernstenesta følgjer opp bekymringar om vald, overgrep og anna alvorleg omsorgssvikt mot barn. I tillegg har vi følgd opp svikt i saker om ettervern. Vi har slått fast at barnevernstenester ikkje følgjer opp vesentleg informasjon om barns situasjon og behov, at barnevernsfaglege vurderingar er mangelfulle, og at tiltak ikkje samsvarar med barnas behov og bekymringane i saker. Vi er særleg uroa for at barn ikkje får medverke i tråd med regelverket i alvorlege barnevernssaker. Vi ser at det er mindre kontakt med barn i saker med alvorleg bekymring om vald og overgrep, og at det i desse sakene er meir informasjon om foreldra sine behov, framfor kartleggingar og vurderingar av barnas behov og situasjon.

Det er ulike utfordringar i store og små kommunar. I vår oppfølging av lovbrøt, ser vi at det i små kommunar kan vere utfordrande å behalde og rekruttere tilsette med relevant kompetanse og erfaring. Små kommunar har færre saker, og arbeider som regel etter ein generalistmodell. Det fører til mindre mengdetrening i å handtere komplekse barnevernssaker, noko som kan vere utfordrande når tenesta må undersøke krevjande barnevernssaker i eit lite miljø. Det er også ofte slik at mindre kommunar har færre tiltak tilgjengelege, noko som kan føre til at tiltaka blir mindre tilpassa behova til barn og familiar. Samstundes vil barn i mindre kommunar ofte vere kjende for tenestene frå tidleg alder, og det kan vere lettare å setje inn førebyggjande tiltak på eit tidlegare tidspunkt. I store kommunar ser vi at det kan vere langt mellom barn og familiar og dei som tar avgjerder i barnevernssaker. Kontaktpersonar som møter barn og familiar har ofte ikkje mynde til å ta avgjerder. I nokre saker fører dette til redusert kvalitet på tenestene barna og familiane får. Det kan også føre til meir konflikt kring faktum i saker og svekt tillit mellom barnevernet og familiar som har kontakt med barnevernet.

Tverrfaglege arbeid og koordinering av tenester

For å lukkast med god implementering av modellar for samarbeid og samhandling, mellom anna BTI/BTS, FACT-ung, individuell plan og barnekoordinatorordninga, er det behov for juridiske avklaringar, mellom anna om korleis oppfølginga av barn og familiar skal bli dokumentert på tvers av tenester som arbeider etter ulike regelverk. Vi ser at det er stor usikkerheit om korleis tenestene skal samarbeide praktisk, effektivt og i tråd med regelverket. Kommunane brukar etter vår meining for mykje tid på å forsøke å manøvrere i eit regelverk som dei opplever lite tilgjengeleg for tverrfagleg samhandling, og vi meiner dette aukar risikoen for at barn og familiar ikkje får nødvendige tenester til rett tid.

Oppvekstreforma

Vi er bekymra for utilsikta konsekvensar av barnevernsreforma. Når kommunane sjølv skal betale ein større andel av utgiftene til statlege barnevernstiltak, fører det i fleire saker til at barnevernstenestene ikkje set inn nødvendige tiltak i tide. Døme på dette er opphald på barnevernsinstitusjon. Parallelt med dette får vi informasjon om saker der kommunane internt ikkje blir samde om kva teneste som skal vere ansvarleg for oppfølginga av familiar. Dette har særleg betydning for barn som treng hjelp etter fleire lovverk. Døme på dette er barn med utviklingsvanskar og behov for tiltak frå både helse- og omsorgstenestene og frå barnevernet, og unge med behov for ettervernstiltak frå barnevernstenesta, der det også er nødvendig med helseoppfølging. Vi erfarer at det er stor variasjon i kva tiltak og oppfølging kommunane har tilgjengeleg. Det er økonomisk krevjande for kommunane å etablere tiltak med tilstrekkeleg kvalitet og fleksibilitet til å vareta barn og familiars behov til hjelp og oppfølging.

Sjølv om førebygging og tidleg innsats er ei ønskt utvikling, er vi bekymra for at stram kommuneøkonomi fører til at det blir satsa mindre på førebygging, og at vanskar får utvikle seg for lenge før barn og familiar får nødvendig hjelp og oppfølging.

Vurdering og effekt av innsatsen vår

Vår vurdering er at trass i stor merksemd på førebygging og samhandling, er det mange barn med samansette og komplekse vanskar som ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Vi ser at nær alle tenester og tiltak som møter barn med komplekse og samansette behov blir utfordra, ofte fordi det manglar tiltak som er tilpassa barnas behov. Auken i alvorlege og komplekse saker fører til at tenestene i større grad må løyse kriser, framfor å nytte ressursar på førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Vi er uroa for utviklinga og meiner vi som samfunn ikkje har lukkast godt nok i arbeidet med å førebyggje og samarbeide i saker der barn har behov for hjelp frå fleire tenesteområde.

Vi har i tråd med mandatet vårt hatt merksemd på dei nasjonale satsingane på tidleg innsats, betre koordinerte tenester, samhandling og nye lovkrav, som førebyggjande plan og barnekoordinator. Vårt inntrykk er at kommunane i stor grad har kjennskap til nye krav og forventingar, og har gjort mykje godt arbeid både med planar, struktur og opplæring for å imøtekomme desse. Det er likevel utfordrande for oss å finne rett balanse mellom tilbod om opplæring, utviklingsarbeid, tilskot og informasjon, når vi veit at fleire barnevernstenester ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere barnevernets kjerneoppgåver. Vi har derfor tett dialog med kommunane og dei aktuelle tenestene for å avklare om dei har nytte av tilboda på det aktuelle tidspunktet.

Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier

Både barnekonvensjonen og Grunnlova slår fast at barn har rett til å bli høyrd, og få nødvendig omsorg, vern og helsemessig tryggleik. Barns rettar gjeld uavhengig av korleis samfunnet har organisert tilbodet i ulike sektorar og forvaltningsnivå. Plikta til å samarbeide med andre tenester og tenestenivå går klart fram av særlovene.

Tenestene kan ikkje avgrense sitt arbeid og ansvarsområde ved å vise til ulike eksklusjonskriterium, som til dømes behandlingsmodellar, organisatoriske forhold eller avgrensing i allereie etablerte tenestetilbud. Plikta til samarbeid og samhandling må derfor bli følgd opp som ein del av kravet til forsvarleg

verksemd og konkrete vurderingar av barns beste.

Vårt arbeid i 2024

Barn og unge med behov for hjelp frå fleire instansar, får ikkje alltid heilskapleg og godt koordinert hjelp. Det er stor variasjon i tenestetilbodet til denne gruppa i ulike kommunar, men også internt i kvar kommune. Vi har dei siste åra sett fleire urovekkande døme på dette. Særleg gjeld dette ungdom med så sterke smerteuttrykk at dei treng hjelp frå fleire kommunale og statlege tenester. Sjølvskading, ukritisk bruk av rusmiddel og eteforstyringar er døme på slike smerteuttrykk. I nokre tilfelle bur ungdommane på institusjon, i fosterheim eller har kortvarige opphald på sjukehus. Ungdommane har i liten grad ein normal kvardag, og fortel oss at hjelpa dei får i for stor grad rettar seg mot å redusere symptomuttrykka, framfor å undersøke kva som ligg bak.

Tilsyn med fleire tenester/tenesteområde

Vi har i 2024 gjennomført tilsyn med fleire tenesteområde i éi tilsynssak, men av kapasitetsomsyn har mange saker som kunne vore handsama i ei felles tilsynsavgjerd, ikkje vorte vurderte samla. Vi har då skrive separate avgjerdar for kvart tenesteområde.

Vår vurdering er at tilsyn med fleire tenesteområde samstundes gir betre læring for tenestene, og aukar forståinga for kor viktig samhandling og samordning av tenestetilbod er i komplekse saker på helse-, sosial- og barnevernsområdet. Når faktum og vurderingar av fleire tenesteområde går fram av éin tilsynsrapport, blir det meir tydeleg at svikt i samarbeid og koordinering av tenester kan få alvorlege følgjer for barn og familiar.

I samband med Helsetilsynets undersøkingsordning i saker der barn har mista livet eller er utsette for vald, seksuelle krenkingar eller anna alvorleg omsorgssvikt, har vi sendt inn 15 tilsynssaker der vi har slått fast lovbrøt. Fleire av sakene gjeld fleire barn. Dette er store og omfattande tilsynssaker på tvers av tenesteområde og kommunar. Sjølv om sakene har ulik tematikk, har dei til felles at tenestene over tid har kjent til barna og bekymringar kring barna, men oppfølging og tiltak har ikkje vore i tråd med informasjonen og bekymringane i sakene. Alle barna har vore utsette for omfattande svikt ved at dei ikkje har fått varetatt retten til hjelp og vern til rett tid.

Organisatoriske endringar i fleire kommunar

Vi er kjende med at fleire kommunar i Vestland har sett i verk endringar i korleis dei organiserer tenestene til barn og familiar. Dette går fram av dei kommunale planane vi har fått. Dei fleste kommunane i Vestland har anten ferdigstilt den førebyggjande planen, eller er heilt i innspurten av dette arbeidet. I mange planar går det fram at kommunene vil endre organiseringa for å gjere samhandling mellom tenestene enklare. Det går også fram at fleire kommunar har hatt manglande tiltak til barn og familiar.

Vi har gjennomført ei kartlegging der kommunane svarar at dei treng meir kunnskap om endringsprosessar og implementeringsarbeid. Vi har gitt innspel til planar om kommunens førebyggjande arbeid, og invitert kommunane og kompetansetilbyggjare til både fysiske og digitale samlingar. Målet har vore å bidra til erfaringsutveksling, og slik auke den samla kompetansen i fylket. På samlingar har verktøyet *implementere.no* vorte gjort kjent. Vi vil ha merksemd på erfaringsdeling og å understøtte arbeidet i kommunane også fram i tid.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi har etter vårt syn levert ut frå oppdraget i 2024, og vi har jobba systematisk for at tilsyna våre skal vere samordna og målretta.

Vi har arbeidd systematisk i fleire år, og ser at utviklinga går i rett retning i fylket. Det er likevel avgrensa kva direkte påverknad Statsforvaltaren kan ha for tenestene vi fører tilsyn med. Vi ser at påverknaden varierer frå fagområde til fagområde, og at faktorar som kompetanse og arbeidspress spelar inn. Vi gjer det vi kan ut frå vår rolle, og arbeider for å nytte ressursane slik at tilsynsarbeidet vårt er effektivt og har høg kvalitet.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi nyttar tilsynskalenderen for å gi kommunane informasjon og oversikt over planlagde tilsyn. Ut frå tilbakemeldingane vi har fått, meiner vi effekten av tilsynskalenderen er god. Kommunane gir uttrykk for at dei får betre oversyn enn tidlegare.

Vi har etablert rutinar for korleis og når tilsyna skal leggast inn i kalenderen, og når kommunane kan gi tilbakemelding.

Tilsynskalenderen vil også gi god oversikt over forvaltningsrevisjonane i kommunane, dersom revisjonane blir lagde inn i kalenderen. Vi har oppmoda kontrollutvalssekretariata om å leggje inn revisjonane, og vi opplever at dei er positive til kalenderen og ønsker å bruke han. På sikt skal forvaltningsrevisjonsregisteret, drifta av NKRF, kommunisere med tilsynskalenderen. Dette vil også kan bidra til at informasjon om gjennomførte forvaltningsrevisjonar er tilgjengeleg.

I 2024 har vi hatt to møte med andre aktuelle statlege tilsynsetatar og sekretariata for kontrollutvala, der vi har diskutert samordning av tilsyn og utveksla erfaringar om tilsyn. Kontrollutvallsekretariata får i desse møta høve til å presentere komande forvaltningsrevisjonar og planar for tilsynsetatane.

Vi har ikkje sett det som nødvendig å diskutere situasjonen i enkeltkommunar særskilt med andre tilsynsetatar, men Arkivverket orienterer oss jamleg om deira vurdering av oppfølginga frå enkeltkommunar etter tilsyn.

Vi har deltatt i dei jamlege møta i samordnarnettverka saman med dei andre embeta. Vi gir forbettringsinnspeil til tilsynskalenderen der vi ser at det er

nødvendig.

Vi har jamlege møte i tverrfagleg tilsynsgruppe i embetet, som mellom anna diskuterer samordning av tilsyn, og også korleis vi betre kan fange opp planlagde forvaltningsrevisjonar og ta omsyn til dei.

I 2024 har vi ikkje avlyst eller utsett tilsyn som følgje av forvaltningsrevisjon i kommunen på same område. Generelt oppstår det sjeldan reelle kollisjonar eller ei overlapping av tema som fører til at vi meiner det er rett å nedprioritere vårt tilsyn.

For oss ser det ut til at tilsynsbelastninga på kommunane er akseptabel, og særskildt så stor at ho utgjør eit problem for planlegging av tilsyna. Vi finn praktiske løysingar i dei få tilfella der ein kommune tek kontakt om tidspunkt for tilsyn.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Vårt klare mål er at tilsyna våre skal bidra til læring og betring, og dette er eit tilbakevendande tema på samlingar. Vi har ei tilsynsgruppe med representantar på tvers av avdelingane. Gruppa jobbar mellom anna for å vidareutvikle tilsynet gjennom kompetansetiltak, slik at det er verknadsfullt og bidrar til varig endring og forbetring i kommunane og andre verksemdar. Assisterande statsforvaltar leier gruppa.

Embetet legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemdar ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid i tilsynet. Ved planlagde tilsyn brukar vi risikovurderingar for å velje tilsynsobjekt, innanfor rammene for det aktuelle tilsynet. Ved hendingsbaserte tilsyn brukar vi heile verktøykassa for å tilpasse tilsynet til alvorgraden. I dei mest alvorlege sakene reiser vi på kort varsel ut til verksemda og gjennomfører intervju. I dei minst alvorlege sakene hentar vi som regel inn dokumenta og vurderer saka på bakgrunn av desse.

Vi har i aukande grad tatt i bruk eigenvurdering i hendingsbaserte tilsynssaker. Ikkje noko er betre enn at verksemda der ei hending har skjedd, sjølv går gjennom om det har skjedd noko som ikkje er i tråd med lovkrava, og gjer tiltak viss det trengst. Vi opplever at det varierer i kor stor grad verksemdene nyttar dette høvet til sjølv å ta tak. Nokre gonger gjer verksemda eit framifrå arbeid, og vi kan avslutte saka. Der verksemda ikkje har gjort ei god nok eigenvurdering, har våre tilsyn, som kjem etterpå, endå meir legitimitet.

Vi ser at det er særskilt viktig å ansvarleggjere leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med, for å følgje opp funn frå tilsynet.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar etter tilsyn. Dersom verksemdene kjem med tilbakemelding om at dei ikkje er nøgde med tilsynet, vurderer vi tilbakemeldinga og brukar ho til intern læring.

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Vi ser ei positiv utvikling på dette området, men omstillinga går sakte, og vi ser at kommunane strevar med å prioritere klimaomsyn blant mange viktige oppgåver. Sett opp mot nasjonale klimamål går arbeidet med utsléppskutt, omstilling og energiomlegging for sakte. Måloppnåinga er under middels.

Vi rettleier primært gjennom medverknad i planprosessar, gjennom kommunedialog, og ved å arrangere Klimaomstillingskonferansen i samarbeid med fleire andre aktørar. Over tid har vi bidratt til auka kompetanse, særleg i kommunane, men òg generelt i samfunnet.

Vi har potensial for å jobbe meir med klima internt i embetet, og har også internt utfordringar med å prioritere klimaomstilling i møte med andre oppgåver.

Kommunale klima- og energiplaner klimatilpasning og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp, og har integrert klimatilpasning i sine planer i tråd med Statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning.

Vi formidlar forventningane i SPR gjennom fråsegner og anna rettleiing til planstrategiane. Vi kommenterer særskilt på om det er planlagt rullering av kommunedelplan for klima og energi og oppmodar til å utarbeide styringssystem for følgje opp klimaarbeidet på ein effektiv og systematisk måte. Vi understrekar forventningane i SPR i medverknad og fråsegner til kommuneplanar og reguleringsplanar.

For få kommunar har ein oppdatert handlingsdel til klimaplanen. Mange kommunar strevar med å følgje opp eigne mål og tiltak knytt til utsléppsreduksjonar. Vi trur dette botnar i ein kombinasjon av manglande ressursar til oppfølgingsarbeidet, for høge ambisjonar og i nokre tilfelle uklare ansvarsfordeling.

Vi formidlar krav og forventingar frå SPR i alle oppstartsvarsel om planarbeid. Klimaprofilane ser ut til å vere godt kjende, og blir brukt, særleg i ROS-arbeidet. Utfordringane med klimatilpassing i/av eksisterande busetnad og infrastruktur er framleis gjeldande.

Kommunenes arbeid med klimatilpasning og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommuner og andre myndigheter i fylket integrerer klimahensyn (både utslippsreduksjoner og tilpasning til et klima i endring) på en systematisk måte i alle sine aktiviteter og oppgaver og samarbeider for å nå klima- og miljømålene.

Alle 43 kommunane har vurdert klima i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Om lag 1/3 av kommunane har klimabudsjett. Vårt inntrykk er at merkemda på naturbaserte løysingar er styrkt. Det er likevel få kommunar, om nokon, som oppfyller alle krava i SPR-en på ein fullgod måte.

Vi samarbeider med fylkeskommunen om gjennomføring av læringsnettverk på planområdet og klimaområdet. Plannettverket har i hovudsak vore arrangert som nettseminar i 2024, og er ope for alle kommunane. Klimanettverket blir gjennomført med ein kombinasjon av fysiske og digitale samlingar, der 20 kommunar deltar. Gjennom *Kaffi og klima*, ein uformell digital møteplass, tilbyr vi og fylkeskommunen rask og enkel rettleiing om klimaspørsmål til kommunar.

Vi har saman med fylkeskommunen utvikla og gjort tilgjengeleg eit verktøy for arealrekneskap og utslippsreduksjon. Verktøyet er presentert for kommunane og vil venteleg gjere det enklare for alle kommunane å analysere utslipp frå arealbruken.

Det viktigaste for velfungerande nettverk ser ut til å vere ressursar til å delta og prioritere arbeidet. Dette gjeld både frå statleg og kommunal side. Praktiske kurs med steg for steg-rettleiing ser ut til å ha god effekt. I 2024 er det gjennomført kurs for kommunane i utarbeiding av klimabudsjett og klimarekneskap.

3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon

Den tryggleikspolitiske situasjonen pregar arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Vi gjer ikkje nødvendigvis ting veldig annleis enn før, men vi gjer det med eit utvida føremål, der det ikkje er eit tydeleg skilje mellom samfunnstryggleik og statstryggleik.

Vi har prøvd å bidra til å vidareutvikle det regionale og lokale totalforsvarsarbeidet i fylket gjennom å løfte fram temaet på alle aktuelle arenaar.

Vi har tettare dialog og samarbeid med dei mest sentrale aktørane i det regionale totalforsvaret, mellom anna gjennom etableringa av mobiliseringsrådet.

Den tryggleikspolitiske situasjonen har fått ein tydelegare plass i både rettleiing, tilsyn og øvingar med kommunane, der vi mellom anna har hatt som mål å gjere kommunane medvitne på kva rolle dei har i totalforsvaret.

På oppdrag frå Helsedirektoratet gjorde vi ein gap-analyse for primærhelsetenestene i alvorleg tryggleikspolitisk krise og krig. Som ein del av prosessen hadde vi tre møte med kommunane og spesialisthelsetenesta (delt inn etter opptaksområda for helseføretaka). Ein viktig del av møtet var ei diskusjonsøving med utgangspunkt i eit krigsscenario.

På fagsamlinga vi hadde for kommunane i november, var konsekvensane av den tryggleikspolitiske situasjonen eit hovudtema.

Oppdatert analyse (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren har oppdatert analyse av sikkerhetspolitisk krise og væpnet konflikt i fylkesROS, inkludert oppfølgingsplan.

Vi har ferdigstilt analysen av dei regionale konsekvensane av eit tryggleikspolitisk scenario. Analysen er gjort i samarbeid med relevante aktørar, særleg Vest politidistrikt, HV-distrikta, Sivilforsvarsdistrikta og Helse Bergen. Analysen er gradert "avgrensa".

Vi har laga ein oppfølgingsplan for analysen. Den verkar som eit levande dokument, slik at vi også kan fange opp andre problemstillingar og aktuelle tiltak i totalforsvarsarbeidet, enn dei vi har identifisert gjennom analysen. Oppfølgingsplanen er eit viktig grunnlagsdokument for arbeidet i mobiliseringsrådet. Det er eit samvirkeorgan for praktisk totalforsvarsarbeid på operativt nivå i fylket, med deltaking frå Politiet, Heimevernet, Sivilforsvaret, Helse Bergen og oss.

Beredskapsplanlegging (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterens egen beredskap og regionale samordningsansvar er oppdatert og legges til grunn i embetets arenaer og aktiviteter for det sivil-militære samarbeidet.

Prioriterte tiltak for å styrke totalforsvaret regionalt inngår i beredskapsplanleggingen.

Beredskapsplanverket er oppdatert, mellom anna med bakgrunn i erfaring frå hendingar eller øvingar. Forventingane til oss og korleis vi utøver samordningsrolla, er eit tema som jamleg blir diskutert i fylkesberedskapsrådet.

Vi har deltatt i samarbeidet på tvers av alle embeta, om revisjon av det underliggende planverket til SBS.

Styrket sivil-militære samarbeid regionalt (fra kapittel 3.2.1.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren legger til rette for styrket sivil-militært samarbeid regionalt, inkludert utvikling av det regionale vertslandstøttekonseptet

Vi har eit tett og godt samarbeid med aktørane i det regionale totalforsvaret. Fylkesberedskapsrådet er ein svært relevant og nyttig arena. Medlemmene prioriterer å delta, og dei er aktive i drøftingane.

Mobiliseringsrådet (jf. pkt. 3.2.1.4.1.1) er som eit godt samvirkeforum på operativt nivå, for styrking av totalforsvarsarbeidet. Føremålet er å jobbe med oppgåver og problemstillingar knytt til planlegging på tvers av sivile og militære aktørar, med mål om å samordne militære og sivile planar så langt det er mogleg.

Vi inviterer Forsvaret og Politiet til mange av dei møtearenaane vi har med kommunane, mellom anna dei digitale møta vi har kvar måned. Der har til dømes PST og Politiet jamleg orientert om trusselvurderingar og andre aktuelle tema, mellom anna i samband med heving av terrortrusselnivået i oktober. Politiet og Heimevernet var til stades og hadde innlegg på fagsamlinga vi hadde for kommunane i november.

Embetsleiinga har møtt leiinga i Vest politidistrikt og drøfta oppgåver og problemstillingar i grenseflata mellom oss, mellom anna med tanke på den tryggleikspolitiske situasjonen.

Det tette samarbeidet med dei andre sentrale aktørane i totalforsvaret bidrar til å sikre ei felles situasjonsforståing og samarbeid om konkrete oppgåver og tiltak.

Oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonen. (fra kapittel 3.2.1.4.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren legger til rette for regionalt samarbeid for å ha oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonen.

Ressurs- og forsyningssituasjonen på helseområdet var eit viktig tema i arbeidet med gap-analysen for primærhelsetenestene. Som ein del av analyseprosessen hadde vi ei diskusjonsøving saman med sentrale aktørar i det regionale totalforsvaret, og nokre kommunar. Eit hovudtema var mekanismar for prioritering av knappe ressursar i krise og krig, og rolla og ansvaret til Statsforvaltaren og fylkesberedskapsrådet.

Som ein del av arbeidet med analysen fekk vi belyst behovet for avklaringar om transportberedskapen i fylket. Vi hadde eit eige møte med den administrative leiinga i fylkeskommunen om dette, og har avtalt eit oppfølgande møte med dei, Heimevernet, Politiet og Sivilforsvaret.

Vi arbeider med eit tilleggsscenario til FylkesROS, der temaet er matvareberedskap. Analysen ser m.a. på korleis matforsyninga i fylket vil bli påverka av importreduksjon og utfordringar innan foredling og distribusjon.

3.1.2.5 Andre oppdrag

3.2.1.5.1 Evaluering og oppfølging av lærepunkt.

Vi evaluerer alltid øvingane vi deltar i, for å identifisere lærepunkt og vurdere forbetringar. Vi evaluerer også uønskte hendingar når dei er av stort omfang, har hatt alvorlege konsekvensar eller at det av andre grunnar er viktig å gjere det. I evalueringane legg vi særleg vekt på å undersøke korleis samvirke og samhandling har fungert. Vi deler erfaringar frå evalueringane med kommunane og fylkesberedskapsrådet, og eventuelt andre involverte aktørar. Vi oppdaterer oversikta over erfaringspunkt fortløpande.

3.2.1.5.3 Prioriteringsordning for drivstofforsyning

Vi har bidratt i arbeidet med å peike ut prioriterte drivstoffstasjonar (i begge fasar av arbeidet), jf. føringar frå Nærings- og fiskeridepartementet. Lista med tilrådde lokasjonar for drivstoffstasjonar som skal ha prioritet, er forankra i fylkesberedskapsrådet.

3.2.1.5.5 Krafrasjonering

Vi har hatt god dialog med KDS-ane i fylket om oppfølging av arbeidet med å førebu ei eventuell krafrasjonering. For å førebu aktørane har krafrasjonering vore tema i møte med kommunane og fylkesberedskapsrådet. Vi har også deltatt i ei beredskapsøving i regi av NVE, der scenarioet var krafrasjonering i den nordlege delen av fylket.

3.2.1.5.6 Planlegging av "Øvelse Digital 2025"

Vi er ikkje omfatta av øvinga, og har derfor ikkje deltatt i planlegginga.

3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Vi har over tid sett ein auke i saksmengda på forureiningsfeltet. For å få ned sakshandsamingstida og få opp talet på tilsyn har vi gjennomført ei intern omorganisering. Vi har no tre tilsette med hovudansvar for planlegging, gjennomføring og avslutning av tilsyn. Målet med omorganiseringa er høgare kvalitet på rettleiinga vår, både for dei tre tilsynspersonane og dei andre sakshandsamarane. Det er for tidleg å seie om det har ønskt effekt.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har handsama 641 byggesaksklager i 2024. 404 av desse vart handsama innan 12 veker, altså 63 prosent av sakene.

Resultatet på 63 prosent er om lag det same som året før (64 prosent), og talet på saker vi har handsama er om lag det same (Vi handsama 638 saker i 2023).

Vi har hatt ein del sjukefråvær i 2024, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. I første halvår var to sakshandsamarar i stor grad (om lag 50 prosent) lånt ut til prosjekt med reintellingsaka i Troms og Finnmark.

Vi har, som departementet kjenner godt til, hatt fleire saker om strandsoneprosjektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2024 har vi hatt ei rettsak for Hordaland tingrett, og ei sak for Gulating lagmannsrett. Den eine ankesaka vart handsama i høgsterett i november. Dette har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettsaker, og bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund har vi to strandsonesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett hausten 2025.

Vi er derfor særns nøgde med at vi i 2024 har hatt ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 85 dagar, som følgje av tett fagleg styring, oppfølging og omfordeling av saker.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-37 %	63 %	641	404

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Resultatet her er noko betre enn i 2023. Då hadde vi 33 prosent oppnådd del av totalt handsama saker, mot 38 prosent i 2024. Vi har gode rutinar for mottak av saker og saksfordeling.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	-62 %	38 %	8	3

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama to oreigningssaker i 2024. Begge sakene er handsama innan 12-vekersfristen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	2	2

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama tre oreigningssaker som andreinstans i 2024. Vi har halde 12-vekersfristen i éi av desse sakene, som utgjer 33 prosent. Sidan det totalt

sett er få saker, er det vanskeleg å rette opp prosenttalet.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 67 %	33 %	3	1

God fremdrift og kvalitet i regulering av utslipp etter forurensningsloven (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

God fremdrift og kvalitet i regulering av utslipp etter forurensningsloven, i tråd med skjerpede krav gjennom EØS-avtalen

Oppdatering av løyve til avfallsanlegg i tråd med BAT

Overordna om effekt av eige arbeid og status for måloppnåing

Eitt løyve er oppdatert med BAT-AEL (fragmenteringsanlegg), medan to løyve ikkje er oppdaterte. Løyve som ikkje skal ha krav til BAT-AEL blir oppdaterte i samband med andre endringar. Per no er om lag halvparten av desse oppdaterte. Alle verksemdene har fått informasjon om at vi har vurdert at dei er omfatta av BAT, og pålegg om vurdering av BAT-konklusjonar. Dei fleste anlegga har svart, med nokre få unntak. For nokre av verksemdene som fekk brev, er det no avklart at dei ikkje er omfatta, men vi har ikkje sendt brev til verksemdene om dette.

Dei viktigaste utfordringane framover for å nå målet

Vi har mange saker på avfallsområdet, og det er utfordrande å prioritere ressursane. Effekten for miljøet er viktig i prioriteringa. Vi treng avklaring frå Miljødirektoratet om behov for oppdatering av løyve som ikkje skal ha krav til BAT-AEL etter at industriforskrifta vart vedtatt. Vi må også avklare korleis vi skal handtere krav til nitrogenreinsing som følgje av BAT-krav på biogassanlegg som har utslipp til kommunalt reinseanlegg.

Kor mange verksemdar har fått oppdaterte løyve i 2024?

To løyve er oppdaterte i 2024. I tillegg har vi gitt løyve til fem nye anlegg som er omfatta av BAT.

Oversikt over status er for dei enkelte vedtatte BAT-konklusjonane opp mot fireårsregelen i direktivet

Forureiningsdatabasen er i hovudsak oppdatert med avkryssing for anlegg som er omfatta av BAT for avfallsanlegg. Vi oppdaterer databasen fortløpande.

Korleis ligg vi an opp mot fireårsfristen?

To anlegg som skal ha krav til BAT-AEL er ikkje oppdaterte, det gjeld eit biogassanlegg (Bergen kommune) og eit anlegg for behandling av slagg frå forbrenningsanlegg. Om lag 13 løyve (med fleire anlegg per løyve) som er omfatta, men som ikkje skal ha krav til BAT-AEL, er ikkje oppdaterte. Løyva er for det meste gitt etter 2018 og er i hovudsak basert på den gamle industrialen. Endring for å inkludere BAT-krav vil i hovudsak gjelde krav til tilstandsrapport for forureina grunn, oppdatering av krav til beredskap og miljørisikovurdering, og nokre andre mindre endringar. Vi har lagt opp til å oppdatere desse løyva i samband med andre endringar, som søknad om endring, tiårsoppdatering eller liknande. Når den nye industriforskrifta er vedtatt, er vi usikre på om det i det heile tatt er behov for å oppdatere desse løyva.

Grunngiving for avvik

Sjå punkt over om ressursituasjonen og prioritering.

Vi har ikkje oppdatert løyvet til biogassanlegget fordi vi manglar avklaring om korleis vi skal handtere krav til nitrogenreinsing som følgje av BAT-krav på biogassanlegg som har utslipp til kommunalt reinseanlegg.

Vi har ikkje oppdatert krav til sorteringsanlegg for slagg tidlegare, på grunn av at vi inntil nyleg trudde Miljødirektoratet hadde ansvaret for å følgje opp BREF for avfallsforbrenning. Vi oppfatta at alle oppgaver om krav til BAT for avfallsforbrenning følgde med då Miljødirektoratet tok over ansvaret for forbrenningsanlegga. Vi har ikkje fått rettleiing frå Miljødirektoratet om at vi har oppgaver på dette området. Vi kjenner ikkje til at slike anlegg er regulerte med egne løyve i andre fylke, med unntak av eitt anlegg der det er sett krav utan å vurdere BAT-AEL. I mange fylke blir slagget sortert i mobile anlegg (utandørs og med mindre utsortering av metall), og det er så vidt vi veit ikkje sett krav etter forureiningslova til desse. Det er viktig med ei avklaring for å sikre lik praksis.

Kjemisk elektrolytisk overflatebehandling

Vi har to verksemdar i Vestland som truleg er omfatta av IED sitt FMP-BREF, som vil bli gjeldande i 2026. Vi har starta arbeidet med å sende ut informasjonsbrev og innhente opplysingar frå verksemdene, slik at vi kan oppdatere utslippsløyva innan oktober 2026.

Næringsmiddel inkl. fiskeforedling

Vi har 16 anlegg som er omfatta av IED og BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM). Ingen anlegg tilfredsstiller BAT-AEL i dag. Tolv av IED-anlegga har søkt eller skal søke om unntak, i hovudsak med grunngiving i miljøtilhøve i resipienten og kapasiteten til å ta imot utslipp. Éi ny verksemd har fått nytt løyve med IED/BAT-AEL-krav i 2022. Dei har også søkt om unntak. Ingen andre verksemdar har fått oppdaterte løyve. Tre av

unntakssøknadene har vore inne til samråd hos Miljødirektoratet og vil vere ferdig handsama i 2025.

BAT-AEL-krava har ført til at fleire aktørar arbeider med utvikling av eigna reinseteknologi for prosessavløpavatn. Først finst det ikkje tilfredstillande løysingar på marknaden.

Nye krav har gitt større interesse for å delta på felles resipientovervaking. Dette vil gi meir informasjon om miljøtilstanden. Arbeidet gir også tettare kontakt med verksemdene og betre høve til å rettleie. Vi har god dialog med verksemdene.

Slakteri og verksemdar som prosesserer animalske biprodukt

Vi har fire anlegg som er omfatta av IED- og BAT-konklusjonane for slakteri og animalske biprodukt (SA). Vi har sendt ut pålegg om BAT-utgreiing til verksemdene. Frist for å oppdatere løyva er 18. desember 2027. Vi har god dialog med verksemdene.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

På landbruksområdet

Det aller meste av tilskotsforvaltninga i landbruket skjer i kommunane. Vi har inntrykk av at dei interne systema i kommunane har vorte langt betre, men den praktiske utøvinga med til dømes skriftlege vurderingar, grunngivingar og reaksjonar på manglar, kunne ha vore betre. Vi har likevel ikkje oppdaga saker med store feilutbetalingar. Vi viser elles til tabellane og kommentarane lenger nede i rapporten.

På helseområdet

Vi har ei eiga rapportering på tilskotsforvaltninga til fagdirektorata. Dei er godt kjende med tilbakemeldingane våre. Vi har ikkje inntrykk av at det skjer feilutbetalingar.

Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltning på landbruks- og reindriftsområdet

Vi har etablert internkontroll på landbruksområdet, med eit eige overordna dokument som viser til mellom anna HMS, samheng mellom oppdragsdokumenta og verksemdsplanen, dei sentrale punkta i økonomireglementet, risikovurdering, kontrollplanen, interne fullmakter og ei oversikt over skriftlege rutinar for dei fleste forvaltningsoppgåvene. I tilskotsforvaltninga har vi også god hjelp frå fagsystema for tilskot som gir oversikt på tilskotsrammer, status og ansvar. Dette gir også ei kvalitetssikring.

For dei enkelte ordningane der vi er førsteinstans har vi skriftlege rutinar, mellom anna om kva som bør sjekkast. Desse rutinane oppdaterer vi årleg.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	1
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfelleskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	0

Desse tala gjeld søknadsåret 2023. Vi har ganske få bruk som kjem inn under regelverket for husdyrkonsesjon. Vi kontrollerer i samsvar med rapportar henta frå Landbruksdirektoratets fagsystem.

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	13
Saker funnet i orden	10
Saker med feil	3
Beskrivelse av feilene	Vi har to saker der beløpet med næringsinntekt var så lite at vi ikkje undersøker vidare. Den siste saka må vi underkje meir, men er ikkje ferdig enno.

Tala i kontrollen er frå status per 2022. Vi hadde totalt 56 pensjonistar i ordninga i 2022, vi får opplysningar om næringsinntekt m.m. om hausten året etter, og desse vart kontrollerte i 2024.

Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Effekt av risikobasert kontroll
Tilskudd til tidligpensjon	Ja	Ja	Sjekker særleg om tidleg-pensjonistar har næringsinntekt frå landbruket.
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Ja	
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	Sjekker ferje- og båtruter.
Stimuleringsstilskudd til veterinærdekning	Ja	Nei	
Tilskudd til fylkesvise prosjekter innan klima- og miljøprogrammet	Ja	Nei	
Erstatning etter offentlege pålegg	Ja	Nei	
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Ja	Sjekker dei data som etter erfaring er mest usikre, avling, kva er klimaskade m.m.
Kompensasjon for riving og oppdyrking av pelsdyrhus	Ja	Ja	Sjekkere alle saker mot regelverket, til dels vanskeleg.
Fylkesvise rentemiddel fra skogfond	Ja	Ja	Skogfondsrekneskapan har eigen revisor. Sjekker også i nokre kommunar.
NMSK, kommuneskog	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Nei	Tett oppfølging av planprosjekta.
Tilskudd til siidaandeler og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordningar			

Vi har skriftlege interkontrollar, tilpassa våre oppdrag og utfordringar, og med skriftlege rutinar for dei fleste forvaltningsoppgåvene.

Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 prosent av kommunene.

Vi har ein årleg plan for forvaltningskontroll av kommunane. Utplukk av ordningar skjer etter ei risikovurdering vi gjorde for to år sidan, supplert med erfaringar frå kontrollar og det vi ser av kommunal forvaltning. Produksjonstilskot og avløysartilskot inneheld desidert mest tilskotsmidlar, så desse må uansett vere med. I tillegg har vi siste åra sett på skogordningane, og erfaringane så langt tyder på at må vi må følge dei opp vidare.

Vårt gjennomgåande inntrykk etter kontrollane er at kommunane er vortne meir merksame på krava om internkontroll i sakshandsaminga. Undersøkinga i 2023 viste at dei fleste har eit system for internkontroll, ofte knytt opp til fellessystemet i kommunen. Vi ser ei positiv utvikling etter at vi la meir vekt på den generelle arbeidsmetoden kommunane jobbar etter, enn om det er gjort ei feilføring. Dette er kontinuerleg arbeid, og det er nokre feiltypar som går att og som vi må følge opp med rettleiing og vidare kontroll:

- Kommunane bør kommentere i fagsystemet kva type vurderingar som er gjort, til dømes om temaet "vanleg jordbruksproduksjon".
- På skogområdet er det framleis for mange som ikkje har god nok resultat- og foryngingskontroll.

Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølgning kontrollene
Bjørnafjorden LK, saman med Samnanger og Tysnes	Produksjonstilskot og avløysartilskot.	Har etablert formelle system og rutinar. Forbetningspunkt: Vurderingane om	Følgje opp kommunen i 2025 på forbetningspunkta.
Bømlo	Produksjonstilskot og avløysartilskot.	Har ikkje etablert formelle system og rutinar for PT og AVL. Forbetningspunkt: Bør legge meir vekt på vurderingane om "vanleg jordbruksproduksjon" og at desse blir synlege for søkerane. Kommunen bør også i større grad bruke avkorting for å unngå feil i søknadane i framtida.	Følgje opp kommunen i 2025 på manglar.
Kvam	Produksjonstilskot og avløysartilskot.	Kommunen er godt i gang med å få etablert system og rutinar, men manglar noko på det skriftlege. Forbetningspunkt: Vurderingane om "vanleg jordbruksproduksjon" bør bli betre og synlege for alle søkerane. Og kommunen bruker avkorting i for liten grad som verkemiddel for å unngå feil i søknadane i framtida.	Følgje opp kommunen i 2025 på manglar.
Etne	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. NMSK.	Har god kompetanse på skogbruk. Forbetningspunkt: Kommunen har skriftlege rutinar for ein del av oppgåvene i NMSK, men ikkje alle og rutineane bør oppdaterast. Kommunen sitt strategidokument for skogbruk kunne hatt tydelegare prioriteringar. Kommunen bør også følgje opp resultatkontrollen og foryngingskontrollen betre.	Følgje opp kommunen i 2025 på manglar.
Fitjar LK, saman med Stord og Austevoll	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. NMSK.	Kommunen manglar skriftlege system og rutinar. Andre forbetningspunkt: Skogbruksstrategien kunne ha vore tydelegare, foryngingskontrollane og resultatkontrollane bør følgast opp, og ajourhald av karta. Kommunen har ein ganske nyttilsett skogbruksansvarleg som innser at slike tiltak vil vere til hjelp.	Følgje opp kommunen i 2025 på manglar og tilby rettleiing.
Sveio	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. NMSK.	Dei har god kompetanse innan skogbruk, men manglar skriftlege rutinar. Dei manglar også ein kontrollplan.	Følgje opp kommunen i 2025 på manglar.

Forvaltningskontroller av kommunene, 20%

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i embetets ansvarsområde
20 %	3	23 %	10	43

Her har vi altså rekna med alle kommunane som inngår i eit interkommunalt landbrukskontor.

Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Vi viser til rapporten i tabellen nedanfor, og har merka oss at det er naudsynt med ei kontinuerleg oppfølging på kven som har tilgang til fagsystema.

Kontroll med tilgangene til Ldirs fagsystemer

Betegnelse på rapporteringskrav	Kortfattet beskrivelse
Hvordan gjennomføres periodisk kontroll/revisjon og hvilke risikovurderinger ligger bak?	Basert på dei erfaringane vi har med tilgangskontroll har vi lagt dette opp slik: Vi har ein kontinuerleg kontroll på tilgang basert på diverse info om at tilsette i ei kommune har slutta, utan at vi har fått formell beskjed om denne endringa. Då tek vi skriftleg kontakt med kommunen og ber om oppdatering. Vi har i tillegg ein systematisk kontroll kvar haust der vi sender e-post til alle kommunar/interkommunale kontor og ber om oppdatering på kven som skal ha tilgang til kva ordningar. Alle endringar blir førte inn i ei samla oversikt, og i tillegg journalført i arkivet.
Hvor ofte gjennomføres kontrollen?	Kontinuerleg når vi oppdagar endringar, pluss ein årleg sjekk til alle kommunar/LK.
Hvilke avvik er eventuelt avdekket?	Det er ganske vanleg at folk sluttar, eller får nye roller, utan at vi får beskjed med ein gong. Siste sjekk av alle kommunar/felles landbrukskontor no i haust, førte til retting for minst ein person i kvar tredje kommune/kontor.

Vi har ei tilbakemelding om sjølve systemet for tilgangskontroll: Det framstår som ganske tungt å bruke. Her er mange ulike tilgangskodar på grunn av fleire ordningar/fagsystem og ulike roller. Det burde ha vore ein funksjon i fagsystema der kommunen kan søke om endra rolle/tilgang, og for ein avgrensa periode.

Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)**Rapportere på**

Kommunene har rutiner som sikrer at grunnvilkåret om "vanlig jordbruksproduksjon" er oppfylt når vedtak om produksjons- og avløsertilskudd fattes.

Sjå rapport i tabellen nedanfor.

Vanlig jordbruksproduksjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har Statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene?	Vanleg jordbruksproduksjon er tema på webinar/samlingar og vi har laga notat med konkrete grenseverdier for ulike produksjonar, til hjelp i sakshandsaminga. Det er også tema i alle forvaltningskontrollar på produksjonstilskot.
Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Det er vanskeleg å måle effekten. Vi ser på kontrollane at mange kommunar burde ha forklart og grunnlagt betre kva vurderingar dei har gjort om bruket har "vanleg produksjon". Vi fører statistikk over reaksjonar og avslag på grunn av "ikkje vanleg jordbruksproduksjon", og vurderingane blir betre og det er fleire reaksjonar i den kommunale forvaltninga.

Oppfølging av saker om dyrevelferd og produksjons- og avløsertilskudd (fra kapittel 3.3.1.2.6.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bidrar til at kommunen har god kompetanse på, og oppfølging av, dyrevelferdssakene som oversendes fra Mattilsynet i tråd med rutinen for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen.

Vi har god dialog med Mattilsynet, og dei sender rapportar om alvorlege brot både til oss og den aktuelle kommunen. Vi følgjer særleg opp desse i sakshandsaminga, med avslag eller utsett utbetaling av tilskot i februar.

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi vurderer at befolkninga generelt sett får oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester. Vi meiner arbeidet vårt er vesentleg for å sikre dette, og vi er uroa for om den knappe ressursituasjonen vår kan påverke rettstryggleiken til innbyggjarane.

Vi ser ein trend der sakene blir meir komplekse og krev samhandling frå mange sektorar, som spesialisthelsetenesta, kommunehelsetenesta, barnevernet og Nav. Vi ser at felles og koordinert innsats framleis er vanskeleg. Dette gjeld særleg barn, ungdom og vaksne med samansette utfordringar.

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

Alle barn som bur på barnevernsinstitusjon får tilbud om samtale med oss i samband med tilsynsbesøk. Før tilsynet får barna brev med bilete av tilsynslaget og informasjon om at vi kjem og kva som er tema for tilsynet. Det går fram at barna kan snakke med oss om kva dei vil. Barn kan også ta kontakt med oss på telefon og tekstmelding. Vi legg til rette for å gjennomføre samtalar med barn på ettermiddag og kveld, og tar kontakt med barna i

etterkant av tilsyna om dei ikkje kan snakke med oss under tilsynet. Vi tilpassar korleis vi kontaktar barna ut frå informasjonen vi har før tilsynet. Om barna ønskjer å snakke med oss utanom tilsynsbesøka, legg vi til rette for dette.

Vi erfarer at fleire barn og unge tar kontakt med oss utanom tilsyna, ofte via nettstaden vår, på tekstmelding eller ved å ringe. Barna gir tilbakemeldingar om at dei veit korleis dei skal få tak i oss, og at dei opplever at vi følgjer opp om dei tar kontakt. Når barn kontaktar oss, har vi som mål at vi skal følgje opp så snart som mogeleg og seinast neste arbeidsdag.

I tillegg til samtalar med barn på institusjon har vi gjennomført samtalar med barn i hendingsbaserte tilsynssaker og i klagesaker. Barn får stort sett alltid tilbod om samtale med oss når dei tar kontakt, uavhengig av kva saka gjeld. Vi har samtalar med barn både på institusjonane, digitalt, på telefon og ved oppmøte i lokala våre.

I 2024 gjennomførte vi om lag 87 prosent av dei lovpålagde tilsyna på barnevernsinstitusjonar. For å kompensere for at barn ikkje møter oss på tilsynsbesøk, har vi tatt kontakt med institusjonane og med barn utanom tilsynsbesøka. Sjølv om vi har gjennomført færre tilsyn, har vi reist til institusjonar ved fleire høve når barn har tatt kontakt med oss utanom tilsynsbesøk.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Saksbehandling av tilsynssaker:

- Behandlingsmåte 1 (avslutning med veiledning) og 2 (oversendelse til virksomheten/helsepersonellet): 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- Behandlingsmåte 3 (virksomheten følge opp og rapporterer) og 4 (møte med virksomhet og pasient): 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- Behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

Vi følgjer retningslinjene til Helsetilsynet på det forenkla behandlingssporet (metode 1 og 2) og har sakshandsama fleire av sakene i dette sporet. Til grunn for dette ligg både vurderingar av kva som er føremålstenleg og ressursomsyn i seksjonen/avdelinga, jamfør prioriteringsbrevet 5. juli 2024. Det er derfor utfordrande å halde restansar og sakshandsamingstider nede. Vi har diverre eit etterslep av restansar.

Med bakgrunn i prioriteringane har vi vurdert særst strengt om vi skulle opne tilsyn etter metode 5. Dette har redusert talet på metode 5-saker frå 174 i 2023 til 87 i 2024. Samstundes har vi ein auke i metode 3-saker.

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingstype 1

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingstype 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	3 %	83 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingstype 2

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingstype 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	6 %	86 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingstype 3

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingstype 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	13 %	93 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingstype 4

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingstype 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-35 %	45 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingstype 5

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingstype 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	-48 %	32 %

Saksbehandlingstid for tilsynssaker AID (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker innen sosiale tjenester behandlet etter ny behandlingstype 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 5 måneder eller mindre

Vi har ikkje handsama tilsynssaker etter ny behandlingstype 5.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %		

Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pasient- og brukerrettighetsloven § 2-6): Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Vi handsama 403 klager om rett til nødvendig helsehjelp i 2024. Vi registrerer nær ei dobling av desse klagenes frå 2023. Desse sakene har høg prioritet hos oss, jamfør prioriteringsbrevet 5. juli 2024. Vi har likevel dessverre ikkje nådd målet. Vi risikovurderer og prioriterer saker der ein uavklart situasjon kan vere særleg vanskeleg for klagaren.

Saksbehandlingstid - avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): minst 90% innen 3 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	7 %	97 %
Helse/omsorg	90 %	-19 %	71 %

Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)**Rapportere på**

Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2024 handsama vi 328 vedtak om bruk av tvang og makt mot 306 personar. 77 prosent av vedtaka vart overprøvde innan tre månader etter at vi fekk saka frå kommunen. Den første kontrollen av vedtaket startar med det same vi får det, og vi etterspør eventuelle manglande opplysingar frå kommunen eller spesialisthelsetenesta. Overprøvinga vår tar til når vi har fått dei nødvendige opplysingane.

Vi ser at fleire faktorar medverkar til at saker tar over tre månader å overprøve. På bakgrunn av ein krevjande ressursituasjon og auka saksmengd, har det vore nødvendig å prioritere og balansere oppgåvene på fleire område, mellom anna innanfor arbeidet med vedtak om bruk av tvang og makt. Vidare må vi i fleire saker etterspørre nødvendige opplysingar for å kunne overprøve vedtaka, til dømes konkrete skildringar av tvangsbruk, utvida verjefullmakt, søknad om dispensasjon frå utdanningskrav og uttale frå spesialisthelsetenesta. Det kan ta fleire veker eller månader før dette er på plass.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	-13 %	77 %

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

Barn som bur på barneverninstitusjonar skal ikkje bli utsette for systematisk tvang, avgrensingar, krenkingar eller andre ulovlege inngrep under opphaldet. Vi har hatt søkjelys på førebygging av tvang og dokumentasjon av tvang mot barn på barneverninstitusjonar over fleire år, men er uroa over utviklinga. Barn på institusjonane blir yngre, dei har meir komplekse utfordringar, det skjer fleire alvorlege hendingar og barna blir utsett for vesentleg meir tvang enn tidlegare.

I 2024 avgjorde vi 54 klager som gjaldt 69 vedtak om tvang etter barnevernslova kapittel 10. Det er eit krav at 90 prosent av klagenes på bruk av tvang i barneverninstitusjonar og omsorgssentre skal avsluttast innan ein måned. I 2024 vart 88 prosent av klagenes handsama innan fristen på ein måned. Median sakshandsamingstid var 0,7 månader. Barn fekk medhald i 15 prosent av klagenes. I 2023 avgjorde vi 51 klager som gjaldt 62 vedtak om tvang etter barnevernslova kapittel 10. Alle klagenes vart avslutta innan fristen på ein måned, og median sakshandsamingstid var 0,6 månader. Til saman fekk barn medhald i 14 prosent av klagenes i 2023.

Sjølv om talet klager på tvang ikkje har auka, blir barn utsette for meir tvang under opphald på barneverninstitusjonar samanlikna med føregåande år. Tvang mot barn auka frå 1569 avgjerder om tvang i 2023 til 2134 avgjerder om tvang mot til saman 152 barn i 2024. Dette er ein auke på om lag 36 prosent. Auken av tvang i akutte faresituasjonar var på om lag 30 prosent, frå 152 vedtak i 2023 til 197 vedtak i 2024. I 2024 fekk vi 187 avgjerder om innskrenkingar i bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel og beslag, mot 85 avgjerder i 2023.

Vurdering

Vår vurdering er at auken i tvang mot barn ikkje er eit resultat av at fleire barn blir utsette for tvang under opphald på barneverninstitusjon, men at det blir

brukt meir tvang mot enskilde barn enn tidlegare år. Det er heller ikkje grunnlag for å seie at institusjonane protokollerer tvang vesentleg annleis enn tidlegare år. Vår oppfølging av barnevernsinstitusjonane viser at forebygging, gjennomføring, evaluering og dokumentasjon av tvang er lik som tidlegare år. Vi meiner meir bruk av tvang er ein konsekvens av at barn på institusjon har meir komplekse vanskar enn tidlegare, og at institusjonane ikkje har nødvendige rammer og/eller kompetanse til å vareta barna. Døme på dette er barn med omfattande helseutfordringar, og barn som er i kontakt med kriminelle miljø. Vi ser også, gjennom våre tilsyn og vår løpande oppfølging av institusjonane, at barn framleis blir utsette for tvang og avgresningar som ikkje blir protokollert, men som vi får vite om gjennom samtalar med barn eller gjennomgang av journalføring hos institusjonen. Vi følgjer dette opp gjennom tilsyn med barnevernsinstitusjonane og i dialogen vår med Bufetat.

Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	- 2 %	88 %

Resultatmål - stedlig tilsyn tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal ha oversikt over alle brukere med vedtak om tvang, og skal utarbeide en plan for gjennomføring av de lovpålagte stedlige tilsynene for den enkelte bruker. Med utgangspunkt i denne planen skal stedlig tilsyn etter overprøvde og godkjente vedtak om bruk av tvang og makt prioriteres ut fra tvangsbrukens omfang og mulige konsekvenser for den enkelte bruker.

I 2024 har vi gjennomført 38 stadlege tilsyn med bruk av tvang og makt. Vi gjennomfører tilsyn etter ei risikovurdering, og prioriterer særleg inngripande tiltak, tvang mot personar under 18 år og nye vedtak. Vi utarbeider halvårlege planar for stadlege tilsyn, på bakgrunn av ei intern oversikt over nye vedtak og vedtak med endringar, i tillegg til ei oversikt over personar eller kommunar der det er risiko knytt til tvangsbruken.

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.5.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 340 poeng

Vi har gjennomført fleire tilsyn enn i 2023. Vi har likevel ikkje klart å oppfylle kravet.

Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
340	- 128	212

Vi viser til prioriteringsbrevet og meiner vi har klart å gjennomføre mange tilsyn ut frå ressursituasjonen i avdelinga.

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.6.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 80 poeng

I tråd med prioriteringsbrevet vårt frå 5. juli 2024, har vi ikkje gjennomført stadlege planlagde tilsyn på spesialisthelseområdet.

Spesialisthelseseksjonen har hatt ei særskilt omfattande oppfølging av ei tilsynssak med Helse Bergen/Kvinneklubben og gynekologisk kreft.

Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
80	- 80	0

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.7.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 115 poeng

Vi gjennomførte seks landsomfattande tilsyn med ansvaret Nav-kontora har for å tilby tenesta økonomisk rådgiving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Vi undersøkte om Nav-kontoret

- gjer tenesta økonomisk rådgiving tilgjengeleg
- gjer skriftleg vedtak om tenesta og startar opp tenesta til rett tid
- sørgjer for ei forsvarleg oppfølging av brukarar som får økonomisk rådgiving.

Vi avdekte lovbrøt på dei undersøkte områda i fem av tenestene og gav pålegg om retting.

Oppsummert omhandlar lovbrota om følgjande:

- Moglege behov for økonomisk rådgiving blir ikkje alltid identifisert og følgt opp, og brukarar får ikkje alltid tilpassa informasjon ut frå føresetnader og behov. Dermed er dei ikkje i stand til å søkje om og ta imot tenesta. I tillegg blir ikkje alltid munnlege søknader nedteikna og følgt opp.
- Det blir ikkje alltid gjort vedtak i saker der brukaren ønskjer økonomisk rådgiving. Vedtak blir ikkje gjort raskt nok, og innhald ikkje grunngeving for val av oppstartsdato. Oppstarten er ikkje alltid basert på behovet til brukaren og i kva grad saka hastar.
- Det blir ikkje alltid tilbydd enklare økonomisk rådgiving til brukarar som kan ha behov for det. Rettleiingsarbeidet er ikkje alltid forsvarleg dokumentert

Fem av tilsyna er avslutta etter at kommunen retta lovbrota og skriv at dei framover vil sikre at praksisen følgjer lovkrava på området. Eitt tilsyn er ikkje avslutta.

Vi har også følgt opp og avslutta tidlegare tilsyn og har hatt tilsynsaktivitetar totalt tilsvarande 128 poeng.

Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
115	13	128

Vi har registrert 128 poeng i Nestor og har ikkje differanse slik tabellen viser.

3.1.3.4 Andre oppdrag

Punkt 3.1.3.4.1 i tildelingsbrevet

Vi er kjende med rettleiaren frå KDD, og har i 2023 diskutert internkontrollregelen i kommunelova paragraf 25-1 i den interne tilsynsgruppa vår. Vi har vurdert korleis vi kan få ein forsvarleg og mest mogleg lik praksis for tilsyn med internkontrollen kommunane har.

3.1.3.5 En effektiv og velfungerende verjemålsforvaltning

I 2024 såg vi ein auke i tal saker på fleire saksfelt. Den auka saksmengda, kombinert med færre ressursar enn i 2023, førte til ein pressa ressursituasjon på verjemålsfeltet.

Spesielt utfordrande har det vore innan oppretting av verjemål for vaksne, der vi starta året med høge restansar. I januar 2024 styrte vi derfor det meste av verjemålsressursane mot denne sakstypen. Tiltaket gav gode resultat første del av året, og i perioden februar-mai låg vi over målkravet om at 80 prosent av sakene skal vere handsama innan 90 dagar. Vi hadde færre ressursar andre halvdel av året, som følgje av budsjettituasjonen og sjukemeldingar, og restansane heldt fram med å auke. Då vi ikkje lenger klarte å handsame sakene i same tempo som dei kom inn, vart det naudsynt å gjere harde prioriteringar for å frigjere ressursar til denne sakstypen.

Det mest omfattande tiltaket var valet om å ikkje gjennomføre verjerekneskapskontroll i 2024. Den årlege verjerekneskapskontrollen er ei oppgåve som tar svært mykje tid, vurdert opp mot dei eventuelle fordelane kontrollen har for verjehavaren. Vi erfarer at det ikkje er gjennom den årlege verjerekneskapskontrollen vi avdekkjer dei mest alvorlege avvika. Vi finn i hovudsak mindre feil, som vi ofte oppklarar gjennom dialog med verjene og som ikkje fører til vidare oppfølging eller tilsyn. Det er uansett mogleg å kontrollere verjerekneskapa ved behov, til dømes i tilsynssaker.

Å ikkje gjennomføre verjerekneskapskontrollen frigjorde mykje ressursar som vi kunne omfordele til løpande og heilt grunnleggjande oppgåver på økonomifeltet. Vi fekk på denne måten indirekte fleire ressursar til oppretting av verjemål, samstundes som vi fekk redusert restansane på andre sentrale saksfelt. Tiltaket gjorde også at sommarvikarar, som tidlegare år har jobba med å kontrollere verjerekneskap, kunne gjere andre sakshandsamingsoppgåver.

Som kompensierende tiltak for at vi ikkje fekk gjennomført verjerekneskapskontrollen, har vi tatt stikkprøvar av verjerekneskap for 2023 når vi handsamar søknader om bruk av kapital og verjegotgjering. Vi går også gjennom tidlegare verjerekneskap i aktuelle tilsynssaker. Når vi mottar økonomisk status i nye verjemål, undersøker vi grundig om verjehavaren har midlar som skal forvaltast av Statsforvaltaren. Vi har også publisert nettsaker om innlevering av verjerekneskap og dei vanlegaste avvika. Samla sett meiner vi at desse tiltaka bidrar til at mange av dei største økonomiske avvika blir oppdaga og følgde opp.

For å sikre mest mogleg ressursar til ordinær sakshandsaming har vi i 2024 også takka nei til å dei fleste førespurnader om å halde innlegg om verjemål og framtidfullmakt, og vi har kutta i tal telefonliner. Vi finn det svært uheldig at vi ikkje kan drive meir utoverretta informasjonsverksemd, særleg om framtidfullmakt, og at vi er mindre tilgjengeleg for publikum og verjer som treng rettleiing om verjemålsordninga. Tiltaka har likevel vore heilt naudsynte med den ressursituasjonen vi har hatt i 2024.

Vi får også mange skriftlege førespurnader med generelle spørsmål frå publikum, og det tar mykje tid og ressursar å handsame desse. Publikum har openbert behov og forventningar om at verjemålsforvaltninga i større grad skal vere tilgjengeleg, og mange ønskjer meir rettleiing og dialog enn vi kan tilby. I mange tilfelle må vi vise publikum vidare til andre instansar som riktig mottakar for førespurnadene. Vi ser eit tydeleg behov for å avklare overfor publikum kva vi kan bistå med, og i kva tilfelle verjer/publikum må kontakte andre instansar for rettleiing.

Vi opplever elles at det kan ta lang tid å få faglege avklaringar frå SRF, både for generelle spørsmål og spørsmål av meir prinsipiell betydning. Når slike avklaringar tar tid påverkar det også sakshandsaminga vår.

Vi ser at det nye økonomisystemet NØK vil føre til ei mer effektiv kapitalforvaltning, men det er framleis betydeleg med feil i systemet. Desse må følgjast opp med dei ulike bankane og SRF.

Vi jobbar kontinuerleg med interne rutinar på alle saksfelt for å effektivisere og optimalisere sakshandsaminga vår, men det vil ta tid å finne gode måtar å løyse dei ulike oppgåvene på med færre ressursar. Vi er uroa for at saksmengda vil fortsette å auke og at vi då ikkje vil ha ressursar til å kunne rettleie publikum, følgje opp verjer i tilstrekkeleg grad eller drive utoverretta verksemd. Det er også sannsynleg at vi ikkje vil kunne gjennomføre kontroll av verjerekneskap i det sentrale uttrekket i 2025. Vi tar likevel sikte på å kontrollere verjerekneskap i saker vi melder inn til kontroll.

I 2025 vil vi i endå større grad prioritere sakstypen *oppretting av verjemål for vaksne*. For å sikre tilstrekkeleg ressursar arbeider vi med å endre oppgåvefordelinga, slik at fleire sakshandsamarar er involverte i denne sakstypen. Vi forventar at dette vil bety lenger sakshandsamingstid for andre sakstypar.

Opprett vergemål for vaksne (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett vergemål for vaksne – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 90 dager.

I første tertial 2024 hadde vi ei måloppnåing på 84 prosent, i andre tertial 65 prosent og i tredje tertial 54 prosent.

Som følgje av færre ressursar på verjemålsområdet klarte vi ikkje å nå målkravet gjennom heile året, og den samla måloppnåinga for 2024 vart 71 prosent.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
71 %	80 %	- 9 %

Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi har arbeidd kontinuerleg for å handsame klagesaker innan fristen, men har ikkje hatt tilstrekkelege ressursar for å nå målkravet på 80 prosent gjennom heile året.

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen Statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
68 %	80 %	- 12 %

Vi har arbeidd kontinuerleg for å handsame klagesaker innan fristen, men har ikkje hatt tilstrekkelege ressursar for å nå målkravet på 80 prosent gjennom heile året.

Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi har ikkje gjennomført kontroll av verjerekneskap i det sentrale uttrekket i 2024, ref. vårt brev til Statens sivilrettsforvaltning 30. mai 2024. Årsaka er at vi ikkje har klart å løyse alle oppgåvene på verjemålsfeltet med dei ressursane vi vart tildelt for 2024.

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen

Resultat	Resultatmål	Differanse
0 %	100 %	- 100 %

3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje

Vi har lagt vekt på viljen, behova og sjøvråderetten til verjehavaren gjennom heile sakshandsaminga. Ved oppretting av verjemål for vaksne gjennomfører vi alltid samtale med personen det er søkt om verjemål for, så langt det er mogleg.

Vi legg stor vekt på viljen og sjøvråderetten til verjehavaren også i andre sakstypar. I samtykkesaker stiller vi klare krav til verjene om at verjehavaren skal høyrast, og vi innhentar meir dokumentasjon eller avslår søknader når det ikkje tydeleg går fram om verjehavaren er høyrst.

Vi startar tilsyn med verja i saker der vi får informasjon som tyder på at viljen og sjøvråderetten til verjehavaren ikkje er varetatt.

Dette er også sentrale tema når vi lærer opp og rettleier verjer, og overfor publikum gjennom telefonsamtaler, brev og vedtak.

Vi ser likevel framleis eit behov for å få ut meir informasjon om denne tematikken, då vi ofte opplever at publikum misforstår sider ved verjemål og frivilligheit. Det er krevjande for oss som enkeltembete å nå ut med tilstrekkeleg informasjon om dette.

Vergers kompetanse (fra kapittel 3.3.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett. Alle verger har fått tilbud om god opplæring og flere verger har gjennomført e-læringskurs.

Vi legg vekt på sjølvråderetten til verjehavaren i all kommunikasjon vi har med oppnemnde verjer, både gjennom vedtak/brev, informasjon på nettstaden og telefonsamtalar. I tillegg er dette eit gjennomgåande tema i tilsynssaker.

Alle nye verjer skal gjennomføre eit introduksjonskurs. Som følge av ressursituasjonen har vi dessverre ikkje kapasitet til å følge opp at verjene gjennomfører kursa.

Nye faste verjer må gjennom intervju og opplæring, og skal ha oppfølgingssamtale ei stund etter at dei har starta som verje. Rolleforståing, sjølvråderett og frivilligheit er alltid sentrale tema.

I 2024 har vi også gjennomført individuelle samtalar med nesten alle faste verjer i Vestland, der mellom anna rolleforståing vart eit naturleg tema.

Avslutning av vergemål (fra kapittel 3.3.2.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Saker hvor vergehavere ikke lenger ønsket verge er avsluttet raskt.

Vi har god oversikt over saker der verjehavaren ber om å få oppheva verjemålet, og handsamar desse fortløpande. I desse sakene varslar vi om ei sakshandsamingstid på inntil åtte veker, for å sikre tilstrekkeleg tid til å innhente nødvendig dokumentasjon og kartlegge den reelle viljen til verjehavaren.

Den faktiske sakshandsamingstida er ofte kortare enn åtte veker. PowerBI viser at sakshandsamingstida i første halvdel av 2024 var på om lag 40 dagar (for alle typar "avslutt sak"). Vi har ikkje konkrete tal for andre halvdel 2024, då desse ikkje viser i PowerBI.

Midlertidig vedtak om fratakelse av rettslig handleevne (fra kapittel 3.3.2.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Vedtak om midlertidig fratakelse av rettslig handleevne er straks bragt inn for tingretten.

I 2024 har vi hatt 31 saker om fråtaking av rettsleg handleevne til vurdering. Vi har tatt sju mellombels avgjerder, og fått dom i 15 saker (tingretten).

Vi har eit internt mål om at alle mellombelse avgjerder om fråtaking av rettsleg handleevne skal vere sende til tingretten innan 14 dagar. Det har vi klart i alle saker, med eitt unntak.

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Utgangspunkt for prioriteringar

Vi får kunnskap om sektoren og regelverksetterlevinga gjennom klagesakshandsaming, kontakt med elevar og foreldre, tilsyn og i ulike møte. Vi erfarer at kommunane forstår og praktiserer regelverket ulikt.

Gjennom klagesaker vi får til handsaming frå skulesektoren, ser vi at ikkje alle kommunane har oppdatert kunnskap om regelverket. Det er til dømes nokre som viser til gammalt regelverk, og andre som ikkje har oppfatta endringar som har betydning for sakshandsaminga. Tredeling av individuell tilrettelegging er eit område der sakshandsaminga i kommunane ikkje alltid er i samsvar med nytt regelverk. Dette får vi også stadfesta gjennom meldingar og samtalar med foreldre.

Vi handsamar fleire klagesaker og meldingar frå foreldre i skular enn i barnehagar. Derfor har vi samla sett eit meir avgrensa kunnskapsgrunnlag om regelverksforståinga hos barnehageeigarar og barnehagemyndigheita enn vi har på skuleområdet. På bakgrunn av kontakt med føresette og ut frå spørsmål barnehagemyndigheita sjølv stiller, finn vi likevel grunn til å vere uroa over mange kommunar si forståing av reglane i barnehagelova. Vi ser ikkje minst at det framleis er mykje forvirring rundt rolla som eigar og myndigheit. Det varierer i kva grad kommunane har skilt eigar- og myndigheitsrolla. Vi har og erfart at kommunar har laga eit skilje på organisasjonskartet, men at dette ikkje blir etterlevd i praksis.

I 2024 var fleire kommunar i fylket prega av utgreiingar og avgjerder om endra skulestruktur og nedlegging/samanslåing av barnehagar. Vi har fått mange meldingar frå foreldre som har meiningar om dette, og vi har handsama lovlegkontrollar på området.

Tiltak

Vi følgjer opp dei kommunane vi ser har mangelfull forståing og dei områda der det er størst risiko. Vi nyttar tilgjengelege verkemiddel, som tilsyn, rettleiing og informasjonen vi får gjennom klagesaker.

Innføring av ny opplæringslov har gjort at vi har hatt mykje merksemd på regelverket for skule i 2024, med utstrekkt rettleiing på fleire nivå. Det har vore spesielt viktig å rettleie skuleeigarane om endringane i lova, med tanke på at dei er ansvarlege for å utarbeide naudsynte forskrifter og oppdaterte malar, i tillegg til å rettleie i eigen kommune.

På bakgrunn av kunnskapen vi har om barnehagemyndigheita, arrangerte vi to samlingar for barnehagemyndigheita med reglane i barnehagelova som tema. Vi la spesielt vekt på myndighetsrolla, og kva ho inneber. Vi har også hatt fleire tilsyn med barnehagemyndigheita.

Vurdering av effekt

Vi vurderer at rettleiing om regelverket har effekt, både på skule- og barnehageområdet. Likevel er det nødvendig med stor rettleiingsaktivitet også i 2025. Sidan vi opplever at det er store variasjonar på regelverksforståing og forvaltningskompetanse mellom kommunane, vil vi no i større grad spisse rettleiinga mot enkeltkommunar der vi vurderer at risikoen for lovbrøt er høg.

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barneha (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barnehagemyndigheter, barnehageeier og skoleeier.

Vurderingar i bruk av verkemiddel

Korleis tilsyns- og rettleiingsaktiviteten skal innrettast, blir hovudsakleg bestemt i verksemdsplanlegginga i desember kvart år. Vi brukar kunnskapen vår om regelverksetterleving i sektoren og erfaringa vi har med bruk av dei ulike verkemidla i dette arbeidet.

I 2024 fann vi det naudsynt å auke rettleiingsaktiviteten. Årsaka er den nye opplæringslova som tredde i kraft 1. august 2024. Vi bestemte oss derfor for å gjennomføre rettleiingssamlingar om den nye lova til alle kommunane, først ein runde våren 2024, deretter ein ny runde hausten 2024. I tillegg har vi hatt ti webinarssamlingar og to samlingar for barnehagemyndigheita om barnehagelova. Vi trur rettleiing er viktig for å få til større grad av regelverksetterleving, fordi vi har høve til å nå ut til eit breitt publikum. Vi vel derfor ofte rettleiing når vi trur at mange kommunar ikkje har ein praksis i tråd med regelverket. I 2024 har vi også i stor grad brukt rettleiing når vi har fått bekymringsmeldingar. Ofte ber vi kommunen gjere greie for korleis dei vurderer praksisen på området bekymringa handlar om, før vi gjennomfører eit rettleiingsmøte med dei.

Sjølv om vi har auka rettleiingsaktiviteten vår i 2024, har vi klart å oppretthalde tilsynsaktiviteten vår. Vi lagar alltid ein tilsynsplan for eitt år av gongen. Tema og tilsynsobjekt blir valt ut på bakgrunn av ein risikovurdering. Vi vurderer alltid om vi skal nytte tilsyn eller rettleiing som verkemiddel når vi oppdagar risiko gjennom året. Vi har ofte valt rettleiing, men vi har også valt tilsyn ved fleire høve i 2024. Tilsyn blir valt i dei tilfella det i utgangspunktet ikkje er kunnskapen om regelverket i kommunen som er utfordringa, men praksisen.

Endring av praksis

Vi har gode erfaringar med rettleiing som verkemiddel. I etterkant av rettleiingssamlingane vi hadde med kommunane hausten 2024, bad vi om tilbagemelding frå kommunane. Det store fleirtalet av kommunane gav tilbagemelding om at dette var nyttig for å sikre at praksisen deira var i tråd med regelverket. Vi ser også at å invitere enkeltkommunar til rettleiingsmøte på bakgrunn av enkeltsaker er ein metode som gir rask endring av praksis i kommunen.

Vi meiner samstundes at tilsyn er eit godt verkemiddel. Tilsynsrapportar gir kommunane eit godt grunnlag for å vurdere eigen praksis, og gir oss i større grad ei «forsikring» om at praksisen blir endra. Vi meiner derfor det er rett å oppretthalde tilsynsaktiviteten på eit høgt nivå. Vi er nøgde med at vi har klart å auke bruken av begge verkemidla i 2024.

Vi meiner vi har ein god balanse mellom dei ulike verkemidla og vurderer både i verksemdsplanlegginga og gjennom året kva slags verkemiddel som er best eigna for å sikre regelverksetterleving i sektoren. Samla sett meiner vi at vi vel rett verkemiddel til rett tid, avhengig av situasjonen til den enkelte kommunen og risikoforholda i sektoren.

Valg av tilsynsaktiviteter (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal velge de tilsynsaktivitetene som er best egnet til å gjenopprette etterlevelse av regelverket på en rask og effektiv måte. Statsforvalteren kan gi veiledning istedenfor å føre tilsyn, der det vurderes som best egnet virkemiddel.

Risikobiletet ved starten av året

Ved inngangen til 2024 hadde vi planlagt 38 tilsyn. Vi sørget også for å ha tilstrekkelege ressursar tilgjengelege for å kunne setje i verk tilsynsaktivitetar utanom oppsett tilsynsplan dersom vi fekk informasjon om risiko for brot på regelverket.

Vi vurderte risikoen for regelverksbrot som høg på fleire område, særleg innanfor skule- og barnehagemiljø, spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagd opplæring. Dei planlagde tilsyna vart retta dit vi meinte risikoen var størst. Tilsynsaktivitetane gjennom året har tatt utgangspunkt i konkret oppdaga risiko.

Bruk av tilsynsaktivitetar eller rettleiing

Vi har gjennomført fleire tilsynsaktivitetar i 2024 utanom oppsett tilsynsplan, totalt ni stykk. Dette gjeld hovudsakleg tilfelle der vi har fått kjennskap til konkret risiko, anten gjennom meldingar frå innbyggjarar eller gjennom medieovervaking.

Vi vurderer kvar enkelt risiko vi får kjennskap til. I dei tilfella vi meiner det er grunn til å tru at risikoen for regelverksbrot er høg, pålegg vi kommunen eller fylkeskommunen å gjere greie for forholdet. Avhengig av kva slags informasjon vi får frå kommunen eller fylkeskommunen, tar vi avgjerd om korleis vi skal følgje opp. I 2024 har vi i dei fleste tilfella valt å rettleie kommunen, etter at dei har gjort greie for dei faktiske forholda. Vi har og gitt pålegg om retting og avslutta tilsynsaktiviteten etter forklaringar frå kommunen eller fylkeskommunen.

Risikobiletet ved slutten av året

Vi meiner risikoen for regelverksbrot er redusert på dei områda og i dei kommunane der vi har hatt tilsyn eller rettleia. Vi vurderer likevel at det framleis er generelt høg risiko for regelverksbrot både i skule- og barnehagesektoren. Vi har gjennom året registrert all risiko vi har fått kjennskap til og brukt ulike tilsynsaktivitetar for å bøte på dei tilfella der vi har vurdert risikoen som størst. Vi har brukt den attverande risikoen som grunnlag for val av tema og objekt for planlagde tilsyn i 2025.

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skolene har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø.

Utgangspunktet for prioriteringar

I 2024 erfarte vi at den store auken i saker som vi hadde sett i 2023, avtok. Sjølv om dette likevel er året med det nest høgste talet saker sidan handhevingsordninga vart innført, har vi i større grad enn tidlegare kunna prioritere rettleiing. Det er truleg fleire grunnar til dette:

- I 2024 vart vi styrkte med to nye medarbeidarar på området, og det ser vi effekt av.
- Vi erfarer at nytt regelverk om kva vi skal ta stilling til som handhevingsmyndigheit gir gevinst i form av kortare sakshandsamingstid.
- Etter ny opplæringslov er det langt fleire vedtak der vi konkluderer med at aktivitetsplikta er oppfylt. Det gir meir kapasitet til rettleiing.
- Det er færre innmelde saker i 2024 enn i 2023.

Tiltak

Vi har rettleia om endringar i regelverket etter innføringa av ny opplæringslov, men og generelt om aktivitetsplikta og kva plikter skulen har etter regelverket for psykososialt miljø.

Vi har laga fire rettleiingsvideoar om skulemiljø og aktivitetsplikta, som ligg på nettstaden vår. Føremålet er at dei skal vere lett tilgjengelege, og at dei skal kunne nyttast både som kompetanseheving for den enkelte og som utgangspunkt for diskusjon i personalgrupper. Vi sende også brev til alle regionane om at vi var tilgjengelege som bidragsytarar på regionale samlingar, og at vi i stor grad kunne tilpasse oss lokale opplegg og behov. Vi erfarte at regionane ønskte å samle barnehagesektoren og skulesektoren då vi snakka om regelverket for psykososialt miljø.

I tillegg har vi i 2024 hatt to samlingar for Vestland fylkeskommune og tilsette i dei vidaregåande skulane der skulemiljø var tema.

Vurdering av effekt

I årsrapporten for 2023 skreiv vi at vi vurderte det som urovekkande at vi måtte nedprioritere rettleiing, fordi vi meinte at god lokal regelverksforståing vil kunne bidra til at fleire skulemiljø saker vart løyst på skulenivå. Vi har i større grad kunne prioritere rettleiing i 2024, og har derfor møtt store delar av skulesektoren i fylket.

Vi har gjennom åra hatt forholdsvis få saker frå vidaregåande opplæring, og har derfor hatt mindre kunnskap om regelverksforståinga der enn i grunnskulen. Det har vore svært nyttig å møte skuleleiarar på dei to samlingane vi har hatt for fylkeskommunen. Vi får meir kunnskap om kva som er aktuelle problemstillingar for denne elevgruppa, og fylkeskommunen får betre forståing for regelverket.

Tal saker som blir meldt til oss har gått ned frå 2023, og tal saker der vi konkluderer med oppfylt aktivitetsplikt har gått opp. Dette gjeld først og fremst for tida etter nytt regelverk, men har og vore ei utvikling dei siste åra.

At aktivitetsplikta er oppfylt i fleire saker kan ha mange forklaringar, til dømes at handhevingsmyndigheita no skal vurdere færre plikter, og at det derfor blir lettare for skulane å oppfylle regelverket. Likevel meiner vi at nedgang i tal saker, kombinert med at aktivitetsplikta er oppfylt i fleire saker, kan tale for at

regelverksforståinga er vorten betre på skulane i Vestland.

Vi var opplevd stor aktivitet og interesse på dei samlingane vi har hatt, og vi har fått avklart mange sentrale spørsmål frå sektoren. Det er derfor grunn til å tru at dette kan ha bidrege til at skular og skuleeigarar no har betre forståing av regelverket og aktivitetsplikta.

Vi har og fått tilbakemeldingar frå skular som seier dei har hatt god nytte av videoane på nettstaden vår, og at dei har vore gode utgangspunkt for diskusjon i personalgruppa.

Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barnehageeier og de som arbeider i barnehagen har kompetanse på hva som gir et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Utgangspunktet for prioriteringane

I årsrapporten for 2023 skreiv vi at vi var uroa for om føresette finn ut korleis dei kan melde frå til barnehagemyndigheita dersom dei opplever at barnehagane ikkje tar meldingar om manglande trygt og godt barnehagemiljø på alvor. Mange nettstader mangla informasjon om kor og korleis ein kan melde frå.

Det var og mange regionar som ønskte å få ei samla rettleiing om psykosialt miljø for barnehage og skule i 2024.

Tiltak

I 2024 har vi rettleia på fleire samlingar der barnehagemyndigheit, skuleeigar, styrarar og rektorar var samla. Tema var barnehage- og skulemiljø. Vi la her vekt på at aktivitetsplikta etter barnehagelova og opplæringslova er tilnærma lik, og at fleire problemstillingar derfor vil vere like. Samstundes er det viktig å kjenne til kva som er ulikt. Det gjeld kanskje særleg rolla barnehagemyndigheita har etter dette regelverket.

I år har vi brukt alle møtepunkt vi har med barnehagemyndigheita til å påpeike dette, og oppmoda dei om å gjere det tydelegare for føresette kva rolle dei har og korleis dei kan ta kontakt.

Vi har hatt to samlingar for kommunane der rolla som barnehagemyndigheit var tema.

Vurdering av effekt

Etter å ha rettleia barnehagesektoren om regelverket for trygt og godt barnehagemiljø i 2022 og 2023, meiner vi at det er nyttig å møte barnehage- og skulesektoren saman. Vår erfaring er at skulane i liten grad er kjende med barnehagereguleringa, og omvendt. Vi har opplevd at dei ved rettleiing har vortne medvitne på at dei har mange like problemstillingar. Det blir ofte gode diskusjonar på tvers av dei to sektorane når dei møtest på samlingar. Kommunane kan ha nytte av lik praksis i skule og barnehage på dette området, og felles regelverksforståing kan gjere det lettare å samarbeide i overgangar.

Etter å ha oppmoda kommunane til å dele meir informasjon om barnehagemyndigheita på nettstaden, ser vi ei viss forbetring. Vi er likevel uroa for kor godt informerte foreldre er om framgangsmåten for å melde frå om eit utrygt barnehagemiljø. Vi vil derfor halde fram med å ha dette som tema når vi møter kommunane.

Vi er usikre på kor medvitne kommunane er på myndighetsrolla også på dette området, og korleis dei skil mellom rolla som eigar og myndigheit. Eit bevisst skilje mellom eigar og myndigheit er avgjerande for at barn i både kommunale og private barnehagar skal vere sikra uavhengig handsaming av saker om barnehagemiljø. Dette var tema på dei to samlingane vi hadde for barnehagemyndigheita. Vi meiner at god forståing og praksis på dette området vil bidra til å sikre rettar innan barnehagemiljø.

Vi har fått få meldingar frå sektoren og foreldre om trygt og godt barnehagemiljø i 2024, og ingen klagesaker etter kommunale tilsyn med dette temaet. Dette kan tyde på at kompetansen om trygt og godt psykososialt barnehagemiljø er god, og at den omfattande rettleiingsaktiviteten vi har hatt dei siste to åra har hatt effekt.

Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Status

I 2024 hadde vi nedgang i tal melde saker, og frå 1. august kom det nye regelverket der vi berre skal ta stilling til tiltaksplikta i vedtaka våre. Vi vurderer at dette vil verke positivt inn på sakshandsamingstida på området og meiner det er realistisk å forvente kortare sakshandsamingstid i 2024. Etter at vi starta sakshandsaming etter nytt regelverk, har vi hatt som mål å gjere vedtak innan to veker etter at dokumentasjonen er komen inn.

Tiltak

Vi har hausten 2024 innført ein rutine om at sakshandsamaren skal melde frå dersom hen ikkje kan handsame saka innan to veker etter at dokumentasjonen har kome inn. I dei tilfella blir saka overført til ein anna sakshandsamar med ledig kapasitet. På den måten legg vi til rette for at det skal bli gjort vedtak i sakene innan to veker.

Denne rutinen kjem i tillegg til det kontinuerlege arbeidet vi har for at medarbeidarane våre skal ha høg kompetanse og naudsynt rom for løpande interntrettleiing i dei spørsmåla som krev det.

Vurdering av effekt

Etter 1. august har vi hatt tydeleg kortare sakshandsamingstid enn i 2023. Då var snittet 40 dagar frå vi fekk dokumentasjonen til vi gjorde vedtak. Etter 1. august 2024 er snittet redusert til 18 dagar.

I 2025 skal fleire medarbeidarar i gruppa ut i foreldrepermisjon, og det er planlagt stor tilsynsaktivitet på skulemiljøområdet. Men med tanke på at vi i år har gjennomført utstrekkt rettleiing mot sektoren, og at intern opplæring og tilpassing til nytt regelverk har tatt mykje tid, meiner vi at det skal vere mogleg å halde denne sakshandsamingstida framover, dersom saksmengda held seg nokolunde stabil.

Arbeide systematisk for å behandle skulemiljøsaker (fra kapittel 3.3.3.1.3.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å behandle skulemiljøsaker innen rimelig tid.

Utgangspunkt for prioriteringar

I 2023 arbeidde vi målretta med å få på plass system som kunne vere til hjelp for å korte ned sakshandsamingstida. Mange av desse tiltaka har vi vidareført. For å førebu ny opplæringslov har vi i år arbeidd endå meir systematisk med felles regelverksforståing og -praktisering internt. Det betyr at vi har prioritert ulike møte der eiga organisering og praksis som handhevingsmyndigheit etter gjeldande opplæringslov er tema.

Tiltak

- Vi rettleiar rektor ved oppstart av saker, for å få raskare oppfyljing av aktivitetsplikta.
- Godkjenningsansvar er fordelt på fleire, slik at det ikkje gir forseinkingar.
- Vi har telefonvaktordning for å skjerme sakshandsamarane, og for å tilpasse oss aktivitetsbaserte lokale.
- Vi har fomya alle malar og sikra at dei er oppdaterte med omsyn til ny opplæringslov.
- Vi arbeider kontinuerleg for å få best mogelege malar i alle delar av sakshandsaminga.
- Statsforvaltaren høyrer berre elevane når det er nødvendig (ikkje rutinemessig i alle saker).
- Vi har rutine for å ringe meldaren kort tid etter meldinga (same dag, eller næraste påfølgande dag)
- Vi prioriterer rettleiingsmøte i saker som trekker ut i tid.
- Vi prioriterer interne møte der vi jobbar oss fram til felles forståing for regelverket og felles praksis i sakshandsaminga.

Vurdering

Vi meiner det var rett å vidareføre fleire av tiltaka vi innførte i 2023. Vi opplever dei som tenlege og tidssparande, også ved færre innmelde saker.

Ved å arbeide systematisk med ny opplæringslov i gruppa, bidreg vi til å sikre lik forståing og praktisering av regelverket. Dette gjer at sakshandsamarane har ei mest mogleg lik forståing av tersklar og kva som skal vere godt nok. I kva grad dette har innverknad på sakshandsamingstida er vanskeleg å seie, men vi trur at ein del vurderingar blir enklare når regelverket er grundig drøfta med kollegaer.

Fleire rettleiingsmøte i enkeltsaker har og truleg bidrege til at vi no kan avslutte saker raskare, men vi har framleis saker som går i fleire rundar utan god nok progresjon. I 2025 vil vi auke hyppigheita på rettleiingsmøta.

Rettsanvendelse og forståelse av saksbehandlingsreglene i vedtak (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra skoleeier reduseres

Status

Vi har over fleire år hatt ein auke i saksmengda på utdanningsfeltet, særleg på skulemiljøområdet. Over noko tid har sakshandsaming vore prioritert framfor rettleiing.

I 2024 prioriterte vi rettleiing til kommunar og skular høgt, både om det som var nytt i ny opplæringslov, men og på område som vart vidareførte. Vi har særleg hatt merksemd på område der klagesakshandsaminga vår har avdekt at regelverksforståinga er mangelfull. Det gjaldt mellom anna for skulemiljøområdet, der det ikkje var store endringar for skulane og skuleeigarane, men der vi meinte at regelverksforståinga kunne bli betre.

Vi la vekt på å møte dei vidaregåande skulane og dei private skulane, sidan vi får få skulemiljøsaker og klagesaker frå dei. Vi har såleis hatt lite grunnlag for å vurdere korleis regelverket blir praktisert der.

I saker om individuell tilrettelegging i skulen har dei fleste kommunane delegert vedtaksmyndigheita til rektor. Vi har erfart at vedtakskompetansen ute i skulane kan vere mangelfull. Det gjeld til dømes om vedtaksmyndigheita si plikt til å opplyse saka tilstrekkeleg, vurderingar av barnets beste, tydelege vedtak som viser kva hjelp eleven skal få og retten til å klage og korleis.

Vi har hatt ein stor auke i klagesaker om nærskule og skulebyte. Det er varierende kvalitet i vedtaka frå kommunane, og vi brukar mykje tid på å rettleie i samband med vedtaka våre.

Tiltak

Hausten 2023 melde vi til skuleeigarane at vi våren 2024 var tilgjengelege for rettleiing om temaa skulemiljø og/eller individuell tilrettelegging. Ni av ti regionar takka ja til dette. Innretninga og tematikken vart i stor grad tilpassa lokale behov, men dei fleste ønskte rettleiing om både kapittel 11 og 12. Mange av regionane samla barnehage og skule, og ville ha innlegg om både opplæringslova og barnehagelova.

Vi deltok også på tre samlingar med dei private skulane, og på to samlingar med Vestland fylkeskommune. Her snakka vi om både kapittel 11 og kapittel 12 i opplæringslova.

Føremålet med alle desse innlegga var generell informasjon om regelverket i kapittel 11 og 12 i ny opplæringslov, og kva konsekvensar eventuelle endringar har for klagesakshandsaminga ute i kommunane og på skulane.

Vi erfarte etter dette at det var naudsynt med meir spissa rettleiing om dei ulike reglane i opplæringslova, og hausten 2024 gjennomførte vi derfor ti digitale seminar der skulesektoren var målgruppa. Temaa var

- alternativ opplæringsarena
- fysisk inngripen
- individuelt tilrettelagd opplæring
- klage på gjennomføring
- krenkingar og skulemiljø
- oppfølging av fråvær
- personleg assistanse
- vurdering
- førebuaende opplæring for vaksne
- fleksibilitet i fag- og timefordelinga, fjernundervisning og tilsyn med privat heimeundervisning

Vurdering av effekt

Vi opplever at forståinga av regelverket for skulemiljø er vorte gradvis betre den siste tida, både hos skuleeigarar og ute i skulane. Vi meiner at prioriteringa av rettleiing har medverka til dette, ikkje minst ved at vi har fått fram føremålet med regelverket, og ikkje berre sjølve sakshandsaminga. Vi trur det skapar større forståing og dermed betre sakshandsaming ute i skulane.

På samlingane har vi svart på mange spørsmål frå sektoren om individuell tilrettelegging, men vi vurderer at det er viktig å halde fram med rettleiing. Det er framleis mange spørsmål om praktiseringa av reglane i ny opplæringslov på dette området. Vi meiner og at det er viktig å auke kompetansen til dei som gjer vedtak om individuell tilrettelegging. Det er kommunane som er ansvarlege for ei forsvarleg delegering av vedtaksmyndigheita, men vi erfarer at det er ulikt kor godt skuleeigarane set rektorane i stand til å gjere vedtak i samsvar med lover og regelverk. I 2025 vil vi derfor gjere skuleeigarane merksame på kva som er forventa med tanke på forsvarleg delegering.

Vi meiner det var svært nyttig å møte rektorar saman med skuleeigarar, både frå fylkeskommunen og frå dei private skulane i fylket. Vi har mindre kontakt med desse gjennom klagesakshandsaming, og det er viktig for oss å få presentert tilbakemeldingar og problemstillingar for denne delen av sektoren. Deltakarane var aktive og engasjerte, og det kan jo tyde på at dei hadde nytte av rettleiinga.

Vi vurderer at det er behov for rettleiing mot skuleeigar om sakshandsaminga av saker om nærskule og skulebyte. Sidan vi sjølve er usikre på korleis vi skal forstå delar av det nye regelverket, vil vi avvente rettleiing frå Udir før vi gjennomfører eventuelle samlingar for skuleeigar.

Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra barnehagemyndigheten reduseres

Utgangspunkt for prioriteringar

Gjennom tilsyn og klagehandsaming veit vi at kommunane har ulik, og i nokre tilfelle utilstrekkeleg, kunnskap om kva rolla som barnehagemyndigheit inneber. Kommunane har også uttrykt i ulike samanhengar at dei synest mykje av regeleverket er vanskeleg å handtere som myndigheit, og at det er behov for presiseringar, og kanskje også endringar i barnehagelova. Vi har også sett at det mellom kommunane er variasjonar i kunnskapen om regelverket på barnehageområdet generelt, og kva forvaltningskompetanse sakshandsamarane har. Vi er kjende med at kommunane har brukt mykje ressursar på ulikt arbeid rundt implementering av ny opplæringslov dei siste åra, og vi har derfor grunn til å tru at det lokalt kan ha vore mindre tid til utvikling av barnehagemyndigheitsrolla.

Tiltak

Vi vurderte at det var behov for å rette søkelys på myndighetsrolla og regelverket på barnehageområdet. Vi har arrangert to konferansar der myndighetsrolla har vore tema. Her har vi tatt opp utøving av sjølv myndighetsrolla (barnehagelova paragraf 11), dei ulike oppgåvene som er lagt til myndigheita og regelverket i barnehagelova og forvaltningslova.

Vurdering av effekt

Deltakinga viste at temaa for desse samlingane var relevante og etterspurde. I samlingane fekk kommunane avklart mange spørsmål og dei fekk drøfte problemstillingar. Vi vurderer at det bør få betydning for kvaliteten på sakshandsaminga i kommunane. Ein annan effekt av samlingane er at fleire kommunar har tatt kontakt med Statsforvaltaren for meir konkret rettleiing om myndighetsrolla.

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på etter opplæringsloven

Utgangspunkt for prioriteringar

Vi får mange meldingar frå føresette om spesialpedagogisk tilrettelegging i skulen. Meldingane handlar om ulike situasjonar der foreldre opplever at barna ikkje får den hjelpa og tilrettelegginga dei treng. Døme på problemstillingar som kjem fram, er skular som ikkje vil tilvise til PPT, ventelister i PPT, sakkunnige vurderingar som aldri blir ferdige, manglande vedtak og elevar med høgt fråvær og samansette problem. Vi erfarer at mange foreldre synest det er vanskeleg å få oversyn over kva rettar barna deira har. Gjennom føresette som tar kontakt, blir vi jamleg gjort kjende med saker der det er openbert at elevar ikkje får oppfylt retten til spesialpedagogisk tilrettelegging, og dermed ikkje retten til opplæring.

Sjølv om vi framleis har relativt få klagesaker på dette området samanlikna med tal meldingar frå føresette, har vi det siste året hatt ein auke i klager på spesialundervisning / individuell tilrettelagt opplæring. Vi ser særleg ein auke i klager på manglande gjennomføring av vedtak.

Skular og skuleeigarar har dei siste åra meldt frå om at dette er eit område der dei ønskjer rettleiing frå Statsforvaltaren. Dette behovet vart ytterlegare understreka ved innføringa av ny opplæringslov. Mange opplever at det er store endringar på området. Kommunane oppmoda oss om å kome med generell informasjon om nye reglar, men og å gi konkrete avklaringar om praktisering av regelverket

Tiltak

Sidan vi trur at tal klagesaker framleis ikkje gir eit rett bilete av kor mange elevar som ikkje får den spesialpedagogiske tilrettelegginga dei har krav på, har det vore nødvendig for oss å lage eit skjema som systematiserer dei meldingane vi får.

Vi ser at ein del elevar fell mellom to stolar. Dei har ikkje eit enkeltvedtak dei kan klage på, og saka vil heller ikkje bli løyst med eit tilsyn på systemnivå. Mange av desse sakene hastar, fordi konsekvensane for eleven det gjeld, er stor. I fleire av desse sakene har vi brukt tilsynsheimelen for å hente inn ei utgreiing frå skuleeigaren. Vi brukar informasjonen og dokumentasjonen vi får til å vurdere om vi skal opne tilsyn eller ikkje.

Etter ønske frå kommunane deltok vi i 2024 på ulike samlingar der målet var å førebu sektoren på endringane som kom i ny opplæringslov. Vi hadde innlegg på samlingar i regionane, der målgruppene var skuleeigarar, rektorar og PPT, og temaet var reglane for individuelt tilrettelagt opplæring. Vi vurderte etter dette at det var nødvendig med meir spissa rettleiing om dei ulike reglane for spesialpedagogisk tilrettelegging. Sidan vi visste at implementering av ny opplæringslov i utgangspunktet var arbeidskrevjande for sektoren, valde vi ei form og tidsramme som vi meinte ville vere tilgjengeleg og overkommeleg å prioritere. Hausten 2024 gjennomførte vi ti digitale seminar på ein time kvar, der temaa mellom anna var individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse, alternativ opplæringsarena, klage på gjennomføring av spesialundervisning og bekymringsfylt skulefråvær.

Effekt

Vi vurderer at det er rett og nyttig med eit systematisk oversyn over meldingar som gjeld spesialpedagogisk tilrettelegging i skulen, særleg fordi klagesakene som kjem til oss berre viser ein del av problemstillingane som er aktuelle på dette området. Eit samla oversyn er derfor nyttig for risikovurderingane våre, men og for å kunne danne eit samla bilete av tilstanden i sektoren på dette området.

Vi erfarer at det er nyttig å bruke tilsynsheimelen for å innhente ei utgreiing frå skuleeigaren i nokre saker. Det er særleg i alvorlege saker som har gått over lang tid og der det hastar å få på plass tiltak. Ved å etterspørje informasjon blir skuleeigaren merksam på saka, og at ho no er meldt til oss. I dei fleste tilfelle ser vi at saka då blir tatt tak i, og vi kan då konkludere med at vi ikkje opnar tilsyn med utgangspunkt i den saka. Vi tar uansett med oss kunnskapen vi har fått inn i risikovurderingane når vi planlegg framtidige tilsyn.

Vi vurderer at vi har rettleia om sentrale reglar i opplæringslova gjennom samlingar og digitale seminar. Evaluering frå deltakarane viser at eit stort fleirtal har opplevd at webinarane har bidratt til betre regelverksforståing rundt dei temaa vi har tatt opp.

Vi oppmoda om å sende inn spørsmål i forkant av dei digitale seminarane, og meiner vi på denne måten fekk avklart mange problemstillingar som var aktuelle for sektoren. Dette meiner vi igjen vil bidra til at elevar får den spesialpedagogiske tilrettelegginga dei har krav på. Vi har fått inn nokre spørsmål som ikkje har vore mogleg å svare på, der vi no ventar på lovtolkningar frå Udir.

Spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven (fra kapittel 3.3.3.1.5.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpen de har krav på etter barnehageloven.

Utgangspunkt for prioriteringar

Vi får relativt få klagesaker og meldingar som handlar om spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova paragraf 35. Det kjem inn fleire spørsmål og klagesaker knytt til paragraf 37 i lova.

Kommunane melder at det mange stader er vanskeleg å få tak i folk som kan utføre den fysiske tilrettelegginga etter paragraf 37. Her er det ofte snakk om eit avgrensa timetal, og i mindre barnehagar kan det vere vanskeleg å slå saman tilretteleggingsressursar til fulle stillingar. Det er ein pressa arbeidsmarknad, og det kjem særleg til uttrykk ved tilsettingar i mindre stillingsprosentar.

Vi får få klager på manglande gjennomføring frå barnehagesektoren. Vi er usikre på om det er fordi hjelpa og tilrettelegginga blir gjennomført i tråd med vedtaka, eller om det handlar om manglande kunnskap hos foreldre og barnehagemyndigheita om høvet til å klage på gjennomføringa.

Vi veit også at ein del kommunar er usikre på om ressursar til tilrettelegging etter paragraf 37 alltid blir brukt i samsvar med vedtaket. Dette gjeld særleg i periodar med høgt sjukefråvær og få tilgjengelege vikarar.

Vi har også fått meldingar om barnehagar som opplever å ha fått beskjed frå PPT om at dei yngste borna ikkje vil bli prioriterte, og at det dermed i praksis er ei nedre aldersgrense for å melde frå om behov for spesialpedagogisk hjelp. Vi veit ikkje kor mange kommunar dette gjeld eller kor utbreidd denne praksisen er.

Tiltak

Vi har over fleire år lagt vekt på spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging gjennom klagesakshandsaming, tilsyn og rettleiing. I 2024 har vi hatt to samlingar for barnehagemyndigheita, der temaet var oppgåvene som ligg til dei. På det spesialpedagogiske området tok vi opp vedtaksmyndigheita sitt ansvar, krav til sakkunnig vurdering, og høvet til å klage på manglande gjennomføring. Det siste opplever vi at det er varierende kunnskap om i sektoren. Det er ikkje så rart, sidan dette er særlege reglar for det spesialpedagogiske området som ikkje kjem fram av barnehagelova. Det har og vore mykje usikkerheit om vidareføringa av høvet til å klage.

Vi har også deltatt på ulike samlingar i kommunane og for PPT, der spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging var tema.

Vurdering av effekt

Vi opplever at vedtakskompetansen på dette området har vorte litt betre dei siste åra. Vi trur at kontinuerleg rettleiing og merksemd på området har hatt effekt. I samband med innføringa av ny opplæringslov har det også vore mykje merksemd på kor viktig det er med god forvaltningskompetanse i kommunane. Det er grunn til å tru at dette har kome barnehagesektoren til gode.

Vi er framleis bekymra for om tal klager som kjem til oss gir det rette biletet av kor mange som er misnøgdde med eit vedtak, eller med gjennomføringa av det. Vi vil derfor halde fram med å ha spesialpedagogisk hjelp, klagehandsaming og klage på manglande gjennomføring som tema på ulike møtepunkt med barnehagemyndigheita og i tilsyn.

Fritak for fag (fra kapittel 3.3.3.1.5.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at alle skoleeiere følger regelverket om fritak for fag.

Utgangspunkt for prioriteringar og tiltak

Vi er framleis bekymra for at regelverket på dette området ikkje alltid blir følgt. Særleg meiner vi at risikoen er stor i vidaregåande opplæring og opplæring på alternativ arena i grunnskulen.

I perioden 2020 til 2023 gjennomførte vi fleire tilsyn med spesialundervisning på alternativ opplæringsarena. I 2024 opna vi eitt tilsyn, men førebels rapport vart ikkje ferdig før i 2025. Det er framleis vårt inntrykk at kommunane ikkje er tilstrekkeleg medvitne om at elevane skal få opplæring i tråd med læreplanane, også på ein alternativ opplæringsarena.

I vidaregåande opplæring er vi generelt bekymra for manglande forståing av forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi har fleire døme på tilretteleggingstiltak som openbert burde ha vore heimla i reglane om spesialundervisning i opplæringslova, mellom anna at elevar med faglege vanskar i praksis berre får opplæring i utvalde kompetanssmål.

I 2024 gjennomførte vi derfor eit tilsyn med fylkeskommunen. Temaet for tilsynet var fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre retten til spesialundervisning. Vi kom til at fylkeskommunen ikkje sikra at lærarane vurderte behovet for spesialundervisning, og at dei heller ikkje sikra at lærarane melde behov for spesialundervisning til rektor.

Vi har elles rettleia kommunane om regelverket når vi har fått spørsmål.

Effekt av tiltaka

Tilsynet førte til at Vestland fylkeskommune endra prosedyrar og at prosedyrane vart gjort kjende på skulane. Men vi er framleis ikkje trygge på at praksisen er lovleg. Når vi handsamar søknader om fritak frå vurdering med karakter i framandspråk, kan vi sjå at det framleis er slik at det blir gjort tiltak på skulen som openbert skulle ha vore heimla i eit vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Vi meiner derfor at det er risiko for at elevar med faglege vanskar berre får opplæring i utvalde kompetansemål, sjølv om dei ikkje har eit vedtak.

Spesialundervisning i videregående opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.5.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elevar i videregående opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket

Utgangspunkt for prioriteringar

Vi får få klager frå vidaregåande skular om individuell tilrettelegging. Vi er usikre på kvifor. I ulike samanhengar har vi fått opplysingar som gir oss grunn til å tru at spesialundervisning i praksis blir gitt, sjølv om det ikkje er gjort enkeltvedtak.

Vi har fått ein del spørsmål om ny opplæringslov frå Vestland fylkeskommune.

Tiltak

Etter ønske frå fylkeskommunen hadde vi eit møte med dei, der både utdanning og helse var representerte. Målet var å avklare spørsmål om grenseoppgangar mellom personleg assistanse, helsehjelp og tvang.

I møte med fylkeskommunen har vi formidla vår bekymring for at det blir gitt spesialundervisning utan at det er gjort vedtak i saka.

Vi har også svart ut spørsmål om ny opplæringslov fortløpande.

Vurdering av effekt

Vi er framleis bekymra for at det blir gitt spesialundervisning i enkelte tilfelle utan at det er gjort vedtak i saka. Det er naturleg å følgje dette opp med tilsyn framover.

Fylkeskommunen har gitt tilbakemelding om at det var nyttig å møte representantar frå helse og utdanning samla. Det gjorde det mogleg å svare ut aktuelle spørsmål om behov for tilrettelegging og hjelp i elevgrupper. Dette gjeld ikkje minst avklaringar om kven som har det økonomiske ansvaret i ulike samanhengar.

Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S).

Tiltak for å styrke skulane sitt arbeid med LK20/LK20S

I samarbeid med dei lokale UH-miljøa har vi utvikla to støttetiltak som skuleeigarar har kunne melde interesse for. Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget for den desentraliserte modellen, retta vi tiltaka mot dei med særskilt ansvar for pedagogisk utviklingsarbeid, og la føringar for kollektive prosessar i praksisfellesskapa. UH-miljøa bidrar med spisskompetanse innanfor ulike område i LK20 og støttar desse prosessane. Slik innsats avgrensa naturlegvis talet på deltakarar, og vi prioriterte 75 plassar basert på kjennskapen vår til støttebehov.

Det første tiltaket er spesielt retta mot ungdomstrinna, med vekt på kritisk tenking, elevdeltaking og kjeldebruk. Det andre tiltaket tar utgangspunkt i skulane sine eigne utviklings- eller interesseområde innanfor LK20. Tiltaka er organisert som tre seminar, med arbeid i praksisfellesskapet mellom samlingane, med oppstart i januar 2025 og avslutning i mai 2025.

Rettleiing om regelverket

I 2024 hadde vi to rettleiingssamlingar om vurdering, ei der alle kommunane var inviterte og ei for Bergen kommune. På begge samlingane la vi vekt på sluttvurdering og fastsetjing av standpunktarakter.

Eksamen

I 2024 hadde vi tilsyn med fylkeskommunen sitt ansvar for gjennomføring av eksamen. Vi kom til at fylkeskommunen hadde ein internkontroll som sikra gjennomføring i tråd med regelverket. Vi hadde i tillegg fleire møte med både fylkeskommunen og kommunane om kor viktig der er å identifisere potensielle risikoar ved gjennomføring av eksamen.

Vurdering av effekt

Det er for tidleg å vurdere effekten av dei to støttetiltaka vi har sett i gang for å styrke skulane sitt arbeid med LK20. Det er likevel slik at vi har stor tru på å

innrette tiltaka slik at det sikrar kollektive prosessar i praksisfellesskapa. Erfaringane frå tilsvarande arbeid gjennom tilskotsordninga for lokal kompetanseordning underbyggjer dette.

Vi har brukt mykje tid dei siste åra på å rettleie om vurdering. Vi opphevar langt færre vedtak om standpunktarakter, frå om lag 80 prosent for nokre år sidan til under 50 prosent i 2024. Dette kan tyde på at tiltaka våre har hatt effekt på skulane.

Både tilsynet med fylkeskommunen og den utstrekke møteverksemda med kommunane om gjennomføringa av eksamen var naudsynt før våreksamen i 2024. Vi opplever at kommunane vart meir bevisste på kva slags feil som kunne oppstå i gjennomføringa.

Klager på standpunktarakterer

Hvor mange klager på standpunktarakterer i fag har dere behandlet etter vårens standpunktvurdering (totale antallet)?	Antall behandlede klager på standpunktarakterer hvor karakteren ble opphevet/klageren fikk medhold (totale antallet)?	Hvilke fag utmerker seg med høy klageandel og/heller høy medholdsprosent?
160	65	Vi fikk flest klagesaker i kroppsøving, musikk og kunst og håndverk. Den høgaste andelen medholdsprosent er i faget fysisk aktivitet og friluftsliv. Vi oppheva 7 av 10 vedtak i fysisk aktivitet og 4 av 5 i friluftsliv.

Rammeplan for SFO (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skuleeiere og skoler forstår og etterlever rammeplanen for SFO.

Utgangspunkt for prioriteringar

Vi har heller ikkje i år fått spørsmål frå sektoren om rammeplan for SFO. Sidan det ikkje kjem spørsmål om rammeplanen til oss, har vi også i år tolka det som at skuleeigarane har kunna svare på spørsmål lokalt, utan hjelp frå oss.

Tiltak

Vi publiserte ein artikkel på nettstaden vår i juni 2024. I artikkelen gjorde vi greie for føremålet med rammeplanen, funn i evalueringa av innføringa av rammeplanen og viste til lenker med støttemateriell.

Prioritering av skole- og barnehagemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.3.3.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skulemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for arbeidet innanfor rettssikkerhet. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderingar av barnehage- og skuleeiers forutsetningar for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke barnehage- og skuleeiers kompetanse ved behov.

Vi har også i 2024 prioritert barnehage- og skulemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i klagesakshandsaming, tilsyn og rettleiing. Det kjem til uttrykk gjennom bruk av ressursar, i kva rekkefølge vi svarer ut saker og tema for rettleiing tilsyn.

Risikovurdering

På desse områda kviler mykje av risikovurderingane på grunnlaget vi får frå klagesakshandsaming og meldingar frå føresette og sektoren. Tal saker og meldingar varierer mellom skule og barnehage, i tillegg til at barnehagesektoren er organisert på ein måte som gjer at Statsforvaltaren er lengre frå barnehageeigar enn skuleeigar. Dette gjeld ikkje minst på området psykososialt miljø. Vi veit altså mindre om tilstanden i barnehagesektoren enn i skulesektoren på dei prioriterte områda, og har derfor mindre tilgjengeleg informasjon for å gjere gode risikovurderingar.

Rettleiing

I 2024 vurderte vi at overgangen til ny opplæringslov var ein risiko i seg sjølv, og at skuleeigarane var avhengig av god og oppdatert kunnskap om det nye regelverket for å kunne løse oppgåvene. Vi prioriterte derfor å bruke mykje ressursar på rettleiing, og særleg på områda individuell tilrettelegging og skulemiljø. Målgruppa for rettleiinga varierte, men samla sett fekk både skuleeigarar, skuleleiarar, PP-tenesta og andre frå sektoren tilbod om rettleiing. Ut frå tilbakemeldingar vi har fått, vurderer vi at denne rettleiinga har vore med på å heve kvaliteten på korleis skuleeigarane praktiserer regelverket for individuell tilrettelegging og skulemiljø lokalt.

Tilsyn

I 2024 har vi prioritert barnehage- og skulemiljø og spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp som tema for tilsyn. Vi har ført tilsyn med både gjennomføring av spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, sakshandsamingstid i PPT, og spesialundervisning i vidaregåande skule. Vi har og hatt fire tilsyn med barnehagemyndigheita og barnehagemiljø, og sju tilsyn med skulemiljø.

I tillegg har vi i aukande grad gjennomført tilsynsaktivitetar det siste året. Då har vi brukt tilsynsheimelen til å innhente ytterlegare informasjon frå skuleeigaren. Etter at vi har fått tilbakemelding, vurderer vi korleis vi skal gå vidare. Vi kan opne tilsyn, gi pålegg, rettleie eller avslutte saka. Vi vurderer at dette er eit spesielt godt eigna verkemiddel for samansette saker der elevlar ikkje får oppfylt opplæringsretten sin. Denne tilsynsaktiviteten er likevel

avhengig av at vi blir kjende med sakene, enten via klager eller meldingar. Då det er relativt få meldingar frå barnehagesektoren, har vi så langt i liten grad nytta denne metoden der. Vi er opptatt av korleis vi kan få meir kunnskap om tilstanden i barnehagesektoren, ikkje minst om trygt og godt barnehagemiljø. Denne utfordringa tar vi med oss inn i 2025.

Støtte arbeidet med realkompetansevurdering av voksne (fra kapittel 3.3.3.1.9.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal støtte skoleeier i arbeidet med realkompetansevurdering av voksne.

Tiltak

Hovudtiltaket har vore ei digital samling. På samlinga fekk kommunane regelverksrettleggning, innsikt i sentrale omgrep og prinsipp, døme på praksis og informasjon om erfaringar frå forsøka med modulstrukturerde læreplanar.

Ressursbruk

Vi samarbeidde med statsforvaltarane i Rogaland og Agder om samlinga. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå kvart embete. Vi hadde koordinatorfunksjonen for arbeidet.

Måloppnåing og resultat

Vi bad om tilbakemelding på samlinga frå deltakarane. På spørsmålet om i kva grad deltakarane vurderte at bidraga og bidragsytarane var eigna til å belyse tematikken for samlinga, svarta 93 prosent «i stor grad» eller «i nokon grad», med hovudvekt på «i stor grad». Vidare svarta 85 prosent av deltakarane at samlinga hadde bidrege til å heve kompetansen deira om realkompetansevurdering, med størst oppslutning rundt «i nokon grad». På spørsmålet om kva innhald deltakarane ønskte meir av, svarta fleirtalet at dei ville lære meir om metodar, praksisar og konkrete verktøy til bruk i realkompetansevurdering.

Vi vurderer at tiltaket har bidrege til å heve kunnskapen om regelverket for realkompetansevurdering i sektoren.

3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Som vi gjer greie for meir utfyllande på punktet under, så meiner vi at vi har ei god måloppnåing på busetjing i kommunane i vårt fylke. Heilt sidan Russland gjekk til fullskalakrig mot Ukraina i 2022, har vi sett stor vilje i kommunane til å busetje flyktingar. Sjølv om kapasiteten på tenester og bustader i lang tid har vore pressa, opplever vi ikkje at mange kommunar seier nei til å busetje i tråd med oppmodingsvedtaka frå IMDi. Vi meiner at vi kjem med viktige bidrag til dette på den måten som går fram av punktet under.

På integreringsfeltet har vi først og fremst støtta kommunane i arbeidet med å tilby introduksjonsprogram i tråd med reglane i integreringslova. Dette gjer vi gjennom rettleiing, tilsyn og klagesakshandsaming. Individuelt tilpassa introduksjonsprogram er avgjerande for at flyktingar tidleg blir integrerte i det norske samfunnet og blir økonomisk sjølvstendige. Dei siste åra har vi hatt merksemd på rettleiing av kommunane. Vi meiner å sjå ei positiv utvikling i regelverksetterlevinga i sektoren. Vi trur det er fleire årsaker til den positive utviklinga, både vår innsats og at kommunane legg meir vekt på området som følgje av auken i flyktingar frå Ukraina.

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting. (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting av nyankomne flyktingar.

Mest merkbare følgja i Noreg av Russlands åtak på Ukraina er dei mange flyktingane som kjem. Kommunane er etter pandemien godt trena i krisehandtering, og dei har tatt utfordringane på strak arm. Dei fortener stor ros for at mottaks- og busetjingsarbeidet i det store og heile har fungert over all forventning, slik at vi dei siste tre åra har ei måloppnåing med eit busetjingstal langt over tidlegare tal.

Kommunane har i hovudsak busett i tråd med oppmodingane frå IMDi, og måloppnåinga er god. Likevel er det hardt pressa kommunale tenester som skal handtere ein flyktingstraum som har gått ned, men som ikkje verkar å stiline. Særskilt i helse- og omsorgssektoren, som har vore hardast råka av pandemien, er det stor slitasje. Hittil har kommunane klart å skaffe hus for å busetje flyktingane, men vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem, eller det er bustader med mangelfullt kollektivtilbod langt unna sentrumsfunksjonar. Vi trur det bør satsast meir på stimuleringstiltak for å bygge meir bustader.

Vi har sett det som vår rolle å oppmuntre kommunane til å ta imot flyktingar og å syte for oppdatert, relevant og samordna informasjon til kommunane om alle spørsmål rundt busetjing, til dømes om tenester på helse, sosial, skule, om planarbeid og om tilskotsordningar. Dersom ein kommune gjer vedtak om å busetje færre enn oppmodinga, er vår oppleving at det kjem av manglande evne heller enn vilje.

Vi har sidan fullskalakrigen starta, brukt den same arenaen med digitale møte med alle kommunane kvar månad. Vi meiner denne arenaen har gitt ein stor meirverdi både for å formidle statleg informasjon, for at kommunane har kunna lære og bli inspirerte av kvarandre og for at frustrasjon kan luftast.

Vi kunne ønskt oss meir konkrete oppdrag frå statlege styresmakter på dette feltet, slik vi hadde god erfaring med frå pandemihandteringa, og slik vi jamleg har tatt opp sidan fullskalakrigen starta. Vi opplever likevel at IMDi og UDI no ser nytten av å ta del på dei arenaane vi skapar overfor kommunane.

3.1.4 Gjennomførte evalueringer

Vi har evaluert handteringa av fleire uvérshendingar i desember 2023 og januar 2024. Funna vart følgde opp mellom anna gjennom møte med andre regionale aktørar (NVE, Politiet, fylkeskommunen og Statens vegvesen), og lagt fram i møtet i fylkesberedskapsrådet i juni. Vi presenterte evalueringa i eit digitalt møte med kommunane i oktober, som ein del av førebuinga av nye hendinger utover hausten og vinteren. Under ekstremvêret Jakob i slutten av oktober nytta vi avklaringar frå oppfølginga i praksis.

I september arrangerte vi, i samarbeid med Direktoratet for strålevern og atomtryggleik og Mattilsynet, ei atomberedskapsøving for kriseleiinga i embetet og relevante aktørar i fylkesberedskapsrådet. I etterkant laga vi ein evalueringsrapport, med merksemd på den interne krisehandteringa i embetet og samarbeidet med fylkesberedskapsrådet. Vi legg funna frå evalueringa til grunn for revisjon av beredskapsplanen vår.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Vi har ikkje ressursar til å utføre oppgåvene våre fullt ut på dette feltet, og viser til prioriteringane i brevet 5. juli 2024 som er kjende for BFD.

Det tar mykje kapasitet å følgje opp tilsynssaker der vi har påpeikt svikt i tenesteutøvinga. For å ha kapasitet til å prioritere dei aller mest alvorlege sakene, blir fleire saker sende til tenesta for oppfølging utan at vi ber om svar (metode 2) eller med rettleiing til den som har tatt kontakt (metode 1). I 2023 vart 64 prosent av 169 tilsynssaker handsama etter tilsynsmåte 1 eller 2. I 2024 vart 81 prosent av 243 saker handsama etter tilsynsmåte 1 eller 2, utan at vi gjorde kvalitative vurderingar av korleis tenestene følgde opp sakene.

Når vi i 2024 følgde opp færre enn 20 prosent av sakene etter tilsynsmåte 3 til 5 meiner vi at praksisen vår er i strid med policy-dokumentet til Helsetilsynet og rettleiinga om val av tilsynsmetode. Vi legg i for stor grad vekt på omsyn til ressursar når vi vel oppfølgingsmåte. Det gir risiko for at også alvorleg svikt ikkje blir fanga opp og retta, særleg i dei kommunale barnevernstenestene.

Vi gjennomførte ikkje risikobaserte systemrevisjonar på barnevernsfeltet i 2024, sjølv om risikobiletet tilsa at vi burde ha gjort det.

Vi har ikkje oppfylt volumkravet for tilsyn med barnevernsinstitusjonar. Vi gjennomførte 104 av 119 tilsyn. Det er venta at vi på grunn av ressursituasjonen vil gjennomføre langt færre institusjonstilsyn i 2025. Rapportar frå tilsyn med institusjonar der vi ikkje har slått fast lovbrøt, blir ikkje sende i kopi til barnas barnevernsteneste sjølv om dette er eit krav. Årsaka til dette er at oppgåva er ressurskrevjande for oss og blir prioritert bort.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Vi har ikkje ressursar til å utføre oppgåvene våre fullt ut på dette feltet, og viser til prioriteringane i brevet 5. juli 2024 som er kjende for HOD.

Vi har ein auke i saksmengd. Når vi vurderer kva tilsynsmåte vi skal følgje opp på, legg vi vekt på alvorlet i saka og risiko for framtidig svikt, jamfør retningslinjene til og rettleiinga frå Helsetilsynet om val av tilsynsmetode. Men vi må også ta omsyn til interne ressursar. Det gir risiko for at alvorleg svikt ikkje blir fanga opp.

Vi gjennomførte ikkje risikobaserte systemrevisjonar på helseområdet i 2024, men vi gjennomførte stadlege tilsyn i enkelte saker, for å sikre at dei vart godt opplyste. Også her blir vi avgrensa av ressursituasjonen vår.

Vi har ikkje klart å nå forventna måltal på planlagde tilsyn. Vi prioriterte det landsomfattande tilsynet på folkehelse og eldresatsinga (medisindispensarar), i tillegg til felles tilsyn om sivilberedskap og meldeplikt til barnevernet. Vi reiste ut på enkelte tilsyn etter alvorlege bekymringsmeldingar, som tilsvara eit arbeid og metode tilnærma ein systemrevisjon.

Vi har ikkje prioritert å gjennomføre systemrevisjonar på spesialisthelseområdet.

Vi har prioritert tvang og brukar mykje ressursar på tvangsmedisineringsklager. Samstundes har saksmengda auka mykje på dette området. Dette tar ressursar frå andre prioriterte oppgåver. Sjå punkt 3.6 om tvangsmedisineringsaker.

På dei fleste saksområda klarar vi ikkje oppfylle forventningane til sakshandsamingstid.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

På verjemålsfeltet såg vi i 2024 ein auke i talet på saker på fleire saksfelt, og dei ressursane vi vart tildelt for 2024 strekte ikkje til for å løyse alle oppgåvene. Vi fekk derfor ikkje gjennomført kontroll av verjerekneskap i det sentrale uttrekket i 2024, sjå vårt brev til Statens sivilrettsforvaltning 30. april 2024.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen vesentlege avvik.

3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Ingen vesentlege avvik.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Vi har ikkje vesentlege avvik frå oppdraget, men nokre oppgåver har vi ikkje gjort fullstendig:

Vi oppfylte minstekravet til forvaltningskontroll (20 prosent av kommunane), men gjennomførte ikkje alle planlagde tiltak i kontrollplanen vår:

- Vi vart ikkje ferdige med å kontrollere om personar som fekk innvilga tidlegpensjon oppfyller alle vilkåra i perioden. Dette blir ferdig i 2025.
- Vi skulle hatt kontroll på RMP-ordningane, men det måtte vi utsette til 2025.
- Vi har ikkje hatt kontakt med brannvernet i kommunane om lokal skogbrannberedskap (5.2.7.7), og heller ikkje tatt opp temaet beredskap mot stormskade i skogen.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gjøre rede for

- de største utfordringene i NAV-kontorenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet og hva statsforvalteren gjør med utfordringene.
- resultatet av statsforvalterens oppfølging av NAV-kontor som har særlige utfordringer i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet.

I desember sende vi ut rapporteringsskjema til alle Nav-leiarar i Vestland og vi har fått 31 svar. I tillegg har vi informasjon frå nettverkssamlingar, arbeidsgruppa for kvalifiseringsprogrammet i Vestland, evalueringar og dialogen vi har med kommunane gjennom rettleiing.

Der er fleire utfordringar med kvalifiseringsprogrammet. Regelverket kan vere vanskeleg å forstå og bruke i praksis. Dette gjeld særleg i mindre kommunar som ikkje får mengdetrening, men vi ser det også i større kommunar. Bergen kommune har mellom anna etterlyst eit nasjonalt nettverk om kvalifiseringsprogrammet for storbyar.

Der er mykje sakshandsaming og administrative oppgåver for dei som jobbar med kvalifiseringsprogrammet. I tillegg kan vi sjå at det blir stadig fleire deltakarar i programmet i Vestland. Det varierer frå kommune til kommune kor mykje talet aukar. Nokre kommunar har få eller ingen deltakarar og har hatt det over tid, medan andre har langt fleire no enn for berre nokre år sidan.

Sidan kvalifiseringsprogrammet er rammefinansiert, er det ikkje alltid slik at kommunen får gjennomslag for å tilsette nye rettleiarar eller omdisponere andre tilsette. Dette kan resultere i at sakshandsamingstida på kvalifiseringsprogrammet blir lang. I tillegg kjem ventetida fram til oppstart for dei som får innvilga program.

Mange sakshandsamarar fortel at dei har langt fleire deltakarar enn tilrådinga frå Arbeids- og velferdsdirektoratet (15-20 deltakarar). Mange jobbar med oppfølging av deltakarane i tillegg til sakshandsaming på sosialhjelp. Nokre seier derfor at det er vanskeleg å gi den tette og koordinerte oppfølginga vi veit er eit av hovudprinsippa for å lukkast i å hjelpe målgruppa.

Nokre opplever også at deltakarar med låge språkkunnskapar har vanskeleg for å nyttiggjere programmet. Ei anna utfordring er at fleire unge som er i kontakt med Nav-kontoret har lang veg til arbeid. Dei treng gjerne eit kvalifiserande tiltak før dei er klare for kvalifiseringsprogrammet, og slike tiltak eksisterer ikkje alltid i Nav-kontoret. Der er nok også fleire unge som Nav ikkje nødvendigvis er i kontakt med, som kan vere kandidatar for kvalifiseringsprogrammet. Desse bur gjerne heime med foreldre og er forsørgde, men dei er ikkje i aktivitet, skule eller arbeid.

Vi kan sjå at fleire prosjekt som utviklar dei sosiale tenestene i Nav, jobbar med denne gruppa. Dei fortel at det tar mykje tid berre å kome i kontakt, og endå meir tid å kome i posisjon og få ein relasjon. Nokre opplever også at det ikkje finst eit tilbod til desse unge, og at dei treng eit førebunde løp før dei eventuelt kan vere kandidatar for kvalifiseringsprogrammet.

Fleire fortel også at det kan vere vanskeleg å finne ein passande arbeidsgivar og sikre overgangen til ordinært arbeid etter programmet. Det varierer kor god arbeidsmarknaden er i den enkelte kommunen og kor gode transportmoglegheiter det er. Det kan også vere utfordrande å lage eit godt og arbeidsretta program gjennom perioden, og dessutan sikre kontinuitet i oppfølginga, ut frå dei nemnde ressursane i Nav.

Samordning av stønad kan vere vanskeleg å forstå for deltakarar. Det er ikkje alt som er omtala i rundskriv 35. Det finst fleire nye yrke i samfunnet. Viss ein til dømes prøver seg som sjølvstendig næringsdrivande, influensar eller får inntekt gjennom strøyming, brukar ein mykje meir tid enn ein blir løna for, i alle fall i starten. Viss ein samordnar dette time for time må deltakarane få sosialhjelpsvedtak. Det skapar usikkerheit hos deltakarane og meir arbeid for Nav. Det er behov for å sjå på desse nye yrka (som særleg mange unge prøver seg på) i samband med samordning av stønad. Vi har skrive om dette til Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2024, men ikkje fått svar.

Nokre fortel også at samarbeidet mellom dei tilsette på Nav-kontoret kan vere utfordrande. Det er ikkje alltid slik at dei andre på kontoret har tid til å identifisere kandidatar. Vidare fortel fleire at arbeidsevnevurderingar ofte er korte og knappe. Det blir derfor mykje jobb for dei som arbeider med kvalifiseringsprogrammet, fordi dei som hovudregel skal oppdatere/lage arbeidsevnevurdering når dei får inn ein søknad. Vi kan også sjå at fleire får avslag på kvalifiseringsprogrammet, ofte fordi dei har situasjonsbestemt innsats. Nokre fortel at det kan handle om at dei ikkje har ressursar og tid til å følgje denne gruppa opp godt nok. Som følgje av ungdomsgarantien, blir ikkje alltid personar over 30 år prioriterte. Då er kanskje einaste valet for denne gruppa å søkje kvalifiseringsprogrammet? Dette gjeld også ukrainarar med fulle rettar etter sosialtenestelova, men som skal raskt i jobb ut frå statlege tiltak. Dette kan medverke til auken i tal deltakarar og tal avslag, og meir arbeid for dei som jobbar med kvalifiseringsprogrammet.

Oppsummering

- Rammer og ressursar er ei utfordring.
- Regelverket er ikkje alltid enkelt å forstå og det gir ikkje svar på alt Nav-tilsette treng for å gjere jobben sin.
- Det er byråkratisk og krevjande sakshandsaming i kvalifiseringsprogrammet. Det tar tid frå oppfølginga.
- Av ulike årsaker kan det vere vanskeleg å lage eit godt og arbeidsretta program over tid.
- Personar med språkproblem kan ha utfordringar med å nå målet med programmet i perioden.
- Unge i utanforskap kan streve med å kome i aktivitet. Dei treng kanskje eit tilbod som ikkje er der frå før. Dei kan trenge tett og koordinert oppfølging før dei kan starte i programmet. Nav har ikkje alltid tid til å kome i posisjon til desse.
- Nav treng god tid til oppfølging for å lukkast med kvalifiseringsprogrammet.

Kva gjer vi med desse utfordringane?

Vi ser stort behov for kompetanseutvikling og opplæring i regelverket. I 2024 har vi derfor arrangert tre fysiske nettverkssamlingar (to i Bergen og ei på Skei), i tillegg til grunnopplæring i regelverket og ei digital nettverkssamling om kvalifiseringsprogrammet saman med statsforvaltarane i Innlandet og Trøndelag. Vi har sendt fleire spørsmål eller tema vidare til Arbeids- og velferdsdirektoratet om problemstillingar som ikkje er omtala i rundskrivet. Vi skriv nettsaker om avklaringane vi får, eller formidlar dei på nettverkssamlingar.

Fordi vi ser dette store behovet for grundig opplæring i regelverket, har vi i 2024 jobba med ei opplæringsrekke om kvalifiseringsprogrammet i samarbeid med statsforvaltarane i Trøndelag og Innlandet (Gullrekka for KVP). Den digitale samlinga vi hadde handla om inngangsvilkåra i kvalifiseringsprogrammet. Vidare tema blir sakshandsaming ved søknad, tildeling, innhald i program, samarbeid på tvers, frávær og samordning av stønad. Innsikta frå rapporteringa vi sende i desember stadfestar at dette kan vere eit behov. Dette blir ei utviding av grunnopplæringa vi gav i fjor.

Det er tydeleg at det kan vere komplekst og utfordrande å arbeide med kvalifiseringsprogrammet. Derfor er det nødvendig at dei som jobbar med dette får treffast og utveksle erfaringar. Vi evaluerer alltid samlingane våre, og får ofte gode tilbakemeldingar.

Vi trur samlingane våre kan føre til

- betre forståing av lovverket
- deling av døme på korleis ein kan operasjonalisere lovverket
- erfaringsutveksling
- at Nav-tilsette ikkje kjenner seg "aleine" om kvalifiseringsprogrammet
- å danne uformelle nettverk på tvers
- at Statsforvaltaren blir meir tilgjengeleg og det blir enklare å ta kontakt for rettleiing.

Alle utfordringar kan ikkje løysast gjennom kompetanseutviklande tiltak eller rettleiing av kommunane. Nokre av utfordringane som kommunane nemner, handlar i stor grad om ytre faktorar, som byråkratisk sakshandsaming, knappe ressursar og lite tid.

Desse utfordringane melder vi oppover, mellom anna ved fleire høve i det nasjonale nettverket med Arbeids- og velferdsdirektoratet, og no i denne rapporteringa. Vi trur det er behov for endringar på dette området og ventar spent på revidering av kvalifiseringsprogrammet.

Vidare er kvalifiseringsprogrammet eit tema i alle møte med leiingane i Nav-kontora og i kommunemøte. Det er prioritert i kompetansestrategien og kompetanseplanen med Nav fylke, og er eit område vi samarbeider mykje om.

Oppfølging av Nav-kontor med særlege utfordringar

Vi har framleis kontor med låge tal, der vi er usikre på kompetansen og kor tilgjengeleg programmet er. Tidlegare har vi mellom anna forsøkt eigenvurderingstilsyn, møte med leiinga, tilbod om grunnopplæring, tilbod om eigen opplæring til kontoret og brev. Vi kan ikkje sjå at dette har hatt effekt for alle kommunane.

I 2024 har vi ikkje gjort særskilte grep overfor desse kommunane, men vi har gjerne gjort dei særskilt merksame på grunnopplæring og nettverkssamlingar. Vi jobbar med alternative tiltak for dette i 2025.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal, på bakgrunn av innsikt og opplæringstiltak, gi en overordnet vurdering av kommunenes bruk av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket. I tillegg skal det beskrives hva slags aktiviteter det stilles vilkår om å delta i.

Aktivitetsplikta skal bidra til at fleire kjem i arbeidsretta aktivitet og blir sjølvhjelpne. Arbeidsløysa i Vestland var litt høgare i desember 2024 enn på same tid i 2023, men ligg framleis under landsgjennomsnittet. Vi har ikkje grunnlag for å seie at aktivitetsplikta bidrar til at fleire unge kjem seg i arbeid.

Vårt inntrykk er at det varierer om Nav-retteliarar og Nav-kontor ser på aktivitetsplikta som eit verkemiddel for kontroll, eller som eit verkemiddel for retten til oppfølging. Vi har også inntrykk av at Nav-kontora er pressa og jobbar under rammer som kan gi den enkelte retteliaren mindre tid til å setje individuelle vilkår ut frå behova til personen, særleg viss kommunen ikkje har etablerte gruppetiltak og/eller ungdomsteam.

I desember sende vi rapporteringsskjema til alle dei 39 Nav-kontora og fekk 31 svar. På spørsmål om kva aktivitetar Nav set som vilkår, har vi fått desse svara:

- Rask innkalling til kartlegging
- Ulike gruppetiltak for unge
- Arbeidstrening
- Ulike frivillige organisasjonar som tilbyr aktivitetar
- Jobbsøking og jobbsøkingskurs
- Individuelle samtalar og oppfølging
- Fysisk aktivitet
- Lågterskeltilbod som trening og sosial trening
- Økonomisk rådgiving
- Helseoppfølging
- Registrering som arbeidssøklar og oppfølging av aktivitetsplan
- Kurs, skule eller anna kompetanseheving
- Strukturelt samarbeid for å støtte unge med psykiske utfordringar

Økonomisk rådgiving (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en overordnet vurdering av hvilke behov kommunen har for kurs og opplæring innenfor økonomisk rådgiving. Statsforvalteren må identifisere hvilke fagfelt i NAV og øvrige tjenester i kommunen som deltar på kursene de gjennomfører.

Ut frå det vi har sett og høyrte under nettverkssamlingar for økonomiske rådgivarar, landsomfattande tilsyn, hendingsbaserte tilsyn og i klagesaker, har vi inntrykk av at kommunane treng meir opplæring innan forvaltningsrett og handtering av førespurnader om økonomisk rettleiing, slik at desse blir kartlagde, vurderte og svarta på i tide. Det er risiko for alvorlege konsekvensar for dei som ikkje får hjelp i tide, som til dømes tvangssal av bustad og dårleg psykisk helse.

Vi har også inntrykk av at dei som kjem i kontakt med Nav ikkje alltid blir spurde om dei har økonomiske bekymringar.

Rettleiing i tenesta er organisert i ulike nivå. Vi har inntrykk av at rettleiinga på høgare nivå er god, og at rådgivarane får den kunnskapen dei treng på nettverkssamlingar og kurs. Men vi opplever at det er mindre rettleiing på lågare nivå enn vi forventar, med tanke på dyrtida vi er inne i. Vi trur fleire skulle hatt slik hjelp. Det er nok behov for meir opplæring i Nav, slik at fleire blir trygge på å rettleie.

Vi har lese rapporten frå Oxford Research om tilgjenge og kvalitet på økonomisk rådgiving i Nav-kontor, og kjenner oss att i funna. I korte trekk er vi bekymra for om Nav identifiserer dei som har økonomiske bekymringar og informerer om tenesta, og om dei som treng enklare rettleiing, får det. I tillegg har vi inntrykk av at nivåinndelinga av rettleiinga, som er meint som eit hjelpeverktøy for organisering av tenesta, er meir forvirrande enn til hjelp.

Vi har gjennomført basiskurs og på desse kursa har Nav-tilsette innan fagfelta sosial, kvalifiseringsprogrammet og arbeidsavklaringspengar deltatt. I tillegg har også flyktingtenesta, DPS, psykisk helse og rus, og bu- og miljøtenesta deltatt. Vi hadde eit eige basiskurs for statleg tilsette i Nav, på førespurnad frå Nav Vestland.

Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gjøre rede for kompetansehevende tiltak som de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret. Det bes også om en vurdering av om statsforvalterens tilrettelegging for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV i samarbeid med NAV Fylke, har effekt.

Utsett ungdom er eit tema i dialogen med Nav fylke og ein del av kompetansestrategien vår og den felles kompetanseplanen. Vi har ikkje arrangert felles samlingar om dette spesifikke temaet i 2024, men det har vore tema på ulike felles arenaer, mellom anna på fagdagar, nettverkssamlingar om kvalifiseringsprogrammet og i oppfølginga av prosjekta som får tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene.

Vi har nytta tverrfagleg digital samling til kompetanseheving i Nav-kontora og for dei som arbeider med barn, unge og foreldre i kommunane. Vi trur dette kan medverke til at dei sosiale tenestene blir betre kjende i kommunane. På desse samlingane har vi òg vist til filmen om føremålsparagrafen som er laga i kompetansesatsinga for dei sosiale tenestene. Det er fleire som tar kontakt etter samlingane og seier at filmen bidrar til betre forståing av kva dei sosiale tenestene er og kva moglegheiter ein har. Vi tar opp program og tema i dialogen med Nav fylke, slik at dei kan kome med innspel til planlegginga av samlingane.

For at unge personar skal få heilskapleg hjelp frå Nav er det naudsynt at vi og Nav fylke samarbeider. Dette må vere ein del av kompetansestrategien og kompetanseplanen. Det sikrar at alle Nav får nødvendig informasjon og kunnskap om statlege og kommunale tenester, og ansvaret ein har for å kjenne til verkemiddel og moglegheiter for utsett ungdom. Vi trur dette gir effekt.

Tilgjengelighet til sosiale tjenester (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal vurdere hvordan NAV-kontorene sørger for tilgjengelighet til sosiale tjenester for brukere som har ulike behov og forutsetninger. I tillegg skal statsforvalteren gjøre rede for hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

Vi vurderer at Nav-kontora freistar å gjere dei sosiale tenestene tilgjengelege for brukarar som har ulike behov og føresetnader. Sjølv om Nav-kontora melder om ulik organisering og noko ulike måtar å følgje opp brukarar på, vurderer vi at Nav-kontora sørgjer for at desse personane blir varetekne.

Nav-kontora rapporterer at ikkje alle brukarar blir varetekne gjennom digitale søknader, og at ein del treng oppfølging i samband med den digitale søknadsprosessen. Publikumsnettaka i Nav-kontora har ulik opningstid for brukarar utan avtalar. Der kan brukarane få rettleiing og hjelp til å søkje på papir, og hjelp til og opplæring i å søkje digitalt. Nav-kontora er opne kvar dag for avtalar, der brukarane kan få tilpassa hjelp. Dei fleste Nav-kontora har vakttelefon. Telefonnummeret er tilgjengeleg på nettsidene til kommunane, i innbyggjartorg, servicesenter, hos samarbeidspartnarar og kontaktsenteret. Fleire Nav-kontor melder også at det er vanleg at brukarane har direktenummer og/eller e-postadresse til rettleiaren/sakshandsamaren, spesielt gjeld dette brukarar dei allereie har kontakt med. Nav-kontora melder i tillegg at dei tek imot munnlege søknader. Samarbeidspartnarar melder på vegner av brukarar og hjelper dei med å søkje. Nav-kontora legg til rette for fysiske brukarmøte. I nokre Nav-kontor er sosialstønad tema i mottakssamtalen kommunen har med flyktningar. Dei får informasjon og blir viste korleis dei kan søkje. Dei tilsette er merksame på at det er viktig å gjenta informasjonen.

Søknadsskjema på papir er tilgjengeleg i publikumsnettaka, utanfor kontora, i servicetorg og liknande. Dei fleste kontor har ein postkasse der søknader kan leverast utanom opningstid. Nav-kontora melder at Digisos gjer dei sosiale tenestene tilgjengelege for brukarane ved at dei kan søkje om økonomisk stønad heile døgnet. Sakshandsaminga blir meir effektiv, og det er raskt å be om tilleggsinformasjon. Digisos bidreg til rask og sikker dialog mellom brukaren og Nav. Nav kan også sjå om og når brukaren har lese vedtaket sitt. Nokre Nav-kontor melder at det er god informasjon i søknadsprosessen. Fleire kontor melder at Digisos fungerer mindre godt for brukarar som har større hjelpebehov. Digitale søknader kan gjere oppfølgingsarbeidet vanskelegare, sidan ein ikkje ser brukarane. Nokre kontor skriv at dei kan sjå mykje ved å lese ein handskriven søknad. Nokre kontor melder også at det er vanskeleg å nå brukarane for vidare kartlegging. Dei opplever at brukarane er mindre tilgjengelege når dei kan søkje digitalt.

Vi vurderer at det kan vere ein risiko for at tenestene er mindre tilgjengelege viss dei ikkje møter brukarane fysisk. Dette gjeld særleg sårbare grupper som treng mykje rettleiing for å søkje om det dei kan ha rett på.

Nav-kontora skriv mellom anna at dei saknar eit digitalt søknadsskjema for kvalifiseringsprogrammet, ein dialogfunksjon med brukarane i Digisos, og ein digital plattform for skriftleg dialog med brukarane. Digisos bør også vere tilgjengeleg på fleire språk.

Tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV- kontoret (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen i arbeidet med tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV-kontoret.

Vi har lyst ut og informert om tilskot og forvaltning av tilskot innan fristen. Dette er ei oppgåve vi prioriterer og jobbar mykje med, og vi vurderer at vi har hatt god måloppnåing i dette arbeidet. Vi samarbeider med Nav fylke når vi får søknadar om tilskot. Nav fylke deltek også og er invitert til dei kompetansetilboda vi har for prosjekta.

Vi har lyst ut midlane på nettstaden vår, i felles Teams-gruppe for dei som utviklar dei sosiale tenestene i Nav, og vi har arrangert felles nettseminar om tilskot i avdelinga. Vi har rettleia ein del kommunar om søknadsprosessen, spesielt for eksisterande prosjekt som skal rapportere på status og økonomi.

Vi har hatt samlinger for prosjekta, blant anna ein fysisk erfaringskonferanse i samarbeid med statsforvaltarane i Rogaland, Agder og Innlandet. Vi tilbyr prosjektleiing og opplæring saman med alle dei andre embeta. Dette har vi fått mykje gode tilbakemeldingar på i Vestland.

Vi har hatt digitale samlinger om statusrapportering. Her er prosjekta inndelte etter kva dei jobbar med. Vi gir tilbakemelding på statusrapport og innlegg, og dei får i tillegg utveksle erfaringar på tvers.

Alle prosjekt får tilbod om oppstartsmøte og slutt møte. Vi skriv ei nettsak når prosjektet er avslutta.

Vi opplever at prosjekta tek kontakt med oss for fagleg rettleiing og spørsmål som gjeld ordninga gjennom heile året. Vi får gode tilbakemeldingar, som tyder på at vi blir oppfatta som tilgjengelege og relevante. Vi bidreg med å dele prosjekterfaringar på tvers av Nav-kontor.

Ein kommune skreiv til oss ved avslutning av tilskotsperioden: "Det har vore spennande og lærerikt å ta del i prosjektet, men det hadde aldri vore mogleg utan støtte vi har fått frå Statsforvalteren".

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

I 2024 har vi handsama 36 klager i samband med introduksjonsordninga. Det er ei dobling frå 2023.

Integreringslova paragraf 9

11 saker. Vi stadfesta alle.

Kollektivt vern, integreringslova paragraf 13 femte ledd

15 saker. Vi stadfesta alle.

Integreringslova paragraf 13 femte ledd

Seks vedtak. Vi stadfesta fem og oppheva eitt.

Integreringslova paragraf 18

Tre vedtak. Vi stadfesta alle.

Integreringslova paragraf 17

Eitt vedtak, som vart stadfesta.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Integreringslova paragraf 29

Éin klage, som vart stadfesta.

Integreringslova paragraf 32

Éin klage, som vart oppheva.

Kollektivt vern, integreringsforskrifta paragraf 43 g

To klager. Begge vart stadfesta.

Integreringslova paragraf 35 første ledd. jf. paragraf 32 i forskrifta

Éin klage, som vart stadfesta.

Rapportering på statsborgerseremonier (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på statsborgerseremonier.

I 2024 hadde vi seks seremoniar over to dagar i Bergen, og ein i Førde.

Til saman sende vi ut 3558 invitasjonar og 420 takka ja. Tolv prosent oppmøte er langt under det vi er vande med fra før. I gamle Hordaland låg normalen på rundt 25 prosent.

Ordninga med dobbelt statsborgarskap har gitt oss svært mange nye på invitasjonslista, og vi trur at ikkje alle desse har det same behovet for å markere sitt norske statsborgarskap.

På første seremoni i 2025 var deltakartalet meir likt gamalt nivå, og talet på invitasjonar mykje lågare. Det tyder kanskje på at vi har tatt unna den store bolken med doble statsborgarskap.

Uansett prosentvis deltaking kan vi klart konkludere med at seremonien betyr mykje for dei som kjem.

Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

I 2024 var det 6138 deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Kommunane brukte 378 årsverk på opplæringa.

Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven, gi en vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet til kvinner, menn og barn.

Det er tre krisesenter som skal dekke krisesentertilbudet for alle kommunane i fylket. Krisesentera gir tilbod til barn, kvinner og menn, og tilbodet er tilgjengeleg heile døgnet. Alle kommunane har samarbeidsavtalar som sikrar innbyggjarane krisesentertilbod ved desse krisesentra.

Informasjon til kommunane om fagleg rettleiar for innhald og kvalitet i krisesentertilbudet har vore tema på samlingar og i den løpande kontakten med kommunane.

Tilsyn

Vi har ikkje gjennomført tilsyn med krisesentertilbudet i år.

Vurdering

Kommunane er godt kjende med innhaldet i tilbodet krisesentera gir innbyggjarane. Dette meiner vi er viktig for at kommunane skal kunne følgje med på og sikre at dei har forsvarlege tenester.

Eitt av krisesentra rapporterte i 2024 at dei fekk fleire førespunader om hjelp etter ein periode med fleire drap i nære relasjonar. Dette gjaldt både vaksne og barn. Eit anna krisesenter rapporterte om fleire barn på krisesenteret ein periode, og at dei som kjem til krisesenteret har stått lenge i ein valdeleg relasjon og er prega av dette.

Sjølv om alle kommunane har etablert samarbeid med krisesentera, er vi framleis uroa for at barn kan bli buande i ein familiesituasjon med vald og trugsmål over lang tid før dei får hjelp. Det er viktig at kommunane i det førebyggjande arbeidet brukar informasjon dei har om situasjonen i sin kommune for å sjå på korleis dei kan førebyggje, avdekke og hjelpe barn og vaksne mot vald i nære relasjonar.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	43
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2022	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2022	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2023	3
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2023	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2024	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2024	0

Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova.

Talet på saker til handsaming etter ekteskapslova ligg stabilt og er om lag likt som i 2023. Dette gjeld òg innsendingsmåte, der vi får størstedelen av søknadane digitalt.

Vi gir framleis mykje rettleiing på telefon. Som tidlegare år brukar vi mykje tid på utsending av stadfesta kopiar og gitte løyve.

Sjå elles tabell og kommentar.

Ekteskapsaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	1 031	984	0	47	92 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	889	854	13	22	86 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	35	30	0	5	66 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamilielem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	25	17	8	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	1	0	1	0	100 %
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	90	72	0	18	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Tabellen viser talet på saker kor vi har innvilga. Det blir gitt to bevillingar i kvar separasjons- og skilsmissesak. I alle sakstypene har vi berre ført opp søknadene som er formelt avviste. Vi har òg saker som er lagde vekk til vi får inn manglande dokumentasjon. Tabellen tek heller ikkje omsyn til saker vi har fått inn i 2024, som framleis er under handsaming. Vi har i dag totalt 196 saker under handsaming, og vi fekk inn 140 av dei i 2024. I februar/mars 2024 gjekk vi gradvis over til å bruke det nye sakshandsamingssystem SAK for å handsame søknader om separasjon og skilsmisse. Overgangen har gjort det utfordrande å gjennomføre presise søk til rapporteringa. Dette gjeld særskilt søknadene om skilsmisse etter paragraf 22, der vi tek atterhald om noko underrapportering.

Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Vi har ikkje gjort vedtak etter barnelova i 2024.

Saker etter barneloven

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område.

Rettleiing og informasjon om reglar i barnelova

Vi har rettleia om ulike reglar i barnelova. Det er i hovudsak privatpersonar som kontaktar oss, men vi opplever også at barnevernstenester eller andre offentlege verksemdar tek kontakt. Vi rettleiar mest per telefon, men det hender også at vi svarar skriftleg.

Når foreldre tar kontakt handlar det mest om samvær og stans av samvær, og korleis dei kan gå fram for å regulere samværet. Vi rettleier òg om grenseflata mellom barnelova og barnevernslova. Dette skjer som regel i samband med saker der foreldre ønskjer hjelp frå barnevernstenesta på grunn av konflikt mellom foreldra. Vi får også spørsmål frå foreldre om rett til opplysningar om barnet, og tap av opplysningsretten, jf. barnelova paragraf 47. I tillegg får vi fleire spørsmål om kven av foreldra som har rett til informasjon i samband med ei barnevernssak, til dømes der foreldra ikkje bur saman og barnevernstenesta har opna undersøking.

Biologisk opphav

Vi finn ikkje eit eige avsnitt for rapportering av saker om biologisk opphav. Rapporteringa blir derfor lagt inn her.

I 2024 handsama vi 48 saker som gjaldt opplysingar om den adopterte sitt biologiske opphav. I 32 av desse sakene gav vi informasjon til den adopterte sjølv. I 18 av sakene var den adopterte død og opplysingane vart gitt til etterkommarane. Ved nyttårsskiftet hadde vi åtte saker som framleis var under handsaming.

I tillegg vart seks saker sende vidare til andre embete eller Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Vi handsama òg to saker om ønske om kontakt frå biologisk slekt og svara skriftleg på elleve andre spørsmål på fagfeltet. Som tidlegare år har vi også rettleia mykje per telefon.

Tilsyn med familievernkantorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkantorene.

Det er seks familievernkantor i Vestland fylke. Vi har gjennomført tilsyn med Bergen og omland familievernkantor, avdeling Odda. Tilsynet vart gjennomført som eigenvurdering, og vart avslutta i juni 2024. Temaet for tilsynet var plikta familievernkantoret har til å samarbeide med andre tenesteytarar, jf. familievernkantorlova paragraf 1 a. Tilsynet gjaldt både samarbeidsplikta i enkeltsaker, jf. paragraf 1 a første ledd, og den generelle samarbeidsplikta i paragraf 1 a tredje ledd.

Vi har også eit aktivt tilsyn med Bergen og omland familievernkantor. Tema for tilsynet er familievernkantoret si opplysningsplikt og teieplikt til barnevernstenesta. Vi starta tilsynet i oktober 2024 etter at vi fekk ein klage, og det er planlagt gjennomført i løpet av første halvdel av 2025.

Tilsyn med familievernkantorene

Totalt antall familievernkantor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2024	Antall gjennomførte tilsyn i 2023	Antall gjennomførte tilsyn i 2022
6	1	0	0

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Akuttberedskap

Alle kommunane har etablert forsvarleg akuttberedskap slik at barnevernet er tilgjengeleg heile døgnet. Minimum beredskap er telefonvakt med fagpersonar innan barnevern på vakt.

Vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket

Vi gjer jamlege vurderingar av kvalitet og risiko i dei 33 barnevernstenestene i fylket. Vurderingane byggjer på informasjon frå rapportering, tilsyns- og klagesaker, tilstandsrapportar, utviklingsoppgåver og kontakt med kommunane. Dette er likevel berre eit bilete av den samla informasjonen vi har på ulike tidspunkt.

I arbeidet vårt har vi stor merksemd på barns rettar og at barn får medverke i eiga sak. Det er likevel for stor variasjon i korleis dette blir sikra av tenestene. Vi meiner at barnekonvensjonen og barns rett til medverknad framleis ikkje er godt nok forstått og innarbeidd i sakshandsaminga og i kontakten med barn.

Vidare har vi stor merksemd på saker om vald og overgrep. Fleire tenester rapporterer om ein auke i slike bekymringar, i tillegg til ein auke i komplekse saker der barn har store smerteuttrykk og har behov for hjelp frå fleire tenester. Vi vurderer at tenestene tek bekymring om vald og overgrep alvorleg, og at mange barn får hjelp når barnevernet først er varsla. Vi meiner likevel at manglar i kvaliteten på undersøkingsarbeidet for ofte fører til at bekymringar ikkje blir avklara, og barn blir buande i ein skadeleg familiesituasjon over lang tid. Dette kan få alvorlege konsekvensar for barnet på kort og lang sikt.

Også i 2024 har det vore fleire saker der barn under 18 år unndreg seg omsorg og er med i kriminell aktivitet. Ungdom under 18 år har vorte varetektsfengsla, fordi det ikkje har vore mogleg å få på plass andre løysingar for å ramme inn ungdommen. Gjennom året har vi også hatt kontakt med ungdom med samansette vanskar, til dømes eteforstyrning eller helseutfordringar, som ikkje får nødvendig helsehjelp eller der tenestene rundt barnet ikkje sikrar at barnet får heilskapleg og samordna oppfølging.

Lovbrot ved tilsyn og vår oppfølging

Vi har gjennom tilsyn avdekt svikt i barnevernets oppgåver, mellom anna i undersøkingar, barns rett til medverknad, dokumentasjon, barnevernets plikt til å følgje opp barn med tiltak i og utanfor heimen, plikt til å samarbeide med andre tenester og tiltak om ettervern.

Også i 2024 har vi fått fleire meldingar om alvorlege hendingar på institusjonar, der ungdom utset seg sjølv for fare eller unndreg seg omsorg. Vidare har vi fått mange meldingar om Bufetat og brot på bistandsplikta. Vi har handsama 17 tilsynssaker med tema brot på Bufetas bistandsplikt. Dei fleste sakene

gjeld brot på bistandsplikta for å skaffe institusjonstilbod akutt eller over tid.

Vi har òg gjennomført tilsyn med fleire tenesteområde i saker der barnet har samansette vanskar, til dømes eteforstyrning eller helsevanskar, at barnet ikkje får nødvendig helsehjelp eller at tenestene ikkje sikrar ei heilskapleg og samordna oppfølging av barnet.

For at tilsyna skal ha effekt, har det vore nødvendig å tilpasse oppfølginga av lovbrot til den aktuelle kommunen/tenesta. Oppfølgingsarbeidet blir gjort både gjennom møte, stikkprøvar og skriftlege tilbakemeldingar. Vi erfarer at endring tek tid, og vi har i nokre tilfelle hatt oppfølging med kommunar over månader, og i nokre få tilfelle over år. I dialog med kommunen har vi gjort vurderingar og brukt verkemiddel som mellom anna rettleiingsteam, tenestestøtte, støtte til utviklingsprosjekt og gjennomgang av saker og analysar med tenesta.

Hausten 2024 starta vi opp landsomfattande tilsynsaktivitet der temaet er internkontroll og leiing av undersøkjingsarbeidet. Alle kommunane er inviterte, og 30 tenester deltar. Halvparten av tenestene har gjennomført eigenkontroll av undersøkjingsarbeidet sitt, og har avdekt forbettringsbehov. Kommunane har gjort analysar av årsakene til svikt og utarbeidd forbettringstiltak. Dei andre kommunane er i gang med arbeidet, men skal levere rapport og eventuell forbettringsplan i 2025. Tilsynsaktiviteten held fram i 2025, med samlingar og rettleiing om forbettringsarbeid og internkontroll.

Vår vurdering av utviklinga

Vi er uroa over utviklinga både i det kommunale og statlege barnevernet. Vi ser at det er store forskjellar i kvaliteten på dei kommunale tenestene og i tilgjengelege tiltak for barn og familiar.

I 2024 har vi hatt mange saker der Bufetat ikkje har ledige institusjonsplassar, og barn blir verande i ein uavklara livssituasjon over tid. Det har òg siste året vore fleire ungdommar i alderen 13-18 år som har vore i kontakt med politiet, som unndreg seg omsorg og der det har vore utfordrande å finne tiltak for å ramme dei inn.

Fleire tenester har utfordringar med å rekruttere og halde på nødvendig fagkompetanse. I mange tenester er det stor utskifting av tilsette og tidvis høgt sjukefråvær, også på leiarnivå. Til dømes har om lag halvparten av barnevernstenestene fått nye barnevernsleiarar dei siste to åra. Vi meiner dette kan forklare kvifor nokre av tenestene slit med å sikre god og trygg hjelp til barn og familiar. Vidare opplyser fleire tenester at dei må bruke private konsulentar for å løyse oppgåvene til barnevernstenesta. Vi er uroa for at tenestene i aukande grad brukar private aktørar for å løyse kjerneoppgåver på barnevernsfeltet, og at tenestene ikkje sjølve er rusta til å utføre oppgåvene sine.

Vi meiner krav om årleg rapportering til kommunestyret kan vere med å sikre eigarskap og ansvar for barnevernstenesta. Det er òg viktig at barnevernsleiarane får god leiarstøtte frå kommuneleiinga. I vår vurdering av tenestene ser vi at der barnevernsleiarane har støtte og oppfølging frå kommuneleiinga, og leiinga følgjer med på arbeidet i tenesta, er det mindre bekymring for om barn og familiar får forsvarlege tenester. God oppfølging frå kommuneleiinga kan førebyggje sjukefråvær og gjennomtrekk, og på denne måten gi betre stabilitet i personalgruppa. Vi ser at mange tenester ikkje får nytta kompetansen fullt ut, fordi erfame tilsette må drive "brannsløkking" og prioritere dei mest akutte sakene.

Barnevernsarbeid er komplekst, og samarbeid med familiarne og andre tenester er nødvendig for at vi som samfunn skal gi barn trygge oppvekstvilkår. Det er framleis stor variasjon i korleis det blir lagt til rette for samarbeid og samhandling mellom tenestene, og vi erfarer at det i for stor grad er personavhengig om det blir samarbeidd i enkeltsaker. Både organisering av tenester, profesjonsgrensar, tillit og kunnskap om regelverk, er faktorar som påverkar samarbeidet.

Dei siste åra har det vore eit aukande trykk på leiarar og tilsette i fleire barnevernstenester og institusjonar, ved at dei blir eksponerte i sosiale medium. Det er grunn til bekymring, både fordi gjentakande negativ omtale kan føre til manglande tillit til tenestene, og fordi auka belastning på dei tilsette og leiarar kan føre til at dei ikkje orkar å stå i dei viktige samfunnsoppdraget dei har.

Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Vi fekk 452 søknader om oskespreiing i 2024. Vi har innvilga 393 søknader, medan 27 søknader er avslegne. I tre saker har vi etter søknad oppheva tidlegare vedtak. Ingen av avslaga er klaga på til Barne- og familiedepartementet.

Vi har gjennom dei siste åra sett ein auke i talet søknader om oskespreiing. I 2024 fekk vi 104 fleire søknader om oskespreiing enn i 2023. Denne trenden kan kome av at ordninga no er betre kjend, mellom anna har det vore stor merksemd om ordninga i media i året som har gått.

Statsforvaltaren har også gitt høyringsfråsegn til rapporten om krematorium- og kjøleromskapasitet.

Elles meiner vi i år som tidlegare år at dette er eit felt der det ikkje trengst ein søknadsprosess. Det burde halde med ei eigenerklæring som innheld kartfesting på lovleg område. Skadeverknaden for samfunnet av brot på lovverket, er liten.

Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall dispensasjonssøknader, avslag og innvilgelser, jf. § 5 i lov om helligdager og helligdagsfred. Statsforvalteren skal rapportere på antall søknader om typisk turiststed, avslag og innvilgelser.

Vi har fått tolv dispensasjonssøknader etter lov om helligdager og helligdagsfred paragraf 5 i 2024, der alle søknadane er innvilga.

Totalt har vi fått fem søknader om status som typisk turiststad i 2024, i tillegg til at vi har handsama ein søknad i år som kom inn i 2023. Vi har avsege ein av søknadane, og delvis innvilga den andre. Ved utgangen av året var fire av søknadane framleis under handsaming.

Godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalter skal gjøre en kort, overordnet vurdering av i hvilken grad kommunene har et godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier, herunder hvorvidt lovbestemmelsene om samarbeid og samordning i velferdslovgivningen er kjent og implementert. Det skal gå frem av vurderingen om kommunene ivaretar ansvaret med å beslutte hvilken instans i kommunen som skal ha koordineringsansvaret. Statsforvalter skal også gi en kort vurdering av kommunenes kompetanse om utsatte barn og unge og kommunenes behov for kompetanseutvikling for å sikre et mer samordnet tjenestetilbud.

Det skal fremgå hvordan embetet vurderer hovedutfordringene når kommunene ses under ett. Statsforvalter skal videre gi en kort omtale og vurdering av embetets innsats på området.

Både barnekonvensjonen og grunnlova slår fast at barn har rett til å bli høyrde, og få nødvendig omsorg, vern og helsemessig tryggleik. Barns rettar gjeld uavhengig av korleis samfunnet har organisert tilbodet i ulike sektorar og forvaltningsnivå. Plikta til å samarbeide med andre tenester og tenestenerivå går klart fram av særlovene.

Tenestene kan ikkje avgrense sitt arbeid og ansvarsområde ved å vise til ulike eksklusjonskriterium, som til dømes behandlingsmodellar, organisatoriske forhold eller avgrensing i allereie etablerte tenestetilbud. Plikta til samarbeid og samhandling må derfor bli følgt opp som ein del av kravet til forsvarleg verksemd og konkrete vurderingar av barns beste.

Tilsynsaktivitet

Vi har i 2024 gjennomført tilsyn med fleire tenesteområde i éi tilsynssak, men av kapasitetsomsyn har mange saker som kunne vore handsama i ei felles tilsynsavgjerd, ikkje vorte vurdert samla. Vi har då skrive separate avgjerdar for kvart tenesteområde.

Vår vurdering er at tilsyn med fleire tenesteområde samstundes gir betre læring for tenestene, og aukar forståinga for kor viktig samhandling og samordning av tenestetilbud er i komplekse saker på helse-, sosial- og barnevernsområdet. Når faktum og vurderingar av fleire tenesteområde går fram av éin tilsynsrapport, blir det meir tydeleg at svikt i samarbeid og koordinering av tenester kan få alvorlege følgjer for barn og familier. Vi er fortvila over at vi av kapasitetsomsyn ikkje kan prioritere å gjennomføre tilsyn med fleire tenesteområde som éi tilsynssak.

I samband med Helsetilsynets undersøkingsordning i saker der barn har mista livet, eller er utsette for vald, seksuelle krenkingar eller anna alvorleg omsorgssvikt, har vi sendt inn 15 tilsynssaker der vi har slått fast lovbrøt. Fleire av sakene gjeld fleire barn. Dette er store og omfattande tilsynssaker på tvers av tenesteområde og kommunar. Sjølv om sakene har ulik tematikk, har dei til felles at tenestene over tid har kjent til barna og bekymringar kring barna, men oppfølging og tiltak har ikkje vore i tråd med informasjonen og bekymringane i sakene. Alle barna har vore utsette for omfattande svikt ved at dei ikkje har fått varetatt retten til hjelp og vern til rett tid.

Vurdering

Vår vurdering er at trass i stor merksemd på førebygging og samhandling, er det mange barn med samansette og komplekse vanskar som ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Vi ser at nær alle tenester og tiltak som møter barn med komplekse og samansette behov blir utfordra, ofte fordi det manglar tiltak som er tilpassa barnas behov. Auken i alvorlege og komplekse saker fører til at tenestene i større grad må løyse kriser, framfor å nytte ressursar på førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Vi er uroa for utviklinga og meiner vi som samfunn ikkje har lukkast godt nok i arbeidet med å førebyggje og samarbeide i saker der barn har behov for hjelp frå fleire tenesteområde.

Det er mykje gjennomtrekk og høgt sjukefråvær på tenesteområda våre, noko som gjer overføring av kunnskap utfordrande. Vi brukar mykje av tida vår til å følgje opp tenestene.

For at barn skal få nødvendig hjelp til rett tid, må tenestene raskt få til å samarbeide om barn med behov for hjelp frå fleire tenester. Kartlegging av barn må skje tidleg, slik at ansvar og oppgåver blir tydeleg, og tiltak må i større grad bli tilpassa barnas behov. Barn må få kontinuitet i tenestetilbodet, og overgangar må vere saumlause.

Barn i sårbare livsfasar må ikkje bli utsette for behandlingsavbrøt og brå overgangar. Vidare meiner vi at pårørande og familiar må få betre oppfølging når barn har komplekse og samansette vanskar som utfordrar familiesystem og andre delar av barns nettverk.

Psykisk helse og rus (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalter skal gi en kort og overordnet vurdering av hvorvidt kommunenes arbeid på psykisk helse- og rusfeltet utvikles i tråd med Opptrappingsplanen for psykisk helse og Forebyggings- og behandlingsreforma på rusfeltet.

Formidling av planen og rettleiaren

Forebyggings- og behandlingsreforma på rusfeltet er så ny at vi ikkje har grunnlag for å seie om utviklinga er i tråd med denne.

Vi har formidla opptrappingsplanen for psykisk helse og rettleiaren for barn og unges psykiske helse på nettstaden vår. I løpet av 2024 har vi løfta tematikken på ulike samlingar med kommunane, i tillegg til at det har vore tema i samarbeidsmøta med kompetansesentera, slik at vi sikrar at blir løfta i deira nettverk og arrangement. Planen har fått merksemd gjennom det landsomfattande tilsynet med det systematiske folkehelsearbeidet for å fremje barn og unges psykiske helse.

Ungdata for 2024 viser ein negativ trend i sjølvrapporterte helseplager. Det er for tidleg å seie noko om effekten av opptrappingsplanen så langt, men det viser at det er eit stykke att til målet om 25 prosent reduksjon i barn og unges sjølvrapporterte helseplager. Vi ser også ein negativ trend i delen unge som blir uføre med bakgrunn i psykiske plager og lidingar.

Vi har fått kjennskap til kommunane gjennom det landsomfattande tilsynet med det systematiske folkehelsearbeidet for å fremje barn og unges psykiske helse. Kommunane identifiserte utanforskap og einsemd, psykososialt skulemiljø og sosial ulikskap som dei tre viktigaste faktorane i oppvekst- og levekårsforhold som kan påverke barn og unges psykiske helse.

Tilsynet viser at kommunane har merksemd på barn og unges psykiske helse, men at det manglar ein del i det systematiske arbeidet. Kommunane vi besøkte viste at dei set i verk tiltak, som blir evaluerte, men desse baserer seg ikkje på ei folkehelseoversikt og den systematikken som folkehelselova legg opp til. Det er derfor noko tilfeldig om kommunen lagar planar og tiltak for dei reelle utfordringane som barn og unge har.

I kartlegginga svarar alle kommunane på spørsmål om det systematiske folkehelsearbeidet. På spørsmålet om vedtak og/eller strategiar for fremje barn og unges oppvekst- og levekårsforhold, svarar fleste kommunane

- deltaking i fritidsaktivitetar
- trygt oppvekstmiljø
- trygt psykososialt skulemiljø
- foreldrerettleiing
- trygt psykososialt barnehagemiljø.

Temaet er sentralt i folkehelse- og planarbeidet til kommunane.

Tilskotsforvaltninga

Tilskotsforvaltninga vår viser at det er eit stort behov for å styrke tenestene innan rus og psykisk helse i Vestland. Ein større del av søknadene om tilskot til nye tiltak, er i tråd med rettleiaren for psykisk helse barn og unge.

Tilskota som er retta mot tiltak til vaksne og barn og unge, gir svært lite rom for å gi tilskot til anna enn FACT og FACT-ung, som er første prioritet. Det er eit stort behov for eigna bustader for denne gruppa og tre kommunar søkte om forprosjektmidlar til Housing First. Vi måtte avslå alle søknadene fordi vi ikkje fekk fullmakt til å gje tilskot til nye tiltak under prioritet to.

Behovet for tiltak i desse gruppene er stort, men innrettinga på dei to tilskota gjer at kommunane ikkje søker tilskot i så stor grad som ønskeleg.

I 2024 rapporterte vi inn 13 FACT-team for vaksne og tre FACT-ung-team. Det er avgrensa kor mange fleire FACT-team det er grunnlag for å opprette i Vestland.

Innan kommunalt rusarbeid gjeld storparten av søknadene tilskot til førebygging og tidleg intervensjon, aktivitets- og arbeidsrette tiltak og lågterskeltilbod. Vi har kjennskap til at kommunar kuttar ein del tilbod til denne gruppa, på grunn av økonomi.

ACT/FACT og FACT-ung

Vestland og Rogaland har organisert ei styringsgruppe på overordna nivå, der KORUS Bergen har koordineringsansvar, og der vi saman held oversikt over utviklinga i regionen. Oppbygging av FACT-team er krevjande. For mindre kommunar kan ressursbruk og tilgang på kompetanse sett opp mot gevinst, bli vurdert som lite føremålstenleg. Desse kommunane ytrar ofte ønske om andre samarbeidsmodellar for ulike lågterskeltilbod.

Lågterskeltilbod og bustad

Ifølgje IS-24/8 har 20 av 43 kommunar lågterskeltilbod. Talet er det same som i 2023. Fleire kommunar vil framover truleg sjå behovet for å opprette lågterskeltilbod, då presset på tenesta har auka. Tilbodet kan supplerast med kortare individuell oppfølging ved behov.

Samanlikna med 2023 har det vore ein nedgang i årsverk innan psykisk helse for barn og unge i Vestland. Vi har mange små kommunar. 11 av 43 kommunar har ikkje eigne stillingar innan psykisk helse for barn og unge, og tilsvarande tal kommunar har ein mindre stillingsprosent på tvers av andre tenestetilbod.

20 av 43 kommunar har døgnbemanna og/eller delvis døgnbemanna bustader for personar med alvorleg psykisk lidning og/eller ROP. Like mange kommunar har ei eller anna form for ambulante tenester, inkludert FACT-team. Tala er dei same som i 2023.

Brukarmedverknad

Kommunane varetar i stor grad individuell brukarmedverknad. Vi ser at mange av kommunane manglar brukarmedverknad på systemnivå.

Informasjon frå klage- og tilsynssaker

Auken i talet klager og tilsynssaker på området seier noko om utfordringane som kommunane står i. Klagene vi får er ofte frå pasientar som har hatt individuell oppfølging over lang tid, og som får avslag på vidare individuell oppfølging. Mange av desse kan likevel følgjast opp i eit lågterskeltilbod utan vedtak. Sidan lågterskeltilbod ikkje treng vedtak, får vi ikkje innblikk i kommunane sine tilbod på dette området gjennom klage- og tilsynssaker.

Vi ser ein svak auke i talet på tilsynssaker. Ofte er dette saker der mange instansar er inne i eit samarbeid med og rundt pasienten. Kommunane har ofte dårleg kapasitet, samstundes som to av tre helseføretak i Vestland har nedjustert talet sengeplassar, spesielt innanfor rus og psykisk helse. I tilsynssakene ser vi at kommunane stort sett har gjort forsvarlege vurderingar og følgjer opp pasientgruppa.

Mange kommunar har god kompetanse og erfaring med å følgje opp ROP-pasientar, men tenestene er sårbare. Dersom tilsette med erfaring og kompetanse sluttar, veit vi at mange kommunar har vanskar med å rekruttere nye, jamfør IS-24/8.

I våre halvårlege møte med helseføretaka er vi merksame på utfordringane innan psykisk helse. Vi ber om ei orientering om kapasitet, ventetid og sengeplassar, og eventuelt ei evaluering av nedjustering av sengeplassar.

Lågterskeltilbod i kommunane er enno ikkje lovpålagde. Vi ser at utfordrande kommuneøkonomi fort kan føre til nedbygging av ulike typer tenester på dette området.

Erfaringa vår tilseier at det vil ta tid før vi kan måle effekten av opptrappingsplanen for psykisk helse. I tillegg gjer kommunane endringar i tenestetilboda på grunn av krevjande økonomi. Kompetansesentera har hovudansvaret for satsinga.

Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, herunder hvordan den regionale koordinatorfunksjonen som ble etablert i 2023 har understøttet kompetanse- og tjenesteutviklingen. Samlet vurdering skal videre inkludere allmennelegetjenestene, svangerskapsomsorgen og helsestasjon- og skolehelsetjenesten, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten. Herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

Alle kommunane i fylket rapporterer om utfordringar med å behalde og rekruttere personell til helse- og omsorgstenestene. Kommunane melder at det ikkje berre gjeld personell med fagkompetanse, men også personell generelt.

SSB-tala for 2023 viser ein auke i talet på årsverk og sysselsette med vidaregåande opplæring, høgskuleutdanning og universitetsutdanning i dei kommunale helse- og omsorgstenestene i Vestland. Dette kan tyde på at kompetansen til tilsette i helse- og omsorgstenestene blir stadig betre. Det kan også tyde på at kommunane klarer å tilpasse tenestetilbodet ut frå endringane som skjer i samfunnet og etterspurnaden etter tenester. Vi meiner det i så fall er ei positiv utvikling. Samstundes kan fleire årsverk føre til at kommunane får større utfordringar med å rekruttere personell med nødvendig kompetanse.

Det er færre årsverk for geriatriske og psykiatriske sjukepleiarar i omsorgstenestene i 2023 samanlikna med året før. Samstundes har talet på årsverk for sjukepleiarar med anna vidareutdanning auka. Ergoterapeutårsverka aukar. Det gjer også talet på årsverk for sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar. Ut frå demografi og sjukdomsbilete, vurderer vi at vidareutdanning innan geriatri og psykisk helse utgjer viktig kompetanse i tenestene. Vi vil derfor følgje med på utviklinga.

Talet på årsverk per brukar av omsorgstenester aukar. Samstundes viser SSB-tala at delen brukarretta årsverk i omsorgstenestene med helseutdanning har ein nedgang frå 77,2 prosent i 2020 til 76,7 prosent i 2023. Dette kan tyde på at nesten ein fjerdedel av årsverka i omsorgstenestene har tilsette utan helse- og sosialfagleg utdanning. Vi ser også at talet på årsverk i brukarretta tenester som ikkje har helseutdanning, har auka med 268 årsverk frå 2022 til 2023.

Personellutfordringar og auka press på tenestene gjer at kommunane må tenke nytt og planlegge framtidens helse- og omsorgstenester på ein annan måte.

Mange av kommunane omorganiserer no tenestene for å sikre berekraftige tenester framover, og legg opp til teamorganisering og endra oppgåvedeling. Vi vurderer at dei nye arbeidsmåtane kan føre til at mangel på nødvendig kompetanse i personalgruppa blir ei utfordring for å sikre kvaliteten i tenestetilbodet. Vi meiner endringane, i tillegg til fleire tilsette utan helse- og sosialfagleg kompetanse, også i større grad kan setje pasienttryggleiken i fare. Betre leiarkompetanse, god styring og internkontroll vil vere vesentleg for å lukkast med dette arbeidet og endringane i tida framover.

Vi tildelte kompetansemidlar til i alt 2941 tilsette i 2024, noko som er 333 fleire enn året før. Kommunane søkte om meir enn dobbelt så mykje midlar til kompetansehevande tiltak og utviklingsprosjekt enn kva som var ramma for tildelinga av kompetanse- og tenesteutviklingstilskot i 2024. Vi meiner at dette kan tyde på stort behov for opplæring, utdanning og kompetanseheving i kommunane og at tilskotsordninga er eit viktig, om enn ikkje fullgodt bidrag i dette arbeidet.

Vi vurderer også at kommunane i varierende grad prøver å sikre seg breiddekompetanse. Vi ser at fleire kommunar, trass i oppmoding frå oss, ikkje søker kompetansemidlar for å sikre breiddekompetanse i eigen kommune. I kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet for 2024 kunne kommunane søke kompetansemidlar til masterutdanning i avansert klinisk allmennsjukepleie. I alt søkte 31 personar. Helseledingskontoret innvilga lønstilskot til helsepersonell med utdanning innan avansert klinisk allmennsjukepleie i 15 kommunar i Vestland i 2024.

I alt 1545 tilsette fekk støtte til ABC-opplæring, som er 321 fleire enn i 2023. Vi vil trekke fram arbeidet til USHT-ane med internopplæring og ABC-opplæring, som vi vurderer bidrar til betre kvalitet i tenestene til personar med utviklingshemming.

I tillegg til at dei fleste kommunane har vanskar med å rekruttere personell med nødvendig kompetanse, rapporterer også spesialisthelsetenesta om tilsvarande utfordringar. Rekruttering av helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og legar er no ei felles utfordring som også helsefelleskapa følgjer opp.

I 2024 har vi halde fram arbeidet med å løfte strategisk kompetanseplanlegging i dialogmøta som leiinga har hatt med kommunane. Vi har også tatt det opp i andre samanhengar. Vi har oppmoda kommunane, fylkeskommunen og utdanningsinstitusjonane om å samarbeide og samhandle for å løse felles utfordringar innan rekruttering og utdanning av helse- og omsorgspersonell. Dette er eitt av tiltaka våre for å understøtte kompetanse- og tenesteutviklinga i kommunane.

Vi samarbeider med andre aktuelle aktørar som KS, utdanningsinstitusjonane og Vestland fylkeskommune. Vi ønskjer å kome med felles tiltak for å støtte kommunane i det vidare arbeidet. Vi arbeider med å få i gang eit nettverk for leiarar på områda helse, omsorg og velferd, for å løfte felles utfordringar, og finne gode og berekraftige løysingar gjennom samarbeid. Ein vesentleg nytteverdi vil vere erfaringsdeling, informasjon og dialog, og ei felles forståing av oppgåveløysinga.

På grunn av ressursituasjonen vår har vi ikkje prioritert å opprette eigen regional koordinatorstilling.

Allmennlegetenestene

Talet på avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar aukar, medan talet på avtalte fysioterapeutårsverk er stabilt. Talet fastlegelister utan lege har hatt ein liten nedgang frå 2022 til 2023. Samstundes viser SSB-tala at delen pasientar på ei liste utan lege har gått opp frå 3,9 prosent i 2022 til 4,2 prosent i 2023. Satsinga "Vestlandslegen" har vore eit viktig tiltak for å rekruttere legar til Vestland.

Svangerskapsomsorg, helsestasjon og skulehelsetenesta

Avtalte årsverk i helsestasjon og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år har auka frå 47,1 prosent i 2020 til 59,1 prosent i 2023. SSB-tala tyder på ein auke i talet på avtalte årsverk for helsesjukepleiarar, andre sjukepleiarar og årsverk med anna helsefagleg utdanning. Veksten kan bidra til å styrke kvalitet og kapasitet i helsestasjonsarbeidet. Samstundes er kommunane avhengige av at dei klarar å rekruttere personell med nødvendig kompetanse. Talet årsverk for legar og fysioterapeutar på helsestasjon og i skulehelsetenesta held seg relativt stabilt. Det same gjeld talet årsverk for jordmødrer. Ifølgje SSB-tala er det ni kommunar i Vestland som ikkje har psykologkompetanse gjennom tilsetjing, samarbeid eller kjøp i 2023.

I alt 20 kommunar er utan årsverk for jordmødrer. Dei fleste av kommunane har likevel eit tilbod om oppfølging av jordmor i svangerskapet. Omfanget og innhaldet varierer. Nokre kommunar samarbeider om jordmorstilling, andre kommunar har avtale med spesialisthelsetenesta om jordmortenester i svangerskapsomsorga. Vi vurderer at samarbeid om jordmorstillingar er nødvendig for at små kommunar klarer å ha eit tilbod om jordmor til gravide og barselkvinner i det heile. Med tanke på at fleire barn og unge har psykiske utfordringar, tyder tala for psykologtilbodet i kommunane på ei positiv utvikling.

Fylkeskommunal tannhelseteneste

Avtalte tannlegeårsverk i den offentlege tannhelsetenesta i fylket har auka siste året. Tal frå SSB for 2023 kan tyde på at det er nokre ledige stillingar for tannlegar utan spesialitet (13,2 årsverk) og talet har auka frå 2022. Talet på årsverk for tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta har auka dei siste tre åra, frå 68,8 i 2021 til 83,3 i 2023. Talet på ledige tannpleiarstillingar held seg relativt stabilt (4,5 årsverk i 2023). Talet på avtalte årsverk i det private held seg relativt stabilt. Sjølv om tilbodet innan tannhelse i kommunane ikkje har endra seg vesentleg, vurderer vi at vi likevel ser ei positiv utvikling i den offentlege tannhelsetenesta i Vestland. Samstundes kan tala tyde på at det utfordrande å rekruttere tannlegar til den offentlege tannhelsetenesta.

Utdanningstilboda i fylket

Utdanningstilboda i Vestland er gode. Høgskulen på Vestlandet har utdanningstilbod innan sjukepleie, vernepleie og sosialfag på fleire studiestader i fylket, der dei to første har vore tilbydd både som heiltids- og deltidsutdanningar. Fylkeskommunen har ulike utdanningstilbod innan helse- og omsorgsfaga, både for ungdom og vaksne. Det er også fleire tilbod om fagskule i fylket. Fylkeskommunen rapporterer om fleire søkjarar til fagskulane.

Samstundes rapporterer høgskulen om nedgang i talet på søkjarar til sjukepleiarutdanninga, færre studentar i klassane og utfordringar med å starte opp tilbod. Det blir ikkje starta opp deltidsutdanningar på enkelte studiestader, mellom anna på grunn av låge søkjartal. Høgskulen meiner at å justere inntakskrava til sjukepleiarutdanninga vil bidra til å snu den negative utviklinga. Vi er uroa for kva følgjer det i så fall vil ha for kvaliteten på utdanninga og kompetansen til dei som blir utdanna. Det er ikkje nok elevar til å oppretthalde klassar i helse- og omsorgsfaga i vidaregåande opplæring. Vi meiner vi bør ha ekstra merksemd på denne utviklinga framover.

Kommunane ønskjer meir tilrettelagde utdanningar ut frå lokale behov og meir desentralisert undervisning for tilsette som alt er i arbeid. Både

kommunane og høgskulen problematiserer omfattande praksiskrav for å få studieplass. Vi vurderer at dei tradisjonelle tilboda ikkje er nok for å dekke kompetansebehovet i dei kommunale tenestene. Det er behov for fleire utdanningsretningar og måtar å utdanne seg til arbeid innan helse- og omsorgsfaga. Det trengst både generalist- og spesialistkompetanse.

Nok praksis- og læreplassar er framleis eit aktuelt tema. At ansvaret for å skaffe seg læreplass er lagt til elevane sjølve, kan også vere eit hinder for mange. For å redusere fråfall har lærlingar i helsearbeidarfaget behov for betre rettleiing og støtte i praksisperioden. Erfaring frå utprøvinga av modellar for å rettleie studentar og tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene kan bidra til å styrke kvaliteten på praksisen.

Vi meiner at utdanningsinstitusjonane framleis ikkje er fleksible nok i tilrettelegginga av utdanningstilboda slik at dei samsvarar med dei demografiske endringane og behova i kommunane. Mange av kommunane kan bli betre til å samarbeide, både med andre kommunar og utdanningsinstitusjonane om opplærings- og utdanningstiltak. Vi ser at ein del kommunar er i gang med eit slikt samarbeid. Vi meiner at økonomi ikkje bør vere eit hinder for å utvikle fleire gode og alternative løysingar og tiltak som kan sikre kompetansebehovet i dei kommunale tenestene framover.

Tilgang på desentraliserte deltidsutdanningar

Høgskulen har hatt gode tilbod om deltidsutdanning både for sjukepleiarar og vernepleiarar. Det er derfor urovekkande når høgskulen no rapporterer om at deltidsutdanningane innan sjukepleie og vernepleie ikkje blir starta opp som planlagt. Dette samsvarar ikkje med behovet vi ser og som kommunane melder om. Vi meiner at alle partar må leggje til rette for å bidra til at tilsette som ønskjer å ta desentralisert deltidsutdanning, får høve til dette.

Tilsyn (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten redegjøre for tilsyn med verger og blant annet beskrive:

- risikovurderinger i forkant av tilsyn
- funn i tilsyn
- oppfølging av verger og tiltak statsforvalteren har iverksatt på bakgrunn av tilsyn

Vi startar tilsynsaktivitet når

- vi får ei uromelding om at verja ikkje tek hand om interessene til verjehavaren
- vi gjennom sakshandsaminga vår avdekkjer forhold som tyder på at verja ikkje utfører verjeoppdraget på ein tilfredsstillande måte
- vi gjer funn i rekneskapskontrollen.

Vi har ikkje gjennomført verjerekneskapskontroll i 2024, og dermed ikkje starta tilsynsaktivitetar på bakgrunn av dette. I saker der vi gjennom sakshandsaminga vår oppdagar at verja ikkje har tatt hand om økonomien til verjehavaren på ein god nok måte, skriv vi opp sakene til kontroll av rekneskap neste år.

Tidlegare år har vi også oppretta tilsynsaktivitetar når vi får melding frå verjehavaren om at hen meiner verja ikkje gjer ein god nok jobb. I 2024 har vi gått bort frå denne praksisen, og heller handsama slike saker som ei "byte verje"-sak. Unntaka er når meldinga frå verjehavaren kan tyde på at verja handlar i strid med lov eller forskrift.

Etter at vi har oppretta tilsynsaktivitet og gjort innleiande undersøkingar vurderer vi om det er grunnlag for å opne tilsyn med verja. Det avgjerande vil då vere om det ligg føre opplysingar som tilseier at verja ikkje tar hand om verjeoppdraget i samsvar med lov og forskrift. Typiske funn i tilsyn er:

- Sjølvrådetretten til verjehavaren er ikkje alltid varetatt.
- Verja følgjer ikkje alltid godt nok opp institusjon/bufellesskap.
- Verja har ikkje tatt hand om økonomien til verjehavaren på ein tilfredsstillande måte, til dømes ved at gjeldsordning ikkje er godt nok følgd opp eller at verja ikkje har teikna bustadforsikring.
- Manglande innsending av dokumentasjon, særleg ved innsending av verjerekneskap.
- Verja har ikkje alltid henta inn samtykke i forkant for disposisjonar som krev samtykke

Dei fleste tilsynssakene vart i 2024 avslutta med at vi rettleia verja. I saker der det er starta tilsyn som følgje av verjerekneskap (2022) eller dårleg økonomistyring, har vi som rutine å lage oppfølgingsaktivitetar, slik at vi i ettertid kan kontrollere at verjene har retta seg etter føringane og tilbakemeldingane frå oss.

Vergers kompetanse (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten gi en overordnet vurdering av vergers kompetanse og opplæringsbehov. Risikovurderinger, gjennomførte og planlagte tiltak skal beskrives, samt opplevde og forventede effekter.

Vi har om lag 130 faste verjer. Alle nye faste verjer må gjennom ei grundig opplæring før dei startar. I tillegg har vi ei årleg samling for faste verjer der vi tek opp aktuelle tema. I 2024 har vi også gjennomført individuelle samtalar med nesten alle dei faste verjene i Vestland, der dei fekk høve til å drøfte konkrete saker, problemstillingar og utfordringar. Slike samtalar gir oss høve til å rettleie verjene om mellom anna regelverk, frivilligheit og verjerolla. Vi har

også ei eiga telefonline for faste verjer, der dei kan få snakke med ein sakshandsamar om konkrete problemstillingar i verjeoppdraga.

Vi vurderer at dei faste verjene våre generelt har god kompetanse om verjerolla. Vi ser likevel eit behov for fleire samlingar/nettseminar i løpet av året, for å kunne gi løpande opplæring og fagleg påfyll til dei faste verjene. Mange verjeoppdrag blir stadig meir krevjande, og mange verjer ønskjer meir opplæring og oppfølging frå oss.

Til nærstående og alminnelege verjer har vi ikkje hatt kapasitet til å tilby opplæring utover e-læringskurs, eller rettleiing utover brev/vedtak og i telefonsamtalar. Vi er uroa for at manglande opplæring og oppfølging av denne gruppa verjer kan føre til at verjeoppdraget ikkje blir utøvd i samsvar med lov og forskrift, og utan tilstrekkeleg respekt for sjølvråderetten til verjehavaren. Vi opplever stadig misforståingar om verjemål og frivillighet, og lang sakshandsamingstid for enkelte sakstypar gjer at det kan ta tid før vi oppdagar slike forhold. Vi har dessverre heller ikkje ressursar til opplæring av nærstående og alminnelege verjer i 2025.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader i 2023, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel.

Statsforvalteren skal i tillegg rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og antall restanser.

Statsforvalteren skal i årsrapporten også redegjøre for sine vurderinger av overordnet status på rettshjelpfeltet. Rapporten skal inneholde en analyse av effektene av de endrede inntekts- og formuesgrensene som kom i i 2022 og 2023.

I 2024 fekk vi 333 søknader om fritt rettsråd og 59 søknader om fri sakførsel, totalt 392 søknadar. Av desse søknadene var 171 frå privatpersonar, noko som utgjør om lag 43 prosent.

Vi avslø 143 søknadar om fritt rettsråd. 59 av sakene vart avslått på grunn av økonomi, 72 av sakene vart avslått av andre grunnar og 12 av sakene vart avslått på grunn av ein kombinasjon mellom økonomi og andre grunnar.

I fire saker om fritt rettsråd dispenserte vi frå dei økonomiske vilkåra. To av sakene gjaldt økonomisk skifte, ei sak gjaldt barnefordeling og ei sak gjaldt voldsoffererstatning.

Fri sakførsel har i 2024 vorte innvilga i ti saker og avslått i 32 saker. Tre av søknadene vart avslått på grunn av økonomi, 27 av søknadene vart avslått av andre grunnar og to av søknadene vart avslått på grunn av ein kombinasjon mellom økonomi og andre grunnar.

Vi dispenserte frå dei økonomiske vilkåra i tre saker om fri sakførsel. Sakene gjaldt økonomisk skifte, personskade og brot på EMK.

Saksinngangen har i 2024 vore nokolunde lik tidlegare år, men vi ser ein auke på to område. Dette gjeld saker om undersøking og behandling utan samtykke etter rettshjelplova paragraf 11 første ledd nr. 8. Vi har i 2024 utbetalt i 79 fleire saker enn i 2023. Vidare har vi i 2024 fått 25 fleire søknader om fri sakførsel enn året før.

Forventa saksinngang i 2025 er usikker, då det er avhengig av når det nye regelverket for økonomisk berekning trer i kraft. Dei nye reglane om berekning av betalingssevne opp mot eigenandel vil truleg føre til at fleire søkjer om fri rettshjelp. I tillegg vil utviklinga vi ser i saker etter rettshjelplova paragraf 11 første ledd nr. 8 kunne føre med seg ein auke.

Rettsjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkomne søknader	1 437	1 378	59
Innvilgede søknader	1 212	1 202	10
Avslåtte søknader	175	143	32

Talet på søknader som har kome inn syner søknader om fritt rettsråd, stykkprissaker og søknader om fri sakførsel. Arbeidsoppgåver frå kontrollkommissjonen og krav frå tolkar er ikkje tatt med i tabellen. Vi har òg søknader frå 2024 som enno ikkje er handsama eller som ikkje er formelt avslåtte/avviste fordi vi ventar på dokumentasjon.

Rettsjelp 1.2 - Saksbehandlingstid og antall restanser

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid	4
Antall restanser	56

Sakshandsamingstida for søknader har variert gjennom året frå ei til åtte veker. For stykkprissaker og utbetaling til kontrollkommissjonen har sakshandsaminga vore ei til to veker. Talet på restansar syner søknader og stykkprissaker kor sakshandsaminga ikkje har starta.

Forliksråd (fra kapittel 7.3.4.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten

- gi en overordnet redegjørelse for arbeidet som er utført i forbindelse med oppnevning av medlemmer til forliksråd og tilsyn med forliksråd.
- gi en overordnet vurdering av eventuelle forhold som departementet bør være kjent med i forbindelse med utredningen av forliksrådsordningen, jf. Stortingets vedtak nr. 445 (2022-2023).

Vårt tilsyn med forliksråda er avgrensa til å handsame innkomne klager. Klagene kan gjelde sjølve avgjerda, som vi ikkje kan ta stilling til, medan andre saker kan gi grunn til å undersøke sakshandsaminga i forliksrådet nærare. Etter at forliksråda har uttala seg, er det sjeldan behov for kritikk eller anna oppfølging.

Vi fører ikkje noko statistikk over talet på klagesaker, men vi har hatt få saker i 2024. Ved eit enkelt søk i arkivet finn vi berre to klager, som begge gjeld same forliksråd. Det låge talet på klager kan innebere ein risiko for at det finst manglar vi ikkje kjenner til.

I 2024 var det valår for oppnemning av nye medlemmer for perioden 2025–2028. Vi sende ut informasjon til alle kommunane i fjor vår, men det var likevel få som hadde gjennomført val før fristen, som er 15. oktober jf. dl. paragraf 57. Trass i grundig og nøyaktig informasjon er det også mange kommunar som ikkje melder inn nødvendige opplysingar for at vi kan gjere den formelle oppnemninga. Vi ser mange døme på at medlemmene som er valde ikkje oppfyller krava i lova, til dømes krav til alder. For kommunar som har felles forliksråd, ser vi ofte at det manglar tilstrekkelege opplysingar om rekkefølga på medlemmene. Dette har skapt mykje meirarbeid, og per januar 2025 er det fire forliksråd i fylket vårt som enno ikkje er oppnemnde på grunn av dei nemnde manglane.

Etne kommune og Vindafjord kommune, som ligg i kvart sitt fylke, men i same rettskrins, har vedtatt å ha felles forliksråd. Før årsskiftet vart vi samde med Statsforvaltaren i Rogaland om at dei skal gjere oppnemninga.

Statsforvaltaren har ikkje dei nødvendige verktøya for å kontrollere at medlemmene oppfyller alle krava i domstollova, til dømes om vandel og økonomi. Vi ber derfor alltid om at kommunen stadfestar at dei har kontrollert at vilkåra er oppfylte. Likevel har vi sett døme på at andre instansar oppdagar at vilkåra ikkje er oppfylte.

Vi er kjende med skjemaet for innmelding av medlemmer i forliksrådet på nettstaden til statsforvaltarane. Få kommunar nyttar denne løysinga. Vi vil likevel gjere departementet merksam på at løysinga legg opp til ei svært enkel innrapportering av valet, og derfor liten kontroll med om valet er lovleg jf. domstollova paragraf 58. Praksisen vår er å be om vedtaket til kommunestyret, fødselsdatoen til personane og informasjon om kva yrke dei har.

Vi er positiv til utgreinga av forliksrådsordninga. Vi støttar mellom anna behovet for eit system som sikrar at partane blir varsla om at dei er part i ei sak i forliksrådet. Vi har sett døme på klagesaker som gjeld nettopp dette. Vi håpar også at departementet vil sjå nærare på innhaldet i tilsynsrolla.

Samfunnssikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)**Rapportere på****Samfunnssikkerhet i plan**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventningar til samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven er formidlet til kommunene?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivarettatt i kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet etter plan- og bygningsloven?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivarettatt i integrering av funn fra helhetlig ROS i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel?

Vi gir tilbakemelding på alle meldingar om oppstart av planarbeid, inkludert forventningar til varetaking av samfunnstryggleiksomsyn (ROS-analyse) i planprosessen. Som del av denne tilbakemeldinga viser vi til relevant bakgrunnsinformasjon som t.d. DSB-rettleiaren *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*, men òg meir fagspesifikke rettleiarar frå mellom andre DSB og NVE. Vi viser vidare til mellom anna *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027* og relevante kunnskapskjelder, inkludert kommunane sine egne ROS-analysar.

Vi har inntrykk av at kommunane tar til seg innspela våre og at dei gjennomgåande er gode på å vidareformidle til plankonsulentar kva forventningar vi har til varetaking av samfunnstryggleiksomsyn i planlegginga. Det resulterer i at samfunnstryggleiksomsyn no blir følgt opp i alle plansaker, inkludert planprogram.

Naturfare og klimaendringar er sentrale vurderingstema i så å seie alt planarbeid, men framleis har fleire kommunar eit forbettringspotensiale innan ROS-analysar på verksemdsbasert risiko, og ikkje minst viljestyrte hendingar. Derfor understrekar vi ofte i fråsegnene våre at dette må vere ein del av ROS-arbeidet når det er relevant.

Ved slike høve forsøker vi å rettleie kommunane (og plankonsulentane) om kva forventningar og krav som ligg i lov- og forskriftsverk og rettleiingar. I fleire av desse sakene har vi òg rettleiingssamtalar og møte med kommunane.

Vidare gir vi tilbakemelding på alle planar som er lagde ut til offentleg ettersyn eller høyring. ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit er sentrale element i tilbakemeldinga. Vi tykkjer kommunane i det store og heile følgjer opp ansvaret på ein god måte, sjølv om kompetansenivået tidvis er noko varierende. Vi ser òg at det i liten grad er behov for å fremje motsegn til planar med bakgrunn i ROS-analysar. Dei feila og manglane vi finn, blir

i hovudsak retta av kommunane gjennom dialog med oss utan å gå vegen om motsegn. Det er elles ein del av rutinane våre å gjennomføre dialogmøte med kommunen når vi har vesentlege merknader til eit planforslag, slik at vi om mogleg kan unngå å bruke motsegn. Ofte fell grunnlaget for merknadene vekk etter slike dialogmøte, fordi kommunen sjølv ser at han må rette dei avdekte tilhøva.

Som del av oppfølgingsarbeidet vårt mot kommunane både minner vi om og sjekkar at kommunane tek omsyn til og følgjer opp funn frå den heilskapelege ROS-analysen i arealplanarbeidet.

I det siste har vi hatt ekstra merksemd på utfordringane ved å bruke eksterne konsulentar til skildring av prosess, medverknad og kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ROS-analysar i arealplansamheng. Desse har ofte ikkje tilstrekkeleg lokal- og/eller fagkunnskap. Då er det særleg viktig å sikre medverknad for å identifisere alle relevante farar og sårbarheiter.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva er status for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos kommunene som har storulykkevirksomheter?
 - Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivarettatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Hvilke tiltak gjør statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter, herunder etablering av nye storulykkevirksomheter?

Vi sjekkar alle arealplanar opp mot DSB si oversikt over verksemdar som er underlagde storulukkeforskrifta. Dette er eitt av fleire punkt vi har merksemd på i fråsegner til melding om oppstart av planarbeid og ved offentleg ettersyn. Vi diskuterer elles temaet hyppig, både i dialogmøte og andre samtalar.

I utgangspunktet forventar (krev) vi at kommunane ser til at det blir teikna inn omsynssoner kring storulukkeverksemdar i alle plankart, og vidare at dette blir følgt opp med tilhøyrande planføresegner.

Samstundes har vi forståing for at einkilde kommunar av tryggleiksomsyn ikkje ønskjer å leggje slik informasjon offentleg tilgjengeleg i til dømes plankart og/eller planføresegner.

Sjølv om vi følgjer opp problemstillinga i alle arealplansaker, har vi ikkje ført lister over kva kommunar som har oppretta omsynssoner kring storulukkeverksemdene og ikkje, og eventuelt på kva andre måtar omsyna er varetatt. Vi kan likevel nemne at problemstillingar kring storulukke og omsynssoner det siste året har vore tema i m.a. kommunane Alver, Askøy, Bremanger, Gulen, Kinn, Ullensvang, Øygarden.

Dette er elles eit område der vi ser stort behov for oppdaterte føringar frå sentralt hald på korleis kommunane (og Statsforvalteren) på best mogeleg vis kan vareta omsynet til både nasjonale tryggingssinteresser og kriminalitetsførebygging på den eine sida, og informasjonsbehov og førebygging lokalt på den andre sida.

FylkesROS og oppfølgingsplan (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

Rapportere på

FylkesROS

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for status på fylkesROS og tilhøyrande oppfølgingsplan
- Redegjøre for om uønskede hendelser i en sikkerhetspolitisk situasjon og/eller væpnet konflikt er inkludert i fylkesROS.
 - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for egen beredskap?
 - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for samordnet beredskapsplanlegging i totalforsvaret regionalt?
- Redegjør for hvordan nye risikoer som følge av overgang til nye energibærere er inkludert i fylkesROS

FylkesROS og oppfølgingsplanen var ferdig seint i 2023. Planen er fast tema på det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet og eit grunnlag for den interne verksemdsplanlegginga.

Den tryggleikspolitiske situasjonen var ikkje tema i hovudrapporten til FylkesROS. I 2024 fullførte vi arbeidet med eit tryggleikspolitisk scenario og ein tryggleiksgradert analyse av konsekvensane for Vestland. I tillegg laga vi ein oppfølgingsplan (sjå omtale i pkt. 3.2.1.4.1.1).

Det står ein del om det grønne skiftet i kapittelet om farlege stoff i FylkesROS. Der har vi omtala risiko, forventingar, konsekvensar for lokal beredskap og mogleg førebyggjande arbeid for å bidra til betre forståing for risikopotensialet i det grønne skiftet.

Kommunal beredskapsplikt - overordnet beredskapsplan (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for om beredskapsplaner for storulykkevirksomheter er samordnet og integrert med overordnet beredskapsplan.

I tilsyn med kommunar som har storulykkeverksemdar, tar vi alltid opp samordning av beredskapsplanar mellom verksemdene, kommunane og naudetatane. Vi gir og innspel om dette når saker om etablering av nye storulykkeverksemdar er på høyring, eller når endringar krev ny godkjenning.

Hovudintrykket vårt er at samordninga av beredskapsplanar for storulukkerisiko er for dårleg i mange kommunar. Vi vil derfor halde fram med å ha merksemd på dette temaet.

Avfallsplan i havn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere en oversikt over havner som med nytt regelverk (forurensningsforskriften kapittel 20) vil falle utenfor kravet om avfallsplan.

Viser til informasjon på SF-nett om endra rapportering. Av 43 kystkommunar har 23 levert inn oversikt. Halvparten av desse er ufullstendige og krev vidare oppfølging. Berre ein firedel av kommunane har levert gode nok oversikter.

Miljøkriminalitet (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)**Rapportere på**

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd.

Miljøavdelinga har meldt to saker til politiet i 2024. Den første saka gjaldt planering og graving av grøft i ei myr i eit naturreservat. Tiltaket var i strid med verneforskrifta. Den andre saka gjaldt skadeverk på eiketre i strid med naturmangfaldlova § 15 andre ledd.

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst pr. miljøtema for 2023 (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)**Rapportere på**

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst per miljøtema for 2023.

Rapportering gjøres i tabell og i samsvar med veiledning på Statsforvalternett.

Vi har sendt inn tabell i samsvar med rettleiinga på Statsforvaltarnett.

Spesifikk omtale av arbeid med fornying og innovasjon (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**Rapportere på**

Det skal:

- Gis en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- Redegjøres kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- Gis en omtale av resultater av prosjektene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysning av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling, og lenke til den felles søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var i si tid med på å utvikle portalen, og fagansvaret for denne ligg framleis i embetet vårt. Vi brukar derfor også noko tid på å rettleie andre embete, i tillegg til rettleiing av kommunar, informasjon på fagdagar hos departementet, og til å halde ved like og utvikle portalen saman med STAF. Kommunane blir i eit eige brev i august kvart år inviterte til å søkje om prosjektmidlar, med søknadsfrist 1. november.

Fagavdelingane hjå oss gjev innspel til søknadene innanfor sine felt. Vi får også innspel frå KS i søknadsprosessen. Slik blir fleire involverte i prosessen og får kjennskap til dei ulike prosjekta i fylket.

Vi legg vekt på at kommunane har ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan, og at dei gjer greie for utfordringane sine. Dei må vise til målsetjingane for prosjektet, og dessutan gjere greie for aktuelle verkemiddel eller løysingar som skal bli prøvde ut. Vi har presisert at god formidling av prosjekta er viktig, også for å vise det dei oppnår. Vi legg også ut informasjon på nettstaden vår.

Det blir også lagt vekt på at prosjekta har overføringsverdi og er forankra i kommuneleiinga og hos tilsette. Prosjektet bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte. Vi prioriterer prosjekt der det er minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering.

I Vestland vart det i 2024 fordelt kr 13 850 000 i prosjektskjønnsmidlar. Vi fekk inn 49 søknader, og vi løyvde midlar til 28 prosjekt i den ordinære fordelinga.

Fornyingsmidlane vart fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i kroner):

Helse og omsorg	1 950 000
Barnehage og skule	500 000
Bustadsosialt arbeid	900 000
Utsette barn og unge	3 500 000
Digital forvaltning	3 600 000
Interkommunalt planarbeid	1 850 000
Samfunnstryggleik og beredskap	550 000
Klima	500 000
Andre prosjekt	500 000
<u>Totalsum</u>	<u>13 850 000</u>

Totalsummen er i samsvar med beløpet for samla fordeling i portalen.

Når prosjekta er ferdige, evaluerer vi kvart prosjekt. Dette kjem fram på den offentlege sida i Prosjektskjønn, med eventuelle kommentarar for kvart enkelt prosjekt. Vi har ein rapporteringsfrist 1. februar kvart år, og har oppfølging på rapporteringa når rapporteringsperioden er ute.

Vi informerer om prosjekt på konferansar og andre møte vi har med kommunane, og viser til den offentlege portalen for prosjektskjønn. Slik kan kommunane søke opp informasjon om liknande prosjekt i andre kommunar, i forkant av ev. eigen søknad.

Vi vil trekkje fram følgjande prosjekt frå i fjor:

Bemanningssentralen

Bemanningssentralen fekk tilskot på kr 500 000 både i 2023 og 2024. Sogndal kommune søkte og var mottakar av tilskotet begge åra. Prosjektet er eit samarbeid med kommunane Aurland og Årdal. Å etablere ein bemanningsentral er eit tiltak for å møte framtidige utfordringar og behov spesielt for tilsette i helse- og omsorgstenestene.

Bemanningssentralen skal føre til at ei konsentrert gruppe av faste, faglærde personar skal ta ekstravakter i tenestene. Dei tilsette vil få meir varierte utfordringar, og brukarane vil oppleve meir kontinuitet og kvalitet i tenestene. Vakansar og sjukefråvær er krevjande for å oppretthalde bemanninga og tenestene til brukarane. Nokre utfordringar er uønskt bruk av overtid, bruk av ufaglærde og mange vikarar. Det er positivt at kommunane samarbeider om desse tenestene og såleis unngår å konkurrere om den same arbeidskrafta.

Målrretta innsats med vekt på emosjonelle krav for å redusere sjukefråvær i barnehagesektoren i Bergen kommune

Prosjektet fekk kr 500 000 i tilskot i 2024. Prosjektet vil prøve ut målrretta tiltak for reduksjon av langtidsfråvær i barnehagane. Nyare forskning peikar på emosjonelle krav som ein viktig faktor for sjukefråvær. Høgt sjukefråvær fører til ustabilitet i tenestene og kan føre til uønskt låg kvalitet i barnehagetilbodet. Arbeid for å identifisere og finne tiltak for å redusere emosjonelle belastning, krev systematisk arbeid over tid.

Målet for prosjektet er å redusere langtidsfråværet. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med bedriftshelsetenesta, og i nært samarbeid med den 92 barnehagane i kommunen. Arbeidet vil blant anna omfatte å identifisere faktorar som har samband med emosjonelle krav, i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Prosjektet rettar seg mot tiltak for å betre arbeidssituasjonen for tilsette i barnehagane, og bidra til auka kompetanse for styrarar i arbeidet med sjukefråvær. Prosjektet har stor overføringsverdi til andre kommunar.

Kompetanseheving innan handtering av brannar og ulukker der nye energiberarar er involverte

Prosjektet fekk kr 250 000 både i 2023 og i 2024. Bergen kommune søkte og var mottakar av tilskotet. Det har i dei seinare åra vore ei satsing på nye miljøvenlege energiberarar og kjelder som hydrogen, ammoniakk, batteri og solceller. Næringar og hushaldningar tek i bruk slike nye løysingar i større grad. Hendingar der nye energiberarar og kjelder er involverte, er utfordrande for brannvesenet. Dei har stort behov for kompetanseheving for å kunne handtere slike hendingar på ein sikker og effektiv måte. Det har t.d. vore ein rekke brannar i elbilar og i samband med avfallshandlingsanlegg. Vest brann- og redningsregion (VBR), som omfattar 18 kommunar i bergensregionen, ønsker å hjelpe deltakarkommunane med å bli betre på å handtere brannar og ulykker der nye energiberarar og kjelder er involverte.

Digitalisering i Vestlandskommunane

Vi har i fleire år gitt prosjektskjønnsmidlar til digitalisering i Vestland, for at flest mogleg av kommunane skal ha den same digitale plattformen som grunnlag. Det er viktig med ei større grad av digitalisering av dei kommunale tenestene, spesielt innafør helse- og omsorgstenestene, men også på områda skule og barnehage, barnevern, beredskap og samfunnstryggleik.

Alle desse prosjekta har ført til betre tenester i kommunane som har vore involverte, og vi vil leggje vekt på å formidle resultatene til andre kommunar framover.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

I tillegg har vi avvist fire ordinære krav om lovlegkontroll fordi dei formelle vilkåra for kontroll ikkje var oppfylte.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	12	4	16
På eget initiativ	0	0	0

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har som tidlegare år også i 2024 rettleia om fleire tema, mellom anna økonomireglane, reglane om habilitet og møteoffentlegheit, og reglane om nyval til folkevalde organ.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Det skal også gis en kortfattet omtale av utviklingstrekk, muligheter og utfordringer, fordeler og ulemper statsforvalterne ser i det interkommunale samarbeidet i fylke.

I 2024 har det vore seks interkommunale politiske råd i Vestland:

- Fjordane
- Sogn
- Hardanger
- Nordhordland
- Sunnhordland.

Aktiviteten i desse varierer. Nokre av dei arbeider godt med opplæringsprogram som er felles for folkevalde og administrasjonen. Vi held ofte faglege innlegg i desse.

Det er seks kommunar i Vestland som ikkje er medlem av noko interkommunalt politisk råd.

Vi har utstrekte interkommunale samarbeid på ei rekkje felt i fylket, mellom anna innanfor:

- Nav-kontor
- Barnevern
- Barnevernsvakt
- Legevakt
- Renovasjon
- Miljøretta helsevern
- Brann og redning
- Landbruksforvaltning
- Kontrollutvalssekretariat
- IKT-drift
- Krisesenter
- 110-sentral og responscenter for velferdsteknologi

- PP-teneste

Organiseringsformene for samarbeida varierer.

For kjerneoppgåvene til kommunane, som skule og barnehage og helse og omsorg, er det mindre av interkommunale samarbeid.

Vi har i avgrensa grad oppmoda til interkommunale samarbeid siste åra. For nokre år sidan oppmoda vi særleg til samarbeid om barnevern og barnevernsvakt. Vi har vore meir aktive til å oppmode om samarbeid om søknader om prosjektskjønnsmidlar. Til dømes har vi dei siste åra løyvd prosjektskjønnsmidlar til opplæringsprogram i nokre av dei interkommunale politiske råda, og til interkommunale plansamarbeid, særleg for sjøareal.

Behandling av klager på kommunenes vedtak etter offentleglova (fra kapittel 7.3.6.2.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av eventuelle klagesaker etter offentleglova som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren, og inntrykket av totalomfanget av klagesaker etter offentleglova.

Vi har fått oversendt 70 klagesaker etter offentleglova i 2024. 66 av disse var handsama ved utgangen av året. Vi har stadfesta 42 av klagesakene, og 24 saker er omgjorte, oppheva eller avslutta som følgje av at underinstansen har gjort nytt vedtak i klageomgangen.

Nokre klagesaker frå Bergen kommune har fått stor medieinteresse, og kravd meir ressursar og merksemd frå vår side enn andre klagesaker. Sivilombodet har også undersøkt vår handsaming i ei av klagesakene. Resultatet førte til at vi gjorde om vedtaket i klagesaka frå stadfesting til oppheving.

Talet på klagesaker etter offentleglova (der vi er klageinstans) har eit relativt stort omfang. Vi får også mange klager direkte til oss som gjeld manglande svar på innsynskrav, der vi brukar mykje tid på å sende klagene til underinstansen og ber dei svare på innsynskrava og handsame klagene. Vi ser også nokre enkeltpersonar som fremmar mange innsynskrav til underinstansen og klagar ofte til oss. I desse tilfella går det med mykje tid på å svare ut sakene., både hos underinstansen og hos oss.

Statsforvalterembeter som samordner statlig innsigelse (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelse, herunder i hvilken grad innsigelse blir løst gjennom dialog.

Planprosessane for nokre saker går over fleire år, slik at tala i tabellen ikkje gir klart svar på aktiviteten og måloppnåinga det enkelte året. Våre interne oversyn over tid viser at 50–70 prosent av dei aktuelle motsegnspunkta vi drøftar med kommunane, fell vekk etter ein utvida dialog i høyringsfasen.

Vi viser elles til dei relevante punkta i tekstdelen, der arbeidet vårt med samordning av statlege motsegner er omtalt.

Samordning av statlige innsigelse

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelse fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelse fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	39	14	0	37
Statsforvalteren	0	0	0	33
Avinor				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	4	1	0	1
Forsvarsbygg	1	0	0	0
BaneNor	2	0	0	0
Kystverket	3	1	0	0
Luffartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	30	12	0	4
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	13	2	0	4
Statsbygg				

Planar med motsegnspunkt som ikkje er løyste, kan skuldast at planane framleis er i prosess og ikkje er ferdigstilte etter dialogmøtet (ventar på avklaring), eller at kommunen har takka nei til dialogmøte. (Ei feilkjelde kan vere manglande føring i planlista vår.) I ein stor del av planane der det er fremma motsegn for kommunen, er mange av motsegnspunkta likevel løyste som resultat av dialog, slik at kvar plan innheld færre motsegnspunkt når dei går til kommunane.

Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM - rapporteringsløsningen for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi har handsama 641 byggesaksklager i 2024. 404 av disse vart handsama innan 12 veker, altså 63 prosent av sakene.

Resultatet på 63 prosent er om lag det same som året før (64 prosent), og talet på saker vi har handsama er om lag det same (638 saker i 2023).

Vi har hatt ein del sjukefråvær i 2024, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. I første halvår var to sakshandsamarar i stor grad (om lag 50 prosent) lånt ut til prosjekt med reintellingssaka i Troms og Finnmark.

Vi har, som departementet kjenner godt til, hatt fleire saker om strandsoneprosjektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2024 har vi hatt ei rettssak for Hordaland tingrett, og ei sak for Gulating lagmannsrett. Den eine ankesaka vart handsama i høgsterett i november. Dette har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker, og bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er det to strandsonesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett hausten 2025.

Vi er derfor særns nøgde med at vi i 2024 har hatt ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 85 dagar, som følgje av tett fagleg styring, oppfølging og omfordeling av saker.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
641	126	237	37	9	7	1

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2024 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har handsama 63 klager på reguleringsplan i 2024, om lag det same som året før, der vi handsama 61 saker. 38 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 60 prosent. Talet er noko betre enn for 2023, der vi handsama 56 prosent innan 12 veker.

Vi har hatt ein del sjukefråvær i 2024, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna ut frå stillingsheimlar. I første halvår var to sakshandsamarar i stor grad (om lag 50 prosent) lånt ut til prosjektet med reintellingssaka i Troms og Finnmark.

Vi har, som departementet kjenner godt til, hatt fleire saker knytt til strandsoneprosjektet i Bergen kommune. Dette er krevjande saker. I 2024 har vi hatt ei rettssak for Hordaland tingrett, og ei sak for Gulating lagmannsrett. Den eine ankesaka vart handsama i høgsterett i november. Dette har kravd meir arbeid frå oss enn normalt i rettssaker, og bandlagt mykje ressursar. I skrivande stund er det to strandsonesaker som skal opp for Gulating lagmannsrett hausten 2025.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	63
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	95
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	25
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	3

Samarbeid om prioriterte innsatsområder i 'Alle trenger et trygt hjem (2021 – 2024) (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)

Rapportere på

Det bes om en vurdering av samarbeidet mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene i den nasjonale strategien for sosial boligpolitikk, Alle trenger et trygt hjem (2021-2025):

- Ingen skal være bostedsløse
- Barn og unge skal ha gode boforhold
- Personer med nedsatt funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velge hvor og hvordan de bor

Hjelpetekst:

Statsforvalteren bes gi en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen og kort vurdere:

- I hvilken grad den statlige dialogen med kommunene er helhetlig og effektiv.
- Sett i et flerårsperspektiv: går utviklingen i riktig retning?
- I hvilken grad kan utviklingen tilskrives statsforvalterens innsats?
- Hvilke andre aktører har påvirket utviklingen?
- Hva kan statsforvalterne gjøre bedre framover

Vi var i ferd med å oppnå gode resultat på dei bustadsosiale oppgåvene som vart lagde til tre statsforvaltarembete frå Husbanken som eit treårig forsøk i 2021. For vår del innebar det at seks tilsette vart overførte frå Husbanken og til vårt embete. Det tok tid å kome i gang, men særleg i 2024 losna det. Vi var godt i gang med å integrere fagfeltet tett med andre oppgåver vi har ansvar for, som helse, folkehelse, psykiatri, sosial, barnevern og plan. Gjennomslagskrafta vart så mykje større når vi var i stand til å tilnærma oss komplekse problemstillingar med så brei tilnærming.

Derfor vart vi særskuffa då det vart avgjort at forsøket skulle avsluttast og saksfeltet og dei seks tilsette vart førte tilbake til Husbanken. Det er vel kjent frå statsvitskapan at ei samordna tilnærming til komplekse problemstillingar er heilt nødvendig for å lukkast med å skape betre tenester. Silotenking er ikkje vegen å gå. Vi tar til vitende at det var liten interesse i Husbanken for å byggje vidare på erfaringane vi gjorde oss. Vårt syn er at då forsøket vart avslutta, vart det ein forspelt sjanse til å få til betre og meir samordna løysingar for vanskelegstilte.

Vi fekk etter kvart til ein heilskapleg og effektiv dialog med kommunane. Mellom anna sette vi det bustadsosiale arbeidet høgt oppe på dagsordenen på alle aktuelle møteflater med kommunane, til dømes møte med kommuneleiingane og faglege møte på saksfelt som grensar til det bustadsosiale. Vidare nytta vi forsøket til å setje eit særleg trykk på ein heilskapleg innsats i Bergen, som har klart flest bustadslause i vårt fylke. Vi fekk til ein god dialog og stor vilje til å gjere eit krafttak. Dessverre har vi ikkje hatt høve til å følgje opp dette etter at forsøket vart avslutta. Vi er så hardt pressa på ressursar på dei andre fagområda som har oppgåver som grensar til det bustadsosiale arbeidet, at vi har ikkje kapasitet til å gå vidare med Bergen.

Oppsummert gjekk utviklinga i rett retning under forsøket, men det vart sett tilbake mange steg tilbake då forsøket var avslutta, og går no feil veg.

Vi var ein viktig part i det løftet det bustadsosiale feltet fekk i kommunane. Etter at forsøket vart avslutta har vi ingen gode svar på korleis vi kan gjere dette betre framover.

I alle fall vil vi halde fram med dei oppgåvene som vi også fekk eit løft i gjennom forsøket, som å

- gi innspel til bustadsosialt arbeid i plan
- understøtte busetjing og integrering av flyktningar
- fremje bustadsosialt arbeid i samband med helse og barnevern

Men vi forstår ikkje korleis vi skal klare å få det same trykket som vi hadde etablert då forsøket vart avslutta.

Klagesaker etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, saksbehandlingstid og resultatet av behandlingen av klager etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.

Vi avviste ei sak fordi avslag på omorgsbustad ikkje er omfatta av bustadsosial lov. Sakshandsamingstida var sju veker. Vi har hatt to saker der vi har rettleia om verkeområde for lova. Ei sak vart adressert til brukaren og ei til kommunen.

Veiledning og informasjon universell utforming (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

I planmedverknaden har vi som før lagt til grunn lov om likestilling og forbod mot diskriminering (jf. paragraf 17), saman med *Veileder om universell utforming i alle aktuelle planprosesser*. Vi har utarbeidd og nyleg oppdatert dei interne sjekklisene våre, som skildrar korleis vi skal medverke i kommunalt planarbeid. Vi har også godt internt samarbeid mellom helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og planseksjonen ved kommunalavdelinga,

mellom anna med eigen plankontakt. Tilsvarande har vi kontakt mellom utdannings- og verjemålsavdelinga og plan, særleg om utforming av areal for leik og uteopphald i planar om nybygg og ombygging av barnehagar og skular.

Vidare har vi hatt god kontakt med Bufdir og drøfta rolleavklaringar og forventingar, og vi har gjennomført intern felles opplæring på området, med særleg merksemd på krava i CRPD. Vi har orientert om konvensjonen og universell utforming i alle fråsegnar til planstrategiar og samfunnsdelar til kommuneplanane i fylket.

Vi opplever at også kommunane jobbar godt med og legg vekt på temaet i konsekvensutgreiingar og i planskildringar. Ved behov, drøftar vi også temaet med kommunane i konkrete plansaker, gjennom dialogmøte. Denne dialogen medverkar til at vi sjeldan endar opp med å måtte fremje motsegn. Det vanlegaste punktet vi peikar på i dialogen er at det gjerne ikkje er sikre universell tilkomst til bygningar, uteareal og fellesanlegg i tilstrekkeleg grad, men dette pleier som sagt å løyse seg gjennom god dialog.

Vi har ei tilgjengelegheitserklæring på nettstaden vår, i tråd med forskrifta for universell utforming av IKT-løysingar, som vi oppdaterer årleg. UU-tilsynet i Digitaliseringsdirektoratet har hatt ein gjennomgang av universell utforming av innhald på nett for alle tilsette, og redaksjonsgruppa i embetet har kontinuerleg merksemd på dette. Vi har interne oppskrifter på korleis vi utarbeider universelt utforma nettsaker, videoar og dokument. Innhaldet vi produserer skal vere tilgjengeleg for alle.

Fremme likestilling og hindre diskriminering (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal jobbe aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering i sin rolle som arbeidsgiver og som offentlig myndighet, og redegjøre for arbeidet.

Vi arbeider med å fremje likestilling i møtepunkt vi har med kommunane og vidareformidlar relevant informasjon på nettstaden vår. Gjennom styresmaksrolla vår følgjer vi opp arbeid for likestilling og tiltak for å hindre diskriminering i innspel til samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. Vi har innarbeidd likestillingsomsyn i dei interne planrutinane våre.

Første halvår i 2024 hadde vi oppstartssamling for CRPD-kontaktpersonar i kommunane. Mange var allereie godt i gang med opplæring i og implementering av konvensjonen. Etter samlinga har fleire kommunar arbeidd med å få CRPD inn i planverk, noko vi mellom anna ser att i kommunane sine folkehelseplanar. Vi har også informert om og oppmoda til refleksjon på ei rekke andre samlingar. Alle kommunane i Vestland har på ulike måtar fått innspel eller opplæring i CRPD, og høve til å reflektere kring ulike CRPD-tema i 2024. Vi har også hatt tre erfaringsutvekslingsmøte med Likestillingssenteret KUN, i samarbeid med statsforvaltarane i Rogaland og Agder. Vi vidarefører dette samarbeidet i 2025.

På grunn av ressursituasjonen la vi i siste halvår av 2024 mest vekt på intern opplæring, og arbeidet med å systematisere menneskerettslege vurderingar i sakshandsaminga vår. Det er vanskeleg å måle effekten av dette enno, men vi vurderer at det har vore ei god investering.

Vi prøver elles å sjå likestilling, universell utforming og CRPD i samanheng. I 2024 hadde vi eit møte med Bufdir og andre statsforvaltarar om dette temaet, der vi også heldt eit innlegg.

I november 2024 deltok statsforvaltar Liv Signe Navarsete på opninga av Likestillingssenteret på Vestlandet.

Internt arbeider vi for å fremje likestilling og motverke diskriminering. Vi viser til pkt. 4.2 og tabell i vedlegg 7, i tillegg til vedlegget "Utgreiing om arbeidet med likestilling i 2024".

Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljø saker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på saksbehandlingstiden i håndhevingssakene per 31.12.

Sakshandsamingstida blir rekna frå vi får melding til vi sender ut vedtak. Tala omfattar alle realitetshandsama saker der det er gjort vedtak i 2024. Vi har valt å vise fram sakshandsamingstid etter gamal og ny lov.

Saker som gjeld brot på aktivitetsplikta

Median 2024:

- Kap. 9A: 55,5 dagar
- Kap.12: 37,5 dagar
- Samla: 54,5 dagar

Gjennomsnitt 2024:

- Kap. 9A: 61 dagar
- Kap.12: 38 dagar
- Samla: 58 dagar

Saker som gjeld oppfylt aktivitetsplikt:

Median 2024:

- Kap.9A: 61,5 dagar
- Kap. 12: 33,5 dagar
- Samla: 43,5 dagar

Gjennomsnitt 2024:

- Kap. 9A: 61 dagar
- Kap.12: 36 dagar
- Samla: 46 dagar

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på gjennomførte tilsyn der dere minimum har skrevet foreløpig rapport

Funn fra foreløpig rapport i tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven

Tema	Deitema	Kommune	Kommunestørrelse: S:20000+ M:5000- 20000 L:-5000	Barnehage- eller skolenavn	Type tilsyn	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på i foreløpig rapport	Kommentare
Spesialundervisning og internkontroll	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	6	Sikrer kommunen at de setter i gang spesialundervisningen fra vedtaksdato, eller fra den datoen vedtaket fastsetter?	Både vedtak og gjennomføring
Spesialundervisning og internkontroll	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	6	Sikrer kommunen at skolen gjennomfører spesialundervisningen i samsvar med vedtaket?	Både vedtak og gjennomføring
Spesialundervisning og internkontroll	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	6	Sikrer kommunen at skolen sender en årsrapport med et innhold i samsvar med regelverket til elever over 15 år, foreldrene og kommunen?	Både vedtak og gjennomføring
Spesialundervisning og internkontroll	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	6	Sikrer kommunen at saken er tilstrekkelig opplyst før de fatter vedtak om spesialundervisning?	Både vedtak og gjennomføring
Spesialundervisning og internkontroll	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	6	Sikrer kommunen at de fatter vedtak uten ugrunnet opphold i alle sakene der PPT har utarbeidet sakkyndig vurdering?	Både vedtak og gjennomføring
Spesialundervisning og internkontroll	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	6	Sikrer kommunen at de fatter vedtak med et innhold i samsvar med regelverket?	Både vedtak og gjennomføring
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Øygarden kommune	S		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at barnet får spesialpedagogisk hjelp i samsvar med vedtaket?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Øygarden kommune	S	Voss ungdomsskule	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at den som gir hjelpen, sender en årlig rapport med et innhold i samsvar med regelverket til foreldrene og kommunen?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Bømlo kommune	M	Moster skole	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Bømlo kommune	M	Moster skole	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	

Barnehogemindighetens veiledning og tilsyn	Barnehogemindighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Høyanger kommune	L		Digitalt tilsyn	4	Har barnehogemindigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehogeeiere oppfyller sine plikter etter barnehogeloven?	
Barnehogemindighetens veiledning og tilsyn	Barnehogemindighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Høyanger kommune	L		Digitalt tilsyn	4	Braker barnehogemindigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	
Barnehogemindighetens veiledning og tilsyn	Barnehogemindighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Vaksdal	L		Digitalt tilsyn	4		Ingen brot
Annet	Annet	Stord	M		Kun skriftlig dokumentasjon	2		Temaet var re plikt til grunnskuleopp og oppfølging fråvær. Ingen l
Særskilt språkopplæring	Annet	Årdal kommune	M	Tangen skule	Digitalt tilsyn	8	Følger rektor opp at skolen i tillegg vurderer om eleven har rett til morsmålsopplæring, tospråklig fagopplæring eller begge deler?	
Særskilt språkopplæring	Annet	Årdal kommune	M	Tangen skule	Digitalt tilsyn	8	Vurderer skolen elevens beste når den vurderer behovet for norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring?	
Særskilt språkopplæring	Annet	Årdal kommune	M	Tangen skule	Digitalt tilsyn	8	Inneholder vedtaket opplysninger om a) hva slags særskilt språkopplæring eleven skal ha b) antall timer særskilt språkopplæring c) organiseringen av den særskilte språkopplæringen, herunder om opplæring skal foregå på en annen skole	
Særskilt språkopplæring	Annet	Årdal kommune	M	Tangen skule	Tilsynsbesøk	8	Inneholder vedtaket informasjon om klageadgang, klagefrist, klageinstans, informasjon om at klagen skal sendes til skolen og retten til å se sakens dokumenter?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning - gjennomføre og følge opp	Stord kommune	M	Leirvik skule og Stord ungdomsskule	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at de setter i gang spesialundervisningen fra vedtaksdato, eller fra den datoen vedtaket fastsetter?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Stord kommune	M	Leirvik skule og Stord ungdomsskule	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at skolen gjennomfører spesialundervisningen i samsvar med vedtaket?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Stord kommune	M	Leirvik skule og Stord ungdomsskule	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at skolen sender en årsrapport med et innhold i samsvar med regelverket til elever over 15 år, foreldrene og kommunen?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Årdal kommune	M		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at barnet får spesialpedagogisk hjelp i samsvar med vedtaket?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Årdal kommune	M		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at den som gir hjelpen, sender en årlig rapport med et innhold i samsvar med regelverket til foreldrene og kommunen?	
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Bjørnafjorden kommune	S	Nore Neset barneskule	Tilsynsbesøk	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Både plikta til undersøke og inn tiltak
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Bjørnafjorden kommune	S	Nore Neset barneskule	Tilsynsbesøk	2	Sikrer kommunen at tiltaksplikten blir oppfylt når en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Både plikta til undersøke og inn tiltak

Skolemiljø og internkontroll	Annet	Fitjar	L	Rimbareid barne- og ungdomsskule	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Både plikta til undersøke og inn tiltak
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Fitjar	L	Rimbareid barne- og ungdomsskule	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at tiltaksplikten blir oppfylt når en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Både plikta til undersøke og inn tiltak
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Bergen kommune	S	Hordvik skole	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle tre delplik
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Bergen kommune	S	Hordvik skole	Tilsynsbesøk	3	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle tre delplik
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Bergen kommune	S	Hordvik skole	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at tiltaksplikten blir oppfylt når en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle tre delplik
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Lærdal kommune	L		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle tre delplik
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Lærdal kommune	L		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle tre delplik
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Lærdal kommune	L		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at tiltaksplikten blir oppfylt når en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle tre delplik
Annet	Annet	Austrheim kommune	L	Årås skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Læramorma - på Årås skule trinn
Annet	Annet	Gloppen kommune	M	Sandane skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Læramorma -
Annet	Annet	Bergen kommune	S	Apeltun, Skjold, Games, Ytrebygda og Rothaugen skoler	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Læramorma -
Annet	Annet	Sogndal kommune	M	Kaupanger og Trudvang skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Læramorma -
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Vik	L		Digitalt tilsyn	5	Har barnehagemyndigheten oversikt over barnehageeiers plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Vik	L		Digitalt tilsyn	5	Har barnehagemyndigheten tilstrekkelig kunnskap om hvordan alle barnehageeierne oppfyller sine plikter etter barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Vik	L		Digitalt tilsyn	5	Bruker barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjøre risikovurderinger for å vurdere behov for veiledning og tilsyn?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Vik	L		Digitalt tilsyn	5	Er barnehagemyndighetens risikovurderinger basert på oppdatert og gjeldende forståelse av barnehageloven?	
Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn	Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn - risikovurdering	Kvam herad	M		Digitalt tilsyn	5	Annet	Ingen brot
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Fjaler	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Askøy kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	

Ansvar for gjennomføring av eksamen	Annet	Vestland fylkeskommune	S		Digitalt tilsyn	3		Ingen brot
Særskilt språkopplæring	Annet	Stryn kommune	M		Digitalt tilsyn	8	Vurderer skolen elevens beste når den vurderer behovet for norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring?	
Meldeplikt til barnevernet	Annet	Øygarden kommune	S		Digitalt tilsyn	9		Fellestilsyn. B barnehage, sk skulehelseten Ingen lovbrøt.
Meldeplikt til barnevernet	Annet	Ullensvang kommune	M		Digitalt tilsyn	9		Fellestilsyn. B barnehage, sk skulehelseten
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Samnanger kommune	L		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle delplikten undersøkte
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Samnanger kommune	L		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle delplikten undersøkte
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Samnanger kommune	L		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at tiltaksplikten blir oppfylt når en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Alle delplikten undersøkte
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Kinn kommune	M		Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Varslings- og undersøkings
Skolemiljø og internkontroll	Annet	Kinn kommune	M		Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	Varslings- og undersøkings
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Austrheim kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1		Ingen brot. Undersøkte o utarbeider sakkunnig vur snarast råd.
Spesialundervisning	Spesialundervisning - utarbeide sakkyndige vurderinger	Sunnfjord kommune	S		Digitalt tilsyn	1	Utarbeider PPT sakkyndige vurderinger snarest mulig i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - utarbeide sakkyndige vurderinger	Vestland fylkeskommune	S		Digitalt tilsyn	1	Sikrer kommunen at skolen henviser eleven til PPT uten ugrunnet opphold i de tilfellene opplæringsloven krever det?	
Annet	Annet	Vestland fylkeskommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1		Hendingsbas tilsyn om gratisprinsipp Regelverksbr
Annet	Annet	Vik kommune	M		Digitalt tilsyn	1		Barnehagelov 11, skilje melk eigar og mync Varsla pålegg følgje av at vi oppdaga regelverksbro gjennom eit a tilsyn i kommu
Nasjonale prøver	Annet	Kvinnherad kommune	M	Hatlestad barne- og ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Skulen gir frite nasjonale prøvelevar utan ve om spesialunderv eller særskilt språkopplærir
Nasjonale prøver	Annet	Bremanger kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Skulen gir frite nasjonale prøvelevar utan ve om spesialunderv eller særskilt språkopplærir
Nasjonale prøver	Annet	Gloppen kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	13		Tilsynet vart a utan regelverk

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 14	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 53	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	1	0	1	0	0
Forskrift om tiddeling av tilskudd til private barnehager	6	3	2	1	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 35	7	3	0	4	0
Barnehageloven § 37	20	1	8	11	0
Barnehageloven § 38	0				
Sum	34	7	11	16	0

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf. oppl § 9a-4 og § 9a-5 (ny opplæringslov) § 12-4 og § 12-5	3	2	1	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	0	0	0	0	0
Skyss, § 3-7	4	1	2	1	0
Standpunkt i fag	23	0	10	13	0
Inntak, § 3-1	3	0	3	0	0
Utsatt skolestart, § 3-3 annet ledd	0	0	0	0	0
Særskiilt språkopplæring, § 3-5	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Fritak fra norsk sidemål	0	0	0	0	0
Sum	33	3	16	14	0

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven (privatskoleloven)	28	23	5	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	1	0	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf. oppl § 9a-4 og § 9a-5 (ny opplæringslov) § 12-4 og § 12-5	1	1	0	0	0
Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven (privatskoleloven)	29	24	5	0	0
Tap av rett til vgo, § 3-10	0	0	0	0	0
Sum	59	48	11	0	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd (ny lov § 2-1 første ledd, jf. § 2-4 første ledd)	0	0	0	0	0
Utsatt skolestart, jf. § 2-1 tredje ledd (ny lov § 2-1 første ledd, jf. § 2-4 andre ledd)	0	0	0	0	0
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd (ny lov § 9-7)	0	0	0	0	0
Tegnspråkopplæring, § 2-6 (ny lov § 3-4)	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 2-10 (ny lov § 13-1)	6	0	2	3	1
Permisjon fra opplæringen, § 2-11 (ny lov § 2-2 fjerde ledd)	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1 (ny lov §§ 11-5 og 11-6)	25	7	2	16	0
Skoleplassering, § 8-1 (ny lov § 2-6)	73	2	52	19	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2 (ny lov § 12-2)	0	0	0	0	0
Skyss, § 7-1 (ny lov § 4-1)	24	5	17	2	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	3	1	2	0	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2 (ny lov § 19-5)	2	0	0	2	0
Særskiilt språkopplæring, § 2-8 (ny lov §§ 3-6 og 3-7)	1	0	0	1	0
Standpunkt i fag	134	0	82	52	0
Standpunkt i orden og oppførsel	4	0	3	1	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	0	0	0	0	0
Sum	273	15	161	96	1

Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type sak	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Fysisk skolemiljø, § 9a-2 (ny lov § 12-2)	0	0	0	0	0
Rettt til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd (ikke videreført i ny lov)	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1 (ny lov §§ 11-5 og 11-6)	1	0	0	1	0
Inntak, § 3-1 sjette ledd	3	2	0	1	0
Særskilt inntak, § 3-1 sjette ledd (ny lov § 5-1 sjette ledd)	0	0	0	0	0
Tap av rett til videregående opplæring, §§ 3-8 og 4-6	0	0	0	0	0
Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, § 3-21 i forskrift til opplæringsloven (Kapittel 9 i ny forskrift til opplæringsloven)	22	19	3	0	0
Standpunkt fag (kapittel 10 i ny forskrift til opplæringsloven)	0	0	0	0	0
Standpunkt orden og oppførsel (kapittel 10 i ny forskrift til opplæringsloven)	0	0	0	0	0
Muntlige og andre ikke-skriftlige eksamener (kapittel 10 i ny forskrift)	0	0	0	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel) for utenlandsskolene	0	0	0	0	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	5 569	521	5 048	0	0
	5 596	542	5 052	2	0

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på hvordan de har forvaltet tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling og redegjøre for hvordan det er lagt til rette for måloppnåelse jf. retningslinjene for tilskuddsordningen. Statsforvalteren skal videre vurdere i hvilken grad tilskuddsordningen gir likeverdige muligheter for kompetanseutvikling uavhengig av geografi, størrelse og eierform.

Statsforvalteren skal også tabellrapportere på fordeling av midler og deltakelse på kompetansetiltak i 30-prosentdelen i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.

Innsats i forvaltninga av tilskotsordninga

Sidan innføringa av ordninga har vi vigd betydelege ressursar til å etablere forvaltningsnivå, retningslinjer og rutinar for tilskotsforvaltninga. Nasjonale intensjonar og rammer er operasjonaliserte i eit grunnlagsdokument, som også fungerer som ein langsiktig plan for forvaltninga av ordninga i Vestland. Dei ulike forvaltningsnivåa, som samarbeidsforum, arbeidsutval og kompetanseregionar, utøver sine roller og arbeidsoppgåver etter føringane som er fastsette her.

Eit trekk ved forvaltninga i Vestland er at kompetanseregionane i fylket har fått mykje ansvar. Kompetanseregionane er samansette av skule- og tenesteeigarar som har geografisk tilknytning til kvarandre, eller som har ei tilknytning gjennom tidlegare etablerte samarbeidsstrukturar på ulike tenesteområde. Vi har også kompetanseregionar for dei private skulane i fylket. Gjennom fordelingsmodellen er kompetanseregionane sikra føreseielege økonomiske rammer, som dei prioriterer innanfor. Kompetanseregionane må då ta stilling til det samla behovet i regionen, og om det er enkelte skular eller kommunar som har særleg behov for støtte til å drive utviklingsarbeid. Prioriteringane i kompetanseregionane skjer gjennom demokratiske prosessar, og alle skule- og tenesteeigarar har høve til å få midlar til kompetanseutvikling, uavhengig av geografi, storleik og eigarform.

Forvaltninga av regional ordning byggjer i stor grad på same modell, men personane som deltar i prioriteringsarbeidet har barnehagemyndigheitsroller i kommunane som inngår i regionen. Slik sikrar vi likeverdige moglegheiter for private og kommunale barnehageeigarar til å delta. Om ein ser på tildelinga over dei siste tre år, viser det seg at private og kommunale barnehageeigarar i stor grad får like moglegheiter.

Vi opplever at ordninga tener føremålet slik ho er no, men jobbar stadig for å forbetre forvaltninga, med mål om å gjere ordninga meir effektiv og rasjonell, og utvikle førande prosessar som bidreg til høg måloppnåing. Vi har ei noko mindre rolle i forvaltninga enn tidlegare, hovudsakleg gjennom sekretariatsfunksjonen.

Forutan dei rutinemessige arbeidsoppgåvene, som til dømes å utbetale tilskot, organisere møteverksemd og hente inn rapporteringar og innstillingar, handlar også sekretariatsfunksjonen om å sikre at forvaltninga er i tråd med overordna nasjonale intensjonar, rammer og føringar. Ved å skape felles forståing for intensjonane og løfte fram område ved forvaltninga med rom for forbetring, bidrar vi til at partnerskapa år etter år får høgare måloppnåing, jf. punkt 2 i retningslinja for lokal kompetanseutvikling.

I 2024 var lokal forankring eit av områda vi løfta fram. Målet var at kompetanseregionane i større grad skulle realisere hovudavtalen og inkludere arbeidstakarorganisasjonane i arbeidet med å vurdere og prioritere lokale behov.

Måloppnåing hos partnerskapa

Vi vurderer at partnerskapa i Vestland har relativt høg måloppnåing på alle område, og at måloppnåinga blir betre for kvart år. Vi meiner særleg at føringa om treårige partnerskap for 2024-tildelinga har bidrege i positiv retning og skapt betre føresetnader for samarbeid. Resultatet er at partnerskapa i større grad har utvikla gode modellar for å identifisere lokale behov, og med utgangspunkt i desse, planlagt og gjennomført gode kompetanseutviklings tiltak. Den årlege rapporteringa understøttar desse vurderingane. I Vestland skåra vi høgt på alle indikatorane retta mot måloppnåing. Vi er likevel klar over at rapporteringa ikkje nødvendigvis representerer alle partar og nivå i like stor grad. Nasjonale evalueringar som til dømes følgjeforskinga og svar frå «Spørsmål til Skule-Norge», peikar mellom anna på at elevar og lærarar ikkje opplever å vere like inkluderte i arbeidet med å identifisere lokale behov som rapportane for tilskotsordninga tilseier. Vi finn det sannsynleg at dette er representativt også for Vestland. Lokal forankring var derfor det området som fekk merksemd i 2024.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltakelse på andre kompetansetiltak

	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra private barnehager	Antall deltakere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	56	22	78
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	199	94	293
Barnehagefaglig grunnkompetanse	1 006	623	1 629
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	473	638	1 111
Totalt	1 734	1 377	3 111

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildelt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	1 255 100	4
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	431 443	1
Barnehagefaglig grunnkompetanse	4 178 565	13
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	2 278 700	7
Totalt	8 143 808	25

Rapportering på tilskuddsmidler fra Statsforvalter

	Navn og tema for tiltaket	Tilskuddsmottaker UH	Beløp	Tilskuddsmottaker eier/nettverk	Beløp	Tilskudd koordinator	Beløp
Desentralisert ordning	Pedagogisk bruk av kunstig intelligens og pedagogisk bruk av styrkebasert tilnærming	Universitetet i Bergen	901 129	Vestland fylkeskommune	901 129		0
Desentralisert ordning	Elevedverknad i læringsarbeidet, analysekompetanse for skuleutvikling og klasseleing	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	901 132	Vestland fylkeskommune	901 132		0
Desentralisert ordning	Heilskapleg vurdering i læringsarbeidet og medverknad, motivasjon og meistring	Høgskulen på Vestlandet	600 753	Vestland fylkeskommune	600 753		0
Desentralisert ordning	Kartlegging i første fase	Høgskulen på Vestlandet	1 585 516	Bergen kommune	1 585 516		0
Desentralisert ordning	Kartlegging i første fase	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	792 760	Bergen kommune	792 760		0
Desentralisert ordning	Kartlegging i første fase	Universitetet i Oslo	1 585 516	Bergen kommune	1 585 516		0
Desentralisert ordning	Kartlegging i første fase	Høgskulen på Vestlandet	720 132	Hardanger og Voss kompetanseregion	720 132		0
Desentralisert ordning	Elevaktive læringsformer	Høgskulen på Vestlandet	357 914	Midthordland kompetanseregion	357 914		0
Desentralisert ordning	Lesing og lokalt utviklingsarbeid	Lesesenteret ved UiS	357 914	Midthordland kompetanseregion	357 914		0
Desentralisert ordning	Elevaktive læringsformer, vurdering, begynnaropplæring	Høgskulen på Vestlandet	599 255	Sogn kompetanseregion	599 255		0
Desentralisert ordning	Læreplanforståing, kompetanse i tverrfagleg arbeid og bruk av digitale læremiddel, behov for å utvikle kompetanse i rettleing og interaksjon mellom lærarar og elevar	Høgskulen på Vestlandet	709 866	Sunnfjord kompetanseregion	709 866		0
Desentralisert ordning	Lesing	NLA Høgskolen	612 407	Ytre midthordland kompetanseregion	612 407		0
Desentralisert ordning	Vår tids skule (medverknad, elevaktive læringsformer, mm)	Høgskulen på Vestlandet	276 235	Ytre midthordland kompetanseregion	276 235		0
Desentralisert ordning	Det digitale klasserommet	Universitetet i Bergen	414 352	Ytre midthordland kompetanseregion	414 352		0
Desentralisert ordning	Elevaktive læringsformer, dybdelæring og vurdering	Universitetet i Bergen	622 882	Friskulenetverket VGS	622 882		0
Desentralisert ordning	Inkluderande praksis	Høgskulen på Vestlandet	597 185	Sunnhordland kompetanseregion	597 185		0
Desentralisert ordning	Inkluderande praksis	NLA Høgskolen	597 185	Sunnhordland kompetanseregion	597 185		0
Desentralisert ordning	Relasjonar, inkluderande praksis og tilpassa opplæring	Høgskulen på Vestlandet	300 000	HAFS kompetanseregion	300 000		0
Desentralisert ordning	LK20	Universitetet i Innlandet	87 272	NTG Ungdomsskole bergen	21 818		0
Desentralisert ordning	Synliggjøring av friskoleprofil og skolens katolske identitet	NLA Høgskolen	218 181	St. Paul skole	218 181		0
Desentralisert ordning	Spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Steinerhøgskulen	436 362	Steinerskolen på skjold	218 181	Ja	33 619
Kompetanseløftet	Profesjonelt læringsfellesskap og lagbygging for å utvikle fleksible lærings-arenaer og metodar som er inkluderande og læringsfremjande	Universitetet i Bergen	618 910	Vestland fylkeskommune	928 365		0
Kompetanseløftet	Analysere og velje ut tiltak	Læringsmiljøsentret ved UiS	1 000 000	Bergen kommune	1 453 587		0
Kompetanseløftet	Samhandling mellom støttetene	NLA Høgskolen	1 586 635	Bergen kommune	2 306 313		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis i profesjonsfagleg	Høgskulen på Vestlandet	429 483	Voss og hardanger kompetanseregion	644 224		0
Kompetanseløftet	Begynnaropplæring som inkluderande arena	Lesesenteret ved UiS	450 664	Midthordland kompetanseregion	675 997		0
Kompetanseløftet	Innsatsteam mot mobbing	Læringsmiljøsentret ved UiS	316 621	Nordfjord kompetanseregion	474 936		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis	NLA Høgskolen	399 041	Nordhordland kompetanseregion	598 562		0
Kompetanseløftet	Universell pedagogikk	Universitetet i Oslo	171 017	Nordhordland kompetanseregion	256 525		0
Kompetanseløftet	Sosio-emosjonelle vanskar	Høgskulen på Vestlandet	362 577	Sogn kompetanseregion	543 865		0

Kompetanseløftet	Samhandling mellom einingane og støttetene	Høgskulen på Vestlandet	245 395	Sunnfjord kompetanseregion	368 093	0
Kompetanseløftet	Språk, lesing og skrivning i barnehage og skule, Pilotprosjekt, inkluderande spesialpedagogikk i barnehagen, Nærvær og inkludering i barnehage og skule	Høgskulen på Vestlandet	394 671	Ytre midthordland kompetanseregion	592 006	0
Kompetanseløftet	Samhandling PP-tenestene og skule/barnehage	NLA Høgskolen	394 671	Ytre midthordland kompetanseregion	592 006	0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis	Læringsmiljøsentret ved UiS	289 258	Kinn kompetanseregion	192 838	0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis	Høgskulen på Vestlandet	381 171	Sunnhordland kompetanseregion	539 393	0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis	NLA Høgskolen	381 171	Sunnhordland kompetanseregion	539 393	0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis, spesialpedagogikk kontra allmennpedagogikk, elevær med utfordrande atferd og samarbeid heim-barnehage/skule	Læringsmiljøsentret ved UiS	194 706	HAFS kompetanseregion	292 056	0
Regional ordning	Bærekraftig pedagogikk og lyttende didaktikk, Ledelse av utviklingsarbeid og profesjonelle læringsfellesskap, Barnehagen som demokratisk arena for barns medvirkning, Foreldresamarbeid	Høgskulen på Vestlandet	4 907 885	Bergen kompetanseregion på vegne av 15 barnehagar	2 713 000	0
Regional ordning	Barnehagen som pedagogisk verksemd	Høgskulen på Vestlandet	193 579	HAFS kompetanseregion	140 000	0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning	Høgskulen på Vestlandet	695 478	Hardanger og Voss kompetanseregion på vegne av 3 barnehagar	532 000	0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning, Kommunikasjon og språk, Barnehagen sitt verdigrunnlag	Høgskulen på Vestlandet	748 507	Midthordland kompetanseregion på vegne av 4 barnehagar	727 000	0
Regional ordning	Barnehagen som pedagogisk verksemd	Høgskulen på Vestlandet	556 101	Nordfjord kompetanseregion på vegne av 8 barnehagar	1 287 000	0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning., Barnehagen som pedagogisk verksemd og Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	764 932	Nordhordland kompetanseregion på vegne av 5 barnehagar	922 000	0
Regional ordning	Barnehagen som pedagogisk verksemd, Barnehagen sitt verdigrunnlag, Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning og Kommunikasjon og språk	Høgskulen på Vestlandet	573 934	Sogn kompetanseregion på vegne av 7 barnehagar	1 314 000	0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning, og Kommunikasjon og språk	Høgskulen på Vestlandet	634 002	Sunnfjord kompetanseregion på vegne av 3 barnehagar	585 000	0
Regional ordning	Barnehagen som pedagogisk verksemd	Høgskulen på Vestlandet	476 675	Sunnhordland kompetanseregion på vegne av 2 barnehagar	280 000	0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, leik og læring, og Barnehagens verdigrunnlag	NLA Høgskolen	513 162	Sunnhordland kompetanseregion på vegne av 3 barnehagar	587 000	0
Regional ordning	Barnehagens verdigrunnlag, Barnehagen som pedagogisk virksomhet og Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	1 336 402	Ytre midthordland kompetanseregion på vegne av 6 barnehagar	1 117 000	0

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)

Rapportere på

Viser til oppgave 5.1.2.3 i hovedinstruksen. Statsforvalteren skal vurdere hvordan deres innsats bidrar til å støtte kommunene i oppfølgingsordningen i deres utviklingsarbeid og vurdere om tiltakene som er iverksatt i kommuner i oppfølgingsordningen bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Tiltak

I 2024 har vi støtta kommunane sitt utviklingsarbeid i gjennomføringsfasen på følgjande måtar:

- Gitt rettleiing om regelverket på område der regelverket legg særlege føringar for praksis, til dømes reglane om internkontroll og aktivitetsplikta i skulemiljøaker.
- Oppmoda kommunane om å sjå aktive tiltak i samheng med tilskot til lokal kompetanseutvikling og andre støtteordningar.
- Undersøkt om kommunane har progresjon i tråd med egne utviklingsplanar, og vore drøftingspartnar om aktuelle tiltak når dette ikkje har vore tilfelle.
- Arrangert digitale seminar om kartlegging og analyse som utgangspunkt for utviklingsarbeid. Temaet er overordna og aktuelt for alle kommunane som deltek i oppfølgingsordninga.

Effekt av tiltaka

Det er UH-miljøa som bidreg med mest støtte i form av spisskompetanse på dei ulike utviklingsområda i gjennomføringsfasen. Men vi har hatt jamlege møtepunkt med kommunane, der merkemda har vore retta mot utviklingsplanane og progresjon i tråd med desse.

Vi opplever at dette medverkar til at kommunen har merksemd på utviklingsarbeidet, og dermed får betre måloppnåing. Vi opplever også at det å synleggjere høvet til å sjå aktive tiltak i samheng med tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling og andre støtteordningar, bidreg til høgare måloppnåing. Dette er særleg viktig i dei tilfella der kommunane har behov for å vidareføre eller fullføre tiltak etter gjennomføringsfasen, eller i dei tilfella der ein kan oppnå høgare måloppnåing ved ytterlegare finansiering eller ved hjelp av fagleg støtte frå eit fagmiljø.

Vi viser elles til svar på rapporteringsområdet «Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.2 i TB)», for meir informasjon om korleis dei iverksette tiltaka i kommuner i oppfølgingsordninga bidreg til betre læringsmiljø og læringsutbytte.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)**Rapportere på**

- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift per 31.12.2024.
- Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruks- og reindriftsområdet.
- Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.

Som det går fram av del 1 har 2024 har vore eit vanskeleg økonomisk år for embetet, på grunn av realnedgang i tildelinga og ekstraordinære utgifter til nye lokale i Bergen i desember 2023. Vi måtte våren 2024 innføre stillingsstopp for heile embetet, også på fagområde der vi har ein ambisjon om å auke innsatsen. Ressursinnsatsen på LMD-området vart derfor under det som var ønskeleg og i tråd med budsjettfordelingsmodellen. God innsats frå erfarne fagfolk førte til at vi likevel fekk gjort mesteparten av det som var forventa.

Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2024.	27.3
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2024.	0.0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	2.0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på reindriftsområdet.	0.0
Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	12.0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2024 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	10.0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2024 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	0.0

Talet på årsverk og personar vi brukar til rettleiing og kontroll er stipulert. Alle som er involverte i tilskotsforvaltning, anten hjå oss som førsteinstans eller som tildeler midlar til kommunane, driv med ei eller anna form for kontroll og oppfølging. Så har vi éin person som koordinerer kontrollarbeidet og rettleier andre i kontrollmetodar m.m.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan.
- Antall reinbeitedistrikt som har oppdatert reindriftens arealbrukskart i løpet av året.

Vi deltek i Geovekstssamarbeidet om vedlikehald av kartdata, inkludert om landbruksareala. Vi har også eit godt samarbeid med NIBIO.

Sidan i fjor har 17 kommunar fått rutinar for ajourhald av gardskart AR5, etter ein del purring frå oss. Som tabellen viser er det likevel 16 kommunar som står att.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	16	0	43

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)**Rapportere på**

Rapportere om bruk av anmeldelser.

Vi har ikkje oppdaga saker på landbruksområdet der regelbrotet var så alvorleg at vi vurderte å anmelde det, men vi kjenner til at ein kommunen på eige initiativ har meldt ei sak til politiet.

Utteksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**Rapportere på**

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Vi har årlege møte med Mattilsynet. Utveksling av saker om dyrevelferd blir diskutert på alle møta. Det er full semje om innhaldet i avtalen. Det dukkar stadig opp nye alvorlege saker, og det er avgjerande at Mattilsynet avklar husdyrhald før det går for langt.

Utteksling av informasjon om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Herav antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	2	2	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hø/delvis avvikling)	3	2	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	3	1	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)	0	0	0	0
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3	1	0	0	0

Det er framleis saker som ikkje er ferdig handsama av kommunen.

Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidsavtalen i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	2	2	2	2

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)

Rapportere på

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Vi nærmar oss slutten på desse sakene. Det har til dels vore vanskeleg, både på grunn av endringar i regelverket og i tolkinga, og på grunn av den spesielle bakgrunnen for ordninga. Nokre problemstillingar er framleis til klagehandsaming i direktoratet og departementet. Til slutt vil det mest truleg stå att nokre saker der anlegg av ulike årsaker blir nekta kompensasjon for avvikling, og dermed også nekta støtte til riving og opprydding. Desse pelsdyranlegga vil i verste fall stå att i landskapet som ubrukelege bygningar til nedfalls, og det kan kome spørsmål og forventningar om offentleg hjelp til å fjerne anlegga.

Kompensasjon og erstatninger etter avvikling av pelsdyrhold

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlaede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Presaksbehandling for erstatning etter avvikling av pelsdyrhold	22	0	1	21
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	21	5	7	9
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	2	0	0	2
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold	0			

Til rad to om riving og opprydding: Av dei uhandsama sakene har ein av eigarane selt anlegget og søker ikkje. I dei sju sakene under handsaming er det gjort vedtak, men dei er ikkje avslutta.

Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

Av dei fire områda som skulle prioriterast etter samanslåinga i 2019, har det for vårt fylke vore mest aktuelt å styrke arbeidet med eigedomslovene, og kontroll og oppfølging av dei store tilskotsordningane produksjonstilskot, avløysartilskot og miljøtilskot. Vi har som kjent nesten ikkje reindrift, og ganske få saker innan husdyrkonsesjonsregelverket.

Vi har styrkte arbeidet med eigedomslovene ved at vi har to juristar som både tek enkeltsaker og er med på å rådgi både internt og eksternt på alle slags forvaltningssaker. Vi har ein person som jobbar berre med jordlovsaker, særleg omdisponering, deling og driveplikt. Vi har ikkje så mange konkrete forvaltningssaker etter skogbrukslova. Risikoen på dette området heng saman med varierende fagleg kunnskap i kommunane. Vi brukar mykje tid på generell rådgivning til dei, mest på telefon og e-post.

Vi har også prioritert arbeidet med kontroll og rådgiving av kommunane på dei store tilskotsordningane. Organisering, risikovurdering og erfaringane frå kontrollarbeidet er omtalt andre stadar i denne rapporten.

Rapportering jord-, konsesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)

Rapportere på

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven i 2024.

Saker etter jord- og konsesjonslov - vedtak

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet	Opphevet/avvist
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	6	0	6	0
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	7	0	7	0
Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking)	0	0	0	0
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0	0	0	0
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon – konsesjonsloven § 9	7	3	4	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar – konsesjonsloven § 9	0	0	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie – konsesjonsloven § 9 siste ledd	1	1	0	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense – konsesjonsloven § 7	0	0	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Opphevet/avvist	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	6	1	1	3	0	0	0	1	Det oppheva vedtaket galdt tidlegare frådelt eigedom på 0,9 dekar, ikkje omfatta av §9 i JL.
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	0	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	8	0	0	7	0	0	0	1	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12	4	1	3	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd	0								
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	7	3	4	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	7	1	0	6	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	0								
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	1	0	0	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7	0	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	0	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0	0	0	0	0	0	
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0	0	0	0	0	0	0	0	

Konsesjon til selskap med begrensa ansvar, AS: 12 innvilga utan vilkår, 10 innvilga på vilkår, 1 avslått, og 1 oppheva. Til saman 24 saker.

Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overfatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	3	1	2
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	0		
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	0		
Grønnstruktur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet	Avvist
Vedtak	4	1	3	0
Påklaget til Landbruksdirektoratet	1	1	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				

Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliktsak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	0	0	0	0	0

Nydyrking av myr - utfall av søknader i første- og klageinstans

Betegnelse på rapporteringskrav	Søknader i alt	Innvilget i alt	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Innvilget som følge av at myr er eneste dyrkingsressurs	Innvilget som følge av ivaretagelse av særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn	Innvilget som følge av tap av andre produksjonsarealer	Søknader om dispensasjon for å nydyrke myrarealer avslått	Opphevet/avvist	Merknad
Søknader i førsteinstans om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0								

Kommunane er førsteinstans, og vi har ikkje oversikt over deira vedtak. Vi har ikkje hatt klagesaker på nydyrking i 2024.

Nydyrking av myr - størrelse på arealene som er omsøkt

Betegnelse på rapporteringskrav	Omsøkt i alt	Omsøkt areal dyp myr	Omsøkt areal grunn myr	Innvilget myrareal i alt	Innvilget areal dyp myr	Innvilget areal grunn myr	Avslått myrareal i alt	Avslått myrareal dyp myr	Avslått myrareal grunn myr
Informasjon om omsøkt myrareal	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Vi har ikkje hatt saker om nydyrking som førsteinstans eller som klageinstans.

Nydyrking av myr - ferdiggodkjent nydyrket myrareal

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker der nydyrking av myrareal er gjennomført og arealet er ferdiggodkjent	Ferdiggodkjent myrareal i alt	Ferdiggodkjent areal dyp myr	Ferdiggodkjent areal grunn myr
Informasjon om ferdiggodkjente saker		0		

Det er kommunane som er førsteinstans, og som godkjenner ferdige anlegg – også etter eit eventuelt klagevedtak hjå oss.

Odelsfrigjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker i alt	Samtykke til odelsfrigjøring gitt	Avslag på søknad om odelsfrigjøring	Avvist	Merknad
Saker om odelsfrigjøring	0	0	0	0	

Vi har ikkje hatt saker om odelsfrigjøring i 2024.

Det todelt målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelt målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

Målsettinga om geografisk differensiert rovviltforvaltning vart nådd i 2024. Det var låge tap til rovvilt med berre ein dokumentert skade av jerv. Hovuddelen av tapa i Vestland er no til kongeørn, og spesielt for ein buskap med utgangarsau på kysten, er dette ei stor utfordring. Total utbetaling av erstatning er blant dei lågaste på fleire år. Samarbeidet mellom Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn fungerer godt, og vi har god kontakt med beitebrukarane. Det er framleis aktivitet av jerv i Indre Sogn og aukande aktivitet av jerv i sørlege delen av Vestland (Ullensvang kommune). For komande beitesesong kan dette føre til auke i skade frå jerv. Det var ingen søknadar om skadefelling i 2024.

Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen på landbruks-, natur- og kulturmiljøområdet.

Vi har sju utvalde kulturlandskap i Vestland:

- Gjuvslandslia i Kvinnherad
- Ullensvang
- Havrå i Osterøy
- Ormelid i Luster
- Grinde og Engasete i Sogndal
- Stadlandet
- Lærdal

Det er rapportert meir detaljert til Landbruksdirektoratet om tilstand og utvikling i vår rapport sendt 21.11.2024. Vi gjengir delar av dette i tabellen nedanfor. I tillegg har vi Nærøyfjorden verdsarvområde, der vi også har levert eigen rapport.

Generelt fungerer ordningane etter intensjonen, og bidrar til å ta vare på både landbruksdrift og kulturlandskap.

Tiltaka støtta av tilskotsordninga medverkar godt til å ta vare på naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift i områda.

I fleire av UKL-områda blir mykje av tilskotet brukt til årleg skjøtsel av kulturlandskap (slått, gjerdning og beiting etter skjøtelsplanar). Dei årlege tilskota gjer at brukarane kan drive eit langsiktig og føreseieleg arbeid med å ta vare på naturmangfald og kulturmiljø. I tillegg medverkar dei årlege tilskota til å sikre jordbruksdrifta. I UKL-områda der kommunane ikkje løyver midlar til årlege tiltak blir det likevel arbeid godt og langsiktig med naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift. Her er skjøtelsplanar og tiltaksplanar viktige for å sikre god målretting av tilskotmidlane.

Klimaendringar kan på sikt vere eit trugsmål mot natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrifta i områda. Turismen er ei utfordring for landbruket nokre stadar. I andre område kan ein opne opp i større grad, men i kontrollerte former. Turismen må ikkje truge kulturmiljøverdiane og jordbruksdrifta, og det blir arbeid med problemstillingane gjennom ulike prosessar (besøksforvaltning). I enkelte av områda er det tidvis behov for tett oppfølging av enkelttiltak for å rettleie og unngå uønskete effektar for natur- og kulturmiljøverdiane, som t.d. spreiding av uønskete artar.

Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Tiltaka støtta av tilskotsordninga medverkar godt til å ta vare på naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift i områda. Verdsarvområdet Nærøyfjorden: Vi ser ein positiv trend med generasjonsskifte og store satsingar med investeringar i driftsbygningar. Fleire store prosjekt vart ferdigstilte i 2024. Verdsarvømdene i Undredal, ei av bygdene i verdsarvområdet, fekk Nasjonal Kulturlandskapspris i 2024 for den store innsatsen dei gjer i kulturlandskapet.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket?	UKL Gjuvslandslia: Tilskota går i hovudsak til årlege tiltak i tråd med skjøtelsplanen, og til brukarar som driv gardane. 2024: Vellukka dugnadsarbeid med rydding av bjørnebærkratt. Bevaring av barlind viktig. Tiltaka medverkar til å vareta naturmangfald og kulturarv. UKL Grinde og Engjasete: Ein stor del av tilskota går til årlege skjøtelsstiltak til gardbrukarane i området, og i tråd med skjøtelsplanen for området. Tilskota går elles til enkelttiltak for å vareta natur- og kulturlandskapsverdiar. UKL Stadlandet: Tilskotsmidlane blir nytta i samsvar med skjøtelsplanar der målet er å ta vare på natur- og kulturlandskapsverdiar. Det blir gitt årlege tilskot til dei som driv gardane og fører beitedyr inn i området (skjøtelsplan). Formidlingsplan ferdig i 2024, besøksforvaltning viktig i åra framover. UKL Lærdal: Tilskotsmidlane blir nytta i samsvar med skjøtelsplanar, og til enkelttiltak som bidrar til å ta vare på natur- og kulturarv. Følgjer opp skjøtelsstiltak for prioriterte område for biologisk mangfald, elles i kjerneområda er det stor vekt på beiting og gjerding for å skjotte biologiske verdiar og landskap (spesielt opp mot Kongevegen). UKL Havrå: Kommunen har prioritert å tildele midlar til rydding av skred, restaurering av bygningar, slått, beiting og formidling. UKL Ormelid: I tillegg til årlege skjøtelsstiltak er det prioritert å tildele midlar til restaurering av murar i tråd med plan for dette. I tillegg er det løyd midlar til ein driftsplan med utgangspunkt i skjøtelsplanen. UKL Ullensvang: Ferdigstilte forvaltningsplan i 2024, og starta noko tildeling av midlar, har sett av midlar til prosessarbeid (oppstart 2025).
Er det positive trender i områdene?	Fleire av kommunane arbeider godt og målretta med ordninga. Verdsarvområdet: Det har vore generasjonsskifte på fleire gardar, spesielt i Undredal, som fører til optimisme i landbruket. Nye generasjonsskifte på gang i Gudvangen og Bakka, som må følgjast opp. UKL Gjuvslandslia: Drivarane er stabile og gjenomfører årleg skjøtsel med stor interesse. Inkludering av frivilligheit vellukka i 2024 (fotballag fjernar bjørnebærkratt). UKL Grinde og Engjasete: Ingen store endringar. UKL Stadlandet: Formidlingsplan ferdigstilte og arbeidsgruppe har starta arbeidet med planen. Vekt på besøksforvaltning, viktig prioritering. UKL Lærdal: Det er stor interesse for ordninga blant grunneigarar og drivarar i dalen. Ønskje om utviding nordover mot Filefjell, langs Kongevegen. Gjerde og riktig beitepress viktig. UKL Havrå: Prosessar med å utarbeide skjøtelsplan og forvaltningsplan har løfta viktige problemstillingar kring drifta av klyngetunet og utmarka. Formidlingsplan med god styring av besøkande. UKL Ormelid: Det er god framdrift og synlege resultat av arbeidet med kulturmiljøet og kulturlandskapet. Klare til å opne opp for meir turisme snart og filming av spelefilm i 2024/2025. UKL Ullensvang: Sjø tidlegare kommentarar om dette.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdiar eller jordbruksdrift i områdene?	UKL Gjuvslandslia: Svekkja barlindbestand og askesjuka. UKL Grinde og Engjasete: Massivt hjortegneg som trugar fleire av styvingsstrea i området. Utfordrande naboforhold og konflikttar gjer samarbeid om felles hjortegjerde vanskeleg. UKL Stadlandet: Spreiing av sitkagran og manglande brenning er utfordringar for å halde kystlyngheiene i hevd. Samstundes er trafikktufordringar, aukande turisme og gjerdeproblematikk ei utfordring for beitebruk og landbruket i området. UKL Lærdal: Klimaendringar og flaum er ei tilbakevendande utfordring i området. UKL Havrå: Det er utfordrande å balansere museumsdrift med private interesser, og å skaffe tilstrekkeleg med ressursar til å oppretthalde heilskapen i kulturlandskapet. UKL Ormelid: Hovudutfordringa er å få til ei berekraftig drift av garden. UKL Ullensvang: Turismen under kontroll og hovedstraumen delvis utanfor UKL-området. Prioritering viktig.
Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdiar og jordbruksdrift?	Verdsarvområdet: Nær halvparten av tilskotsmidlane til verdsarvordninga vart i 2024 nytta til beiting og slått, resten til næringsretta tiltak og investeringar. Dette er tiltak som bidreg til næringsutvikling og er avgjerande for generasjonsskifte. UKL: 2,9 av totalt 4 mill. kroner vart tildelt til drift/årlege tiltak, 1,15 til investeringar og eingongstiltak. I UKL-områda vart 2,7 av om lag 4 mill. (3,2 mill. pluss omfordelte midlar) brukt til landskapskjøtsel og biologisk mangfald (1,4 til eingongs/investeringstiltak), om lag 1 mill. til kulturminne og kulturmiljø, og resten til andre næringsretta tiltak, formidling og ferdsel. Ein stor del av midlane til landskapskjøtsel og biologisk mangfald blir nytta til slått, men også investering i infrastruktur, slik at beiting blir lettare og meir målretta, etter råd frå skjøtelsplanane.
Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?	Ja. Det finst overordna forvaltningsplanar for verdsarvområdet og alle UKL-områda. Forvaltningsplanane for dei fleste UKL-områda som inngjekk i ordninga frå 2009 er av eldre dato, men Ormelid har oppdatert sin og Stad vurderer å fornye nokre skjøtelsplanar og har ny formidlingsplan. Skjøtelsplanane for Havrå og Gjuvslandslia vart godkjent i 2024 og har informasjon som tilsvarar ein forvaltningsplan. Forvaltningsplanen for Ullensvang vart godkjent i juni 2024.
Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?	UKL: Forvaltningsplanane dannar grunnlag for meir detaljerte og tiltaksretta planar som skjøtels- og istandsetjingsplanar. Desse fungerer i større grad enn forvaltningsplanar som verkøy for prioritering av tiltak for forvaltninga, og i område med få grunneigarar erstattar skjøtelsplanen forvaltningsplanen. Verdsarvområdet: Forvaltningsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (2008), utdjupar og presiserer dei einskilde verneforskriftene for verneområda innanfor verdsarvområdet. Verneområdestyret har jobba med å revidere denne, men noko er fanga opp i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (2021–27). Som grunnlag for forvaltninga av tilskot til tiltak i verdsarvområdet er det utarbeidd ein Tiltaksplan for vestnorsk fjordlandskap (2022), som gir ein oppdatert oversikt over tilstanden for kulturlandskapet i området. Vidare kjem planen med råd og prioriteringar for å nå målsettinga om å oppretthalde og styrke landbruket i områda og forvaltning av tilskotsordninga. Parkplanen for Verdsarvområdet i Nærøyfjorden vart revidert i 2024, med ein god og inkluderande prosess. Publisering og godkjenning i 2025.
Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?	UKL: Lokal og regional miljø- og landbruksforvaltning samarbeider og samordnar godt. Vi tek aktiv del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. Kulturmiljømyndighetene hos fylkeskommunen har avgrensa kapasitet til arbeidet med UKL og er mest involverte i områda som også er omfatta av kulturmiljøfremjing, som Havrå og Ormelid. Ut over dette samarbeider vi med regionale kulturmiljømynde ved konkrete behov og utfordringar. Samarbeidsgrupper er etablerte og møtast årleg i dei større UKL-områda (Stad, Lærdal og etter kvart Ullensvang). Dei mindre UKL-områda har årlege grunneigarsamlingar i lag med kommunen og fylkeskommunen (Ormelid, Engjasete, Gjuvslandslia, Havrå), og ev. stiftinga og andre viktige partnarar. Statsforvaltaren har som mål å delta på dei årlege møta eller synfaringar, slik at ein har besøk områda minst ein gong per år (klarte 6 av 7 områda i 2024, grunna skifte av ansvarlege hjå Statsforvaltaren). Verdsarvområdet: Gode rutinar for samarbeid gjennom planleggingsmøte mellom kommune, verneområdeforvaltar og oss tidleg på året. Årlege gardsbesøk der kommunen, verneområdet og Statsforvaltaren deltek i tillegg til grunneigarane. Grunnlag for oppfølging er skjøtelsplan/forvaltningsplan/tidlegare tildelingar. Statsforvaltaren har deltatt på dei fleste gardsbesøka, verdsarvrådet og diskusjon av ny parkplan.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Vi avslutta rekneskapen for 2024 med eit mindreforbruk på kr 8 721 988. Av dette er 5 066 000 tildeling for lønsoppgjeret 2024 som vart forseinka grunna lønsnemnd. Mindreforbruket utan midlar til lønsoppgjeret, er kr 3 655 988.

Samla tildeling til drift i 2024 var 251 930 000. Vi hadde i 2023 eit meirforbruk på 117 000, men fekk 500 000 i ekstra midlar overført frå DFD, slik at vi totalt sett fekk overført 383 000 frå 2023. Utanom ordinære tildelingar (RNB og kompensasjon for lønsoppgjeret) fekk vi ei ekstra tildeling frå BFD og HOD på 5 mill. kroner for arbeidet som vart lagt ned i Spydebergsaka, og vi vart trekte kr 2 225 000 for Husbanken-prosjektet etter at det vart avslutta 31. august 2024.

Vi hadde også i 2024 ein del kostnader til nye kontorlokale i Bergen, mellom anna oppgjer med tidlegare huseigar og dobbel husleige i januar. På grunn av dei ekstra kostnadene til flyttinga og realnedgang i budsjettet, hadde vi i 2024 ein stram økonomi. Vi måtte våren 2024 innføre stillingsstopp for heile embetet.

Vi har vurdert lønsnivået i embetet, og samanlikna oss med andre statsforvaltarembete og offentlege etatar. Vi ligg i nedre sjikt mellom embeta og er ikkje så konkurransedyktige som vi ønskjer. Leiinga valde derfor å leggje 3 mill. kroner ekstra i lønsoppgjeret for 2023.

Vi har samstundes vedtatt ein stillingsplan som går ut på å redusere med 20 stillingar gjennom naturleg avgang, for å kunne heve lønsnivået. Dette er eit viktig tiltak i arbeidet med å redusere gjennomtrekk og behalde kompetent arbeidskraft. Samstundes vil stillingsplanen tilpasse ressursbruken betre til sentral budsjettfordelingsmodell fordelt på departementsområde.

For 2024 fekk lønsmidlane som vart lagde i den lokale potten i 2023 heilårsverknad. Men vi er ikkje i mål med å ta ned talet på stillingar enno. Det vart ikkje lagt eigne midlar i potten for 2024 grunna stram økonomi, kombinert med at lønsoppgjere for 2024 vart forseinka og ikkje utbetalt før i 2025.

Vestland er eit langstrekt fylke med mykje fjell og fjordar, noko som gjer at det er kostbart å reise, både i tid og pengar. Den nest største byen i landet, Bergen, og dei fire store omlandskommunane utgjer eit stort folketal og tyngdepunkt i fylket. Det gir ekstra utfordringar både i levekår og med tanke på planlegging. Vi meiner at desse elementa er tatt for lite omsyn til i budsjettfordelingsmodellen. Vi må nøye vurdere behov ved reiser, sjølv om oppdragsgivarane våre har oppmoda oss om fleire kommunebesøk og meir dialog med kommunane.

Pensjonskostnadane er høge, og vanskelege å berekne. Endringar på ein tilsett kan medføre store endringskostnader, medan endring på ein annan tilsett gir liten eller ingen endringspremie. Vi får likevel god hjelp i prognosane frå SPK, og det var særns nyttig at vi i september fekk ein prognose for 2024 som danna fakturaen for 6. termin. Sjølv om dette var eit unntak som følgje av seint lønsoppgjere var det nyttig for oss i eit økonomistyringsperspektiv å kjenne årets kostnad alt i september.

Verjemål vart finansiert over 1520.01 frå 2024. Dette gir utslag i høgare tildeling og høgare kostnader på 1520.01 samanlikna med 2023.

Meirforbruk på finansiering 1520.21/4520.01 utgjer kr 575 243 og gjeld fleirårige prosjekt der vi samla i 2024 har hatt større kostnader enn inntekter og mindreforbruket vi hadde med oss inn i 2024. Dette gjeld særleg prosjektet Grüne Woche 2025, som vart arrangert i Berlin i januar 2025, der vi ikkje har kome unna kostnader.

Ressursrapportering

Departement	Driftskapittel 2024	Driftskapittel 2023	Fagdep. 2024	Fagdep. 2023
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	3 725	2 158	3 190	3 970
Barne- og familiedepartementet	17 103	13 739	1 711	1 236
Helse- og omsorgsdepartementet	36 262	38 602	18 150	14 958
Justis- og beredskapsdepartementet	29 768	9 216	1 750	25 291
Klima- og miljødepartementet	27 263	31 248	12 434	10 400
Kommunal- og distriktdepartementet	34 635	90 165	2 097	1 685
Kunnskapsdepartementet	18 031	18 166	32 805	27 438
Landbruks- og matdepartementet	25 506	25 052	718	670
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	48 941	0	0	0
Andre	1 975	1 834	313	294
Sum	243 209	230 180	73 168	85 942

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Som nemnt i del 1 hadde embetet eit vanskeleg økonomisk år i 2024. Vi måtte våren 2024 innføre stillingsstopp resten av året for å halde kostnadene nede. Hovudgrunnane var realnedgang i tildelinga og ekstra utgifter i samband med flytting til nye lokale i Bergen i desember 2023.

I desember fekk vi ei tildeling på fem mill. kroner frå Barne- og familiedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet knytt til at vi brukte om lag fem årsverk på ei tilsynssak vi gjorde for Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus, den såkalla Spydeberg-saka. Med denne tildelinga enda vi til slutt opp med 3 655 988 kr i mindreforbruk, mot 117 000 kr i meirforbruk i 2023.

På dei fleste fagområda har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat. På grunn av altfor knappe ressursar har vi særleg på områda helse, barnevern og verjemål lågare måloppåing enn vi ønskte.

For utfyllande overordna kommentarar til dette viser vi til årsrapporten kapittel 1, 5 og 6.

3.6 Andre forhold

Ressurssituasjon og prioritering ved helse-, sosial- og barnevernsavdelinga

Vi orienterte oppdragsgivarane våre skriftleg 05.07.2024 med brevet «Orientering om ressurssituasjon og prioritering – oppgåver i Tildelingsbrev og Virksomhetsinstruks på helse-, sosial- og barnevernsområdet».

Føremålet var å tydeleggjere at barneverns- og helseområdet er kraftig underfinansiert, og at det ikkje ville vere mogleg å gjennomføre oppdraga tilfredsstillande. I tillegg konkretiserte vi kva oppgåver vi prioriterte ned.

Vi gjorde greie for at saksmengda på helse- og barnevernsområdet er aukande, og stadig fleire av sakene blir meir komplekse eller krev omfattande oppfølging etter vi har avdekt svikt. Vi meiner dette kjem av ein krevjande ressurssituasjon og følgande omlegging av tenester i første- og andrelina, noko innbyggjarane merkar som innstrammingar eller bortfall av tenestetilbod. I tillegg har avdelinga vore gjennom ei nedbemanning sidan sommaren 2023.

Vi varsla at vi kom til å ta ned fleire oppgåver og aktivitetar, noko som omfatta færre kontaktpunkt med kommunane og mindre samhandling med andre offentlege tenester og på tvers i eigen organisasjon. Vi varsla at vi ikkje ville svare på høyringar eller lage kommunebilde med risikovurderingar frå våre område. I tillegg måtte vi kutte ned på utviklingsoppgåver som ikkje var prosjektfinansierte.

For **barnevernsområdet** varsla vi at prioriteringane vart gjorde med utgangspunkt i ei risikovurdering av kva konsekvensar det ville ha for rettstryggleiken

til barn og familiar, opp mot vårt ansvar for at tilsette skal ha ei forsvarleg arbeidsbelastning.

Vi påpeika at konsekvensane av prioriteringane kunne få direkte innverknad på rettstryggleiken til barn og familiar, i tillegg til konsekvensar for tilliten innbyggjarane har til velferdstenestene og til oss.

Vi varsla at

- rettighetsklager blir prioriterte
- volumkravet til tilsyn på barnevernsinstitusjonar blir ikkje gjennomført
- vi skriv korte rapportar frå tilsyn med barnevernsinstitusjonar der vi ikkje finn lovbrøt. Kopi av rapporten blir ikkje sendt barnevernstenesta.
- i hendingsbaserte tilsynssaker prioriterer vi dei mest alvorlege sakene. Fleire saker blir sende til tenestene for oppfølging utan krav om svar til oss.

For helse- og omsorgsområdet varsla vi

- færre planlagde tilsyn
- stadlege tilsyn blir ikkje prioriterte i spesialisthelsetenesta
- rettighetsklager blir prioritert
- færre stadlege tilsyn for HOL kap. 9
- sær streng vurdering om opning av tilsyn etter metode 5 i hendingsbaserte tilsynssaker og fleire saker etter metode 2
- opning for auke i sakshandsamingstid i tvangsmedisineringssaker.

Vi har vore opne om prioriteringsbrevet, og hatt dialog med Statens helsetilsyn og DFD i løpet av hausten 2024. Brevet har også vore omtala i media. Vi gav tilbakemelding på førebels tildelingsbrev og hovudinstruksen om ressursituasjonen og prioriteringar. Vi hadde også møte om ressursituasjonen med DFD, BFD og HOD i desember 2024.

Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga vil vidareføre prioriteringane i 2025 og kome med ytterlegare justeringar etter ei risikovurdering.

I tillegg vil vi nemne at førre fylkeslege hadde sin siste arbeidsdag 4. mars 2024. To av seksjonsleiarane har fungert som fylkeslege og avdelingsdirektør fram til ny fylkeslege starta 12. august. Avdelinga har ikkje fått tilført ressursar i denne perioden. Det har vore krevjande for avdelinga med høg arbeidsbelastning, strenge prioriteringar og trong økonomi.

Tvangsmedisineringssaker

Dei siste åra har klager på paragraf 4-4-vedtak auka kraftig. I 2024 handsama vi 335 klager, mot 281 klager i 2023.

På grunn av både saksauke og nedbemanning i avdelinga, har alle sakshandsamarar på området brukt mykje av arbeidstida på dette saksfeltet i 2024.

På grunn av auken i saker, har vi vidareført vaktordning for «tvangsmedisineringstelefonen» og fordeling av saker. Vi har også utarbeidd nye malar for vedtaka våre. Sakshandsamarane opplever at dei nye malane er til god hjelp for å effektivisere arbeidet, utan at det går ut over kvaliteten.

Som eit ytterlegare effektiviseringstiltak har vi gått over til å ha flest mogleg møte med pasientar via telefon eller video. Endringa vart innført som ei prøveordning 1. september 2024, og skal evaluerast tidleg i 2025. Å gjennomføre samtalanane på denne måten har både fordelar og ulemper, men er klart tidssparande. Vi passa på at alle involverte instansar fekk god informasjon om endringa før ordninga vart innført. Vi prioriterer å halde sakshandsamingstida i desse sakene nede, sidan vedtaka er sær inngripande og alle paratar ønskjer raske avklaringar. Dei nemnde tiltaka har hjulpet oss med det. Ved utgangen av 2024 har vi ei median sakshandsamingstid på fem dagar, noko vi vurderer som bra, sett opp mot den store saksmengda. Ved hjelp av vaktordninga fekk vi handsama saker fortløpande også i feriar, slik at ikkje sakshandsaminga stoppa opp i ferieperiodar.

Vi har hatt fagmøte annakvar veke, der vi diskuterer både juridiske og medisinske spørsmål. Tidleg i 2024 sende vi brev til alle involverte instansar der vi gav råd om korleis dei kan unngå dei vanlegaste manglane i utarbeidinga av paragraf 4-4-vedtak. Vi har hatt kontakt med kontrollkommissjonsleiarar, andre statsforvaltarembete og Helsedirektoratet for å avklare prinsipielle og viktige spørsmål.

I 2025 held vi fram arbeidet med å få til gode og effektive arbeidsmetodar, evaluere overgangen til telefonsamtalar, og forsøke å få til fleire videosamtalar med klagarar, då vi ser at dette fungerer betre enn reine telefonsamtalar. I den grad vi får fleire ressursar i helseseksjonane våre, vil dei bli nytta til å lette arbeidet med paragraf 4-4, slik at alle i arbeidsgruppa får frigjort meir kapasitet til andre viktige arbeidsoppgåver.

Arbeidet vårt med tvangsmedisineringssaker har vore omtala i media.

Kontrollkommissjonane

Rekruttering og oppnemning av medlemmar til kontrollkommissjonane er krevjande på fleire måtar, og nokre er sær vanskelege å rekruttere. Den nye rettleiareren stiller strenge krav til kjønnskvoltering og vi må ofte lyse ut fleire gonger for å møte dette kravet. I tillegg er det krav om enkeltvedtak ved oppnemning. Vi må intervjuje, sjekke referansar og skrive innstilling for kvar einskild søkar. Dette er eit omfattande arbeid. Kontrollkommissjonen for Sandviken hadde så stor saksmengd at vi måtte dele denne kommissjonen i to, og vi gjekk derfor frå seks til sju kommissjonar med verknad frå 1. januar 2025. Dette inneber ytterlegare arbeid, som vi ikkje får kompensert.

Låge salærssatsar for sjølvstendig næringsdrivande, som til dømes fastlegar, er ein annan viktig grunn til at rekrutteringa er vanskeleg.

Vi etterlyser digitalisering av arkiva til kontrollkommissjonane.

Prosjekt pasientreiser

Seksjon for spesialisthelse løyste 1070 pasientreisesaker i løpet av 2024. Av disse var 800 frå andre embete etter avtale med tidlegare fylkeslege, utan at midlar følgde med.

Seksjonen klarte gjennom godt prosjektarbeid å snu heile restansen. Dette skjedde gjennom omdisponering av midlar som gjorde det mogleg å tilsetje tre studentar i prosjektstillingar. Dei fekk trening i mengdehandsaming og var følgde tett opp av erfarne juristar. I tillegg jobba sommarvikarane med dette.

Prosjektet vart avslutta etter tre månader, og viste at handsaminga av pasientreiser med fordel kan sentraliserast nasjonalt. Sakshandsaminga blir då effektivisert og vurderingane standardiserte. Eigne ressursar til dette må følgje med.

Oppgåver for Kongehuset

Besøk frå Kongehuset

Vestland fekk følgjande besøk i 2024:

- 7. mars: H.K.H. Kronprins Haakon til Universitetet i Bergen og Equinor. Temaet var vindkraft.
- 27. og 28. mars: DD.KK.HH. Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette-Marit til Finse for kurs/øving med Røde Kors.
- 5. og 6. mars: H.K.H. Kronprins Haakon til Bergen og Alver/Austrheim for «Tenk» (faktisk.no for ungdom), skulebesøk på Amalie Skram vidaregåande skule (om m.a. demokrati og kunstig intelligens) og TCM på Mongstad.
- 1. juni: DD.KK.HH. Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette-Marit til Moster for Kristlovsjubileet (1000 år).
- 17. oktober: H.K.H. Kronprins Haakon i Bergen saman med Finlands President, i samband med statsbesøk til Norge 15.–17. oktober.

Besøk frå Kongehuset er alltid arbeidskrevjande, men besøket til Moster og statsbesøket var særleg omfattande.

I tillegg var vi perifert engasjerte då den nederlandske kongen besøkte Bergen (ikkje-offisielt besøk).

Medaljesaker

Jamt over kjem det inn mange medaljesaker til oss. I 2024 fekk vi 22 søknader.

Andre besøk

Næringskomiteen var på offisiell reise til Stord, Bømlo, Fitjar, Bergen, Askøy og Øygarden 28.–30. oktober.

Kommunal- og forvaltningskomiteen komiteen var på offisielt besøk i Vestland 13. og 14. januar 2025, og vi brukte tid på slutten av 2024 til å førebu dette.

Innsynskrav etter offentleglova

Innsynskrav etter offentleglova blir handtert av rådgivarar (4,2 årsverk i 2024) i organisasjons- og strategiavdelinga, som handterer innsyn i offentlege dokument og dokument som er unntatt offentlegheita.

Innkomne innsynskrav i 2024

Statsforvaltaren i Vestland (tal frå eInnsyn): 9393
Fylkesmannen i Hordaland (tal frå eInnsyn): 441
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (tal frå eInnsyn): 131
Andre innkomne innsynskrav (e-post, telefon, osb.): 456
Total mengd innsynskrav: 10 421
Total mengd sakshandsama innsynskrav*: 1175

** Svar på innsynskrav i offentlege dokument blir ekspederte på e-post utan noko form for registrering, og blir ikkje rekna som sakshandsaming. Det er såleis berre innsynskrav i dokument som ikkje er offentlege, som formelt sett blir sakshandsama. Desse innsynskrava blir registrerte og sakshandsama i Elements. Vi skriv svarbrev, og eventuelt sladda versjon av dokumentet det er bedd om innsyn i, blir arkivert på saka i Elements.*

Talet på innkomne innsynskrav er det høgste som er registrert sidan samanslåinga av fylkesmannsembeta i 2019, sjå under.

Innsynskrava som ikkje kjem inn via eInnsyn kan gjelde til dømes heile sakskompleks, saker knytt til konkrete tema, eller meir diffuse saker. Det er verd å merke seg at tala på innsynskrav ikkje seier noko om kor store bestillingane er, eller kor tidkrevjande handteringa av kvart innsynskrav er. Erfaringa vår er at dei største og mest tidkrevjande innsynskrava ikkje kjem inn via eInnsyn.

Innkomne klager i 2024

Innkomne klager på avslag på innsyn: 24
Statsforvaltaren har gjort om: 6
Klageorgan har gjort om: 1
Avslag er stadfesta av klageorgan: 1
Klage på for sein handsaming, men ikkje påklaga etter at vi har handsama innsynskravet**: 14
Oversendt klageorgan, men ikkje avgjort enno: 1
Klage som ikkje er handsama enno: 1

*** Det følger av offentleglova paragraf 32 andre ledd første punktum at dersom den som har kravd innsyn ikkje har fått svar innan fem arbeidsdagar etter at organet fekk kravet, skal dette reknast som eit avslag som kan klagast på.*

Talet på innkomne klager har auka ein del samanlikna med dei siste par åra, men dette er naturleg sidan talet på innsynskrav generelt har auka. Det er puring på for lang handsaming som utgjer størstedelen av klagene.

Andre førespurnader

I tillegg til klager på avslag på innsyn, får vi unntaksvis krav om å få ei grundigare forklaring på avslaget. Dersom den som har bedd om innsyn aksepterer svaret vårt, reknar vi ikkje kravet om å få ei grundigare forklaring på avslaget som ei formell klage. Vi avsluttar då saka.

Vi får også med jamne mellomrom førespurnader frå journalistar om å kontakte klagaren/pårørande i forlenginga av at journalistane har fått svar på innsynskrav frå oss. Journalistane ønskjer då anten at vi skal legge fram for klagaren/pårørande om dei kan tenkje seg å løyse oss frå teieplikta, eller at vi vidareformidlar kontaktinformasjonen til journalistane til klagaren/pårørande, slik at dei kan ta direkte kontakt med journalistane for ein uformell samtale. Vi har fått meir av denne typen førespurnader dei siste åra.

Tiltak

Frå samanslåinga av fylkesmannsembeta i 2019 til 2024 har talet på innsynskrav meir enn dobla seg (frå 4620 til 10421 innsynskrav). For å kunne handtere den store auken i innkomne saker, har derfor talet på faste stillingar innanfor dette feltet dobla seg frå to til fire. Innimellom har også ein femte sakshandsamar hjulpet til med handsaminga av innsynskrav.

Vi opplever at fleire av innsynskrava er både større og meir komplekse no enn tidlegare. Til dømes blir det ofte bedd om innsyn i heile saker og sakskompleks. Vi har ofte ikkje klart å halde tidsfristane for svar på innsynskrav, og har måtta prioritere mellom dei. I 2025 håpar vi at vi kan starte med å fulltekstpublisere nokre av dokumenta våre, som eit tiltak for å effektivisere sakshandsaminga av innsynskrav.

Regresskrav for utgifter til reinteiljing

Frå november 2023 til juli 2024 hjulpte tre av våre tilsette Statsforvaltaren i Troms og Finnmark med å førebu vedtak om å krevje regress for utgifter til reinteiljing. Arbeidet gjekk ut på å vurdere kva som var legitime kostnader og å identifisere kven kravet burde rettast mot. Vi fekk kompensert innsatsen frå DFD.

4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa og i arbeidet med verksemdsplanane. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. I tillegg er viktige tema drøfta i utvida leiargruppe, der alle leiara med personalansvar er samla. Samstundes legg vi stor vekt på å drøfte overordna spørsmål med tillitsvalde gjennom samarbeidsutvalet, og vi opplever at vi tar betre avgjerder gjennom innspela vi får. Vi har faste rutinar for å få til gode prosessar i arbeidsmiljøutvalet (verneombod) og samarbeidsutvalet (tillitsvalde).

4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Avdelingane utarbeider årlege verksemdsplanar der risikostyring utgjer ein viktig del av planane og oppfølginga gjennom året. Kontrollen er tilpassa oppgåvene og kor vesentleg risikoen er.

Risikovurdering av arbeidsmiljø er fast sak på AMU-møta gjennom året. Før revisjonen i første årlege AMU-møte, hentar vi innspel frå tillitsvalde. Resultat av denne revisjonen er ein del av den årlege HMS-gjennomgangen på leiarnivå.

Eventuelle feil og manglar skal fangast opp via avvikssystemet. Tilsette hos statsforvaltarane kan sende avvik og varsle internt gjennom kvalitetssystemet levert av Datakvalitet.

4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi oppdaterer rutinar og retningslinjer etter behov, og alle felles rutinar er tilgjengelege på intranett. Styringsbiblioteket er brukt til retningslinjer som gjeld for alle tilsette. Avvik blir følgde opp i dei ulike avdelingane, HMS-avvik blir følgde opp i AMU-møte og avvik innan informasjonstryggleik blir følgde opp i tryggleiksutvalet.

Avdelingane har sine rutinar tilgjengelege for tilsette som treng det. Tilsette og nyttilsette får opplæring i dei interne rutinane, i tillegg til systemopplæring gjennom Kurs- og kompetanseportalen (DFØ).

Embета har årlege oppfølgingsmøte med STAF om IKT og dokumentforvaltning. Temaet er rapportering og internkontrollrutine for "kryssande tenester" der både STAF og embета har ansvar.

Tertialsvis rapportering på sakshandsamingstider for dei viktigaste fagområda våre gir oss god oversikt over status på fagområda.

Vi følgjer opp økonomistyring gjennom delegeringsreglementet, interne fullmakter og budsjett- og rekneskapsrutinar. På grunn av budsjettsituasjonen har økonomi vore fast tema i alle leiarmøte siste halvår i 2024.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Vi har framleis problem med å få tak i kvalifisert personale innan visse fagområda. Vi har forsøkt å endre kompetansekrav for enkelte stillingar, og i tillegg vurdert om vi har interne kandidater som ønskjer nye utfordringar. Lønsnivået hos konkurrerande etatar gjer det utfordrande for oss å behalde og rekruttere kvalifisert arbeidskraft.

Vi har redusert tal tilsette i stillingsplanen, og på grunn av budsjettsituasjonen hadde vi stillingsstopp store delar av 2024. Målet er å auke det gjennomsnittlege lønsnivået, men vi er framleis ikkje i mål med dette arbeidet.

Vi skal bruke tildelingane mest mogleg i tråd med tildelingane frå fagdepartementa, men vi ser at det ikkje alltid stemmer med kor saksmengda veks. Saman med stillingsstopp gir det større belastning for tilsette. Vi ser og at sjukefråværet er stabilt høgt i dei seksjonane med størst auke i saksmengd. Sjukefråværet vårt var om lag sju prosent i 2024, omtrent det same som året før.

Resultat frå medarbeidarundersøkinga (MUST) viser at det er ein samanheng mellom tildeling, auka saksmengd og høgt sjukefråvær. 56 prosent av våre tilsette rapporterer i MUST om stor arbeidsmengd og høgt tidspress. Vi har likevel høgt jobbengasjement og høg tilhørslse til organisasjonen. Gjennomtrekken er litt mindre enn føregåande år, med 4,9 prosent.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Embetet kjøpte i 2024 ein del møblar og inventar til nye lokale i Bergen, og det vart investert i ny luftfukter for arkiv i Statens hus Leikanger. Utanom møblar og tre embetsbilar eig vi lite materielle gjenstandar av verdi. Bilane får service og blir kontrollerte i samsvar med regelverk og oppsett plan.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringar, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til avdekte svakheter eller utfordringar. Vi har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Revisjon av 2024 hadde oppstartsmøte i januar 2025.

I løpet av året har vi tatt i bruk eit nytt avvikssystem, samstundes som vi har gjennomgått avvikshandteringsprosessen. Vi har gjort nokre mindre endringar

i rollene, men har vurdert prosessen totalt sett som god.

Vi jobbar systematisk med å byggje ein god kultur for informasjonstryggleik, mellom anna gjennom det interne tryggleiksutvalet og godt samarbeid med dei andre embeta og STAF i fagutvalet for informasjonstryggleik.

Vi melde tre saker til Datatilsynet i 2024. I sakene la Datatilsynet til grunn at vi hadde gjennomført dei tiltaka som var nødvendige for å utbetre brota og avgrense eventuelle konsekvensar for enkeltpersonar som var råka. Datatilsynet avslutta derfor sakene.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling og diskriminering

Vi har framleis ei klar overvekt av kvinner i embetet. I 2024 hadde vi i overkant av 71 prosent kvinner. Del kvinner si løn av løna til menn er 94,2 prosent totalt i embetet. Gruppa sakshandsamar 1, seniorrådgivar, har flest tilsette, og høgare løn for menn i denne gruppa utgjer ein stor prosentskilnad. I gruppa sakshandsamar 2, rådgivar, er løna til kvinner omtrent lik løna til menn, men gruppa har prosentvis færre menn. I dei andre gruppene (leiarstillingar og konsulentstillingar) tener kvinner likt eller meir enn menn. Statsforvaltaren og fylkeslegen er kvinner. Det er liten forskjell mellom kvinner og menn når det gjeld deltid og mellombelse stillingar. Sjukefråværet er høgare for kvinner.

Gjennom MUST har vi fått kjennskap til at 2,4 prosent av våre tilsette rapporterer å ha vorte mobba. 0,5 prosent hadde opplevd seksuell trakassering frå eksterne. Vi har nulltoleranse for mobbing og uønskt seksuell merksemd. Vi oppmodar alltid tilsette til å bruke dei rette kanalane vi har for intern varsling, eventuelt å ta kontakt med ein leiar, verneombod eller HR dersom dei er utsette for noko og lurar på korleis dei går fram.

Vi har system for risikovurderingar, mellom anna høve til avvik, intern varsling, ROS-analyse av arbeidsmiljøet og medarbeidersamtalar. Vi viser her og til likestillingsutgreiinga under vedlegg i kapittel 7, etter ARP-mal frå Bufdir.

Bruk av lærlingar

Vi er formelt godkjent som lærebedrift gjennom OK-stat. Vi har alltid få søkarar, og vi har ikkje prioritert å søke etter lærling i 2024.

HMS/arbeidsmiljø

Vi har mål, tiltak og handlingsplanar for fleire område, og eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta. Vi har framleis utfordringar med det høge sjukefråværet. Det har vore litt uro etter flytting til kontorlandskap i Bergen, der fråværsprosenten har vore høgare, men vi har no fått på plass betre rutinar og husgrupper på dei tre kontorstadane. I tillegg til tilsette med alvorleg sjukdom, har vi fleire tilsette som er langtidssjukmelde på grunn av ventetid i spesialisthelsetenesta. Det kan gi store utslag på fråværsprosenten i mindre avdelingar.

Vi forsøker å arbeide systematisk ved å ha rutinar for oppfølging, spesielt for fråvær vi kan gjere noko med, og ta opp temaet jamleg i leiargruppa og AMU. HR var mellom anna med på samling for utvida leiargruppe i Bergen, der generell medarbeidaroppfølging var hovudtema. På samlinga leigde vi og inn bedriftshelsetenesta for å snakke om sjukefråvær og oppfølging av sjukefråvær. Sjukefråvær er også eige risikoområde i ROS av arbeidsmiljø. I mars 2025 er det planlagt møte for utvida leiargruppe der NAV skal ta opp temaet sjukefråvær. Vi tilbyr elles årleg influensavaksinerings for tilsette.

Ytre miljø

Vi er klimapartner i Vestland, og dei tre kontorstadane våre er miljøfyrtårnsertifiserte. Vi har etter kvart gode rutinar for å oppnå miljøkrav både på Leikanger, i Førde og i Bergen. For å effektivisere arbeidet, og sjå det i samheng med felles berekraftsmål, skal vi sertifisere dei tre kontorstadane på nytt etter hovudkontormodellen. Etter råd frå Miljøfyrtårn vart sertifiseringa flytta frå 2024 til 2025.

4.3 Fellesføringer 2024

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Vi har etter kvart gode rutinar for å nå miljøkrava både i Leikanger, Førde og i Bergen. Vi er klimapartner i Vestland, og dei tre kontorstadane våre er miljøfyrtårnsertifiserte. For å effektivisere arbeidet, og sjå arbeidet i samheng med felles berekraftsmål, skal vi sertifisere dei tre kontorstadane på nytt etter hovudkontormodellen. Etter råd frå Miljøfyrtårn vart sertifiseringa flytta frå 2024 til 2025.

Ved resertifiseringa må vi som leigetakarar utfordre dei private huseigarane til å vurdere energibruken i dei tre bygga vi leiger. Vi skal også mellom anna revidere avfallsrutinar og retningslinjer for reiseaktiviteten vår. Sidan vi har fleire kontorstader, er det naturleg med litt reising mellom desse. I tillegg kan det vere lange avstandar ut til kommunane i fylket.

Vi må også nemne at ein stor del av innspela til kommunalt planarbeid handlar om klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Vi viser til rapporteringa om planarbeidet.

4.1.2 Positiv utvikling i tal tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing

Både i 2020 og 2021 hadde vi gode resultat i inkluderingsdugnaden, med eit gjennomsnitt på om lag ni prosent. Vi fekk god hjelp frå eit prosjekt hos NAV til å finne kandidatar innanfor målgruppa. I tillegg hadde vi ressursar og økonomi for å tilsetje i mellombelse stillingar utanom stillingsplanen.

I 2024 har vi hatt stillingsstopp store delar av året, og dermed har vi ikkje jobba like systematisk med rekruttering. Vi held også fram arbeidet med å redusere tal stillingar, for å tilpasse oss tildelinga fordelt på departementsområdet, og for å kunne heve lønsværet og bli meir

konkurransedyktige. Statistikken viser at vi i 2024 har åtte søkarar med funksjonsnedsetjing, men at ingen av dei vart vurderte som kvalifiserte til stillingane vi har lyst ut. Ved nye stillingsutlysingar har vi rutine for å vurdere om vi kan finne passende kandidatar med funksjonsnedsetjing til stillingane, ved å kontakte Nav.

Elles viser vi til rapporteringspunkt 4.2 og likestillingsutgreiinga som vedlegg i kapittel 7.

4.1.3 Redusere konsulentbruken

For kontogruppe 67 Kjøp av konsulenttenester var det ført utgifter for 858 001 kroner. Dette fordeler seg slik på kontogruppene:

- 670 Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss: 15 500 kroner
- 671 Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar mv.: 692 138 kroner
- 672 Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjonsrådgjeving mv.: 72 100 kroner
- 673 Andre konsulenttenester: 78 263 kroner

Kontogruppe 670 er tenester for revisjon og juss. PwC reviderte prosjektrekneskapen til Handelens Miljøfond. Samarbeidet med Handelens Miljøfond var for å hindre og handtere plastforureining frå det norske landbruket.

Kontogruppe 671 utgjør mesteparten av utgiftene til konsulentbruk i 2024. Vi har gjort innkjøp frå Atea med utgangspunkt i ein konkurranse Udir har gjennomført i samband med prosjektet *Digital skole*. Atea fekk rammeavtalen for å utvikle og etablere piloten *Digital skole – utvei*. Prosjektet er eit samarbeid mellom Kriminalomsorgsdirektoratet, Vestland fylkeskommune og oss.

Store delar av det som er ført på kontogruppe 672 omfattar prosjektet *Forum landbruksplast*, der konsulenttenesta vart nytta til produksjon av ein informasjonsfilm.

Kontogruppe 673 omfattar bruk av konsulenttenester frå Statsbygg, i samband med ny husleigeavtale.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Embetet og oppdraget

Som det går fram i innleiinga er vi stadig meir pressa på ressursar ut frå oppdraga og den aukande saksmengda. Særleg er dette tydeleg på helse-, barneverns- og verjemålsområda, men det er også vanskeleg på andre fagområde. Vi har mange dedikerte og flinke medarbeidarar som er sterkt motiverte av det viktige samfunnsoppdraget vårt. Men vi klarar ikkje å gjere alle dei viktigaste oppgåvene våre. Dette får konsekvensar for tenestene frå helseføretak og kommunar til privatpersonar og sårbare grupper. På sikt vil det gå ut over tilliten til statsforvaltarane og til offentleg forvaltning. Vi har i fleire år sagt frå om dette, og det same har andre embete gjort. Likevel får vi ikkje andre svar enn at oppdragsgivarane er klare over situasjonen og at vi sjølve må prioritere mellom oppdraga.

Løysingane er enten å tilføre meir ressursar eller å vurdere nøye kva oppdrag og rettar som er viktige å oppretthalde i lovverket, og kva som kan lempast på. Effektivisering gjennom digitalisering kan hjelpe noko, men det krev ressursar til utvikling og oppfølging.

Til dømes er retten til å klage over tvangsmedisinering ein viktig rettstryggleiksgaranti for eit inngripande vedtak. Men når berre to-tre prosent av klagen blir tatt til følge, samstundes som alle statsforvaltarane opplever ein stor auke, er det grunn til å spørje om ressursane er rett brukte.

Eit anna døme er lovverket om oskespreiing. Vi har i mange år skrive i årsrapporten om at ressursbruken ved å ha ein søknads- og vedtaksprosess for å få løyve til å spreie oska etter døde personar, ikkje står i høve til nytten. Det er tydeleg definert i lova kva område det er lov å spreie oska i og ikkje, og det hadde halde med ei eigenerklæring der det går fram av kart at oska er tenkt spreidd på eit lovleg område. Samfunnsskaden av brot på lova er liten.

Kommunane i fylket

Vi går inn i eit tid der kommunane strevar økonomisk på grunn av høgare rente- og kostnadsnivå. Nokre av kommunane står overfor tøffe grep som vil gå ut over tenestenivået til innbyggjarane. Vi set stor pris på at KDD ser dette, og har gitt oss ekstra ressursar for å kunne støtte kommunane betre. Vi skal gjere så godt vi kan, men må streke under at press på kommunale tenester også utfordrar kapasiteten vår til å rettleie på velferdsområda. Vi veit at mange kommunar vil streve med å følgje lovkrava, og at klage- og tilsynsoppgåvene våre kan få direkte økonomiske konsekvensar for kommunane. Dette gjer stundom kommunikasjonen mellom kommunane og Statsforvaltaren vanskeleg.

Difor er det avgjerande å ha tett kommunikasjon mellom leiinga hjå oss og kommuneleiingane. Vi er samde i signala frå KDD om at vi i plansaker må ha meir direkte kommunikasjon med kommunane, helst på deira heimebane. Men vi har ansvar for eit fylke med lange reiseavstandar på grunn av fjordar og fjell. Det tar opp mot seks timar med bil å reise frå kontorstadane våre på Leikanger, Bergen og Førde til kommunane som ligg lengst unna. Derfor er vi kritiske til at vi er trekte i budsjetta for 2023 og 2024 for innsparing i reiseutgifter, som vi må dekkje inn ved å ha færre tilsette.

Vi må nemne at vi framleis er imponerte over korleis kommunane i fylket har stått på for først å handtere pandemien og deretter flyktningstraumen frå Ukraina. Samstundes pressar dei mange flyktningane dei kommunale tenestene, og det er for få flyktningar som kjem raskt i arbeid.

Hovudutfordringa framover for kommunane vil, forutan økonomien, vere rekruttering av kompetanse, særleg på helse- og omsorgsområdet. Vi ser at både byar og bygder rapporterer om mangel på fastlegar, sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, og dette blir forsterka framover av den venta eldrebølga, samstundes som mange yngre fell utanfor arbeidslivet. Kommunane har dessutan vanskar med å rekruttere jordmødrer og psykologar.

Beredskap

Vi er inne i ei uroleg tid i verda, prega av krigen som Russland sette i gang mot Ukraina. I tillegg er situasjonen alvorleg i Gaza, medan det kjem signal frå presidenten i USA som gir grunn til uro. Vi må i sterkare grad utvikle eigenberedskap, både som nasjon og som enkeltpersonar. Rolla til statsforvaltarane vil bli viktigare i begge aspekt.

I stortingsmeldinga om totalforsvar ligg det store forventingar til at Statsforvaltaren skal ha ei viktig rolle i beredskapsplanlegging, rettleiing og øvingar og ved handteringa av hendingar og kriser. Vi vil i løpet av året halde ei intern øving for at alle skal ha kunnskap og forståing av den sikkerheitspolitiske stoda og vår rolle i arbeidet med å styrke totalforsvaret.

Vi har ei særleg rolle i å styrke samhandlinga mellom sivil sektor og Forsvaret for å betre forsvarsevna, og har derfor tett samarbeid med politiet og Heimevernet. For at dette arbeidet skal fungere er vi avhengig av at møte kan haldast på nivå hemmeleg. Ved hovudkontoret vårt i Leikanger har vi ikkje slik tilgang, og har heller ikkje økonomi til å få det på plass. I Bergen har vi avtale med Tolletaten om å bruke deira fasilitetar når vi treng slik tilgang.

Initiativrolla

Som i fjor vil vi nemne at vi ser at vi ikkje lenger skal rapportere på det som har vore kalla hovudmål fire, initiativ- og tilbakemeldingsrolla. Vi vil streke under at vi ser på dette som viktige roller for statsforvaltarane, som gjer oss i stand til å ta tak i samfunnsutfordringar ut over dei einskilde oppdraga våre. Ingen andre statlege organ har til oppgåve eller er i stand til å sjå heile samfunnet under eitt. Då er det også få andre som har kunnskap eller legitimiteten til å ta initiativ for å løyse såkalla gjenstridige problem ("wicked problems") som ingen etat kan ordne opp i åleine.

Vi ser på initiativrolla som eit viktig supplement til dei meir konkrete oppdraga statsforvaltarane har. For oss er det nyttig å kunne tenkje utanfor den vanlege verktøykassa for å få gjennomført statleg politikk i fylket eller å få betre tenester i kommunane.

Digitalisering av statsforvaltarane

Vi er glade for at digitaliserings- og IKT-strategien for statsforvaltarane no er vedtatt, og at vi er i gang med å lage handlingsplanar for å setje han i verk. I arbeidet har det vorte endå tydelegare at då ansvaret for IKT og digitale tenester vart overført til STAF, mista embeta kontakten med digitaliseringsarbeid, og også kunnskapen om kva digitale verktoy som er tilgjengelege for oss frå før, til dømes gjennom Office-pakka. Vi meiner det er viktig at DFD i arbeidet med digitaliserings- og IKT-strategien avklarar om STAF har noko ansvar for å lære opp embeta i digital kompetanse, eller om embeta skal tileigne seg denne sjølv gjennom kjøp av tenester eller ved å tilsetje. Dersom embeta sjølv må kjøpe eller tilsetje denne kompetansen, slår det beina under noko av den effektiviseringsgevinsten som vart stipulert då STAF vart oppretta.

Arealplanar og dispensasjon frå planar

Som nemnt i innleiinga er kommunane opptatt av kva som er terskelen for når det ligg føre ei nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunalt planarbeid, der Statsforvaltaren kan fremje motsegn eller klage på dispensasjonsvedtak. Kommunane opplever at handlingsrommet i planarbeidet blir snevra inn når det kjem nye statlege planretningslinjer, som planretningslinjene for strandsona langs sjøen (2021), for klima- og energi (2024) og for arealbruk og mobilitet (2024), og dessutan oppdatert jordvernstrategi (2023).

Vår oppgåve er å balansere dei skjerpde planretningslinjene mot det kommunale sjølvstyret og høvet til å få utvikling i heile landet, og dette er slett ikkje enkelt. Vi gjer vårt beste for å kome med tydelege og tidlege innspel der det er nasjonale eller vesentlege regionale interesser i spel, men det er ikkje til å kome frå at kommunane ofte forventar at vi skal leggje større vekt på det kommunale sjølvstyret og trekkje innspela undervegs i prosessen. Det er viktig for utviklinga av Vestland at busetnaden ikkje blir konsentrert berre til kommunesentera. Landbruk og andre bygdenæringar er avhengige av at det finst annan busetnad for å oppretthalde tilbod som barnehage, skule og eldreomsorg og tilbod som gir bulyst for unge og eldre. Sjølv om dette kan vere vanskeleg å balansere, klarar vi å løyse dei aller fleste motsegnene i dialogmøte eller meklingar.

Vi målber ein tydeleg bodskap om at kommunane skal styre gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjonar frå planar. Likevel er talet på dispensasjonar for høgt. Vi opplever at det er vanskeleg å nå fram til det politiske nivået med at det er to strenge lovtilkåringar som begge må vere oppfylte for å kunne gi dispensasjon frå ein arealplan. Oppfatninga er i staden at dispensasjonsavgjerder fullt og heilt er underlagde kommunens frie skjøn. Vi har jamt klaga på mellom fire og seks prosent av dei mellom 1900 og 2150 dispensasjonsvedtaka vi har fått oversendt frå kommunane dei siste åra. Undersøkingar har vist at ein stor del av dispensasjonane kommunane gir, er i strid med dei to vilkåra i plan- og bygningslova paragraf 19-2 andre ledd, sjølv om dei ikkje blir klaga på. Vi opplever at kommunane kan vere meir opptatt av kva terskel vi har for å klage, enn kva som ligg i dei strenge lovtilkåringane for å gi dispensasjon.

Byvekstavtalane

Eit viktig tiltak for å følgje opp klimaforliket og berekraftsmåla er byvekstavtalen for bergensområdet, kalla Miljøløftet, som vi har lagt mykje arbeid i for å få oppslutnad rundt. Avtalen sikrar over 16 milliardar kroner til investeringar i området rundt Bergen fram til 2029. Vi har stor tru på at satsinga på byvekstavtalar vil føre til markante resultat i form av reduserte klimautslipp i byområda framover, men det er ein føresetnad at både vi og sentrale styresmakter følgjer opp med tydelege signal i konkrete plansaker. Vidare er det viktig å følgje opp kommunane som bryt med føresetnader som er lagde om bruk av midlar frå Miljøløftet.

Dei tiltaka som er gjennomførte så langt i Miljøløftet, gir god effekt for kollektivtrafikk, samstundes som trafikken aukar og trugar nullvekstmålet:

- Dei siste tala viser at bybanen står for 27 prosent av all kollektivtransport i Bergen, medan 92 prosent av alle kollektivtransport i fylket skjer i Bergen. Det er auke både på bybane, buss og båt.
- Det var auke i trafikken både for personbil og kollektiv på den nye veggen til Os.
- Arbeidet med ny Sotra-bru er i gang.
- I løpet av 2024 har talet på elbilar som passerer bomringen auka til over 50 prosent. Inntektene frå bomringen i Bergen er redusert, men så langt har ikkje byrådet ønskt å justere elbitakstane.

Klima

Vi har ei klimagruppe på tvers av avdelingane, som koordinerer og inspirerer tiltak på området. Dei viktigaste aktivitetane i gruppa er å rettleie kommunane, sende ut forventningsbrev og utarbeide klimabudsjett.

Også i 2024 skipa vi den årlege nasjonale Klimaomstillingskonferansen saman med Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Vestland fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen, Vestlandsforskning, Klimapartnere Vestland, Noradapt, Innovasjon Noreg og Senter for klima- og energiomstilling. Hovudtema første dagen var førebygging av flaum, medan det andre dagen var ulike parallellsesjonar om areal- og klimanøytralitet, naturbaserte løysingar, arealbruk ved utbygging av fornybar energi og forvaltning av fjordane. Konferansen er med på å inspirere og spreie kunnskap om ulike aspekt av klimaomstilling, først og fremst til kommunar og andre offentlege etatar.

I tillegg til klimaomstilling er det også viktig at kommunane arbeider med klimatilpassing. Sjølv om vi når klimamåla, vil klimaet endre seg i åra framover. Vestland har tre klimasoner og er utsett for havstiging, stormar, flaum og skred. Det får konsekvensar for arealdisponering, og for mange kommunar er det utfordrande å finne areal som kan nyttast til bustadfelt og næring. I samarbeid med ei rekkje aktørar arbeider vi med å få til eit pilotprosjekt for klimatilpassing i Vestland fylke.

5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

Sjå 5.1.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Vestland.pdf](#)

7 Vedlegg

[Lenke til likestillingsutgreiing for 2024.](#)

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	8 722.0
Budsjettavvik (%)	3.5 %

Husleie

Husleie (tusen kr)	29 819.0
Husleie (% av driftsutgifter)	12.3 %

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i elements	Antall journalposter i vergemåls-elements
Antall journalposter	170 089	101 409	68 680

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
152001	273 710
152021	4 706
Post 01 (unntatt 152001)	36 286
Post 20-29 (unntatt 152021)	186 916
Post 30-39	16 526
Post 40-49	0
Post 60-69	161 988
Post 70-79	163 407
Post 80-89	7 634

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4 414.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	7.0 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	978.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	5.2 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	3 436.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	7.8 %
Antall legemeldte sykedager for menn	686.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	3.6 %
Avtalte arbeidsdager for menn	18 838.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	2 805.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	6.4 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	44 089.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	292.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.6 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	601.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.4 %

Tala er henta frå Innsikt. Vi har 7 prosent sjukefravær i 2024, om lag som i 2023. Egenmelding utgjør nesten 1,5 prosent for begge kjønn. Vi har framleis høgt sjukefravær når vi samanliknar oss med andre embete.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	216.0	69.5 %	95.0	30.5 %	708 421.0	752 019.0	94.2 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	6.0	50.0 %	6.0	50.0 %	1 227 173.0	1 159 383.0	105.8 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	17.0	54.8 %	14.0	45.2 %	1 030 925.0	955 094.0	107.9 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	122.0	68.9 %	55.0	31.1 %	706 572.0	721 118.0	98.0 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	69.0	78.4 %	19.0	21.6 %	616 141.0	619 339.0	99.5 %
Kategori 5: Kontorstillinger	0.0		0.0		0.0	0.0	
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0		0.0		0.0	0.0	
Kategori 7: Læringer							

I tabellen har vi tilsette i embetet i løpet av 2024. Statsforvaltaren er kvinne, og vi har tre nye kvinnelege direktører i kategori 1, inkludert fylkeslegen. Utsifting i løpet av året gir fleire tilsette i denne kategorien. I tråd med rettlegeing er assisterande fylkeslegar inkluderte i kategori 2. Der finn vi og fagdirektør og spesialrådgivar, ingen av desse har leiaransvar. I kategori 3 har vi tre kvinnelege ass. seksjonsleiarar. I kategori 3 har kvinner 96,5 prosent av menn si løn. Sidan vi har hovudvekt av kvinner gir dette utslag på gjennomsnittleg løn for kvinner si årsløn totalt i embetet: 94,2 prosent av menn. Vi har éin mann og to kvinner i kategori 5 og 6 som ikkje er med i tabellen.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
Totalt antall årsverk	248.0
Totalt antall årsverk for kvinner	169.0
Totalt antall årsverk for menn	79.0
Totalt antall årsverk for faste stillinger	241.0
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	7.0
Sum andel administrasjon	7.7 %
Økonomi	4.4
Lønn	0.9
Personal	2.8
Resepsjon/sentralbord	2.7
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	8.4
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgaver: kommunikasjon, redaktøransvar for statsforvalteren.no, innsyn, reinhald og ekstrahjelp til avlevering av arkiv. Direktør og ass. direktør er fordelt på fagområda i avdelinga. Vi har ein liten nedgang på grunn av flyttinga i 2023. Del administrasjon er vanskeleg å samanlikne mellom embeta.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
Turnover i prosent	4.9 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	287.0
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	14.0
Totalt antall ansatte som sluttet	29.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	6.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	23.0

Vi har litt mindre gjennomtrekk enn i 2023. Vi reduserer talet på faste stillingar i tråd med vedtatt stillingsplan, og hadde stillingsstopp i delar av 2024. Seks tilsette er ført tilbake til Husbanken, dei er med i talet totalt tal tilsette som slutta. Diverse kortvarige engasjement, som sommarvikarar, er ikkje med i statistikken.

HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	195	78	273
Sum antall deltidsansatte	14	5	19
Sum antall midlertidige ansatte	4	1	5
Sum antall ansatte med personalansvar	12	8	20
Ufrivillig deltid			0

Tal tilsette per desember 2024. Vi har mellombels tilsette på grunn av permisjonar og sjukefråvær. Tilsette med personalansvar er embetsleiing, avdelingsdirektørar, ass. direktørar og seksjonsleiarar. Kvinnedelen er nesten 72 prosent. Vi har ingen tilsette med ufrivillig deltid.

Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	243 208.0
Administrativ kostnadsdekning	10 351.0
Brutto driftsutgifter	253 559.0
Lønn kap.152001	205 207.4
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	80.9 %

HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2024
Sum antall ansatte	273
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	15
Antall ansatte 30 - 39 år	73
Antall ansatte 40 - 49 år	56
Antall ansatte 50 - 59 år	94
Antall ansatte over 60 år	35
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	18
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	1 233
Antall kvinner i foreldrepermisjon	14
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	6
Dagsverk foreldrepermisjon menn	64
Antall menn i foreldrepermisjon	2

Tala er henta frå Innsikt og viser tilsette per desember 2024. Aldersfordelinga er relativt stabil. Foreldrepermisjon er tal per år, og vi har hatt 16 tilsette med foreldrepermisjon i løpet av 2024.